



DET KONGELEGE
LANDBRUKSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 1

(2000-2001)

FOR BUDSJETTERMINEN 2001

Utgiftskapitla: 1100-1161 og 2411

Inntektskapitla: 4100-4150, 5311, 5545, 5571, 5614, 5651 og 5652



DET KONGELEGE
LANDBRUKSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 1

(2000-2001)

FOR BUDSJETTERMINEN 2001

Utgiftskapitla: 1100-1161 og 2411

Inntektskapitla: 4100-4150, 5311, 5545, 5571, 5614, 5651 og 5652

*Tilråding frå Landbruksdepartementet av 15. september 2000,
godkjend i statsråd same dagen.*

Del I
Innleiande del

1 Oversikt over budsjettforslaget for programområde 15 Landbruk og mat

Landbruksdepartementet har ansvar for matpolitikk og landbrukspolitikken.

Landbruksdepartementet har i samarbeid med Fiskeridepartementet og Sosial- og helsedepartementet ansvaret for utforminga av matpolitikken og forvaltninga av matvaresystemet frå primærproduksjon fram til forbrukarane. Matpolitikken skal sikre forbrukarane trygg mat og leggje til rette for eit ernæringsmessig fullgodt kosthald.

Landbrukspolitikken omfattar arealforvaltning, jord- og skogbruk, reindrift, husdyrhald og utvikling av nye næringar med utgangspunkt i landbruket. Landbrukspolitikken skal sikre ressursgrunnlaget for landbruksproduksjon, utvikle kunnskapsgrunnlaget i landbruket og medverke til verdiskaping og sysselsetjing i heile landet med utgangspunkt i landbruket og landbruksbaserte produkt.

Sentrale rammevilkår for mat- og landbrukspolitikken er den generelle økonomiske politikken, marknaden, handelspolitikken som følgje av WTO-avtalen og EØS-avtalen, og Stortinget si behandling av dokumenta St.meld. nr. 40 (1996-97), St.meld. nr. 17 (1998-99), St.prp. nr. 1 (1999-2000), St.meld. nr. 19 (1999-2000) og St.prp. nr. 82 (1999-2000).

Mat- og landbrukspolitikken baserer seg på to grunnleggjande forhold:

- Ein forbrukarorientering av all verksemd innanfor dei områda der Landbruksdepartementet har eit forvaltningsansvar
- Ein effektiv og framtidretta næringspolitikk som ser samfunns- og næringsomsyn i samanheng

Desse elementa skal medverke til å nå dei måla som er fastsette for mat- og landbrukspolitikken.

1.1 Hovudpunkt i budsjettforslaget for 2001

Regjeringa gjer framlegg om eit budsjett under Landbruksdepartementet med vekt på å sikre forbrukarane trygge matvarer og tiltak for å sikre eit meir forbrukarretta landbruk. Budsjettforslaget følgjer opp dei retningslinjene som er trekte opp for mat- og landbrukspolitikken ved Stortinget si behandling av St.meld. nr. 19 (1999-2000).

Budsjettforslaget har ei samla ramme på 14 964 mill. kr. Dette er ein reduksjon i høve til saldert budsjett for 2000 på 2,9 pst dersom ein justerer for endringa i budsjetteringa av fylkesmannsembeta og ser bort frå løyvingane knytt til

lån til landbruksformål og ordninga med merverdiavgiftskompensasjon for kjøttprodukt. Reduksjonen er i hovudsak ei følgje av jordbruksoppgjoret 2000 og behovet for framleis å føre ein stram finanspolitikk. Hovudprioriteringane i budsjettforslaget er:

- at forbrukarane får trygge matvarer av god kvalitet
- landbruket som ei basisnæring i distrikta
- lågare matvarepriser og eit meir forbrukarretta og konkurransedyktig jordbruk
- auka verdiskaping i jord- og skogbruk og i foredlingsledda
- miljø og arealforvaltning
- forskning og utvikling
- internasjonalt arbeid
- fornying av offentleg sektor

Landbruksdepartementet gjer framlegg om å løyve 643 mill. kr til tiltak for å sikre at forbrukarane får trygge matvarer av god kvalitet. Dette skal skje gjennom ein systematisk kvalitetskontroll i alle ledd i matkjeda frå jord og fjord til bord. Arbeidet byggjer på eit oppdatert regelverk, internkontrollsystem og offentleg tilsyn med praktisk verksemd, uttak og analyse av prøver, rådgjeving og lovheimla vedtak når det er nødvendig. Det blir lagt stor vekt på å ha kunnskap om kva som skjer i dei ulike ledda i kjeda frå jord og fjord til bord. Plantevernmiddelekontroll, overvåkings- og kontrollprogram for planter, dyr og mat, zoonosearbeidet og forbrukaromsyn vil ha spesiell prioritet. Det er òg viktig å byggje opp eit godt analyseapparat for å føre kontroll med produkt som inneheld genmodifiserte organismar.

Landbruksdepartementet vil auke innsatsen knytt til særskilde tiltak på matområdet med 52,5 mill. kr. Ein vil m.a. prioritere tiltak knytt til forbrukarperspektivet langs heile matvarekjeda og trappe opp tilsynsfunksjonen i samband med bruk og førekomst av genmodifisering i mat og fôrvarer. Departementet vil auke innsatsen for å heve standarden på norsk plantehelse. Departementet vil òg auke innsatsen knytt til dyrevern og beredskap mot alvorleg smittsame sjukdommar, m.a. BSE. Ein gjer derfor framlegg om å auke løyvingane til offentlege og private veterinære vaktordningar med 25 mill. kr i høve til saldert budsjett 2000 ut frå dei retningslinjene Stortinget har trekt opp.

Som ein del av meirverdiavgiftsreformen vil regjeringa innføre ei ordning med meirverdiavgiftskompensasjon for kjøttprodukt frå 1.7.2001. Det er sett av 250 mill. kr til dette i budsjettforslaget.

Regjeringa meiner det er nødvendig å auke verdiskapinga i jordbruket og i foredlingsindustrien. Det er derfor etablert eit verdiskapingsprogram for norsk matproduksjon som har ei samla ramme på 500 mill. kr fordelt på fem år. Det er sett av 100 mill. kr til programmet i budsjettforslaget, jf. òg omtale under pkt. 1.4 nedanfor.

Landbruksdepartementet vil òg prioritere verdiskapings tiltak innanfor skogsektoren, og gjer framlegg om at løyvinga til Verdiskapingsprogrammet for bruk og foredling av trevirke blir auka med 6 mill. kr til 25 mill. kr. Satsinga er retta mot skogbruk og foredlingsverksemd og vil særleg kunne gi effekt i næringssvake område fordi det er her ein har det største potensialet for auka aktivitet i skogbruket. Samtidig legg departementet opp til at grunneigarane må ta eit større ansvar for investeringane i eigen skog. Hovudpunktta i miljøarbeidet i skogbruket blir knytt til kompetansetiltak og vidare satsing på miljøregistreringsprosjektet.

Regjeringa vil for jordbruksoppgjering i 2001 legge opp til å føre vidare hovudprinsippa i jordbruksoppgjering i 2000, m.a. ved å prioritere bruk der jordbruket gir eit viktig bidrag til sysselsetjing og inntekt samt tiltak som kan bidra til monalege kostnadsreduksjonar og omstillingar i heile matvarekjeda.

Landbruksdepartementet legg vekt på landbruket si rolle i distriktspolitikken. Landbruket sitt bidrag til busetjing og sysselsetjing i distrikta føreset livskraftige driftseiningar og attraktive arbeidsplassar i næringa. Dette inneber at ein vil styrkje driftsgrunnlaget på dei einingane som driv aktiv landbruksproduksjon. For at landbruket i størst mogleg grad skal gi grunnlag for busetjing i distrikta, langsiktig mattryggleik og eit levande kulturlandskap i alle delar av landet, vil det framleis vere ein geografisk arbeidsdeling i landbruket slik vi har i dag.

Landbruksdepartementet har i tråd med St.meld. nr. 58 (1996-97) utarbeidd sin sektorvise miljøhandlingsplan. Planen gir ein heilskapleg oversikt over status og tiltak for landbruket i høve til dei miljøpolitiske resultatområda. I tråd med St.meld. nr. 19 (1999-2000) er departementet saman med landbruksnæringa i gang med å utarbeide eit opplegg for miljøprogram og miljøplanar på den einskilte driftseining. Det vil bli gjennomført eit prøveopplegg i 2001. Departementet tar sikte på at opplegget vil vere operativt frå 2003.

Det er ei målsetjing at 10 pst. av det totale jordbruksarealet skal vere økologisk innan 2010 under føresetnad av ein positiv marknadsutvikling. Regjeringa legg i budsjettforslaget opp til å

styrkje satsinga på økologisk landbruk med 17,5 mill. kr. Satsinga framover vil ta utgangspunkt i heile verdikjeda frå primærledd til forbrukar. Ein vil særleg arbeide for å auke den økologiske produksjonen til eit nivå som gjer det mogleg for aktørane i marknaden å omsette økologiske produkt på ein kostnadseffektiv måte. Ein vil òg leggje vekt på å styrkje arbeidet som er sett i gang med marknadstiltak.

Landbruksdepartementet vil prioritere arbeidet med samfunnsplanlegging og arealforvaltning, og eit sterkt jordvern for å sikre ressursgrunnlaget for landbruksproduksjon.

Landbruksdepartementet vil styrkje arbeidet for å få til ein betre balanse mellom reintal og ressursgrunnlaget.

Landbruksdepartementet vil prioritere forskning og utviklingstiltak. Forskingsinnsatsen er basert m.a. på Langtidsplanen for landbruksforskning og vil særleg bli retta mot: forbrukarhaldningar, matvarekvalitet og matvaretryggleik i heile verdikjeda og kunnskapsutvikling knytt til verdiskaping i jord- og skogbruk. Ein legg òg stor vekt på samfunnsplanlegging, særleg omsynet til jordvern og behovet for kunnskap om effekten av sentrale politiske verkemiddel. Landbruksdepartementet vil som særskilt sak gjere framlegg om å utvide ordninga med forskingsavgift på landbruksprodukt med verknad frå 2001.

Forhandlingar i WTO, avtaler med EU og andre internasjonale prosessar påverkar rammevilkåra for den nasjonale mat- og landbrukspolitikken. Regjeringa vil arbeide aktivt for å påverke desse prosessane. Målet for landbruksforhandlingane i WTO er å sikre handlefridom for utforming av ein aktiv norsk landbrukspolitikk som inkluderer dei verkemidla som er nødvendige for å nå viktige samfunns mål og som gjer det mogleg å ha ein aktiv landbruksproduksjon i heile landet i tråd med Stortinget si behandling av St.meld. nr. 19 (1999-2000).

Ei forhandlingsgruppe under Nordisk Ministerråd har utarbeidd ein strategi for ein berekraftig utvikling i Norden. Strategien femner om fleire område som er viktig i oppfølginga av mat- og landbrukspolitikken, m.a. biologisk mangfald og genetiske ressursar, matvaretryggleik, jordbruk, skogbruk og akvakultur, jf. nærare omtale under programkategori 15.30. Landbruksdepartementet vil gi oppfølginga av strategien høg prioritet i 2001, m.a. gjennom utstrekt kontakt og samspel nasjonalt og internasjonalt.

Landbruksdepartementet følgjer aktivt opp regjeringa sitt program for fornying av offentleg sektor. Budsjetteringa av fylkesmannsembeta er

lagt om og departementet legg opp til endringar i organiseringa av jordskiftearbeidet og vil sjå nærare på organiseringa av Reindriftsforvaltninga og tilsynsverksemda på matområdet. Arbeidet er nærare omtalt i pkt. 1.2 nedanfor.

1.2 Fornyng av offentleg sektor

For å nå ei rekkje av regjeringas politiske mål er det avgjerande å ha ein offentleg sektor som fungerer godt og som har sterk legitimitet i befolkninga. Regjeringa har derfor starta eit program for å fornye, omstille og effektivisere forvaltninga slik at ho fungerer betre i høve til samfunnsøkonomien og forventningar i befolkninga. Landbruksdepartementet vil følgje opp programmet som ein integrert del av arbeidet med å nå måla som er sette for mat- og landbrukspolitikken, jf. Stortinget si behandling av St.meld. nr. 19 (1999-2000).

I samband med fornyng av offentleg sektor har budsjetteringa av fylkesmannsembeta blitt endra. Tidlegare blei embeta budsjettert på tre kapittel, kap 1102 Fylkesmannens landbruksavdeling, kap 1406 Fylkesmannens miljøvernnavdeling og kap. 1510 Fylkesmannsembeta. Fylkesmannsembeta blir no budsjettert på eitt kapittel som blir administrert av Arbeids- og administrasjonsdepartementet. Det faglege ansvaret for dei oppgåvene fylkesmannsembeta skal løyse innanfor mat- og landbruksområdet vil framleis ligge i Landbruksdepartementet, jf. kap. 1102 og kategori 01.10 i Arbeids- og administrasjonsdepartementet sin budsjettproposisjon.

Det er siste året gjennomført to store organisasjonsendringar i landbruksforvaltninga:

- Statens landbruksbank er avvikla som eiga verksemd og forvaltninga av dei økonomiske verkemidla knytt til finansiering av tradisjonelt landbruk og nye næringar er overført til Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND), jf. Stortinget si behandling av St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 3 (1999-2000). Målet med overføringa er å auke fokuset på næringsutvikling i heile landet, særleg i distrikta.
- Verksemda i Statens Kornforretning, Omsetningsrådet sitt sekretariat og Fraktkontoret for slakt og deler av Statens landbruksbank er samordna i ei verksemd - Statens landbruksforvaltning (SLF), jf. Stortinget si behandling av St.prp. nr. 82 (1999-2000). Samordninga skal effektivisere den statlege styringa av verkemidla i landbrukspolitikken, sikre ein kundevenleg organisasjon og bidra til ein meir rasjonell og effektiv ressursbruk.

Landbruksdepartementet vil prioritere oppfølginga av desse organisasjonsendringane slik at målsetjingane med endringane blir nådde.

Landbruksdepartementet vil i tillegg prioritere arbeid for å gjere forvaltninga betre og meir effektiv på andre område under departementet. Departementet legg i budsjettforslaget derfor opp til

- å gjere endringar i organiseringa av Jordskifteverket
- saman med andre departement å starte opp eit arbeid for å vurdere om det er mogleg å auke kvaliteten og effektiviteten i tilsynsarbeidet på matområdet
- å vurdere Reindriftsforvaltninga med tanke på ei betre oppnåing av gjevne politiske mål innanfor fastsette økonomiske ramar

Landbruksdepartementet legg i budsjettforslaget opp til visse endringar i Jordskifteverket sin organisasjon. Ein vil leggje ned kontorstader, flytte kontor og gjere einskilde mindre endringar i sokngrensane som gjeld for jordskifterettane og jordskifteoverrettane. Forslaga byggjer på ein førebunde prosess og er nærare omtalt i programkategori 15.30 og i kap 1145.

Landbruksdepartementet vil saman med andre departement starte opp eit arbeid for å vurdere om det er mogleg å auke kvaliteten og effektiviteten i tilsynsarbeidet på matområdet. Dei tre tilsyna som sorterer under Landbruksdepartementet på matområdet, Statens dyrehelsetilsyn, Statens landbrukstilsyn og Statens næringsmiddeltilsyn er bygd opp ulikt reint organisatorisk. Det er grunn til å tru at ein gjennomgang vil resultere i eit meir kostnadseffektivt tilsyn enn i dag.

Reindriftsforvaltninga er ein liten organisasjon med fleire små og sårbare einingar, både ressurs- og kompetansemessig. På bakgrunn av røynsler og NIBR sine evalueringar av forvaltninga vil Landbruksdepartementet nedsetje ei arbeidsgruppe med oppgåve å vurdere forvaltninga med tanke på ei betre oppnåing av gjevne politiske mål innanfor fastsette økonomiske ramar.

Landbruksdepartementet vil aktivt følgje opp målsetjingane i St.meld. nr. 19 (1999-2000) om forenklingar i verkemidla over jordbruksavtalen. Ein vil oppnå forenklingar dels ved å avvikle ordningar dels ved at regelverket for den enkelte ordning blir forenkla. Departementet vil òg sette i gang eit arbeid for å redusere talet på styres, råd og utval knytt til forvaltninga av økonomiske verkemiddel over jordbruksavtalen. Forslag om endringar vil bli gjort i samband med dei årlege jordbruksoppgjera.

I St.meld. nr. 19 (1999-2000) er det lagt vekt på å gi kommunane større handlingsrom i landbrukspolitikken. Landbruksdepartementet vil følge opp komitéfleirtalet sin merknad i Innst. S. nr. 167 (1999-2000) om ein heving av arealgrensa i konsesjonsloven frå 5 til 20 dekar i proposisjon hausten 2000. Samtidig vil kommunane etter føresegn kunne ha lågare konsesjonsgrenser, m.a. som ledd i busetjingspolitikken. Endringa vil auke det kommunale handlingsrommet når det gjeld busetjing. Landbruksdepartementet vil i tillegg arbeide for å delegere fleire oppgåver i landbrukspolitikken til kommunane. Det er m.a. sett i gang eit prøveprosjekt i 3 fylke med sikte på å vurdere om kommunane bør få meir avgjerdsmyndigheit i saker etter jord- og konsesjonslovgjevinga.

Landbruksdepartementet vil halde fram arbeidet for at regelverk og saksbehandling skal bli enklare og meir brukarorientert. Opphevinga av

staten sin forkjøpsrett ved sal av landbrukseigedommar vil bidra til dette.

1.3 Overordna mål for mat- og landbrukspolitikken

Landbruksdepartementet har eit breitt, allmennretta forvaltningsansvar som er delt inn i følgjande 5 område:

- matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse
- forskning og utvikling
- arealforvaltning
- næringsutvikling og miljø
- landbruksadministrasjon

Innanfor desse områda arbeider Landbruksdepartementet etter målsetjingane som er refererte i tabell 1.1.

Tabell 1.1 Mål for mat- og landbrukspolitikken

<p>Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse (programkategori 15.10)</p> <p><i>Hovudmål:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> – sikre forbrukarane trygge matvarer av riktig kvalitet gjennom ein sunn matproduksjon <p><i>Delmål:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> – ein effektiv og miljøvenleg bioproduksjon – god plantehelse – eit etisk forsvarleg dyrehald ut frå åtferdsbehova til dyra – god dyrehelse – trygg mat og drikke – reieleg frambod av mat og drikke med riktig kvalitet – forbrukarane skal sikrast innverknad for å imøtekomme deira preferansar på matområdet
<p>Næringsutvikling og miljø (programkategori 15.30)</p> <p><i>Hovudmål:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> – eit berekraftig landbruk som gir grunnlag for verdiskaping og sysselsetjing i alle delar av landet, både i primærproduksjonen og foredlingsindustrien <p><i>Delmål:</i></p> <p>Jordbruk:</p> <ul style="list-style-type: none"> – medverke til lågare kostnadsnivå, konkurransedyktige råvareprisar, rimelege matvareprisar og ein produksjon som er tilpassa etterspurnaden – sikre næringsutøvarane moglegheit for inntekt og levkår på linje med befolkninga elles – sikre miljøvenleg produksjon der òg omsynet til kulturlandskapet, kulturminne og biologisk mangfald står sentralt

Tabell 1.1 Mål for mat- og landbrukspolitikken

<ul style="list-style-type: none"> – verdiskapinga frå jordbruksbaserte næringar skal aukast – styrkje rekrutteringa til og likestillinga i næringa <p>Skogbruk:</p> <ul style="list-style-type: none"> – verdiskapinga frå skogbaserte næringar skal aukast – skogsektoren skal medverke til å løyse viktige miljøoppgåver – ei aktiv og langsiktig ressursforvaltning som legg til rette for verdiskapinga og miljøsatsinga <p>Reindrift:</p> <ul style="list-style-type: none"> – ei reindriftnæring i balanse med beiteressursane og som medverkar til å halde oppe samisk eigenart – medverke til kvalitetsproduksjon av reinsdyrkjøtt som sikrar inntektsgrunnlaget for reindriftsfolk <p>Nye næringar:</p> <ul style="list-style-type: none"> – medverke til nye lønnsame arbeidsplassar og ny verdiskaping i og knytt til landbruket – fremme berekraftig produksjon og bruk av natur og utmark
<p>Arealforvaltning (programkategori 15.30)</p> <p><i>Hovudmål:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> – sikre areal som grunnlag for varig landbruksproduksjon, og forvalte arealressursane for å fremme verdiskaping, busetjing og sysselsetjing <p><i>Delmål:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> – ha eit sterkt og langsiktig ressurs- og jordvern, som blir praktisert strengast for dei mest produktive areala – medverke til ein rasjonell eigedoms- og driftseiningstruktur – forvalte arealressursane slik at busetjinga i distrikta blir oppretthalde – ivareta landbruket sine interesser og verdiar gjennom ei aktiv deltaking i samfunnsplanlegginga – ha ein velfungerande særdomstol for jordskifte, rettsfastsetjing og skjønn
<p>Forskning og utvikling (programkategori 15.20)</p> <p><i>Hovudmål:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> – landbruksforskinga skal, innanfor ei etisk forsvarleg ramme og i brei næringspolitisk samanheng, vere leverandør av kunnskap med vekt på forbrukarkrav, verdiskaping, nyskaping, omstilling, miljø og helse- og livskvalitet <p><i>Delmål:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> – fremme langsiktig og berekraftig utvikling i landbruket og i landbruksbasert verksemd til bevaring av naturgrunnlag og miljø, og til fremme av helse og livskvalitet hos menneske og dyr – utvikle marknadsorienterte produkt basert på norske råvarer og foredlingssystem – høyne nivået på kompetansen og graden av produktforedling med sikte på verdiskaping og sysselsetjing i landbruket og verksemd basert på landbruk

Tabell 1.1 Mål for mat- og landbrukspolitikken

<ul style="list-style-type: none"> – utvikle nye produkt, næringer og kombinasjonar av næringer innanfor eit heilskapleg nærings- og distriktsperspektiv – gi grunnlag for utforming av politikk, bruk av offentlege verkemiddel og forvaltning
<p>Administrasjon (programkategori 15.00)</p> <p><i>Hovudmål:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> – gjennomføre mat- og landbrukspolitikken på ein effektiv måte <p><i>Delmål:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> – lokal fridom og betre oppgåvefordeling – brukaren i fokus – meir ansvarlege og effektive system – motiverte og kompetente leiarar og tilsette

1.4 Utfordringar i mat- og landbrukspolitikken

1.4.1 Trygg mat, kvalitet og forbrukaromsyn

Regjeringa har som mål at forbrukarane skal ha tilgang på nok mat, ernæringsmessig rett mat, trygg mat og god mat produsert på ein miljømessig berekraftig måte og til ein akseptabel pris. Desse måla, og måten å nå dei på, er omtala i St.meld. nr. 40 (1996-97) og St.meld. nr. 19 (1999-2000) som departementet nå følgjer opp.

Kosthaldet har mykje å seie for helse og trivsel. Det er derfor viktig med eit breitt matvaretilbod som gjer det mogleg å velje. Det er òg viktig å innarbeide gode kosthaldsvaner i ung alder. I utforminga av landbrukspolitikken blir det lagt vekt på kosthald og ernæring. Statens råd for ernæring og fysisk aktivitet under Sosial- og helsedepartementet har eit hovudansvar på dette feltet. I samråd med desse er det nå sett av midlar over jordbruksavtalen til skulemjølkordninga (10 mill. kr) og til prosjektet "Frukt og grønt i skolen" (10 mill. kr). Siktemålet med desse ordningane er å påverke kostvanane til barn og unge i rett lei.

Matkvalitet og mattryggleik opptek den einaste forbrukar. Forbrukarane sin aukande interesse for matkvalitet og mattryggleik har samanheng med endra matvaner, auka reiseaktivitet og mange tilfelle av "matskandal" i andre land (kugalskap og dioksin-funn i matvarer) i dei seinare åra. Det er eit sjølvstøtt mål at maten skal vere trygg, men det er òg eit viktig mål at maten skal opplevast som trygg i ei tid med mykje fokus på fare knytt til mat. Dette krev at styresmaktene er aktive og dyktige i sin kommunikasjon med for-

brukarane, media og omverda elles, særleg med tanke på risikokommunikasjon. Det krev òg at styresmaktene praktiserer innsyn slik at forbrukarane får meir kunnskap om matproduksjon.

Maten er sluttproduktet i ei lang produksjonskjede der kvaliteten avheng av forholda i kvart ledd. Innsatsvarene ein brukar, plantehelsa, dyrehaldet, dyrehelsa og måten maten blir foredla på vil påverke sluttproduktet. Av dei meir abstrakte kvalitetsomgrepa er m.a. kravet om at maten skal vere produsert på ei etisk forsvarleg måte. Etattane under Landbruksdepartementet fører tilsyn langs heile matkjeda frå jord til bord mens forskingsinstitutta under departementet gir tilsynsorgana nyttig fagleg støtte. Det ytre fag- og forvaltningsapparatet melder gjennomgåande om at tilstanden langs matkjeda, inkludert sluttprodukta, er tilfredsstillande. Det er likevel nok av utfordringar.

Skal dei offentlege kontrollorgana vere truverdige, må status med omsyn til dyrehelse, smittestoff, reststoff m.m. vere godt dokumenterte. Samanlikna med tidlegare, skjer det i dag ei omfattande overvaking både på plante- og førsektoren, når det gjeld dyrehelsa og av ei lang rekke matvarer. Slike program er kostbare, men nødvendige av fleire grunnar. For det første er funn og forhold som kjem fram grunnlag for tiltak. Vidare er dokumentasjonen viktig for forbrukarpolitikken på matsektoren og dessutan viktig som grunnlag for å sette vilkår når det gjeld internasjonal handel. Både i samband med EØS-avtalen og WTO-avtalen ser ein på dei nasjonale kontroll- og overvåkingsprogramma som avgjerande for å ta vare på dei føremoner gode standarder er.

Departementet legg for tida mykje arbeid i å trekke forbrukarane sterkare inn i utforminga og forvaltninga av matpolitikken. Dette inneber at ein etablerer og nyttar seg av gode system for dialog med dei ulike forbrukargruppene og forbrukarorganisasjonane, slik at styresmaktene har god forståing av kva tema forbrukarane er opptatte av når det gjeld matområdet. Det skal etablere ulike fora og panel der forbrukaren kan seie si meining om meir konkrete saker. Departementet vektlegg dette sterkt, og gjennom vidareføringa av kommunikasjonsprogrammet "Trygg mat" arbeider departementet med å utforme og setje i verk ei omverdsanalyse. Vidare er det ei målsetjing å auke forbrukarane si innverknad på forvaltninga på matsektoren. Dette skal gjerast ved å legge til rette for at forbrukarrepresentantar får sjansen til å delta i nasjonale og internasjonale fora der dei viktigaste avgjerslene blir tatt. Det blir lagt opp til eit klårare skilje mellom vurdering og handtering av risiko og innsyn i prosessane. På den måten skal forbrukarane få tilgang til kva fagfolka veit og ikkje veit, og likeså korleis dei faglege råda blir fylgd opp politisk. Elementa ovanfor er nedfelt i ein eigen handlingsplan. Som ein del av handlingsplanen vil departementet føre vidare og byggje ut kommunikasjonsprogrammet "Trygg mat".

Departementet har starta opp arbeidet med eit verdiskapingsprogram for norsk matproduksjon. Føremålet med programmet er å auke verdiskapinga i norsk matproduksjon ved å utnytte marknadsmoglegheitene både innanfor primærproduksjon og foredling på ein betre måte. Programmet tar sikte på å få til auka produksjon, omsetjing og forbruk av spesialiserte matvarer slik at forbrukarane får auka kvalitet, mangfald og valmoglegheiter i matvaretilbodet. Ei utfordring er å finne former for omsetning som tilfredsstillar krava til forbrukarane og som samtidig gjer det mogleg å få avsetning for nye produkt. For at ein slik satsing skal bli vellukka er det viktig at aktørane i heile matvarekjeda frå primærproducent til forbrukar deltar i utforminga og gjennomføringa av programmet. Departementet tar sikte på at programmet kan setjast i verk frå 1.1.2001. SND har ansvaret for gjennomføringa av programmet.

Departementet legg stor vekt på å få etablert ordningar for opphavsmerking, og som dokumenterer produksjonstilhøva. Opphavsmerking skal gjere det enklare for forbrukarane å gjere val ut i frå egne preferansar. Opplysningar om kor matvarene kjem frå er viktige for mange forbrukarar. Mange ønskjer å kunne velje produkt som kjem

frå spesielle regionar eller som er særeigne tradisjonsprodukt. For å oppfylle slike ønskje vil det offentlege leggje til rette for bruk av merkeordningar som definerer ein regional kvalitetsproduksjon av mat basert på tradisjon og matkultur.

Departementet vil sjå spesielt på forbrukarforskninga som ein del av forbrukarrettinga av matpolitikken.

I tillegg til overvakinga av produksjonskjeda og forbrukerrettinga av matpolitikken har departementet i gang fleire handlingsplanar og program for å førebyggje uheldige tilstandar på viktige område i framtida, t.d. handlingsplan for redusert risiko ved bruk av plantevernmidde, plantehelseplanen, tiltak for å motverke antibiotikaresistens (saman med fleire andre departement) i tillegg til dei vel 30 overvaksings- og kontrollprogramma på dyr og mat som nemnd ovanfor, jf. programkategori 15.10. Regjeringa ser det som særskild viktig å halde oppe den gode folke- og dyrehelsa i Noreg. Overvakinga og kontrollen av BSE (kugalskap) er derfor styrkt i 2000. Arbeidet ved det nye Zoonosesenteret gir betre grunnlag for å kontrollere sjukdommar og smitteemne som går frå dyr til menneske. Etter kvart som produksjonen av økologiske matvarer aukar, må òg kontrollen byggjast ut tilsvarande.

Både på mat-, fôr- og frøsektoren er genmodifisering av organismar ei viktig problemstilling både ut frå helse og miljø. Det er streng regulering av GMO på frøsektoren med heimel i Geneteknologiloven. Regjeringa er budd på å praktisere ein restriktiv politikk med krav om godkjenning og merking av mat og fôr. I Nordisk Ministerråd sin konferanse i juni var det òg semje om å forvalte dette området ut frå føre-var prinsippet. GMO-analysar krev svært høg kompetanse ved laboratoria. Denne kompetansen er under oppbygging. Sjølv med spisskompetanse og god utrustning, vil påvising av GMO i produkt vere ein stor utfordring. Dette fordi genmodifiseringa kan skje på mange ulike måtar og gi seg høgst ulike utslag i produkta. Analysar ved laboratoria må byggje på opplysningar frå produsenten og arbeidet krev såleis ein open og tillitsfull kommunikasjon mellom industri og offentlege styresmakter. Departementet vil vurdere kva krav som skal stillast til produsentane med omsyn til produktokumentasjon. Vurderingane av kva slag risiko som er knytt til GMO-produkt i høve til miljø og helse er òg svært krevjande. Det vil ta tid å byggje opp god nok kompetanse.

Som del av matpolitikken legg òg departementet stor vekt på bevaring av genressursar og biologisk mangfald. Genetisk materiale er grunnlaget

for all matproduksjon. Moderne landbruksproduksjon med bruk av einsidige biologiske innsatsfaktorar kan vere ein trussel for det biologiske mangfaldet. Landbruksdepartementet har derfor laga forslag til ein plan for forvaltning av genetiske ressurser som omhandlar både husdyr, kulturplanter og skog. Auka nordisk samarbeid styrkar grunnlaget for å ta vare på eigenskapar som kan kome til nytte seinare. Dette skjer m.a. gjennom sæd- og genbankar og med klonarkiv.

Etter at Stortinget slutta seg til forslaga i St.prp. nr. 6 (1998-99) (EØS-avtalen sitt vedlegg I - Veterinære og plantesanitære forhold) er det meste av regelverket på matsektoren, og det gjeld for heile kjeda, felles for heile EØS-området. Oppfølginga av avtalen krev store ressursar. Overvåkingsorganet til EFTA (ESA) følgjer opp norske tilsynsorgan både når det gjeld det norske regelverket og med hyppige besøk for å sjå korleis regelverket blir etterlevd. Dei har peikt på mange manglar og gitt fristar for forbedringar. På den måten er den veterinære grensekontrollen mot tredjeland blitt betre. Det er òg peikt på manglar ved slakteria og i nedskjæringsverksemdar. Manglane blir retta på. Det er grunn til å tru at ESA i framtida vil styrkje oppfølginga av norske styresmakter både med ettersyn av korleis EØS-regelverket blir tatt inn i norsk rett og korleis regelverket blir etterlevd. Ut frå prioriteringar i EU kan ein rekna med at ESA framover m.a. vil fokusere på medisinbruken i matproduksjonen, avfallsproblematikken, meierisektoren og fjørfeproduksjonen.

Da forhandlingane om den nye veterinæravtalen blei avslutta, var EFTA og EU samde om å halde fram drøftingane om korleis einskilde forvaltningsvedtak som ESA eller Europakommisjonen gjer, t.d. om tilleggsgarantiar, skal innarbeidd i avtalen. Prosessen med avklaring av spørsmåla har ført til at vedtaksprosedyren i EØS-komiteen er blitt forseinka slik at tida for å inkludere EU-rettsakter som er relevante for Noreg, er blitt monaleg forlenga. Dette har ført til at mange rettsakter som er vedteke av EU, ikkje er godkjende av EØS-komiteen. Dette regelverket er derfor ikkje innarbeidd i norsk rett. Konsekvensen er at EFTA-land og EU har ulikt regelverk på enkelte område innan matsektoren og dette er uheldig. Der ein finn at nytt regelverk frå EU er tenleg, vil ein heretter kunne innarbeide dette i eige regelverk på nasjonalt grunnlag gjennom vanlege prosedyrar dersom uakseptable forseinkingar skulle oppstå. Stortinget sitt EØS-utval vil bli halden oppdatert.

1.4.2 Næringsutvikling og verdiskaping

Regjeringa viser til St.meld. nr. 19 (1999-2000) Om norsk landbruk og matproduksjon som blei behandla i Stortinget 9. mai 2000. I Innst. S. nr. 167 (1999-2000) slutta fleirtalet i Næringskomiteen seg til hovudpunkta i meldinga. St.meld. nr. 19 (1999-2000) tar utgangspunkt i hovudmålsetjingane for landbruket i St.prp. nr. 8 (1992-93) Landbruk i utvikling, St.meld. nr. 40 (1996-97) Matkvalitet og forbrukertrygghet, St.meld. nr. 17 (1998-99) Verdiskaping og miljø - muligheter i skogsektoren, og behandlinga av desse dokumenta i Stortinget. Stortinget si behandling av St.meld. nr. 19 (1999-2000) blei følgd opp i jordbruksoppgjeret i 2000, jf. St.prp. nr. 82 (1999-2000).

St.meld. nr. 19 (1999-2000) legg vekt på landbruket sine samla bidrag til samfunnsnytte på kort og lang sikt. I Næringskomiteen sine merknader heiter det:

«Komiteen mener landbruket i tråd med samfunnets behov skal:»

- produsere helsemessig trygg mat av høy kvalitet med bakgrunn i forbrukernes preferanser
- produsere andre varer og tjenester med utgangspunkt i næringens samlede ressurser
- produsere fellesgoder som livskraftige bygder, et bredt spekter av miljø- og kulturgoder, og sikre en langsiktig matforsyning.

«Komiteen vil understreke at sumvirkningen av landbrukets ulike funksjoner representerer næringens totale samfunnsnytte, og legger til grunn at en attraktiv landbruksnæring og aktiv matproduksjon over hele landet er et viktig grunnlag for å få løst sentrale samfunnsoppgaver på en god måte.»

Det er lagt vekt på at landbrukspolitikken skal gi; sterkare forbrukerretting av landbruket, opnare bygder, eit aktivt landbruk i heile landet, eit attraktivt landbruk med gode inntektsmoglegheiter og rekruttering, synleggjering av landbruket sine samfunnsoppgåver og samordning av miljøvernpolitikken.

I ei auka forbrukarretting i landbruket og landbruksbasert matproduksjon er det behov for å sjå heile matvarekjeda i samanheng. Dei ulike matrelaterte omsyn i kjeda, frå primærleddet gjennom foredlingsleddet og handelsleddet fram til forbrukar bør derfor integrerast i landbrukspolitikken. Det offentlege må ha klare strategier for utviklinga av matvaremarknaden. Dette er ein føresetnad for å nå måla for politikken samla sett.

Departementet legg vekt på å følgje utviklinga i matvaremarknaden. Det blei i 1999 gjennomført eit forprosjekt med sikte på å skaffe data for og utvikle eit system for dokumentasjon av prisdanning og prisutvikling i matvaremarknaden, og samanlikningar med naboland. Det er sett i gang eit to-årig prosjekt som oppfølging av dette. Ei første rapportering er planlagt tidleg på hausten 2000. Vidare legg departementet stor vekt på at den reduksjonen av målprisane som blei vedtekne ved behandlinga av jordbruksoppgjæret i 2000 blir følgd opp i heile matvarekjeda og fram til forbrukaren. Departementet vil løpande følgje med i utviklinga på dette området.

Regjeringa legg til grunn at ei attraktiv landbruksnæring og aktiv matproduksjon over heile landet er eit viktig grunnlag for å få løyst sentrale samfunnsoppgåver på ein god måte. Det er understreka at næringa skal ha inntektsmoglegheiter og sosiale vilkår på linje med andre. Det må leggjast til rette for at ungdom finn det attraktivt å gå inn i næringa, og at kvinner og menn får like reelle moglegheiter til å eige og drive. Regjeringa legg vekt på at yrkesutøvarane i landbruket er sjølvstendige næringsdrivande. God utnytting av marknadsmoglegheitene, auka mangfald, ein balansert marknad, strukturelle endringar og fornuftige kostnadstilpassingar vil i aukande grad få betydning for at måla for inntektsutviklinga kan bli nådde.

For å auke dynamikken i denne utviklinga har regjeringa starta opp eit verdiskapingsprogram for norsk matproduksjon. Programmet skal m.a. leggje til rette for verdiskaping på matområdet med utgangspunkt i utvikling av nye og særsegne produkt som ofte krev ein annan innfallsvinkel til produksjon og omsetning m.m. i heile verdikjeda. Programmet skal òg ta opp bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologien knytt til nyskaping i mat- og landbruksnæringa. SND vil ha ansvaret for gjennomføringa.

Ei arbeidsgruppe har utgreidd moglegheitene og gjort framlegg om å byggje opp eit kompetansesenter for nordnorsk landbruk og innlandsfisk, jf. St.meld. nr. 19 (1999-2000). På grunn av budsjettsituasjonen er det ikkje sett av midlar i budsjettforslaget til oppstart av eit slikt senter.

For å møte utfordringane og målsetjingane om eit berekraftig landbruk, må landbrukspolitikken ha eit heilskapleg perspektiv der miljøomsyna er integrert i alle delar. Departementet legg opp til ei økologisering av driftsmetodane i landbruket, og å sikre produksjon av fellesgode for heile samfunnet. Omsynet til miljøet er ein grunnleggjande premis for utvikling av eit berekraftig landbruk,

der krava til økonomi og effektivitet blir vege opp mot ressursgrunnlaget, miljøverdiane og helseomsyn. Driftsmåtane må utformast slik at dei økologiske prosessane i luft, vatn, jord og vegetasjon ikkje blir øydelagde. I tråd med St.meld. nr. 19 (1999-2000) arbeider ein med eit miljøprogram for landbruket, og med å innføre miljøplan på den enkelte driftseining. Ein vil gjennomføre ei utprøving av miljøprogram og miljøplan i 2001.

Samtidig som ein skal sikre levedyktige bestandar av dei store rovdyra i Noreg skal forvaltninga av bestandane skje på ein slik måte at det kan drivast forsvarleg jordbruksdrift og reindriftsnæring innanfor akseptable økonomiske rammevilkår. Desse spørsmåla vil bli følgd opp i samarbeid med Miljøverndepartementet som har forvaltningsansvaret.

For ei heilskapleg rapportering til Stortinget om utviklinga i primærproduksjonen, foredlinga og distribusjonsledda viser ein til kap. 3 og 4 i St.prp. nr. 82 (1999-2000).

Behandlinga av St.meld. nr. 17 (1998-99) *Verdiskaping og miljø - muligheter i skogsektoren* i Stortinget viser at det er brei semje om skogpolitikken. Skogmeldinga dreg opp politikken for ei rasjonell og berekraftig utnytting av skogressursane framover, og siktar mot å auke verdiskapinga frå skogsektoren. Meldinga slår fast at det er knytt store verdier til skogen i Noreg, og at skogbruk gir gode moglegheiter for eit variert næringsliv i landet.

Skogsektoren arbeider i ein internasjonal marknad med raske endringar. Utviklinga, både internasjonalt og nasjonalt, har dei siste åra endra rammevilkåra for skognæringa og ført med seg ei stadig fallande lønnsemd.

Regjeringa vil føre ein aktiv nasjonal skogpolitikk for å styrkje skogen sitt bidrag til velferd for befolkninga, til meir berekraftige produksjons- og forbruksmønstre og levande bygder. I slike samanhenger blir det viktig å sikre kvinnene si aktive deltaking i skogbruket. Regjeringa vil arbeide for at

- verdiskapinga frå skogbaserte næringar skal aukast. Regjeringa sette i 2000 i verk eit fem-årig verdiskapingsprogram for å auke skogsektoren sitt bidrag til verdiskapinga og meir berekraftig produksjon og forbruk. Programmet skal fokusere på auka bruk av trevirke og betre koplingar mellom skogbruk og marknad.
- skogsektoren skal bidra til å løyse viktige miljøoppgåver. Ei framtidsretta skognæring må ha ein god miljøprofil. Hovudstrategien i miljøarbeidet framover vil bli å bygge opp god kunnskap innan alle ledd i sektoren og å delta aktivt

i arbeidet med å følgje opp internasjonale avtaler og prosessar.

Reindrifta skal vere berekraftig økologisk, økonomisk og kulturelt, jf. St.meld. nr. 28 (1991-92). Næringsgrunnlaget for den samiske reindriften skal sikrast, m.a. ved å tilpasse reintalet til beiteressursane. Regjeringa legg til grunn at reindrifta skal vere ein sentral berar av samisk kultur. Reindriftspolitikken skal òg bidra til utvikling av tilleggs- og kombinasjonsnæringar i reindrifta med utgangspunkt i samisk tradisjon og kultur. Dette er særleg viktig for kvinnene og for å ta vare på heilskapen i reindriftskulturen. I høve til tidlegare reindriftsavtalar blei det i avtalen for 2000/2001 lagt sterkare vekt på inntektsfordeling og produksjonsoptimalisering, samtidig som tiltak for å tilpasse reintalet er tatt ut av avtalen. Slike tiltak vil no i det heile bli utarbeidd og fremma etter reindriftsloven sine reguleringar. Misforholdet mellom reintal og ressursgrunnlag har høgste prioritet sett frå styresmaktene si side. Arbeidet med oppfølging av stortingsvedtaket om fastsetjing av øvre reintal per distrikt, jf. Innst. S. nr. 216 (1999-2000), er sett i gang. Departementet tar sikte på å avslutte arbeidet hausten 2001.

Det er ei viktig målsetjing for Regjeringa å sikre hovudtrekka i busetjingsmønsteret. For at landbruket skal kunne medverke til å oppfylle viktige samfunns mål knytt til busetjing og verdiskaping, er det ein sentral strategi å leggje til rette for heilskapleg næringsutvikling på bygdene. Det er derfor eit mål å fremme lønnsam næringsutvikling i bygdene i og i tilknytning til landbruket. Den samla næringspolitikken for bygdene må styrkje og utvide næringsgrunnlaget for å utvikle eit allsidig næringsliv og eit breiare grunnlag for busetjingsmønsteret. Bygdeutviklingsmidlane er ein integrert del av distriktspolitikken og Regjeringa sin politikk i høve til primærnæringane. Ein legg særleg vekt på å fremme samarbeidstiltak og tiltak som gir fleire arbeidsplassar for kvinner og ungdom, jf. programkategori 15.30.

1.4.3 Samfunnsplanlegging og arealforvaltning

Landbruket har eit ansvar for å sikre areal for mat-, fôr-, og virkeproduksjon på lang sikt. Av det samla landarealet er berre om lag 3 pst. dyrka jord, og av klimatiske årsaker er det berre mogleg å dyrke matkorn på ein tredel av desse areala. Regjeringa legg ut frå nasjonale beredskapsomsyn og globale fordelingspolitiske omsyn stor vekt på at landet har ei god sjølvforsyning av mat, m.a. ut frå retningslinjene frå Toppmøtet om verdas

matvaretryggleik i 1996. Eit sterkt jordvern er grunnlag for ei økologisk langsiktig ressursforvaltning og vår nasjonale matvareberedskap. Behandlinga av St.meld. nr. 19 (1999-2000) viser at det er brei semje om jordvernpolitikken og at vern av jordsmonnet som grunnlag for biologisk produksjon og mangfald må integrerast som ein del av miljøvernpolitikken. For å ansvarleggjere dei sektorane som står for nedbygging av dei mest produktive areala, vil derfor regjeringa integrere nye resultatmål og –indikatorar for jordvern som ein del av miljøvernet i stortingsmeldinga om regjeringa sin miljøvernpolitikk og riket sin tilstand.

Dei fleste byar og tettstader i Sør-Noreg er omkransa av landbruksareal med høg produksjonsevne, og areala er mange stader truga av nedbygging. Årleg blir det bygd ned nærare 20 000 dekar jord, og mye av dette er god kornjord. For å ta vare på landbruket sine arealinteresser i planlegginga, er det nødvendig med betre dokumentasjon av kvaliteten på areala. Landbruksdepartementet vil som del av oppfølginga av St.meld. nr. 19 (1999-2000) sjå til at det blir produsert ressurskart som syner kva for verdi landbruksareala har og arbeide for å betre registrering av avgang av landbruksareal som følgje av omdisponering. God dokumentasjon gir betre grunnlag for å motverke at verdifulle landbruksareal blir tatt til utbygging. Landbruksdepartementet legg stor vekt på at landbruksstyresmaktene på kommune- og fylkesnivå tar aktivt del i planprosessar i dei høva dette vedkjem landbruket. Dei har viktige oppgåver med å leggje til rette for næringsutvikling, bidra til høg utnytting av areal tatt til utbyggingsformål og styre ny utbygging mot mindre produktive areal.

God eigedomsutforming og klåre eigar- og rettstilhøve er viktig for auka verdiskaping. For å få til dette kan det vere nødvendig å omforme eigedommar eller gjere andre endringar i eigartilhøva og med det sikre god ressursutnytting og omsyn til miljø. Det er òg ofte behov for at grunneigarar set i gang fellestiltak. For eigaren eller leigetakaren er det viktig at ikkje eigedomstilhøva stenger for god arealutnytting og eit godt inntektsgrunnlag. For samfunnet er det viktig å få ned kostnadene i landbruket. Det kan medverke til auka verdiskaping noko som igjen tener sysselsetjinga i næringa og busetjing i distrikta. Grunneigarane kan bruke jordskifterettane for å få løyst slike problem, og landbruksstyresmaktene kan nytte lovverket elles.

Lovert og reglar for landbruket er ein viktig del av den samla landbrukspolitikken. Det er viktig å

få kunnskap om korleis desse reglane verker. I saker der ein nyttar reglane for å gjere inngrep i den private eigedomsretten er det særleg viktig at omsynet til rettstryggleiken blir tatt omsyn til på ein god måte.

I St.meld. nr. 19 (1999-2000) er mange sider ved arealforvaltning tatt opp. Ved behandlinga i Stortinget var det semje om å oppheve statens forkjøpsrett ved sal av landbrukseigedom. Eit fleirtal i komiteén peikte likevel på at det framleis vil vere behov for verkemiddel som kan virke inn på bruksstrukturen for å styrkje ressursgrunlaget på einingane. Ved behandlinga var det òg fleirtal for å heve grensene for konsesjonsplikt på eigedom som det er bygd på, og å heve grensene for odelseigedom. Departementet har sett i gang eit arbeid for å følgje opp stortingsbehandlinga, jf. omtale under programkategori 15.30.

1.4.4 Handelspolitiske tilhøve

Mål og verkemiddel i mat- og landbrukspolitikken må utformast innanfor rammene av internasjonale avtaler og forpliktingar. WTO-/GATT-avtalen resulterte i visse forpliktingar knytt til nivået for nasjonal jordbruksstøtte (internstøtte) og til bruk av eksportstøtte. Noreg tok òg på seg forpliktingar knytt til marknadstilgang ved at vi skulle innføre eit tollbasert importvern og etablere visse tollkvotar. Men det er òg viktig å understreke at avtalen ga Noreg visse rettar. Vi har m.a. rett til å ha tollsatsar i samsvar med bindingane og å gi nasjonal støtte til jordbruket.

Innføringa av eit tollbasert importvern og ulike handelsavtaler, spesielt avtalen med EU om handel med foredla landbruksvarer (RÅK-varer), har ført til auka handel. Det har vore spesielt stor auke i handelen med foredla landbruksvarer. Verdien av norsk produksjon av RÅK-varer er vurdert å ligge over 20 mrd. kr i 1999. Frå 1996 til 1999 økte importen av slike varer med 27 pst., mens totalmarknaden økte med 10-15 pst. Dette viser at importerte RÅK-varer tar marknadsdeler frå norske produkt. Importen av RÅK-varer var i 1999 3,5 mrd. kr, mens eksportverdien var på om lag 0,9 mrd. kr som er same nivå som i 1995.

Den tredje ministerkonferansen til WTO blei avslutta i desember 1999 uten at det blei semje om ei ministererklæring med mandat for ein ny og omfattande forhandlingsrunde i WTO. Forhandlingane på jordbruksområdet er starta opp i samsvar med artikkel 20 i Landbruksavtalen. Artikkelen 20 inneber ei forplikting til å innleie nye forhandlingar. Artikkelen viser vidare til den langsiktige målsetjinga om å oppnå monalege og gradvise

reduksjonar i støtte- og vernetiltak, samtidig som det skal takast omsyn til m.a. dei erfaringane som er gjort med gjennomføringa av den eksisterande avtalen, og ikkje-økonomiske omsyn. I høve til artikkel 20 er det ikkje kravd at dei langsiktige måla blir nådde allereie i den kommande forhandlingsrunden. Partane er heller ikkje pålagt nokre konkrete forpliktingar med omsyn til resultatet av forhandlingane. Men sjølve forpliktinga om å forhandle for å fortsette reformprosessen inneber at ein forventar at partane går lengre enn dei eksisterande forpliktingane.

I 1999 blei Stortinget 3 gonger orientert om forhandlingane i WTO, 25. mai, 16. november og 20. desember. Desse og dei påfølgjande ordskifta utgjer grunnlaget for norske haldningar til forhandlingane i WTO. I tillegg til desse orienteringane og dei påfølgjande ordskifta blei det òg i St.meld. nr. 19 (1999-2000) Om norsk landbruk og matproduksjon og ved Stortinget si behandling av ho, lagt klare føringar for Noregs tilnærming til forhandlingane på landbruksområdet.

Frå norsk side er målsetjinga for forhandlingane å sikre eit nasjonalt handlingsrom til å føre ein aktiv landbrukspolitikk som gir grunnlag for jordbruksdrift over heile landet i tråd med målsetjingane om eit fleirfunksjonelt landbruk. Landbruksavtalen i WTO må derfor og framover gi rom for eit breitt spekter av verkemiddel. Frå norsk side skal det førast ei aktiv linje i forhandlingane om jordbruk, m.a. gjennom eit aktivt samarbeid med dei aktørane som Noreg har heilt eller delvis samanfallande interesser med.

Skissa til protokoll 3 til EØS-avtalen frå juli 1999 der ein blei samd om å redusere tollsatsene med 3 prosent, er enno ikkje godkjent av medlemslanda i EU. Protokoll 3 omhandlar såkalla RÅK-varer og tek sikte på å jamne ut for forskjellar i råvarepriser mellom EU og EFTA-/EØS-landa. Kommisjonen og Noreg vil i løpet av hausten 2000 freiste å bli samde om iverksetjing av protokoll 3-avtalen.

Forhandlingane med EU i samsvar med artikkel 19 i EØS-avtalen er enno ikkje avslutta. Noreg har under forhandlingane lagt vekt på å oppnå betre marknadstilgang på område der norske produsentar har spesielle eksportinteresser. Målsetjinga med forhandlingane er å nå fram til ei gjensidig balansert løysing.

Innanfor ramma av EFTA er det inngått frihandelsavtale med Makedonia og forhandlingar med Canada, Egypt, Jordan, Kypros, Mexico og Tunisia pågår. I løpet av kort tid vil forhandlingar med Chile og Kroatia starte opp.

Importvernet er ei berebjelke i norsk landbrukspolitikk, m.a. for å sikre at funksjonane til landbruket, utover matproduksjon, blir ivaretatt. Det er derfor avgjerande framleis å ha eit importvern som gir preferanse for norsk produksjon.

Ut frå ei samla vurdering der ein særleg legg vekt på norske interesser i forhandlingane i WTO, ser ikkje regjeringa det som aktuelt å sette i verk generelle tollreduksjonar utan at dette inngår som ledd i ei forhandlingsløyising med EU eller i samband med inneverande runde i WTO.

1.5 Oversikt over utgifter og inntekter i budsjettforslaget

Utgifter fordelt på kapittel:

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert bud- sjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
Administrasjon					
1100	Landbruksdepartementet (jf. kap. 4100)	114 077	116 715	117 570	0,7
1102	Fylkesmannens landbruksavdeling (jf. kap. 4102)	308 530	269 334		-100,0
	<i>Sum kategori 15.00</i>	422 607	386 049	117 570	-69,5
Matvarekvalitet, dyrehelse og plante- helse					
1107	Statens dyrehelsetilsyn (jf. kap. 4107)	202 341	198 631	233 110	17,4
1110	Statens landbrukstilsyn (jf. kap. 4110)	101 401	103 626	91 567	-11,6
1112	Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsutvikling m.m.	140 694	146 775	143 852	-2,0
1114	Statens næringsmiddeltilsyn (jf. kap. 4114)	170 240	163 575	174 788	6,9
	<i>Sum kategori 15.10</i>	614 676	612 607	643 317	5,0
Forskning og utvikling					
1137	Forskning og utvikling	244 238	258 516	266 351	3,0
	<i>Sum kategori 15.20</i>	244 238	258 516	266 351	3,0
Næringsutvikling, miljø og arealfor- valtning					
1140	Miljø- og nærings tiltak i jordbruket	51 774	49 388	51 180	3,6
1142	Miljø- og nærings tiltak i skogbruket	152 847	162 676	148 088	-9,0
1143	Statens landbruksforvaltning (jf. kap. 4143)		153 358	165 159	7,7
1144	Meirverdiavgiftskompensasjon			250 000	
1145	Jordskifteverket (jf. kap. 4145)	132 690	130 202	132 777	2,0
1146	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (jf. kap. 4146)	68 001	58 594	58 001	-1,0
1147	Reindriftsforvaltninga (jf. kap. 4147)	40 913	41 085	37 556	-8,6
1148	Naturskade - erstatningar og sikring	41 152	43 910	60 083	36,8
1150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m. (jf. kap. 4150)	12 537 908	12 978 343	12 522 008	-3,5
1151	Til gjennomføring av reindriftsavtalen	80 525	80 000	83 000	3,8
1161	Statskog SF - forvaltningsdrift	31 618	23 717	23 210	-2,1

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert bud- sjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
2411	Statens nærings- og distriktsutviklingsfond, lån til landbruksformål (jf. kap. 5311 og 5614)	371 524	386 500	406 500	5,2
2472	Statens Kornforretning	21 534			
	<i>Sum kategori 15.30</i>	13 530 486	14 107 773	13 937 562	-1,2
	<i>Sum programområde 15</i>	14 812 007	15 364 945	14 964 800	-2,6
	<i>Sum utgifter</i>	14 812 007	15 364 945	14 964 800	-2,6

Det er gjennomført tekniske endringer knytt til postar under kapitla 1102, 1110, 1143, 1147, 1150 og 1151. Forslag 2001 for disse kapitla kan

derfor ikkje utan vidare samanliknast med tilsvarende tal for saldert budsjett 2000. Ein viser til nærare omtale under dei einskilde kapitla.

Inntekter fordelt på kapittel:

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert bud- sjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
Administrasjon					
4100	Landbruksdepartementet (jf. kap. 1100)	2 052	362	375	3,6
4102	Fylkesmannens landbruksavdeling (jf. kap. 1102)	50 267	30 290		-100,0
	<i>Sum kategori 15.00</i>	52 319	30 652	375	-98,8
Matvarekvalitet, dyrehelse og plante- helse					
4107	Statens dyrehelsetilsyn (jf. kap. 1107)	11 663	9 031	19 303	113,7
4110	Statens landbrukstilsyn (jf. kap. 1110)	66 145	62 078	78 946	27,2
4114	Statens næringsmiddeltilsyn (jf. kap. 1114)	136 099	160 123	174 942	9,3
	<i>Sum kategori 15.10</i>	213 907	231 232	273 191	18,1
Næringsutvikling, miljø og arealfor- valtning					
4143	Statens landbruksforvaltning (jf. kap. 1143)		8 388	24 088	187,2
4145	Jordskifteverket (jf. kap. 1145)	8 132	14 802	15 247	3,0
4146	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (jf. kap. 1146)	28 143	15 786	16 261	3,0
4147	Reindriftsforvaltninga (jf. kap. 1147)	2 361	1 540	1 586	3,0
4150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen (jf. kap. 1150)	195 014	92 300	121 000	31,1
5311	Statens nærings- og distriktsutviklingsfond, lån til landbruksformål (jf. kap. 2411)	360 736	310 438	330 752	6,5
5545	Miljøavgifter i landbruket	143 716	60 000	60 000	0,0
5571	Totalisatoravgift	79 073	80 000	98 000	22,5
	<i>Sum kategori 15.30</i>	817 175	583 254	666 934	14,3

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert bud- sjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
Forretningsdrift					
4162	Sal av Drevsjø Trelast AS (jf. kap. 1162)	69			
5609	Renter av lån i selskap under Landbruksdepartementet	43			
5614	Renter av lån til landbruksformål	291 409	235 000	264 000	12,3
5651	Aksjar i selskap under Landbruksdepartementet	170 382	32 200	21 500	-33,2
5652	Innskottskapital i Statskog SF	17 000	8 500	8 500	0,0
<i>Sum kategori 15.40</i>		478 903	275 700	294 000	6,6
<i>Sum programområde 15</i>		<i>1 562 304</i>	<i>1 120 838</i>	<i>1 234 500</i>	<i>10,1</i>
<i>Sum inntekter</i>		<i>1 562 304</i>	<i>1 120 838</i>	<i>1 234 500</i>	<i>10,1</i>

1.6 Oversikt over bruk av stikkordet "kan overførast"

I tabell 1.2 er det gitt ein oversikt over alle postar i budsjettforslaget utanom postgruppe 30-49 der ein foreslår å nytte stikkordet "kan overførast".

Tabell 1.2 Bruk av stikkordet "kan overførast"

Kap	Post	Nemning	Overført frå 1999	Forslag 2001
1140	77	Miljøretta prosjektarbeid	8 400	33 102
1142	71	Tilskott til langsiktige investeringar og næringstiltak i skogbruket	7 425	107 862
1142	76	Ressurs- og miljøtiltak i skogbruket	4 521	23 174
1143	70	Tilskott til beredskap i kornsektoren	0	14 000
1143	71	Omstillingsstøtte til slakteri	0	9 006
1147	71	Omstillingstiltak i Indre Finnmark	1 420	5 287
1148	70	Tilskott til sikringstiltak m.m.	4 126	19 810
1148	71	Naturskade, erstatningar	41 180	40 273
1150	70	Marknadsregulering	30 734	230 500
1150	74	Direkte tilskott	12 145	6 758 524
1150	77	Utviklingstiltak	294 938	402 600
1150	78	Velferdsordningar	90 867	1 798 454
1151	75	Kostnadssenkande og direkte tilskott	5 367	42 700
Sum:			501 123	9 485 292

Løyvingane under kap. 1140 post 77, kap. 1142 post 76 og kap. 1147 post 71 er støtte til prosjekt som kan strekke seg over fleire år. Kap. 1142 post 71 og kap. 1148 post 70 gjeld tilskott til investeringar med treårig arbeidsfrist. Kap. 1143 post 70 og 71 samt kap. 1148 post 71 gjeld utbetalingar som

kan falle i to budsjettår. Når det gjeld postane under kap. 1150 og 1151, er dette avtalte beløp mellom staten og næringsorganisasjonane der utbetalingane av ymse grunnar fell i to kalenderår. Avtalane gjeld frå 1.7. eit år til 30.6. året etter.

Del II
Budsjettforslag

Programområde 15 Landbruk og mat

Programkategori 15.00 Administrasjon

Forvaltninga, som er desentralisert med etatar og institusjonar over heile landet, har som hovudmål å gjennomføre mat- og landbrukspolitikken på ein effektiv måte.

Mat- og landbrukspolitikken baserer seg på to grunnleggjande forhold:

- ein forbrukarorientering av all verksemd innanfor dei områda der departementet har eit forvaltningsansvar

- ein effektiv og framtidsretta næringspolitikk som ser samfunns- og næringsomsyn i samanheng

Disse forholda og måla som er fastsette for mat- og landbrukspolitikken føreset ein relativt stor og desentralisert, men omstillingsdyktig, mat- og landbruksforvaltning.

Ein viser elles til dei andre programkategori-ane for omtale av institusjonane og måla og verke- midla i mat- og landbrukspolitikken.

Tabell 2.1 Oversikt over utgifter til administrasjon fordelt på verksemdene (i 1000 kr)

Kap	Post	Verksemd	Saldert bud- sjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
1100	01	Landbruksdepartementet	103 912	105 496	1,5
1102	01/21	Fylkesmannens landbruksavdeling	269 334	0	-100,0
1107	01	Statens dyrehelsetilsyn	182 631	177 110	-3,0
1110	01	Statens landbrukstilsyn	85 344	90 985	6,6
1114	01	Statens næringsmiddeltilsyn	163 575	174 788	6,9
1143	01	Statens landbruksforvaltning	115 252	142 053	23,3
1145	01	Jordskifteverket	130 202	132 777	2,0
1146	01	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging	58 594	58 001	-1,0
1147	01	Reindriftsforvaltninga	23 231	28 616	23,2
		Sum	1 132 075	909 826	-19,6

Tabell 2.1 viser at samla administrasjonsutgifter er redusert med 19,6 pst. i høve til 2000. Dette kjem m.a. av at budsjetteringa av fylkesmannsembeta er endra frå 2001 ved at løyvingane til lønn og drift blir budsjettert på eitt kapittel på Arbeids- og administrasjonsdepartementet sitt budsjett. Det faglege ansvaret for dei oppgåvene fylkesmannsembeta skal løyse innanfor mat- og landbruksområdet vil framleis ligge i Landbruksdepartementet, jf. kap. 1102.

Frå 1.1.2000 blei det innført refusjon til statlege etatar for utbetalte sjukepengar til statlege tilsette. Saldert budsjett 2000 var basert på løyvingar som inkluderte utgifter til sjukepengar. Drifts-

utgiftene for 2001 er eksklusive utgifter til sjukepengar, som vil bli dekt gjennom refusjon.

Justert for desse endringane aukar administrasjonsutgiftene med 6,6 pst. eller vel 56 mill. kr i høve til saldert budsjett 2000. Av denne auken er 21,5 mill. kr knytt til regjeringa si satsing innanfor matområdet. Pris- og lønnsjustering av alle 01-postane utgjør om lag 35 mill. kr av auken medan tekniske endringar knytt til etableringa av Statens landbruksforvaltning frå 1.7.2000 og endra budsjettering av oppgåver i Reindriftsforvaltninga aukar driftsløyvingane med om lag 35 mill. kr. Driftsløyvinga for Statens dyrehelsetilsyn er på den annan side redusert med 15 mill. kr som følge av endrin-

gar i dei veterinære vaktordningane. Ein viser til dei einskilde kapitla for nærare omtale.

Status for området, mål og tiltak

For å nå ei rekkje av regjeringas politiske mål er det avgjerande å ha ein godt fungerande offentleg sektor med sterk legitimitet i befolkninga. Regjeringa har ut frå dette starta eit program for å fornye, omstille og effektivisere forvaltninga slik at den fungerer betre i høve til samfunnsøkonomien og forventningar i befolkninga. Landbruksdepartementet følgjer opp dette programmet når ein skal nå måla som er lagt til grunn for mat- og landbrukspolitikken, jf. òg omtale i innleiinga.

1. Lokal fridom og betre oppgåvefordeling

Landbruksdepartementet har i samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet, Kommunenes sentralforbund og fylkesmennene gjennomført fem regionale kommunekonferansar i 1999 og ein nasjonal oppfølgingskonferanse i 2000. Gjennom konferansane ønskte Landbruksdepartementet å utdjupe og skape oppslutnad om kommunane si rolle og handlingsrom i landbrukspolitikken, og understreke landbruket si verdi i arbeidet for å løyse dei disitriktpolitiske utfordringane, jf. òg omtale under kap. 1102.

I St.meld. nr. 19 (1999-2000) er det lagt vekt på å gi kommunane større handlingsrom i landbrukspolitikken. Landbruksdepartementet vil starte opp eit prosjekt med fokus på det kommunale handlingsrommet der vidare delegering av oppgåver til kommunane inngår, jf. omtale under kap. 1102.

Det er iverkset eit prøveprosjekt over to år med eit regionalt ledd i det offentlege næringsmiddeltilsynet. I den samanheng prøver ein ut ulike modellar for samlokalisering og samarbeid med fagetatane på regionalt nivå og med fylkesmannen. I tillegg tester ein ut ei ordning med styrkt sentral styring for ein region. Arbeidet skjer i nært samarbeid med Sosial- og helsedepartementet og Arbeids- administrasjonsdepartementet.

Regjeringa har gjort framlegg om kva for prinsipp som skal vere førande for å sikre ei adekvat veterinærteneste for å møte både private og offentlege behov på området i framtida, jf. St. prp. nr. 54 (1999-2000).

2. Brukaren i fokus

Landbruksdepartementet vil med utgangspunkt i den statlege informasjonspolitikken nytte kommunikasjon som eit strategisk og operativt verkemiddel for å:

- nå overordna mål og delmål,
- bidra til ei open og brukarretta forvaltning,
- styrkje dei demokratiske rettane til borgarane og
- sørje for omstilling og utvikling i samsvar med målsettinga om fornying av offentleg sektor

Gjennom bevisstgjerings, opplæring og prioritering av ressursar til kommunikasjon vil Landbruksdepartementet skape dialog og samhandling med viktige mål- og interessegrupper i samfunnet. Ulike forbrukargrupperingar og forbrukarorganisasjonar, daglegvarehandelen, næringsmiddelindustrien, nærings- og interesseorganisasjonar, media, forskingsmiljø og forvaltninga elles er viktige målgrupper. For å kunne lukkast i denne satsinga vil departementet utvikle Kommunikasjonsprogrammet *Trygg mat* til å bli eit program som omfattar heile Landbruksdepartementet sitt ansvarsområde, og som byggjer på gjennomføring av ei omfattande omverdsanalyse. Omverdsanalyse vil gi viktig informasjon og kunnskap om samfunnet og dei ulike målgruppene og interessegruppene for departementet. Dette vil gi eit godt grunnlag for kommunikasjon og eit godt grunnlag for utvikling av organisasjonen gjennom kunnskapsleiing.

Eit regionalt kommunikasjonsprogram om landbruk og miljø blei starta opp i 1999. Målet med programmet er å sette fokus på og forbetre kommunikasjonen om landbruk og miljø mellom departementet, direktorat, avdelingane i fylkesmannsembeta og til dei ulike brukargruppene. Programmet blei gjennomført hos fylkesmannsembeta i Østfold og Hordaland, og ein startar evalueringa i 2001.

Landbruksdepartementet har i samband med departementets miljøhandlingsplan for 2001-2004 utarbeidet ein kommunikasjonsstrategi på miljøområdet. Det er behov for å auke miljøkunnskapen hos den einskilde brukar, og det er behov for å synleggjere landbruket sin miljøinnsats for samfunnet. I dette arbeidet er regional og lokal forvaltning viktig for å nå ut med informasjon og kunnskap.

3. Meir ansvarlege og effektive system

Statens landbruksbank er avvikla som eiga verksemd og oppgåver flytta til Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND). Statens Kornforretning, Omsetningsrådet og Fraktkontoret for slakt er samordna i ei verksemd - Statens landbruksforvaltning (SLF) frå 1. juli 2000. Den delen av Statens landbruksbank si verksemd som ikkje er overført til SND, er overført til SLF, jf. nærare omtale under pkt. 1.2 i innleiinga og kap. 1143. Det er lagt til grunn ei etatstyring som skal gi ein god, ryddig og konsistent styringsdialog med klår rolledeling mellom Landbruksdepartementet, SLF og fylkesmennene, som no blir budsjettert på eitt kapittel under Arbeids- og administrasjonsdepartementet. Som følgje av desse organisatoriske endringane vil departementet ta initiativ til ein gjennomgang av rapporteringsrutinane og omfanget av rapporteringa frå fylkesmannsembeta.

Departementet legg i budsjettframlegget opp til endringar i Jordskifteverket sin organisasjon. Landbruksdepartementet vil saman med andre departement starte opp eit arbeid for å vurdere om det er mogeleg å auke kvaliteten og effektiviteten i tilsynsarbeidet på matområdet. I tillegg vil departementet nedsetje ei arbeidsgruppe med oppgåve å vurdere reindriftsforvaltninga med tanke på ei betre oppnåing av gjevne politiske mål innanfor fastsette økonomiske rammer. Ein viser til nærare omtale i pkt. 1.2 i innleiinga og i dei respektive kapitla.

Det blir arbeidd med ny næringsmiddellov med utgangspunkt i NOU 1996:10. Loven skal erstatte dei mest sentrale lovene på næringsmiddelområdet og forenkle forvaltningsansvaret for mat. Arbeidet med lova skjer i samarbeid med Nærings- og handelsdepartementet, Sosial- og helsedepartementet og Fiskeridepartementet.

Landbruksdepartementet vil følgje opp målsetjinga i St.meld. nr. 19 (1999-2000) om forenklingar i dei økonomiske verkemidla i jordbruksavtalen. Ein vil òg sjå på moglegheitene til å redusere talet på styres, råd og utval som nyttast i forvaltninga av desse ordningane.

I samband med tilskottsforvaltninga er det bygd opp omfattande EDB-baserte fagsystem. Alle desse systema er gjennomgått i samband med etableringa av Statens landbruksforvaltning med sikte på å kvalitetssikre og få meir brukarorienterte data. Einskilde sider ved den teknologiske utviklinga kan gjere verksemdene stadig meir sårbare. Ein vil derfor òg prioritere arbeidet med databasetryggleik framover.

Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS) utviklar geografiske informasjonssystem (GIS) og digitale markslagskart. NIJOS deltar òg saman med fylkesmannsembeta i Geovekst-samarbeidet, eit samarbeid mellom store brukarar og produsentar av geodata i Noreg. Samarbeidet omfattar etablering, drift, vedlikehald og samfinansiering av kartdatabaser i stor målestokk.

Landbruksdepartementet arbeider med å vidareutvikle IKT-strategien for landbruksforvaltninga for å styrkje kommunikasjonen mellom departementet og viktige målgrupper i omverda. Strategien vil òg sikre at IKT støtter opp om ulike arbeidsprosessar i departementet og mellom departementet og underliggjande verksemder.

4. Motiverte og kompetente leiarar og tilsette

Landbruksdepartementet har gjennom fleire år arbeidd målretta med leiarutvikling i departementet og saman med underliggjande verksemder. Ein har lagt vekt på å sjå leiarutviklinga i samheng med omstillinga som mat- og landbruksforvaltninga no går igjennom m.o.t. roller og oppgåver. Ein har brukt ymse verkemiddel, så som leiar kontraktar, resultatlønn, leiarevalueringar, haldningsarbeid og nye oppgåver i dette arbeidet.

I mat- og landbruksforvaltninga er det no 23 pst. kvinnelege leiarar. Dette er noko lågare enn gjennomsnittet i statsforvaltninga. Målet for delen kvinnelege leiarar er sett til minst 30 pst. som skal vere nådd i løpet av 2001. Landbruksdepartementet arbeider med ein strategi for å få fleire kvinnelege leiarar i mat- og landbruksforvaltninga.

Inkludert i kommunikasjonsprogrammet *Trygg mat* vil det liggje eit opplæringsprogram for leiarane og dei tilsette i departementet og underliggjande etatar med vekt på kommunikasjon og kunnskapsleiing, utvida evaluering av leiarane på kommunikasjon, samhandling og leiing samt utvida satsing på informasjons- og kommunikasjonsteknologi som støtte og verktøy for betre kommunikasjon og samhandling. Det vil òg bli oppretta eit eige fora for informasjons- og kommunikasjonsansvarlege i underliggjande verksemder for å betre samhandlinga på området.

Ei vellukka omstilling i landbruksforvaltninga avheng av motivasjonen og innsatsen til dei tilsette. Det er derfor særskilt viktig at dei tilsette deltar aktivt i omstillinga, slik at dei både forstår kvifor det må skje ei omstilling og at dei sjølv kan vere med på å gjennomføre omstillinga. I departementet er det som grunnlag for eit slikt arbeid gjennomført ei stor kartlegging blant dei tilsette

om kva dei verdset og kva dei meiner det bør leggjast vekt på for å få en god arbeidsplass i ei tid med store krav til omstilling.

Økonomireglement for staten

Departementet og underliggjande verksemder har ei tid arbeidd med innføringa av det nye økonomireglementet for staten. Ein viser til omtale i tidlegare proposisjonar, særleg til St.prp. nr. 67 (1997-98) kap. 4.2 der det blir opplyst at departementet har sett det som nødvendig å gjere ein del viktige avvik i forhold til normalkrava, jf. òg kap. 4.1 der det blir gjort greie for kvifor ein ikkje kan nytte ein reindyrka modell for mål- og resultatstyring for oppfølging av ei rekkje tilskottsordningar.

Krava som økonomiregelverket set til tilskottsforvaltninga, er omfattande og departementet har i lengre tid gitt arbeidet høg prioritet. På dei fleste områda er regelverk og rutinar vurdert og forbetra. Arbeidet med å styrkje og betre tilskottsforvaltninga vil halde fram i 2001. Departe-

mentet vil m.a. halde fram med å utvikle gode oppfølgingskriterium i høve til målsetjingane for ordningane og betre rutinane for kontrollverksemda der dette er nødvendig. Den nye forvaltningsverksemda, Statens landbruksforvaltning, vil få ei viktig rolle i arbeidet med å utvikle forvaltningssystema og følgje desse opp. Den viktigaste resultatrapporteringa når det gjeld gjennomføring av jordbruksoppgjæret vil likevel framleis finne stad i samband med behandlinga av dei årlege jordbruksproposisjonane, jf. St.prp. nr. 67 (1997-98), kap. 4.1. Arbeidet med å betre forvaltninga av tilskottsordningane må sjåast som ein kontinuerleg forbetningsprosess, der m.a. dei administrative kostnadene med oppfølging og kontroll og arbeidet med rapportering som blir lagt på tilskottsmottakarane må vegast opp mot nytten av slik rapportering og kontroll.

Ei moderne og effektiv økonomiforvaltning føreset òg god kompetanse på området. Departementet vil derfor gi sikring av økonomikompetanse auka merksemd.

Kap. 1100 Landbruksdepartementet (jf. kap. 4100)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	104 842	103 912	105 496
45	Store utstyrskjøp og vedlikehald - ordinære forvaltningsorgan, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1100 post 50</i>	8 985	12 553	11 624
50	(ny) Store utstyrskjøp og vedlikehald - forvaltningsorgan med særskilde fullmakter			200
70	Tilskott til drifta av Staur gard	250	250	250
	Sum kap 1100	114 077	116 715	117 570

Mål og strategiar

Landbruksdepartementet har ansvar for å følgje opp dei retningslinjene som Stortinget og regjeringa gir for mat- og landbrukspolitikken. Ansvarsområdet til departementet er matpolitikk, jordbruk, skogbruk, reindrif, husdyrhald, helseforholda i oppdrettsnæringa, ressursvern og utvikling av nye landbruksbaserte næringar. Departementet er ein viktig premissleverandør når det gjeld spørsmål om miljø, arealplanlegging, kulturvern, distriktsutbygging, utanrikshandel og forbrukarspørsmål.

Landbruksdepartementet sine sentrale strategiar er:

- utvikle og sikre eit fagleg grunnlag for politiske avgjerd i mat- og landbrukspolitikken
- kommunisere mat- og landbrukspolitikken aktivt for å få samfunnsmessig tilslutning og politisk gjennomslag
- målrette og kommunisere økonomiske og juridiske verkemiddel og påverke internasjonalt for å ivareta nasjonale interesser best mogleg
- utvikle og forbetre system for kontroll og kvalitetssikring i verdikjedene
- skape samanheng og samspel mellom forskning, planlegging, verkemiddel (økonomiske og juridiske) og forvaltning, og å utvikle kvart av desse områda vidare

- avklare roller og funksjonar i departementet sitt samspel med andre offentlege og private aktørar.

For å vere eit tenleg verktøy er det ein føresetnad at departementet har ein fleksibel organisasjon. Departementet vil derfor nytte dei verkemidla som er nedfelte i St.meld. nr. 35 (1991-92) *Om statens forvaltnings- og personalpolitikk* og seinare forvaltningspolitiske utgreiingar samt St.meld. nr. 19 (1999-2000) *Om norsk landbruk og matproduksjon*.

Ein stor og aukande del av departementet si verksemd er knytt til internasjonale avtaler og prosessar, som EØS-avtalen, WTO-avtalen og internasjonale skogprosessar. Det er derfor nødvendig å leggje auka vekt på dei internasjonale oppgåvene.

Resultatrapport 1999

Landbruksdepartementet viser til statusomtala under dei andre programkategoriane. Mange av dei resultata som er omtalte der, har Landbruksdepartementet tatt initiativ til og tatt del i arbeidet med.

Landbruksdepartementet har i 1999 arbeidd med mange politisk høgt prioriterte saker m.a. lagt fram St.meld. nr. 19 (1999-2000), deltaking i utforming av eit internasjonalt samarbeid innan skogforvaltning, og førebuing av nye WTO-forhandlingar ved å delta i den uformelle prosessen knytte til landbrukskomiteen i WTO. Departementet har òg hatt kontaktar med mange land (Japan, Sør Korea, Island, Sveits og EU) for å samordne departementet sine standpunkt i førebuingane til WTO-forhandlingane. I år har ein hatt bilaterale møter med Tyskland, Canada, EU-kommisjonen, Portugal, Egypt, Jordan, Tyrkia. Disse møtene har vore konstruktive og medverke til å skape forståing for norske posisjonar og overfor noen av desse landa skapt eit grunnlag for vidare samarbeid.

Arbeidsprogrammet for oppfølginga av ministerkonferansane blei lagt fram for alle dei europeiske deltakerlanda og organisasjonane i slutten av oktober 1999. Det blir lagt opp til utstrekt samarbeid med eksisterande internasjonale organisasjonar i oppfølginga av programmet. Dei pan-europeiske ministerkonferansane skal først og fremst ivareta det skogpolitiske i det europeiske samarbeidet. Arbeidet blir koordinert av Austerrike, Polen, Portugal og Noreg. Etter planen skal Polen ha hovudansvaret for koordineringa etter Austerrike.

Forhandlingane i tredje sesjon av FNs skogforum førte til framgang og semje på fleire område. Derimot gjenstår det svært mykje på viktige område som handel og miljø, prinsipp for finansiering og organiseringa av det skogpolitiske arbeidet i FN framover (spørsmålet om skogkonvensjon).

Landbruksdepartementet har teke aktiv del i arbeidet med St.meld. nr. 8 (1999-2000) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand* og revisjon av plan- og bygningsloven. Departementet har vidare arbeidd med oppretting av Statens landbruksforvaltning og avviklinga av Statens landbruksbank. Forvaltninga av dei økonomiske verkemidla knytte til finansiering av tradisjonelt landbruk/nye næringar er overført til SND, jf. St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 3 (1999-2000). Landbruksdepartementet har i samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet, Kommunenes sentralforbund og fylkesmannsembeta gjennomført fem regionale kommunekonferansar i 1999.

Budsjettforslag 2001

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekkjer ordinære driftsutgifter i Landbruksdepartementet.

Landbruksdepartementet vil følgje opp Stortinget si behandling av St.meld. nr. 17 (1998-99), St.meld. nr. 19. (1999-2000), St.prp. nr. 82 (1999-2000), St.meld. nr. 40 (1996-97), NOU 1996:10, EØS-avtalen på veterinær sektor og St.prp. nr. 54 (1999-2000). Det vil m.a. bli etablert eit verdiskapingsprogram for norsk matproduksjon og trappe opp verdiskapingsprogrammet for bruk og foredling av trevirke. Departementet vil arbeide med å revidere skogbruksloven, odelsloven, jordloven og konsesjonsloven. Vidare vil ein utarbeide eit nasjonalt skogprogram og iverksette miljøhandlingsplanen for landbrukssektoren, kompetanseutviklingsprogram i jordbruket og ny plantehelsestrategi. Departementet vil òg arbeide med ny lov om dyrehelsepersonell og arrangere ein konferanse med fokus på byutvikling og jordvern. Hovudmålgruppa for konferansen vil vere lokale og regionale styresmakter, særleg i dei større byene. Landbruksdepartementet vil arbeide vidare med eit plandokument for beredskapstiltak for kriser i fredstid i sektoren.

På det internasjonale området vil ein drøfte mandatet for forhandlingane i neste WTO-runde (artikkel 20 i eksisterande landbruksavtale i WTO). Vidare vil det bli halde eit seminar om multifunksjonelt landbruk i OECD-regi i Paris på nyåret 2001. Neste partskonferanse i konvensjo-

nen for biologisk mangfald vil ha fokus på skog. Landbruksdepartementet vil auke innsatsen på dette området fram mot partskonferansen i 2002. Arealbruk, arealbruksendringar og skogbruk vil vere ein sentral del av konkretiseringa av Kyoto-protokollen fram mot partskonferansen i november. Landbruksdepartementet deltar aktivt i arbeidet sammen med Miljøverndepartementet og SFT. Landbruksdepartementet vil òg aktivt følgje opp strategien som ei arbeidsgruppe under Nordisk Ministerråd har utarbeidd for ein berekraftig utvikling i Norden.

Forslaget gjeld òg løyving i samband med kvinneretta tiltak, som t.d. samarbeidet med stiftelsen Kvinner viser vei. Ein viser til omtala under dei andre programkategoriane og kapitla. Vidare vil ein arbeide med etatsstyring, organisasjonsutvikling og kompetanseutvikling i forvaltninga, jf. omtalen under programkategori 15.00.

Det er sett av 0,9 mill. kr til evaluering av EØS-avtalen, jf. nærare omtale under kategori 15.10.

Deler av løyvinga til ymse utval, råd og styre og medlemskontingentar i internasjonale organisasjonar er overført til kap. 1107, kap. 1110 og kap. 1112.

Post 45 Store utstyrskjøp og vedlikehald- ordinære forvaltningsorgan

Løyvinga kan nyttast til delfinansiering av store nyinnkjøp og ekstraordinært vedlikehald ved ordinære forvaltningsorgan under departementet. Løyvinga kan òg nyttast til store nyinnkjøp i departementet.

Departementet føreset at ordinært vedlikehald og mindre innkjøp blir dekt over dei ordinære løyvingane til verksemdene.

Verksemdar under departementet forvaltar eigedommar og disponerer ein stor bygnings-

masse. I einsskilte tilfelle kan det vere aktuelt å selje festetomter, areal til utbyggingsformål, veggrunn m.m. Departementet gjer framlegg om at inntekt frå sal kan nyttast til ombygging og ekstraordinært vedlikehald av bygningsmassen som verksemdene disponerer, jf. forslag til vedtak II. Vidare gjer ein framlegg om at unytta meirinntekt frå sal av eigedom kan reknast med ved utrekning av beløp som kan overførast på posten, jf. forslag til vedtak II.

Løyvinga kan nyttast under kap. 1100, post 50.

Post 50 Store utstyrskjøp og vedlikehald - forvaltningsorgan med særskilde fullmakter

Løyvinga kan nyttast til delfinansiering av store nyinnkjøp og ekstraordinært vedlikehald ved forvaltningsorgan med særskilde fullmakter under departementet, Norsk institutt for skogforskning, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Norsk institutt for planteforskning og Veterinærinstituttet. Departementet føreset at ordinært vedlikehald og mindre innkjøp blir dekt over dei ordinære løyvingane til verksemdene, jf. kap. 1112, 1140, og 1142.

Post 70 Staur gard

Staten eigde Staur gard til 1995. Frå 1995 er det Statkorn Holding ASA som eig og driv Staur gard. Overtakinga av den tidlegare statlege representasjons- og forsøks garden er regulert gjennom ein overtaking- og bruksavtale med staten ved Landbruksdepartementet. Hovudbygninga på Staur skal nyttast til statleg representasjon. I tråd med avtalen med Statkorn Holding ASA gjer ein framlegg om ei løyving på 250 000 kr knytt til selskapet si plikt til vedlikehald og drift av hovudbygninga.

Kap. 4100 Landbruksdepartementet (jf. kap. 1100)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert bud- sjett 2000	Forslag 2001
01	Refusjon og gebyr	486	362	375
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	1 158		
40	Sal av eigedom	408		
	Sum kap 4100	2 052	362	375

Post 01 omfattar gebyr ved behandling av jord- og konsesjonssaker der fylkesmannen er førstein-

stans. Inntekter frå ymse refusjonar blir òg ført på posten.

Kap. 1102 Fylkesmannens landbruksavdeling (jf. kap. 4102)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	259 344	239 044	
21	Spesielle driftsutgifter	49 186	30 290	
	Sum kap 1102	308 530	269 334	

Mål og strategiar*Innleiing*

Budsjetteringa av fylkesmannen er endra frå 2001 ved at løyvingane til lønn og drift til Fylkesmannens landbruksavdeling og Fylkesmannens miljøvern- og driftsdivisjon blir budsjettert på kap. 1510 Fylkesmannsembeta. Arbeids- og administrasjonsdepartementet vil ha det administrative ansvaret for fylkesmannsembeta, mens Landbruksdepartementet framleis vil ha det faglege ansvaret for dei oppgåvene fylkesmannsembeta skal løyse innanfor mat- og landbruksområdet. Midlar til enkelte faglege prosjekt retta mot landbruket som tidlegare blei løyvd over kap. 1102 er nå i all hovudsak budsjettert på kap. 1140 post 77.

I denne omtala er det lagt vekt på mål og strategiar for fylkesmannens landbruksavdeling, rapport for 1999 og ei omtale av dei oppgåvene fylkesmannen skal løyse i 2001. Det vises elles til budsjettforslaget i St.prp. nr. 1 (2000-2001) *Arbeids- og administrasjonsdepartementet*, kategori 01.10.

Fylkesmannen er eit utviklingsorientert statleg forvaltnings-, planleggings- og rådgjevingsorgan, og er ansvarleg for gjennomføringa av den nasjonale landbrukspolitikken på regionalt nivå. Sentralt i dette arbeidet står samordning av fylkesmannen sine oppgåver overfor landbruket, kommunane, fylkeskommunane, Statens nærings- og distriktsutbyggingsfond (SND) og andre regionale aktørar.

Den offentlege landbruksforvaltninga er delt inn i ein regional statleg forvaltning hos fylkesmannen, mens kommunane har det lokale ansvaret. Kommunane er fylkesmannen sin viktigaste brukar, og arbeidet i kommunane er avgjerande for å nå måla i landbrukspolitikken. Departementet legg vekt på at kommunane har ressursar og fagkompetanse som gjer at dei kan møte utfordringane i landbruket. Samla sett er fylkesmannen og kommunane i denne samanheng viktige som serviceytarar.

Rettleiing og tilsyn overfor kommunane er ei hovudoppgåve for fylkesmannen, som skal sjå til

at kommunane oppfyller si rolle som førstelinestyresmakt for jord- og skogbruk. Departementet legg vekt på at fylkesmannen har ein systematisk, formålsretta og likeverdig dialog med kommunane.

Overordna mål

Fylkesmannen og kommunane skal medverke til å gjennomføre den nasjonale landbrukspolitikken, med dei regionale tilpassingar som den vedtekte landbrukspolitikken gir høve til. Fylkesmannen arbeider etter mål og strategiar innan dei enkelte områda som er omtalt i innleiinga og under programkategori 15.00 og 15.30.

1. *Landbruksbasert nærings- og bygdeutvikling, jf. kategori 15.30 og kap. 1142 og 1150*

Fylkesmannen og kommunane skal medverke til utnytting og utvikling av lokale ressursar og moglegheiter basert på prinsippa om berekraftig produksjon. Kommunane er dei fremste aktørane for å nå måla, i samarbeid med næringsorganisasjonane i jord- og skogbruksnæringa, og andre sentrale regionale aktørar. Det blir lagt stor vekt på arbeidet med mobilisering, kunnskapsutvikling, rekruttering og likestilling.

2. *Miljø- og arealforvaltning, jf. kategori 15.30 og kap. 1140, 1142 og 1150*

Fylkesmannen skal medverke til å gjere næringsverksemda i landbruket berekraftig med omsyn til natur, kultur og miljø på lang sikt.

3. *Inntekts- og velferdspolitiske tiltak*

Fylkesmannen skal drive effektiv forvaltning og kontrollere bruken av dei verkemidla embetet er sett til å forvalte i tråd med måla i landbrukspolitikken og økonomireglementet i staten.

4. *Rettleiing og internadministrasjon*

Fylkesmannen skal vere omstillingsdyktig og formåls effektiv, og ha eit kostnadseffektivt rettleiings- og støtteapparat overfor kommunane og landbruksnæringa.

Fylkesmannen si rolle i gjennomføringa av landbrukspolitikken, jf. kategori 15.00, 15.30 og kap. 1140 og 1142

Statens nærings- og distriktsutbyggingsfond (SND) forvaltar dei økonomiske verkemidla retta direkte mot etablering av verksemdar og -utvikling, både i tradisjonelt jordbruk og i nye næringar. Dei generelle midlane til utgreiings- og utviklingstiltak på fylkesnivå, blir forvalta av fylkesmannen. Det samme gjeld òg ordningar under Landbrukets utviklingsfond til miljø- og skogformål, samt midlar til same formål over statsbudsjettet. Fylkesmannen skal vere eit utviklings- og kompetanseorgan for landbruket, og ein viktig samarbeidspartnar for SND. Det er inngått formelle samarbeidsavtaler mellom SND og fylkesmannen i alle fylke.

Statens landbruksforvaltning (SLF) blei etablert 1. juli 2000 som ei utøvande og rådgjevande verksemd under Landbruksdepartementet. Etableringa av SLF har ført til at dei landbrukspolitiske verkemidla, herunder tilskottsordningane over jordbruksavtalen, og ein del andre ordningar er blitt samla i eit forvaltningsorgan. Fylkesmannen skal forvalte ei rekkje verkemiddel for SLF. Samordning av styringssignala mellom departementet og SLF, vil derfor vere særskild viktig.

Samla sett og kvar for seg, har kommunane, fylkesmannen, SND og SLF ei viktig rolle i gjennomføringa av landbrukspolitikken.

Hovudtyngda av fylkesmannen sitt arbeid ligg innanfor følgjande område, jf. St.prp. nr. 1 (1999-2000) *Landbruksdepartementet* og omtale av fylkesmannens oppgåver for 2001:

Utviklingsoppgåver

Fylkesmannen har ei viktig rolle som initiativtakar og pådrivar for utvikling av ny lønsam verdiskaping gjennom BU-midlane til utgreiings- og tilretteleggingstiltak, i og i tilknytning til landbruket. Fylkesmannen skal ivareta utviklingsoppgåver innan landbruket og delta i det regionale utviklingsarbeidet, der utarbeiding og gjennomføring av regionale utviklingsprogram (RUP) er viktig.

Samfunnsplanlegging

Fylkesmannen skal leggje vekt på arealforvaltning og landbruket si deltaking i samfunnsplanlegginga for å hindre nedbygging av viktig areal og for å gi gode vilkår for landbruksnæringa. Derfor er ei av hovudoppgåvene til fylkesmannen å synleggjere landbruket i planleggingsprosessar

som konsekvensutgreiingar, kommune-, fylkes- og verneplanar.

Forvaltning og rettstryggleik

Fylkesmannen er sentral i gjennomføringa av landbrukspolitikken, særleg i oppgåver knytt til næringsutvikling, samfunnsplanlegging og forvaltning. Fylkesmannen er forvaltar av økonomiske og juridiske verkemiddel, og skal føre kontroll og tilsyn med dei verkemidla som er lagt til kommunane og SND, samt informere om dei landbrukspolitiske verkemidla. Fylkesmannen skal førebu saker for fylkeslandbruksstyret som skal treffe avgjerder etter jord-, skogbruks- og konsesjonslovene. Vidare skal fylkeslandbruksstyret gi uttale i saker etter plan- og bygningslova, naturvernlova m.m. Fylkesmannen skal sikre at omsynet til rettstryggleiken blir ivareteke i forvaltninga av dei landbrukspolitiske verkemidla.

Gjennomgang av arbeidsoppgåvene til fylkesmannen

I St.prp. nr. 1 (1999-2000) gjorde departementet greie for gjennomgangen av arbeidsoppgåvene til fylkesmannen. Departementet legg framleis konklusjonane frå denne gjennomgangen til grunn. Fylkesmannens oppgåve som bitilsyn blir ført over til Statens dyrehelsetilsyn frå og med 1.1.2001, jf. St.prp. nr. 1 (1999-2000) og Ot.prp. nr. 48 (1999-2000).

I St.meld. nr. 19 (1999-2000) *Om norsk landbruk og matproduksjon* blir det lagt vekt på å gi kommunane større handlingsrom i landbrukspolitikken. Landbruksdepartementet vil starte opp eit arbeid med fokus på det kommunale handlingsrommet og der m.a. vidare delegering av oppgåver til kommunane inngår, jf. kategori 15.00.

I tillegg vil Landbruksdepartementet ha ein gjennomgang av rapporteringsrutinene mellom fylkesmannen og departementet, samt mellom fylkesmannen, SLF og departementet.

Innlemming av det øyremerka tilskottet i inntektssystemet for kommunane

Landbruksdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet har kome fram til at tilskottet til kommunal landbruksforvaltning skal ligge utanpå inntektssystemet eit år til. Det har vore vanskeleg å finne eit kriterium som viser dei utfordringane og oppgåvene kommunane står overfor på landbruksområdet. Landbruksdepartementet tek i samarbeid med Kommunal- og regionalde-

partementet sikte på å leggje fram endringar i kostnadsnøkkelen for kommunal administrasjon i kommuneøkonomiproposisjonen som blir lagt fram våren 2001, jf. St.prp. nr. 1 (1999-2000) Landbruksdepartementet og St.prp. nr. 55 (1995-96) *Om kommuneøkonomien 1997 m.v.*

Resultatrapport 1999

1. Landbruksbasert nærings- og bygdeutvikling, jf. kategori 15.30

Fylkesmannen spelar ei viktig rolle i arbeidet med næringsutvikling, og dette har vore prioritert høgt i 1999.

Gode regionale nettverk med nær kontakt til brukarar, anna forvaltning, kompetanseinstitusjonar og næringslivet, er etablert i fleire embete. Særleg har ein hatt eit godt samarbeid ved utarbeiding og saksbehandling av utviklingsprosjekt, samt ved utarbeiding av fylkesplanar og strategiske næringsprosjekt. Embeta har eit nært samarbeid innanfor landbruksbasert næringsutvikling med fylkeskommunen, SND sine distriktskontor og næringsorganisasjonane. Formelle samarbeidsavtaler er nå inngått mellom SND sine distriktskontor og fylkesmannen for å oppnå samspel mellom utviklingsmidlane hos fylkesmannen og midlane til verksemdutvikling i SND, slik at det i praksis blir ein heilskapleg forvaltning av BU-midlane.

Fylkesmannen har spela ei viktig rolle når det gjeld rettleiing, informasjon, haldningsskapande arbeid, mobilisering og nettverksbygging for kvinner innan tradisjonelt landbruk og i nye næringer.

Fylkesmannen har ei viktig rolle innan skogbruket, og resultatane av hovudtiltaka her blir rapportert under kap. 1142.

2. Miljø- og arealforvaltning, jf. kategori 15.30 og kap. 1140, 1142 og 1150

Fylkesmannen har i 1999 lagt stor vekt på å delta i samfunnsplanprosessane, og i fleire embete har ressursane blitt omorganisert for å styrkje arbeidet på området arealforvaltning. Fylkesmannsembeta har gjort ein stor innsats for å sikre landbruket sine arealressursar, og fått gjennomslag i fleire saker. Dette til tross blir det framleis bygd ned svært mykje dyrka og dyrkbart areal. Hovudutfordringa har vore å komme tidleg nok inn i planprosessane.

Etter styrkinga av jordvernet, mellom anna gjennom St.meld. nr. 29 (1996-97), har det vore ein klar auke i talet på plansaker der fylkeslandbruksstyret har reist motsegn. I fleire fylkes-

mannsembete har fylkesplanprosessane blitt nytta til å sette jordvern på dagsorden gjennom engasjement kring by- og tettstadsutforming, jf. St.meld. nr. 29 (1996-97) og St.meld. nr. 19 (1999-2000).

Fylkesmannen si handtering av saker knytt til jord- og konsesjonslovgjevinga er omtala i St.meld. nr. 35 (1999-2000).

Dei fleste fylkesmannsembeta har no teke i bruk geografiske informasjonssystem (GIS) i saksbehandlinga. Tilbakemeldingar viser at dette er eit viktig hjelpemiddel. I mange embete er det etablert eit godt internt samarbeid mellom avdelingane hos fylkesmannen.

Fylkesmannen har òg i 1999 støtta opp om næringsorganisasjonane sitt arbeid med utvikling av kvalitetssystem i landbruket (KSL), m.a. for å integrere miljøomsyn i produksjonen på det enkelte bruk og leggje til rette for tilsyn etter internkontroll prinsippa.

Satsinga på områdetiltaka i miljøarbeidet er ført vidare i 1999 og alle fylka er no i gang. Gjennom områdetiltak blir det oppfordra til lokale initiativ og tverrsektorielle tiltak som ein del av satsinga på Lokal Agenda 21. Miljøatsingar elles er omala i St.prp. nr. 82 (1999-2000).

3. Inntekts- og velferdspolitiske tiltak i jordbruket

Fylkesmannen har det regionale ansvaret for forvaltning og kontroll av dei direkte tilskotta i jordbruket. Ordningane går inn som ein del av det totale verkemiddelapparatet. Ein viser derfor til omtale under kategori 15.30, kap. 1150 og til St.prp. nr. 82 (1999-2000).

4. Rettleiing og internadministrasjon

Overføringa av oppgåver og personar til SND pr. 01.01.2000 har kravd mykje ressursar hos fylkesmannen i 1999. Dei praktiske sidene ved overføringa har skjedd i samarbeid med dei tilsette sine organisasjonar, og har i stor grad gått etter dei fastsette planane jf. kategori 15.00.

Delen kvinner som er tilsette i landbruksavdelingane hos fylkesmannen er aukande, men framleis for låg. Særleg er talet på kvinnelege leiarar for lågt.

Fylkesmannen har også i 1999 prioritert kontakten og dialogen med kommunane for å gjere dei meir medvetne om rolla som landbruksstyresmakt, mellom anna gjennom møter med politisk og administrativ leiing i kommunane, og konkrete tiltak innan kompetanseutvikling.

Departementet arrangerte våren 1999 fleire regionale kommunekonferansar og ein nasjonal kommunekonferanse vinteren 2000. Her blei

søkelyset retta mot kommunane som landbruksstyresmakt, og viktige tema var landbruket sine utfordringar, samt kommunane sine oppgåver og handlingsrommet deira i gjennomføringa av landbrukspolitikken. Målgruppa for konferansane var politisk og administrativ leiing i kommunane. Konferansane blei arrangert i samarbeid med Kommunenes sentralforbund, Kommunal- og regionaldepartementet og fylkesmennene, jf. kategori 15.00.

Omtale av fylkesmannens oppgåver på landbruksområdet for 2001

Viser til omtale av budsjettforslaget i St.prp. nr. 1 (2000-2001) Arbeids- og administrasjonsdepartementet kategori 01.10 Fylkesmannsembeta.

1. Landbruksbasert nærings- og bygdeutvikling, jf. kategori 15.30

Hovudutfordringa for fylkesmannen er fortsett å halde oppe utviklingskrafta regionalt og lokalt gjennom ei målretta bruk av utgreiings- og utviklingsmidlar. I den samanheng er det viktig at fylkesmannen og SND utviklar felles strategiar for bruk av disse midlane og dei verksemdretta verkemidla, samt bruk av felles kompetanse. I dette arbeidet må fylkesmannen spele ei aktiv rolle i forhold til SND. Vidare må fylkesmannen prioritere nær kontakt med jordbruket og skogbruket sine organisasjonar både for å synleggjere den kompetanse fylkesmannen har i arbeidet med næringsutvikling, men òg for å gi organisasjonane eigarskap til dei midlane fylkesmannen forvaltar. Fylkesmannen må i samarbeid med SND oppretthalde og vidareutvikle eit aktivt og målretta samarbeid med kommunane, fylkeskommunen og andre regionale aktørar. Særleg viktig er arbeidet med regionale utviklingsplanar og dei strategiske næringsplanane. Fylkesmannsembetet skal gjennom sin kompetanse vere ein attraktiv samarbeidspartnar i det regionale utviklingsarbeidet, og søke tilknytning og samspel i internasjonale næringsutviklingsprosjekt.

Fylkesmannen skal føre vidare arbeidet med å styrkje og utvikle det tradisjonelle jordbruket. Her vil arbeidet med Verdiskapingsprogrammet for norsk matproduksjon stå sentralt, jf. St.prp. nr.82 (1999-2000) og St.meld. nr. 19 (1999-2000). I arbeidet med verdiskapingsprogrammet vil kontakt og samhandling mellom fylkesmannen, SND og Noregs Forskningsråd stå sentralt slik at næringsutøvarane får nødvendig oversikt og hjelp til kunnskaps- og teknologioverføring for produkt-, marknadsutvikling og nettverksbygging.

Det er eit stort potensial for auka verdiskaping i skogsektoren, jf. St.meld. nr. 17 (1998-1999). Fylkesmannen har ei viktig rolle med å følgje opp dei strategiar som blir trekte opp i denne meldinga. Det er viktig at det blir arbeida målretta for å sikre eit tilfredsstillande nivå på dei langsiktige investeringane i skogbruket. I 2000 blei det starta opp eit femårig verdiskapingsprogram for bruk og foredling av trevirke. Dette vil krevje innsats og engasjement frå fylkesmannen. Fylkesmannen skal gjennom sin kompetanse innan regionalt utviklingsarbeid og næringsutvikling vere ein attraktiv samarbeidspartnar i gjennomføringa av programmet. Gjennom kontakt og samhandling med SND, skal fylkesmannen medverke for å nå programmet sine mål. Tilskottsmidlane til skogbrukstiltak vil bli gitt som ei rammetildeling til fylkesmannen, jf. kap. 1142.

Fylkesmannen skal leggje auka vekt på gjennomføring og rapportering av tiltak som kan gjere det attraktivt for ungdom å satse på ei framtid i landbruket. I den samanheng skal arbeidet med likestilling i landbruket og tiltak retta mot odelsjenter og kvinner som vil overta bruk prioriterast.

2. Miljø- og arealforvaltning, jf. kategori 15.30 og kap. 1140, 1142 og 1150

Fylkesmannen skal følgje opp dei prosessane som styrer arealdisponeringar ved å:

- følgje opp St.meld. nr. 29 (1996-97) og St.meld. nr. 19 (1999-2000) om eit sterkare jord- og ressursvern gjennom tidleg medverknad i planprosessar. Det må stillast krav til effektiv utnytting av utbyggingsområde i kommune- og reguleringsplanar,
- ha løpande dialog med kommunane for å sikre at verdien av jordbruksareala blir dokumentert i forkant av planprosessar og at avgangen av areal blir registrert,
- motivere kommunane til å lage landbruksplanar, gi råd og rettleiing og knyte kontakt med kommunar med gode røynsle frå planarbeidet,
- styrkje fylkesplanane som ein arena for regional samordning og løysing av saker med regionale verknader og
- styrkje arbeidet med verneplanar. Dei verknader vernet får for landbruket må bli dokumentert og teken omsyn til og ein må leggje større vekt på å kombinere aktivt bruk og vern.

Fylkesmannen og fylkeslandbruksstyra har eit særleg ansvar for å følgje opp dei måla for landbrukspolitikken som er nedfelt i jord-, skogbruks- og konsesjonslova, sjå kategori 15.30.

I St.meld. nr. 19 (1999-2000) gjorde departementet framlegg om å oppheve forkjøpsretten i konsesjonslova, og i staden auke offentleg innsats for frivillig bruksrasjonalisering. Stortinget slutta seg til dette forslaget, og dei nødvendige lovendingane vil kome i 2001.

Prosjektet som blei gjennomført hos fylkesmannen i Møre og Romsdal i 1997/98 for å stimulere til frivillig bruksrasjonalisering vil bli ført vidare i 2001, jf. kategori 15.30 og kap. 1140

Samarbeidet innan Geovekst vil òg i 2001 prioriterast.

Betre miljøtilpassing og forvaltning av kulturlandskapet krev framleis stor innsats. Verkemiddel på miljøområdet vil i aukande grad bli sett inn mot områdetiltak, jf. kategori 15.30. Miljøtiltaka skal bli styrkja og i sterkare grad målretta gjennom eit heilskapleg resultatoppfølgingssystem, ved samordning av miljøverkemidla i eit miljøprogram og gjennom miljøplanar på det einskilde bruk, jf. St.prp. nr. 82 (1999-2000) og kategori 15.30. Det er lagt vekt på samordning med kvalitetssystem i landbruket slik at dette systemet kan nyttast for planlegging og dokumentasjon. I 2001 vil det bli gjennomført ei utprøving av miljøprogram og miljøplan i Østfold og Oppland. I 2002 tek ein sikte på å førebu gjennomføring over heile landet gjennom aktivt informasjons- og rettleiingsarbeid. Det er lagt vekt på å gi fylkesmannen auka fridom og moglegheit til å tilpasse miljøarbeidet til lokale utfordringar gjennom å tildele midlar i færre og breiare rammar. Dette saman med auka delegering av ansvar til fylkesmannen når det gjeld utviklinga på miljørada i landbruket, medfører at kompetanseutvikling på miljørada bør prioriterast framover.

Landbruksdepartementet har dei siste åra satsa monalege midlar på å utvikle ein metodikk for registrering av miljøverdier i skog (MiS-prosjektet). Slike registreringar vil frå og med 2001 m.a. inngå i skogbruksplanarbeidet, og fylkesmannen vil her få eit koordinerande ansvar.

Det er framleis eit mål å utvikle det økologiske landbruket i alle delar av landet, og hovudutfordringa er avsetning og høgare pris for dei økologiske produkta i marknaden, jf. St.prp. nr. 82 (1999-2000) og St.meld. nr. 19 (1999-2000). Fylkesmannen vil ha ei sentral rolle i arbeidet med å stimulere til utvikling av fagmiljø for produsentane, samt å tene marknaden betre.

Fylkesmannen skal sørgje for eit tett samarbeid mellom miljø- og landbruksforvaltninga med omsyn til forvaltninga av rovviltbestandane og førebyggjande tiltak mot rovdyrskadar. Det skal leggjast til rette for både eit aktivt landbruk og

vern av rovdyr. Fylkesmannen skal òg vere aktiv deltakar i rådgjevande rovdyrutval. Departementet legg vekt på at det i ein tidleg fase blir oppretta kontakt mellom fylkesmannen, dyrevernsnemnd og brukar, med sikte på å finne praktiske løysingar.

3. *Inntekts- og velferdspolitiske tiltak i jordbruket*

Fylkesmannen forvaltar store deler av jordbruksavtalen sine økonomiske verkemiddel, og det er derfor viktig at kapasitet og kompetanse med omsyn til disse verkemidla blir prioriterte.

Fylkesmannen må prioritere arbeid med kommunikasjon både mot kommunar og brukarar, samt den sentrale forvaltninga. Det er eit særskilt ansvar å sikre ei trygg forvaltning av dei inntektspolitiske tiltaka, samt at kommunar og brukarane skal ha ei god forståing av både mål og retningslinjer for tiltaka. I samband med resultatrapportering må fylkesmannen òg leggje vekt på gode kommunikasjonslinjer slik at tiltaka kan bli så målretta som mogleg.

4. *Rettleiing og internadministrasjon*

Fylkesmannsembeta må framleis auke innsatsen i tilsyn og oppfølging av kommunane. Departementet vil peike på at fylkesmennene m.a. i samband med behandling av kommunane sine budsjett og økonomiplanar, må sjå til at kommunane set av dei ressursane som trengst for gjennomføring av landbrukspolitikken. Fylkesmannen må stille auka krav til kvalitet i den kommunale saksbehandlinga.

Fylkesmannen har eit særleg ansvar for å medverke til om bruk av lover og generell saksbehandling i saker der styresmakta i første instans er lagt til kommunane og der fylkesmannen eller fylkeslandbruksstyret avgjer klagesaker. Fylkesmannen må i slike høve gi kommunane generell rettleiing slik at kvaliteten på avgjerdene i kommunane kan sikrast.

I St.meld. nr. 19 (1999-2000) er det lagt vekt på å styrkje kommunane sitt ansvar og moglegheit som landbruksstyresmakt, m.a. ved å gi kommunane større handlingsrom innanfor dei enkelte saksfelte. Utarbeiding av landbruksplan vil vere eit viktig reiskap for å bevisstgjere kommunane som landbruksstyresmakt og gi dei innsikt i næringa og næringa si areal- og ressursbruk.

Fylkesmannen skal styrkje arbeidet med å utvikle strategiar for korleis ein kan få rekruttert fleire kvinner og kvinnelege leiarar til landbruksavdelingane.

Dei fire fagsentra under Planteforsk vil i 2001 få om lag halvparten av budsjettmidlane kanali-

sert som oppdrag frå fylkesmannen i vertsfylka. Løyvinga er ført opp under kap. 1112 post 52.

Fylkesmannen skal drive aktiv informasjonsverksemd om sine ansvarsområde overfor publikum, og formidle informasjon om utviklinga i landbruket og dei sentrale fellesverdiane landbruket ivaretek. Regionalt kommunikasjonsprogram for landbruk og miljø som blei gjennomført hos fylkesmannsembeta i Østfold og Hordaland, skal evaluerast i 2001. Eventuell vidareføring av programmet i andre fylke vil då bli vurdert. Prosjektet er eit samarbeid mellom Landbruksdepartementet, Miljøverndepartementet, Arbeids- og administrasjonsdepartementet og Fiskeridepartementet og deira aktuelle underliggjande verksemdar, der fokus er retta mot kommunikasjon og samhandling i høve til landbruk og miljø, jf. kategori 15.00.

Merknader til dei einskilde postane

Post 01 Driftsutgifter

Løyvingane til lønn og drift i fylkesmannens landbruksavdeling er flytta frå kap. 1102 post 01 til Arbeids- og administrasjonsdepartementet kap. 15.10 Fylkesmannsembeta. I denne samanheng er det overført 227,137 mill. kr til kap. 1510.

Det er overført 10,22 mill. kr frå kap. 1102 til kap. 1140 post 77 Miljøretta prosjektarbeid m.m. Disse midlane skal dekke satsinga på Geovekst og GIS i embeta, ulike faglege prosjektar m.m. jf. kap. 1140 post 77.

Det er vidare overført kr 200 000 til kap. 1143 post 01 Statens landbruksforvaltning, som skal brukast til oppfølging av embeta i arbeidet med Ajour, jf. kap. 1143 post 01.

Jordskifteverket sin del av utgiftene til Statens regionale informasjonssystemer, har tidlegare vore dekt over kap. 1102. Det er ført over kr 240 000 til kap. 1145 Jordskifteverket som skal gå til dette formålet.

I samband med at ansvaret for bisjukdommar blir ført over frå fylkesmannen til Statens Dyrehelsetilsyn er det i budsjettforslaget overført kr 810 000 frå kap. 1102 post 01 til kap. 1107 post 01.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Det er overført 31,199 mill. kr frå denne posten til Arbeids- og administrasjonsdepartementet kap. 1510 Fylkesmannsembeta post 21. Midlane har gått til arbeidet med teknisk planlegging og utviklingsprosjekt i embeta, jf. kap. 4102.

Kap. 4102 Fylkesmannens landbruksavdeling (jf. kap. 1102)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
04	Oppdragsinntekter og refusjonar	46 794	30 290	
15	Refusjon, arbeidsmarknadstiltak	903		
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	2 570		
	Sum kap 4102	50 267	30 290	

Post 04 Oppdragsinntekter og refusjonar

Posten har omhandla inntekter knytt til teknisk planlegging, prosjekt med ekstern finansiering,

refusjonar m.m. Det har vore budsjettert med tilsvarende utgifter på kap. 1102 post 21. Denne løyvinga på 31,202 mill. kr er overført til Arbeids- og administrasjonsdepartementet kap. 4510 post 04.

Programkategori 15.10 Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse

Utgifter under programkategori 15.10 fordelt på kapittel:

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
1107	Statens dyrehelsetilsyn (jf. kap. 4107)	202 341	198 631	233 110	17,4
1110	Statens landbrukstilsyn (jf. kap. 4110)	101 401	103 626	91 567	-11,6
1112	Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsutvikling m.m.	140 694	146 775	143 852	-2,0
1114	Statens næringsmiddeltilsyn (jf. kap. 4114)	170 240	163 575	174 788	6,9
Sum kategori 15.10		614 676	612 607	643 317	5,0

Inntekter under programkategori 15.10 fordelt på kapittel:

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
4107	Statens dyrehelsetilsyn (jf. kap. 1107)	11 663	9 031	19 303	113,7
4110	Statens landbrukstilsyn (jf. kap. 1110)	66 145	62 078	78 946	27,2
4114	Statens næringsmiddeltilsyn (jf. kap. 1114)	136 099	160 123	174 942	9,3
Sum kategori 15.10		213 907	231 232	273 191	18,1

Status

Arbeidet innanfor området er lagt opp etter ein strategi der ein sikrar kvaliteten på sluttprodukta gjennom innsats i kvar del av matvarekjeda frå jord og fjord til bord.

Produksjon

Landbruksdepartementet legg vekt på at kvaliteten på innsatsvarene i matproduksjonen bygger opp under målet om å tilby forbrukarane helsemessig trygge matvarer av god kvalitet. Gjødsele og jordforbetningsmiddel som blir marknadsført i Noreg har jamt over god kvalitet. Noreg har gjennom unntak i EØS-avtalen strenge krav til kadmium i gjødsele. Landbruksdepartementet nyttar organisk avfall som gjødsele/jord-

Organisk avfall er ein ressurs som må utnytast på ein berekraftig måte der omsyn til så vel miljø som plante-, dyre- og folkehelse blir teke vare på. Landbruksdepartementet og Miljøverndepartementet har saman med ulike organisasjonar i jordbruket og avfallsbransjen etablert eit 5-årig program for økt omsetning av produkt basert på våtorganisk avfall og slam. Programmet skal bidra til å utløyse det potensialet som finst for auka bruk av dette avfallet til eit breitt spekter av formål som fôr, gjødsele, jordforbetningsmiddel, energi eller liknande. Det er sett av midlar til programmet over kap. 1150.

Ei arbeidsgruppe nedsett av Landbruksdepartementet i samråd med Miljøverndepartementet og Sosial- og helsedepartementet har lagt fram forslag til ei samordning av regelverket og forvaltningsmiddel.

Regelverket for økologisk landbruksproduksjon er under omlegging, mellom anna som følge av tilpassing til EU sitt nye regelverk for økologisk husdyrhald. Ulike tiltak skal bidra til at krava i EU-regelverket ikkje blir til hinder for målsettinga om at 10 pst. av jordbruksarealet skal drivast økologisk innan utgangen av 2009, jf. St.meld. nr. 19 (1999-2000) og Innst. S. nr. 167 (1999-2000).

Plantehelse

Noreg har klimatiske og geografiske føresetnader for avgrensa utbreiing og smittepress av sjukdomar og skadedyr på planter (planteskadegjerarar). Nyare granskningar og leiting etter særskilde skadegjerarar syner likevel at status for plantehelsa i Noreg ikkje er like bra som vi tidlegare har rekna med. Utanom statskontrollen med oppformeringsmateriale for særskilde vekstar, har tilsynet med den nasjonale produksjonen ikkje vore prioritert, og ein har sett fleire døme på at skadegjerarar har spreidd seg til nye brukseiningar før dei har blitt oppdaga. Det er særleg planter til vidare dyrking som representerer ein risiko i spreiiingssamanheng.

I 1999 starta Landbruksdepartementet opp ei større satsing for å sikre og heve standarden på norsk plantehelse, basert på førebyggjande tiltak og tilsyn med nøkkelledd i produksjonen. Arbeidet blei trappa opp i 2000 og departementet vil auke satsinga ytterlegare i 2001, jf. kap. 1110.

Plantevernmiddel

Handlingsplan for å redusere helse- og miljørisikoen ved bruk av plantevernmiddel for perioden 1998-2002 er ført vidare med midlar avsette i dei årlege jordbruksoppgjera, 9 mill. kr for 1999 og 12 mill. kr for 2000. Satsinga inneber gjennomføring av ei rekkje tiltak og verkemiddel, inkludert miljøavgift på plantevernmiddel differensiert etter helse- og miljørisiko. Samla sett skal dette gi ei ønskt utvikling i retning av minimal og minst mogleg risikofylt bruk av plantevernmiddel.

Dyrevelferd

Rovdyr i utmark der bufe beiter opptek mange dyrevernnemnder, fordi skadeomfanget utgjer eit stort og aukande dyrevernproblem. Det er òg eit potensiale for å betre tilhøva med tanke på dyrevern i samband med slakteriverksemd. Dyrevern er òg regulert av internasjonale avtaler i EØS og Europarådet. Dyrehelsetilsynet tek mellom anna

del i Europarådet sitt arbeid for å iverksetje standardar for dyrevern ved oppdrett av fisk.

Dyrehelse

Det er ikkje påvist alvorlege smittsame sjukdommar i kommersielle dyrehald i 1999. Helsetilstanden til akvatiske dyr og landdyr er jamt over god. Overvakings- og kontrollverksemda knytt til sjukdom i husdyrhald og akvakulturdyr er i hovudsak ført vidare på same nivå som i fjor.

Dei veterinære grensekontrollstasjonane på Storskog i Finnmark og Borg hamn i Østfold er ferdigstilte. Arbeidet med stasjonane på Oslo-Lufthamn Gardermoen og ved Oslo hamn ligg etter planane, og kan først ventast ferdigstilt i 2001. Grensekontrollstasjonane har vore inspisert av EFTAs overvakingsorgan (ESA). ESA har godkjend stasjonane, sjølv om det var rom for enkelte forbedringar. Regjeringa har tatt merknadene frå ESA alvorleg, og gitt arbeidet med dei veterinære grensekontrollstasjonane høg prioritet.

Matvarer

Gjennom oppfølging av Stortinget si behandling av St.meld. nr. 40 (1996-97) og ved etablering av tiltak i samband med den reviderte EØS-avtalen, har arbeidet på området blitt styrkt. Stortinget har gjennom handlinga av St. meld. nr. 19 (1999 – 2000) lagt vekt på at forbrukaren skal ha auka innverknad på spørsmål om mat. Forbrukarperspektivet blir følgt opp ved å utarbeide ein handlingsplan for forbrukarorientering av landbruks- og matpolitikken. Målsettinga er å sikre forbrukarane innverknad på matpolitikken for å imøtekomme forbrukarane sine preferansar på matområdet.

Oppfølging av arbeidet med internkontrollsystem i importbedrifter vil halde fram. ESA har ført kontroll med organisering og fysiske forhold på kjøttproduksjonsbedrifter og grensekontrollstasjonar. Inspeksjonar frå ESA vil halde fram.

Handelen med matvarer er omfatta av WTO-avtalen. Skal Noreg etter denne avtalen kunne stille strenge krav til matvarer som skal importrast, må ein kunne dokumentere at norske varer er trygge. Det er sett i gang omfattande kartlegging og overvaking av smittestoff og framandstoff i matvarer i Noreg. Kartlegging, overvaking og kontrollarbeid knytt til matvarer, inkludert importerte matvarer, vil halde fram. Vedlegg 3 gir ei oversikt over resultat frå overvakings- og kontrollprogram for levande dyr og næringsmiddel.

Mål og tiltak

Mål

Hovudmålet for matpolitikken er å sikre forbrukarane trygge matvarer av riktig kvalitet gjennom ein sunn matproduksjon. Delmåla er omtalt i pkt. 1.3 i innleiinga.

Tiltak

Trygge matvarer føreset at risikoreduserande tiltak blir sette i verk langs heile matvarekjeda frå jord og fjord til bord. Regjeringa legg i budsjettforslaget opp til ei auka satsing langs matvarekjeda på 52,5 mill. kr. Dei overordna måla og strategiane på dette området er omtalte i St.meld. nr. 40 (1996-97) og i St.prp. nr. 19 (1999-2000). Satsinga har m.a. bakgrunn i endringar av husdyrlova og dyrevernlova som ligg til behandling i Stortinget og ny lov om dyrehelsepersonell som regjeringa tek sikte på å fremme i stortingssesjonen 2000/2001. Frå 2001 vil lovene gi heimel for auka innsats med strengare krav til husdyrproduksjonen for å redusere risikoen for skadelege framandstoff og smittestoff i animalske næringsmiddel. I tillegg til omsynet til forbrukarane, er satsinga nødvendig for å oppfylle forpliktingane i EØS-avtalen.

Landbruksdepartementet legg opp til ei auka satsing på 2 mill. kr for å sikre og heve standarden på norsk plantehelse. Det er òg sett av 17 mill. kr til vidareføring av tiltak under handlingsplanen for redusert risiko ved bruk av plantevernmiddel. Dette er ein auke på 5 mill. kr i høve til året før, som dels skal dekkje ei auka satsing under Planteforsk og forsøksringane for i fellesskap å vidareutvikle ei effektiv varslingssteneste som verktøy for eit kunnskapsbasert presisjonsjordbruk med minimal bruk av plantevernmiddel. Dessutan skal FoU-innsatsen aukast med vekt på å utvikle alternative metodar og tiltak. Midlane blir fordelte på dei ulike tiltaka hausten 2000 etter drøftingar i arbeidsgruppa som er nedsett av avtalepartane for oppfølging av planen.

Dei genetiske ressursane i plante-, skog- og dyremateriale spelar ei sentral rolle for mat- og landbruksproduksjonen. Ei langsiktig forvaltning av desse verdiane er avgjerande for både bevaring av biologisk mangfald, eit livskraftig landbruk, verdiskapinga i samfunnet og menneska sin livskvalitet og velferd. Landbruksdepartementet vil sikre desse verdiane for framtidige generasjonar ved å opprette eit nasjonalt råd for genetisk mangfald for styrking av arbeidet både nasjonalt og internasjonalt. Det skal i tillegg til genressursutvalget for husdyr opprettast genressursutvalg inn-

anfor områda planter og skog som skal koordinere og gjennomføre tiltak for å verne genressursane.

Regjeringa la i 2000 fram St.prp. nr. 54 (1999-2000). Regjeringa gjer her greie for kva prinsipp som skal vere gjeldande for å få ei god veterinærteneste som fyller private og offentlege krav. Regjeringa vil ut i frå Stortinget si behandling sette av 55 mill. kr i 2001 for å finansiere veterinære vaktordningar. Dette er ei auke på 25 mill. kr i høve til saldert budsjett 2000. Forslaget legg til rette for at det blir etablert vaktordningar over heile landet som bidreg til å styrke dyrevernet og beredskapen ovanfor alvorlege smittsame dyresjukdommar.

Eit etisk dyrevern er nødvendig for å oppretthalde forbrukarane sin tillit til norsk matproduksjon. Departementet har ønske om å ligge i forkant når det gjeld etisk husdyrhald og dyrevernarbeid internasjonalt. Departementet gjer i Ot. prp. nr. 68 (1999-2000) framlegg om at krav om tilsyn og stell òg skal gjelde rein på beite, strengare regler for kastring av reinsdyr og gris, styrkt dyrevern på slakteri og strengare straff for brot på dyrevernlova.

Husdyrlova er foreslått endra slik at verkeområdet blir utvida til å gjelde førekomst av smittestoff og framandstoff hos dyr ut frå omsyn til folkehelsa. Satsinga vil omfatte ei sterk auke i kontrollen på besetningsnivå, m.a. auke i omfanget av prøvetaking i samband utvida forpliktingar i EØS-avtalen, og for å utvide overvåkingsprogramma for E-coli 0157 ("hamburgerbakterien") og campylobacter, jf. kap. 1107 og kap. 1114.

Noreg er iflg. EU sin vitskapskomité klassifisert som eit lågrisikoland med omsyn til BSE. For å behalde denne statusen må fleire tiltak setjast i verk, t.d. kontroll med produksjon og bruk av kjøtt- og beinmjøl, samtidig som overvåkingsprogrammet for BSE må utvidast i høve til tidlegare, jf. kap. 1107.

Arbeidet med å redusere bruk av antibiotika i husdyrproduksjonen gjennom førebyggjande tiltak held fram. Ein tiltaksplan for å motvirke antibiotikaresistens er utarbeidd. Tiltaksplanen er eit resultat av eit samarbeid mellom 5 departement. Oppfølging av planen skal prioriterast, og det er sett av 1,5 mill. kr til tiltak mot antibiotikaresistens hos bakteriar frå dyr og i næringsmidlar, jf. kap. 1107 og kap. 1114.

Risikovurdering vil spele ei større rolle for val av tiltak i heile matvarekjeda frå jord og fjord til bord for å sikre trygg mat, òg i samband med internasjonal handel. Det er m.a. viktig å ha kompetanse for å kunne gjennomføre risikovurderin-

gar og utvikle metodar for påvising av genmodifiserte organismar, m.a. for å kunne føre nødvendig tilsyn med førekomst av GMO i mat og fôr. Tilsynsaktiviteten knytt til GMO vil bli styrkt. Arbeidet med å byggje opp kompetanse i risikoanalyse generelt har stått og vil stå sentralt i åra som kjem.

Miljøverndepartementet, Fiskeridepartementet og Landbruksdepartementet har, som ledd i å fjerne faktorar som avgrensar utviklinga for havbruksnæringa, sett i gang ei satsing for å betre og sikre fiskehelsa. Tiltaka går ut på å iverksette handlingsplan for *Gyrodactylus salaris*, halde nede lakselusproblemet, tiltak mot rømming og rett legemiddelbruk. Landbruksdepartementet har sett av 3 mill. kr til dette arbeidet.

Arbeidet med å påverke utviklinga av EUs regelverk om handel med akvakulturdyr vil òg krevje ressursar. Noreg arbeider med å få plassert ein nasjonal ekspert på fiskehelseforvaltning i EU-Kommisjonen, som vil vere ein viktig premissleverandør for det framtidige EØS-regelverket.

I St.meld. nr. 19 (1999-2000) legg regjeringa vekt på at forbrukarane skal ha auka innverknad på spørsmål om mat. Forbrukerorienteringa vil m.a. ta opp kommunikasjon og informasjon, forbrukarrepresentasjon, forbrukerretting av tilsynsapparatet og forskning og politikktutvikling. Ein gjer i tillegg framlegg om at kunnskap om forbrukarane sine preferanser på matområdet blir regelmessig kartlagt.

Det er sett av 3 mill. kr til arbeidet med å følgje opp handlingsplan for forbrukarorientering av mat- og landbrukspolitikken, jf. omtale under kap. 1114. Målsettinga om å gi forbrukarane større innverknad gjeld heile matområdet og omfattar òg

arbeidet til Statens dyrehelsetilsyn og Statens landbrukstilsyn.

Opplysningar om kor matvarene kjem frå er viktig for mange forbrukarar. Det er òg ønskje blant forbrukarane om å kunne velje produkt frå spesielle regionar, eller særleine tradisjonsprodukt. For å oppfylle slike ønske vil det vere aktuelt med reguleringar i form av merkeordningar som definerer ein regional kvalitetsproduksjon av mat basert på tradisjon og matkultur. Slike ordningar, og andre ordningar som berre gir informasjon om kor maten kjem frå, vil òg fungere som ein garanti for at produkta er originale og at dei er underlagt kontroll. Regjeringa ønskjer å møte interessa som forbrukarane har på dette området, og vil vurdere merkeordningane i lys av dette.

I samband med at Stortinget slutta seg til revisjonen av EØS-avtalen Vedlegg I, jf. St.prp. nr. 6 (1998-99), blei det føresett at regjeringa skulle legge fram for Stortinget ein totalvurdering av det nye regelverket med forslag til nødvendige endringar innan utgangen av 2001. Regjeringa har starta ei evaluering av avtalen og vil engasjere utanlandske ekspertar til å ta del i evalueringa. Det er sett av 0,9 mill. kr til gjennomføring av evalueringa, jf. kap. 1100. Regjeringa vil kome attende til Stortinget hausten 2001 med resultatet av evalueringa og eventuelt foreslå nødvendige endringar.

Ei arbeidsgruppe har utgreidd mogleighetene og gjort framlegg om å byggje opp eit kompetansesenter for nordnorsk landbruk og innlandsfisk, jf. St.meld. nr. 19 (1999-2000). På grunn av budsjett-situasjonen er det ikkje sett av midlar i budsjettforslaget til oppstart av eit slikt senter.

Kap. 1107 Statens dyrehelsetilsyn (jf. kap. 4107)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	186 859	182 631	177 110
70	Tilskott til veterinær beredskap			40 000
73	Tilskott til tiltak mot dyresjukdommar, <i>overslagsløyving</i>	15 482	16 000	16 000
	Sum kap 1107	202 341	198 631	233 110

Mål og strategiar

Den primære oppgåva til Statens dyrehelsetilsyn er å trygge helsa hos tamme og ville landdyr og akvatiske dyr. Dyrevern er ein del av dette

arbeidsfeltet. Statens dyrehelsetilsyn har følgende overordna mål:

- eit etisk forsvarleg dyrehald ut frå atferdsbehova til dyra
- god dyrehelse
- trygg mat og drikke

For å nå desse måla vil Statens dyrehelsetilsyn:

- medverke til at Noreg er fritt for alvorlege smittsame dyresjukdommar
- føre kontroll med og bekjempe smittsame dyresjukdommar som finst i landet
- følgje opp internasjonale avtaler om dyrevern og handel med dyr og dyreprodukt
- arbeide for at dyr blir haldne slik at dei ikkje lid i utrengsmål
- arbeide for at animalske produkt er helsemessig trygge og av best mogleg kvalitet

I det strategiske arbeidet vil Statens dyrehelsetilsyn leggje særleg vekt på:

- fagleg kompetanse og god forvaltningsskikk
- samarbeid med brukarane
- støttefunksjonen i samarbeid med næringsutvikling
- utvikling av eigen organisasjon
- ha ein aktiv kommunikasjon med samfunnet om verksemda

Resultatrapport 1999

Husdyrhelsa i Noreg er god når det gjeld alvorlege smittsame sjukdommar. Utanom infeksjøs laryngotrakeitt (ILT) i 20 hobbyfjørfebesetningar er det ikkje påvist A-sjukdommar i 1999, og så langt har ein klart å hindre at kommersielt fjørfehold er smitta. Det er ikkje påvist at alvorlege smittsame sjukdommar har kome inn i landet via dyr som blei innført i 1999.

Overvåkingsprogramma for ei lang rekkje smittsame sjukdommar hos landdyr og fisk er i hovudtrekk gjennomført i samsvar med planane. Det er gjort mindre endringar av einskilde nasjonale program i forhold til 1998 uten at det har gått ut over sikkerhetsnivået. Overvåkingsprogramma er strategisk viktige for å oppretthalde ei god dyrehelse i ein stadig meir globalisert handel. Det er gitt mykje informasjon til eigen etat og brukarar om det nye regelverket som blei vedteke gjennom revisjon av EØS-avtalen. Nye overvåkingsprogram for fisk er ikkje sett i gang av omsyn til ressurstilgangen.

Arbeidet med å utvikle og oppdatere faglege og administrative beredskapsplanar mot dei mest alvorlege sjukdommane har hatt høg prioritet. Planar for munn- og klauvsjuka, Newcastle disease og klassisk svinepest er ferdige. Arbeidet med dei andre er planlagt slutført i 2000.

Helsestatusen er framleis god i oppdrettsnæringa. Talet på nye tilfelle av infeksjøs anemi (ILA) hos oppdrettslaks er stabilt og klart lågare enn midt på 90-talet. Einskilde virussjukdommar gir

framleis store økonomiske tap i oppdrettsnæringa.

Tilsynet med registrering av og tiltak mot lakselus har hatt høg prioritet. Det er utarbeidd ny nasjonal føresegn om lakselus. Førekosten av denne parasitten i oppdrettsanlegga var lågare i 1999 enn året før.

Strategien som Dyrehelsetilsynet og Direktoratet for naturforvaltning har utarbeidd mot infeksjon med lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*, er vedteken, men er så langt ikkje sett i verk. *Gyrodactylus salaris* blei i 1999 påvist på ny i Lærdalselva, to år etter behandling av vassdraget med rotenon. Dyrehelsetilsynet har i rapportåret prioritert arbeidet med informasjon om smitteførebyggande tiltak mot parasitten.

Skrapesjuka blei påvist i tre saueflokkar i 1999, det same som i 1998. Talet på tilfelle av denne sjukdomen er sterkt redusert sidan 1996. Det er ikkje påvist nye tilfelle av paratuberkulose hos storfe i 1999.

Arbeidet med å redusere førekosten av den tapsbringande sjukdommen bovin virusdiaré blei ført vidare i 1999. Det er omlag 45 pst. færre smitta buskapar i 1999 enn året før.

Overvåkingsprogrammet med omsyn til salmonella hos fjørfe, gris og storfe er ført vidare. Det blei funne salmonellabakterier i berre sju av omlag 12 000 prøver i 1999.

Det blir brukt særst lite antibiotika i oppdrettsnæringa, og det er registrert ein reduksjon i antibiotikabruken til landdyr på om lag 30 pst. sidan 1995. Dyrehelsetilsynet si overvaking har ikkje avdekt bruk av ulovlege vekstfremmarar/hormoner i husdyrproduksjonen.

Arbeidet med å kartleggje førekosten av *E.coli* 157 ("hamburgerbakterien") er ført vidare. Førekosten av dette smittestoffet hos norsk storfe ser ut til å vere låg.

Arbeidet i dyrevernnemdene skjer i samsvar med føresetnadene. Talet på dyrevernspeksjonar måtte på grunn av prioriteringar innanfor ramma reduserast med om lag 10 pst. i høve til året før, men talet på inspeksjonar ligg om lag 20 pst. over talet frå 1997. Om lag 5 pst. av inspeksjonane førte til pålegg om utbetringar. Distriktsveterinærane har ei viktig rolle i dyrevernarbeidet, og ei aukande mengde tilsynsoppgåver blir løyst av distriktsveterinærane. Tap av sau på beite grunna rovvilt opptek mange nemnder, og skadeomfanget utgjer eit stort og aukande dyrevernproblem. Det er eit potensiale for forbetring av dyreverntilhøva i samband med slakteriverksemd. Det er derfor m.a. gjort framlegg om endringar i lov og føresegner for å styrke dyrevernarbeidet på slakteria.

Dyrevern er også regulert av internasjonale avtaler i EØS og Europarådet.

I 1999 er 14 stillingar gjort om frå distriktsveterinær i kombinert stilling til heiltids forvaltarstilling. I tre tilfelle er veterinærdistrikt slått saman.

Det er utvikla elektronisk register for registrering av importørar, register over øymerke til husdyr samt nytt register med opplysningar om alle veterinærane i landet.

Etablering, omstilling og kompetanseutvikling knytt til dei veterinære grensek kontrollstasjonane på Storskog, Gardermoen, Oslo hamn og Borg hamn har vore ressurskrevjande.

Budsjettforslag 2001

Nye oppgåver med bakgrunn i internasjonale avtaler, t.d. grensek kontroll, mottaks- og avsendarkontroll og overvåkings- og kontrollprogram stiller nye krav til kompetanse og ressursar, noko som gjer det nødvendig å skape klårare ansvars- og rollefordeling og dermed effektivisere arbeidet, jf. St.prp. nr. 54 (1999-2000). Dei organisatoriske endringane som Stortinget har slutta seg til vil bli sett i verk.

Den kliniske veterinære vaktberedskapen er nødvendig for at alvorlege husdyrsjukdommar blir oppdaga og melde så snart som mogleg. Departementet gjer derfor i tråd med Stortinget si behandling av St.prp. nr. 54 (1999-2000) framlegg om å styrke dei veterinære vaktordningane med 25 mill. kr. i høve til saldert budsjett 2000. Samle er det sett av 55 mill. kr fordelt med 40 mill. kr til klinisk vakt og 15 mill. kr til offentleg vakt.

Dyrehelsetilsynet bør i størst mogleg grad skilje mellom offentleg tilsyn og myndigheitsutøving med privat veterinær praksis for ikkje å skape tvil om habiliteten. Distriktsveterinæren sin kompetanse innan offentleg forvaltning må styrkjast for å bidra til berekraftig produksjon av trygg mat. Endringane vil bli gjennomførte i tråd med regjeringa sitt arbeid med å fornye offentleg sektor.

Husdyrlova er foreslått endra slik at verkeområdet blir utvida til å gjelde førekomst av smittestoff og framandstoff hos dyr ut frå folkehelseomsyn. Statens dyrehelsetilsyn vil med denne endringa forvalte omsynet til folkehelsa i husdyrproduksjonen. Dyrehelsetilsynet sitt arbeid med salmonellaprogrammet og overvakinga av antibiotikabruk og av reststoff og forbodne stoff er viktig for produksjon av trygg mat. Løyvinga er auka med 1,1 mill. kr til dette arbeidet som m.a. er ei oppfølging av tiltaksplanen for å motvirke anti-

biotikaresistens. Arbeidet med å tryggje dyrehelsa og velferda til dyra blir i aukande grad sett i samanheng med reell og opplevd matvaretryggleik. Dette gjeld òg overfor oppdrettsfisk.

Arbeidet med sjukdomskontroll, sjukdomsovervaking og tilsyn med dyr og dyreprodukt i samsvar med internasjonale avtaler skal prioriterast. Krav til dokumentasjon av dyrehelsa for å oppnå særskilt vern ved innførsel av dyr aukar. Det blir nødvendig å vurdere programma som er etablert på nasjonalt grunnlag, slik at ein, utan at risikoen for folke- eller dyrehelsa aukar, eventuelt kan frigjere ressursar til å fylle dei aukande internasjonale krava til ymse overvåkingsprogram, m.a. for BSE /kugalskap. Dyrehelsetilsynet sitt arbeid med å kontrollere produksjon og bruk av kjøtt- og beinmjøl og overvåkingsprogramma for "hamburgerbakterien" (*E. coli* O-157) og campylobacter, må òg prioriterast. Det er sett av 1 mill. kr for å styrke arbeidet med kontroll og overvaking.

Slutføring av arbeidet med veterinære grensek kontrollstasjonar og bemanning av desse i samsvar med internasjonale plikter må prioriterast.

Oppdrett av fisk og andre akvatiske dyr er ei stor vekstnæring i Noreg. Det er viktig å unngå at vekst i oppdrett, både av tradisjonelle anadrome artar og nye marine artar fører til tilsvarende sjukdomsproblem som det ein såg tidlegare i lakseoppdrettet. Dyrehelsetilsynet har ei viktig oppgåve i å bidra til ein trygg vekst i oppdrettsnæringa. Det er sett av 2 mill. kr til auka innsats mot havbruksnæringa og nedkjemping av gyrodactylus. Arbeidet med tiltak mot lakselus skal førast vidare. Det er framleis nødvendig å ha merksemd mot infeksjøs lakseanemi (ILA). Eit nytt utkast til handlingsplan for tiltak mot *Gyrodactylus salaris* utarbeidd av Direktoratet for naturforvaltning og Statens dyrehelsetilsyn blei lagt fram i august 2000. Planforslaget har eit langsiktig perspektiv og gjeld systematiske tiltak på fleire område. Det framtidige bekjempelsesarbeidet vil bli lagt opp i samsvar med resultatane av behandlinga av planen.

Den framtidige utviklinga av helsestatus i norsk havbruksnæring må òg sjåast i samanheng med den overgangsordninga Noreg har fått i samband med EØS-avtalen, og det arbeidet EU har sett i gang med omsyn på å revidere sitt eige regelverk.

Dyrehelsetilsynet må òg finna rom for arbeidet med vilthelse.

Dyrevernarbeidet krev stor innsats og bind store ressursar. Det er viktig at dette arbeidet blir styrkt. Dette gjeld både arbeidet med å vidareutvikle nytt regelverk som kan styrke dyra sine leve-

kår og rettleiing og kontroll mot alle former for dyrehald.

Arbeidet med forenkling av regelverket og delegering av styringsmakt innanfor dyrevernområdet må vidareførast ved at distriktsveterinærene tar over ein større del av inspeksjonsarbeidet knytt til det offentlege regelverket. Det bør sjåast nærare på at dyrevernemndene konsentrerer inspeksjonsarbeidet til dei områda der lekmannsskjønnet er ønskjeleg og nødvendig. Dyrehelsetilsynet må òg ta del i internasjonale fora på prioriterte område for å sjå til at utviklinga går i ei lei som Noreg er tent med og at nasjonale omsyn blir ivaretekne på best mogleg måte. Deltaking i Euro-parådet sitt arbeid med dyrevernnormer vil bli prioritert, og spesielt det som gjeld oppdrettsfisk.

Lov om smittsame sjukdommar på bier blir oppheva frå 1.1.2001, jf. Ot.prp. nr. 48 (1999-2000). Bier vil etter dette vere inkludert i husdyrlova og Statens dyrehelsetilsyn får ansvaret for bisjukdommar som tidlegare låg til fylkesmannsembeta, jf. òg kap. 1102.

Departementet arbeid med ei lovendring som kan gi heimel til å innføre avgift/gebyr for bruk av forsøksdyr. Ein tek sikte på at ordninga blir innført frå 1.1.2002.

Merknader til dei einskilde postane

Post 01 Driftsutgifter

Det er overført 15 mill. kr til kap. 1107 post 70 i samband med endringane knytt til veterinær vakt-

ordning jf. St.prp. nr. 54 (1999-2000) og omtale ovanfor.

Post 70 Tilskott til veterinær beredskap

Det er budsjettert med 40 mill. kr til tilskott til private veterinære vaktordningar og andre økonomiske tiltak knytt til veterinær beredskap (klinisk vakt og spesialistvakt for sportsdyr og familiedyr/kjæledyr). Målet med løyvinga er å sikre at sjuke eller skadde dyr kan skaffast hjelp innan forsvarleg tid over heile landet, jf. St.prp. nr. 54 (1999-2000).

Post 73 Tilskot til tiltak mot dyresjukdommar

Målet med løyvinga er å halde landet fritt for alvorlege smittsame sjukdommar hos husdyr, herunder familiedyr, akvatiske dyr og bier, og førebjgge at dyra skal lide. Løyvinga skal dekkje utgifter i samband med nedslakting som det offentlege pålegg etter føresegner i husdyrloven, og utgifter til einskilde tiltak innanfor fiskesjukdomsloven, dyrevernloven og lov om farlege hundar. Løyvinga omfattar òg kompensasjon for frivillig nedslakting i samband med paratuberkulose. Posten er ei overslagsløyving. Utgiftene vil avhenge av omfanget av utbrot av alvorlege smittsame sjukdommar.

Kap. 4107 Statens dyrehelsetilsyn (jf. kap. 1107)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
02	Driftsinntekter	1 643		
03	Gebyr og analyseinntekter m.m.	8 597	9 031	19 303
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	1 423		
	Sum kap 4107	11 663	9 031	19 303

Post 03 Gebyr og analyseinntekter m.m.

Posten omfattar inntekter frå avgift på fôr til familiedyr/kjæledyr og driftsinntekter til Dyrehelsetilsynet. Det er budsjettert med 19,3 mill. kr som er ein auke på vel 10 mill. kr i høve til saldert budsjett 2000.

Det er budsjettert med inntekter på om lag 18,5 mill. kr frå avgift på fôr til familiedyr/kjæle-

dyr. Ved behandlinga av St.prp. nr. 54 (1999-2000) blei det føresett at avgifta skulle aukast med 10 mill. kr med verknad frå 1.1.2001 for å dekkje utgiftene med spesialistvakt knytt til sportsdyr og familiedyr/kjæledyr, jf. kap. 1107 post 70. Resten av inntektene skal dekkje utgifter knytt til tilsyn med fôr til familiedyr og forskning på smittestoff omkring ernærings spørsmål hos familiedyr/kjæledyr.

Kap. 1110 Statens landbrukstilsyn (jf. kap. 4110)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert bud- sjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	83 161	85 344	90 985
45	Kjøp og renovering av Moerveien 12	16 500	16 500	
73	Tilskott til stamsædavl, <i>overslagsløyving</i>	1 740	1 782	582
	Sum kap 1110	101 401	103 626	91 567

Mål og strategiar

Landbrukstilsynet har som oppgåve å ivareta samfunnets krav om berekraftig miljø og trygg mat for forbrukarane. Landbrukstilsynet har følgjande overordna mål:

- ein effektiv og miljøvenleg bioproduksjon
- god plantehelse
- trygg mat og drikke

For å nå desse måla vil Landbrukstilsynet medverke til eit landbruk som:

- får konkurransefordelar på grunn av god plantehelse og helse- og miljømessig sikre innsatsvarer av høg kvalitet
- produserer helsemessig trygge matvarer og
- sikrar eit godt naturmiljø og eit godt arbeidsmiljø.

Utviklinga av rammevilkåra for norsk landbruk talar for at kriteria og krava til ein optimal produksjon vil kunne endre seg. Landbrukstilsynet må derfor ha ein fleksibel strategi og ein organisasjon som har evne til omstilling. Landbrukstilsynet skal delta i internasjonalt arbeid innanfor sitt forvaltningsområde, og påverke avgjerdsprosessar i ein tidleg fase.

Resultatrapport 1999

Innsatsen er auka innanfor verksemdområda plantehelse og plantevernmidde. Auken heng saman med første trinn i Prosjekt plantehelse og Handlingsplanen for redusert risiko ved bruk av plantevernmidde.

Arbeidet med omlegging til internkontroll som tilsynsprinsipp og kvalitetssikring av eiga verksemd har gått vidare innanfor alle områda til verksemda, og ein er i gang med revisjonsbesøk overfor dei fleste bransjane.

Arbeidet med EØS-saker i 1999 omfatta områda fôrvarer, gjødselvarer, såvarer og økologisk landbruk. Når det gjeld plantevernmidde, som ikkje er med i EØS-avtalen, har Landbruks-

tilsynet observatørstatus i EU si arbeidsgruppe. Landbrukstilsynet tek del i ulike faggrupper og komitéar i den samanhengen.

Landbrukstilsynet tek del i internasjonalt samarbeid på plantehelseområdet. Dei viktigaste fora er interimkommisjonen for plantehelsetiltak under FAO, den europeiske plantevernorganisasjonen (EPPO), nordisk samarbeid og EU.

Plantehelse

Dei seinare år er all importkontroll dokumentert gjennom edb-system. I 1999 er det utført om lag 10 pst. fleire importkontrollar enn året før. Ved kontrollen blei 5 pst. av sendingane heilt eller delvis avviste etter funn av farlege skadegjerarar eller formelle manglar. Denne andelen er på line med tidlegare år.

I 1999 har det vore utbrot av raud rotråte i bringebær, tospovirus i veksthuskulturar, gul og kvit potetcystenematode, laukkvitråte og rotgallnematode. I potetringråteprosjektet er det påvist sjukdom på 26 av 330 undersøkte bruk i Hedmark. Sharkavirus på plumme er funne på vel 20 nye lokalitetar.

Landbrukstilsynet har fått utarbeidd risikovurderingane på plantehelseområdet for dokumentasjon av importregelverket, og arbeid mykje med utkast til nytt regelverk for produksjonkontroll i plantehelseområdet.

Såvarer

Såvareområdet er ein del av EØS-avtalen. Det blir stilt strenge krav til såvarene. Såvare som ikkje held mål vil gje ein monaleg avlingsreduksjon. For korn kan det dreie seg om verdiar på 30-60 mill. kr pr. år. Gjennom godkjenning av nye sortar kan kornsortar som er mottakelege for soppsjukdomar bli erstatta med meir resistente sortar med mindre trong for plantevernmidlar.

Landbrukstilsynet har innført obligatoriske beisebehovsanalysar for bygg, havre og kveite. Behovsprøvinga har i gjennomsnitt redusert kost-

nadene for korndyrkarane med om lag 6 mill. kr pr. år. Vidare blir miljøet spart for om lag 8 tonn kjemikalium i forhold til år då alt såkornet må beisast.

Økologisk landbruk

Landbrukstilsynet fører kontroll med verksemda til DEBIO (godkjent som utøvande kontrollorgan for primærproduksjon) og tar stikkprøvekontrollar i felten. I 1999 var 1762 bruk kontrollerte for økologisk produksjon eller var under omlegging, mot 1627 i 1998.

Gjødselvarer

Landbrukstilsynet godkjende i 1999 8 produkt baserte på organisk avfall, mot 13 godkjenningar i 1998. Omsetninga av kompost viser ein nedgang frå 1998 til 1999, noko som heng saman med avsetningsproblem i marknaden.

Fôrvarer

Tilsynet viser at norsk kraftfôr har svært god hygienisk kvalitet. Det er ikkje påvist salmonella i kraftfôrblendingar i 1999. Importørane er pålagd å dokumentere at forskrifta sine krav til eigenkontroll for salmonella er gjennomførte. Risikoråvarer med tanke på salmonella blir prioritert ved prøvetaking. Ein fann salmonella i nokre prøver av importert og norskprodusert fiskemjøl. Fiske mjøl med påvist salmonella blir behandla med varme.

Bruk av avfall og matrestar som fôr er eit prioritert kontrollområde. Avfall frå næringsmiddel og fiskeindustri går i stor grad til fôrindustrien.

Heller ikkje i 1999 blei det brukt antibiotika i fôrblendingar her i landet. Bruk av koksidiostatika – eit antibiotikaliknande stoff – syner ein viss auke, og Landbrukstilsynet har bede forskingsmiljø komme med synspunkt på framleis bruk av denne stoffgruppa. Det er ikkje lov å bruke hormon i fôr til husdyr i Noreg.

Plantevernmiddel

Landbrukstilsynet arbeider for at risiko for helse og miljø ved bruk av plantevernmiddel skal vere låg og akseptabel. Resultata frå overvakingsprogrammet for restar av plantevernmiddel i miljøet (JOVÅ-programmet) er eit viktig grunnlag i dette arbeidet. Programmet viser at ein finn små restar av plantevernmiddel i jordbruksbekker og i einskilde tilfelle i private grunnvassbrønner. Land-

brukstilsynet har som resultat av dette trekt attende godkjenningar eller endra bruksområda for einskilde plantevernmiddel.

Salsstatistikken for plantevernmiddel viser ein mindre auke i salet frå importør til omsetningsledda i forhold til 1998. Forbruket varierer naturleg mellom år, m.a. på grunn av naturlege årsvariasjonar i sprøytebehovet. I dei seinare åra har endringane i miljøavgift ført til hamstring og dette har også påverka omsetningstala i 1999. Ein må derfor vurdera utviklinga i forbruket over fleire år under eitt for å kunne avgjere trenden i utviklinga. Stor hamstring av middel i høg avgiftsklasse gjer at ny målemetode som skal syne risikoen ved bruk av plantevernmiddel førebels ikkje gir så mykje nyttig informasjon. Landbrukstilsynet skal arbeide for om mogleg å få fram statistikk over bruken av plantevernmiddel det enkelte år.

Oppfølging av ulovleg bruk av plantevernmiddel er intensivert.

Tekniske innretningar

Arbeidet med tekniske innretningar skal m.a. redusere risikoen for lekkasje og avrenning frå landbruket, og sikre eit godt miljø for husdyra.

Budsjettforslag 2001

Landbruksdepartementet legg opp til ei auka satsing for å sikre og heve standarden på norsk plantehelse med 2 mill. kr til om lag 17 mill. kr. Dei samla kostnadene til å gjennomføre plantehelsesatsinga blei i St.prp. nr. 1 (1998-99) rekna ut til vel 20 mill. kr. Formålet med satsinga er å gjere norsk planteproduksjon meir robust og konkurransedyktig ved å:

- redusere faren for spreining av skadegjerarar ved import og nasjonal produksjon,
- effektivisere utrydding av skadegjerarar,
- redusere behovet for bruk av plantevernmiddel,
- redusere tap og kostnader ved utbrot av farlege skadegjerarar, og
- leggje tilhøva til rette for eksport av friskt plantemateriale.

Hovudelementet i satsinga er oppbygging av eit system for innanlands produksjonskontroll, basert på dei same hovudprinsippa som gjeld i EU. Systemet inneber at det blir stilt krav til produsentane om sikringstiltak i produksjonen og handtering av plantemateriale, og at det blir ført offentleg tilsyn med dette. Elles legg ein opp til å styrkje generell overvaking av farlege planteska-

degjerarar og å føre optimalt tilsyn med den stadig aukande importen av planter.

Framlegget om løyving gjeld òg kjøp av tenester, jf. kap. 1112 og kap. 1137. Landbrukstilsynet kjøper tenester m.a. av Planteforsk i samband med desse forvaltningsoppgåvene:

- planteskadegjerarar, plantesjukdomar, floghavrediagnostisering og nytteorganismar
- godkjenning av norske og utanlandske plantesortar og
- utprøving av plantevernmiddele til bruk i norsk planteproduksjon

For å vurdere kvaliteten på fôr til norske husdyr er det behov for å etablere fôrverditabeller. Det er sett av 0,7 mill. kr til dette.

Statens landbrukstilsyn skal frambringe dokumentasjon på, og overvake i kva grad fôrvarer inneheld framandstoff som kan verke negativt inn på mattryggleiken. Det er sett av 1 mill. kr til dette.

Når det gjeld antibiotika i fôr er sinkbacitracin godkjend. Mange av dei kosidiostatika som blir brukt må likevel reknast som antibiotika. Det er

viktig at det blir sett i gang ei kartlegging av mogleg resistensutvikling mellom desse siste stoffa og andre antibiotikagrupper.

Merknader til dei einskilde postane

Post 01 Driftsutgifter

Det er overført 2 mill. kr frå kap 1150 post 77 til satsing på plantehelse, jf. St. prp. nr. 82 (1999-2000) og det er overført 630 000 kr frå kap. 1112 post 51 til program for bekjemping av skadegjerarar.

Post 73 Tilskott til stamsædavl, overslagsløyving

Formålet med løyvinga er å sikre produksjonen av frø til det norske landbruket, både med omsyn til mengd og kvalitet. Posten skal dekkje utgifter i samband med stamsædavl av korn, potet og engfrøvekstar.

Det er overført 1,2 mill. kr til kap. 1112 post 51 til produksjon av frø av sortar av engvekstar, poteter og grønsaker.

Kap. 4110 Statens landbrukstilsyn (jf. kap. 1110)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Gebyr og analyseinntekter m.m.	65 554	62 078	78 946
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	562		
17	Refusjon, lærlinger	29		
	Sum kap 4110	66 145	62 078	78 946

Post 01 Gebyr og analyseinntekter m.m.

Posten omfattar alle gebyr og analyseinntekter knytt til Landbrukstilsynet si verksemd. Gebyr på planter og plantedelar er i 2000 auka frå 0,8 pst. til

1,8 pst., jf. Stortinget si behandling av St.prp. nr. 61 (1999-2000). Dette gir ei inntektsauke på 15 mill. kr på årsbasis. Ein gjer derfor framlegg om ei løyving på knapt 79 mill. kr for 2001.

Kap. 1112 Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsutvikling m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
50	Forvaltningsstøtte og utviklingsoppgåver, Veterinærinstituttet	89 357	93 368	91 812
51	Forvaltningsstøtte, utvikling og kunnskapsformidling, Planteforsk	39 201	40 752	39 421
52	Støtte til fagsentra	12 136	12 655	12 619
	Sum kap 1112	140 694	146 775	143 852

Post 50 Forvaltningsstøtte og utviklingsoppgåver, Veterinærinstituttet

Veterinærinstituttet er eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter og tilpassa den nye finansieringsstrukturen med basisfinansiering frå NFR, jf. kap. 1137 post 51.

Mål og strategiar

Veterinærinstituttet er eit leiande forskings- og kompetansesenter for husdyrhelse, fiske- og skjelhelse og fôr- og næringsmiddelhygiene. Veterinærinstituttet driv med laboratoriediagnostikk og -analysar, forskning retta mot brukarane og strategisk grunnforskning.

Veterinærinstituttet medverkar i arbeidet med å trygge matvarer og god dyre-, fiske- og skjelhelse i Noreg ved å gi forskingsbasert forvaltningsstøtte til Landbruksdepartementet, Statens næringsmiddeltilsyn, Statens dyrehelsetilsyn og Statens landbrukstilsyn. Arbeidet blir gjort med basis i fou-arbeid, laboratorieanalysar, beredskap, epidemiologiske granskingar, risikovurderingar, referansefunksjonar og utgreiingar.

Veterinærinstituttet skal m.a.:

- ha referansefunksjonar og vere kompetansesenter for laboratoriediagnostikk og -analysar på fiske-, skjel- og landdyrhelseområdet, og på næringsmiddel-, fôr- og miljøområdet
- ha eit overordna ansvar for å samle, analysere og presentere epidemiologiske data for zoonoser i Noreg gjennom Norsk zoonosesenter
- medverke til god dyrehelse samt berekraftig og miljøvenleg husdyr- og akvakulturproduksjon
- formidle kunnskap innan Veterinærinstituttet sitt ansvarsområde og arbeide for at forskingsresultat kjem styresmakter, næringsliv og allmenta til gode
- overvake førekomsten av antibiotikaresistens hos bakteriar frå dyr og i næringsmidlar
- levere risikovurderingar

Resultatrapport 1999

Veterinærinstituttet er ein hovudleverandør av kunnskapsgrunnlaget for viktige resultat innanfor fôr-, trygg mat og helse/sjukdom hos husdyr, fisk og skjel. Ei evaluering gjennomført av NFR på oppdrag frå Statens næringsmiddeltilsyn og Statens dyrehelsetilsyn konkluderer med at Veterinærinstituttet dekkjer landbruksstyresmaktene sitt generelle behov for eit vitskapeleg forskings- og kompetansesenter innanfor dyre- og fiske-

helse, samt matvaretryggleik og fôrhygiene på ein god måte.

Veterinærinstituttet har i 1999 levert tenester knytt til overvakings-, kartleggings- og kontrollprogram som er etablerte bl.a. gjennom EØS-avtalen. Det er ikkje påvist endring i forhold til dei seinare åra i førekomst av smittestoff, framandstoff og biotoksin i mat og drikke i Noreg. Programma har likevel avslørt at nokre produkt krev spesiell merksemd fordi dei kan innehalde skadelege stoff som soppgift i barnegraut og kreftframkallande stoff i soya. Det blei påvist genmodifiserte ingrediensar i nokre matvarer.

Matallergiar er eit voksende problem i Noreg, og behovet for analysar av mat for stoff som kan gi allergiar, særleg hos barn og ungdom, er stort. Veterinærinstituttet etablerte i samarbeid med fleire institusjonar innan medisin, kjemi, biologi og i kontakt med ymse forbrukarorganisasjonar, eit internasjonalt kompetansesenter for påvising av allergener i mat. Senteret er kopla til eit registreringssystem for alvorlege allergiske reaksjonar ved Statens institutt for folkehelse.

Forskning og kompetanseoppbygging innanfor risikovurderingar har halde fram med stor tyngde i 1999. Behovet for risikovurderingar aukar, og i 1999 er det gjort risikovurderingar m.a. på skrape-sjuka, Gyrodactylus, BRSV (luftvegsliding hos storfe), paratuberkulose og EHEC (hamburgar-bakterien).

Etter bortfall av avoparcin i fôr til fjørfe, er nekrotiserande enteritt blitt eit problem i fjørfenæringa. Det er gjennomført forsøk med vaksinar som indikerer at vaksinasjon kan bli eit nyttig hjelpemiddel for å kontrollere denne sjukdommen.

Beredskap for diagnostikk av alvorlege smittsame dyresjukdommar, som er ein av dei viktigaste oppgåvene for Veterinærinstituttet, er styrkt i 1999. Gruppe A-sjukdommen infeksjøs laryngotracheitt blei påvist i 20 hobbyfjorfebesetningar i 1999.

Rådgiving til tilsyna og Landbruksdepartementet har i 1999 vore omfattande for Veterinærinstituttet. Viktige tema har vore antibiotikaresistens, GMO, dioksin, fôrantibiotika, gyrodactylusnedkjemping, paratuberkulosenedkjemping, koksidiostatika og framandstoff i mat. Når det gjeld koksidiostatika, har ei utgreiing ved Veterinærinstituttet slått fast at nokre av desse stoffa (ionoforar) òg har antibakteriell verknad og såleis er å rekna for antibiotika.

I tråd med oppfølging av St.prp. nr. 6 (1998-99) blei Norsk zoonosesenter oppretta i 1999. Norsk zoonosesenter er lagt til Veterinærinstituttet som også har det administrative og budsjettmessige

ansvaret, men er eit samarbeid med Statens institutt for folkehelse. Norsk zoonosesenter skal samle, analysere og presentere epidemiologiske data for zoonoser og zoonotiske agens i Noreg som grunnlag for å førebyggje eventuell smittespreiing av zoonoser gjennom fôr, mat, dyr og dyreprodukt som ikkje er mat.

Budsjettforslag 2001

Ein legg vekt på at Veterinærinstituttet utviklar seg vidare som forskingsbasert forvaltningsstøtteverksemd på området fôr- og matvaretryggleik, dyre-, fiske- og skjelhelse, m.a. ved at det diagnostiske og analytiske apparatet blir utvikla i samsvar med ny kunnskap. M.a. må arbeidet med å utvikle metodar for analyse av genmodifiserte organismar halde fram. Nye tiltak for overvaking av BSE (kugalskap) i Noreg fører til at instituttet må undersøkje om lag 2000 storfehjerner i 2001. Dette vil krevje store ressursar og ny metodikk må innarbeidast.

Overvaking av antibiotikaresistens hos bakteriar frå dyr og matvarer er viktig i oppfølging av tiltaksplanen for å motvirke antibiotikaresistens. Veterinærinstituttet er ein viktig leverandør av kunnskap og laboratorienester.

Vidareutviklinga av Norsk zoonosesenter ved Veterinærinstituttet skal halde fram i samarbeid med Statens institutt for folkehelse. Det er sett av 3,3 mill. kr til arbeidet ved zoonosesenteret.

Den diagnostiske beredskapen for å oppklare så vel nye som eksisterande sjukdomsproblem særskilt med omsyn på virus- og parasittsjukdommar i fiskeoppdretts- og skaldyrnæringa, må vektleggjast, slik at ein kan førebyggje unødig tap. Innsatsen mot havbruksnæringa blir òg styrkt ved at Veterinærinstituttet sitt regionale laboratorium i Bergen flytter inn i nytt tidsmessige laboratorium og får auka ansvar og oppgåver for helsefremjande arbeid i fiske- og skjelloppdrettet. Formalisert samarbeidsavtale mellom Havforskningsinstituttet og Veterinærinstituttet gir betre utnytting av offentlege ressursar og er eit viktig bidrag til å auke kompetansen og dermed også beredskapen innan fiske- og skjelhelse. Det er sett av 3 mill. kr til arbeid med fisk og skjelhelse som er ei auke på 1 mill. kr. Overvaksingsprogrammet knytt til forvaltninga sin handlingsplan for *Gyrodactylus salaris*, er òg viktig i denne samanhengen, jf. kap. 1107.

Både nasjonalt og internasjonalt har virussjukdommar hos både husdyr og fisk blitt meir sentralt dei seinare åra. Dette gjeld òg i høve til zoonosar. I samband med internasjonal handel med

levande dyr og animalske produkt, er risikoen for innslepp av alvorlege sjukdommar særleg knytt til virussjukdommar. For å være i stand til å møte desse utfordringane vil Veterinærinstituttet særleg leggje vekt på å byggje opp den virologiske kompetansen.

Helseproblem hos dyr og menneske med årsak i sopp og sopptoksin, plantetoksin og algetoksin krev auka merksemd. Spesielt må det fokuserast på mykotoksinproduserande sopp i norsk produsert korn og muggsopp i drikkevatt og store offentlege vassverk. For å møte behov i samband med den sterke veksten som er venta i skjelnæringa, må Veterinærinstituttet saman med m.a. Norges veterinærhøgskole, Havforskningsinstituttet og SINTEF arbeide for å utvikle betre metodar og auke kapasiteten for å påvise algetoksin i skjel.

Posten er redusert med 2 mill. kr ettersom det i budsjettet for 2000 blei sett av midlar til investeringar i spesialbygd laboratorium ved Veterinærinstituttet, jf. St.prp. nr. 1 (1999-2000).

Post 51 Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsformidling, Planteforsk

Planteforsk er eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter og tilpassa den nye finansieringsstrukturen med basisfinansiering frå NFR, jf. kap. 1137 post 51.

Mål og strategiar

Planteforsk har som mål å utvikle kunnskap som medverker til ein effektiv og konkurransedyktig planteproduksjon, miljøvenlege produksjonsformer og ein rasjonell og forsvarleg bruk av naturgrunnlaget. Med forskingsbasert kunnskap skal Planteforsk medverke til trygg mat fri for restar av plantevernemiddel, god plantehelse og redusert avrenning frå jordbruksareal. Planteforsk skal ta aktivt del i utviklingsarbeid og kunnskapsformidling og har, saman med forsøksringane i landbruket, hovudansvaret for kunnskapsformidlinga innan planteproduksjon i jord- og hagebruk.

Resultatrapport 1999

Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsformidling har eit langsiktig perspektiv der fleire aktørar medverkar. Det er derfor vanskeleg å tallfeste den einskilde aktøren sitt bidrag til dei endringane som kan målast. Nedanfor er omtalt nokre døme på praktiske resultat frå område der Planteforsk har vore ein vesentleg leverandør av kunnskapsgrunnlaget.

Arbeidet med å redusere kostnadene i planteproduksjonen har gitt resultat. Dei variable kostnadene i korn- og grovfôrproduksjonen er alt i alt redusert med 60 mill. kroner dei 7 siste åra.

Forskinga på miljøkonsekvensar frå plantevernmiddel har gitt god innsikt i problema.

Avrenninga av næringsstoff frå landbruksareal er redusert i perioden 1985-1997. Reduksjonen har skjedd samtidig med at nitrogengjødslinga har lege på same nivå. Dette skuldast større avlingar, forenkla jordarbeiding og nye forskingsbaserte gjødslingsmetodar.

Det blir heile tida arbeidd med å utvikle metodar for å kjempe mot planteskadegjerarar. Fleire av desse metodane nyttar ikkje kjemiske plantevernmiddel. Arbeidet skjer både på eit praktisk plan og i nokon grad ved hjelp av bioteknologiske metodar.

Planteforsk har stor innsats retta mot å gjere plantene meir motstandsdyktige gjennom tradisjonell planteforedling, og for dei nye norske sortane innan gras og kløver er ikkje sjukdomsangrep noko stort problem. Nye sortar av frukt og bær som blir sendt ut på marknaden vil etterkvart bli meir resistente. I 1999 blei to nye plantesortar frå Planteforsk godkjente og marknadsførte. Sortane som Planteforsk eig har høge marknadsdelar i Noreg. 22 nye sortar er teke inn i offentleg godkjeningsprøving og Planteforsk har no 63 sortar med i denne prøvinga.

Planteforsk arbeider med å utvikle lønsam ekstensiv produksjon. Så langt er det dårleg lønsemd i ekstensiv produksjon av korn på god kornjord. På dårleg kornjord kan ekstensiv produksjon vere meir lønsam enn intensiv produksjon.

Beitebruken er på veg oppover etter ein nedgang fram til 1992. I mjølkeproduksjonen utgjør beitegraset 16 pst. av fôrrasjonen.

Budsjettforslag 2001

Framlegget omfattar finansiering av vitskapeleg basert forvaltningsstøtte til Landbruksdepartementet og underliggjande etatar, m.a. SNT. Framlegget omfattar òg oppgåver Planteforsk skal utføre innan utvikling og kunnskapsformidling.

For å gi fagleg grunnlag for verksemda til forvaltninga skal Planteforsk utføre desse oppgåvene:

- gi effektiv diagnostisering av planteskadegjerarar. Planteforsk skaffar oversikt over plante-helsa i Noreg.
- vere kunnskapsbase for forvaltning på plante-helseområdet

- skaffe data om ulike plantesortar som grunnlag for godkjenning/rettsvern av norske og utanlandske plantesortar
- skaffe kvalitetssikra data som grunnlag for godkjenning av plantevernmiddel til bruk i norsk planteproduksjon
- ha data og modellar som grunnlag for betre tilpassa gjødsling i heile landet. Dette skal gi grunnlag for betre utnytting av gjødsla og redusert næringsavrenning.
- skaffe sikre måle- og analysedata for nærings-salt og plantevernmiddel i avrenningsvatn til overvåkingsprogrammet for jordsmonn
- gjennomføre effektive og kvalitetssikre analy-sar av restar av plantevernmiddel i norske og importerte vegetabilar som grunnlag for effektiv matvarekontroll
- gjennomføre langvarige gjødsel-/referansefor-søk for å dokumentere langtidssverknad av ulike tiltak i jordbruket
- utvikle automatiske rettleiingstenester

Viktige oppgåver knytt til utviklingsarbeid og kunnskapsformidling er:

- utvikle og finne fram til nye konkurransedyktige plantesortar for norske forhold
- skaffe dyrkarane plantemateriale av godkjende sortar som er fritt for skadegjerarar
- drive utprøving for å medverke til redusert risiko ved bruk av plantevernmiddel
- redusere kostnadene i grovfôrproduksjon
- medverke til aktivt landbruk i dei nordlegaste delane av landet
- gjere forskingsresultat tilgjengeleg for brukarane
- ha kunnskap om kulturmark, beiting, biologisk mangfald m.m. utifrå eit kulturlandskaps- og dyrkingssynspunkt
- skaffe meteorologiske data for varslingsteneste og forskning
- fremje kunnskap om effektive dyrkingssystem som reduserer faren for avrenning av næringsstoff
- gi presise råd til dyrkarane om bruk av plantevernmiddel og gjødsel

Tenestene innanfor desse områda blir delfinansierte av brukarane, enten ved avgift/gebyr eller ved direkte betaling for tenestene.

Med utgangspunkt i den nye handlingsplanen for redusert risiko ved bruk av plantevernmiddel, har Planteforsk oppgåver med å skaffe fram kunnskap for integrert plantevern, forskning på området, miljøkonsekvensar av plantevernmiddel, skadetersklar, prognosar og varsling m.m.

Samarbeidet med Jordforsk skal videreutviklast, jf. kat. 15.20 og kap 1137.

Om lag 1,2 mill. kr er overført frå kap. 1110 post 73 til produksjon av frø av sortar av engvekster, poteter og grønsaker. Bruken vil bli prioritert mot bevaring av genmateriale.

Det er overført om lag 0,6 mill. kr til kap. 1110 post 01 til program for bekjemping av farlege skadegjerarar.

Post 52 Støtte til fagsentra, Planteforsk

Fagsentra ved Planteforsk blei etablerte i 1995. Dei fire fagsentra er Sæter i Hedmark, Fureneset i Sogn og Fjordane, Tjøtta i Nordland og Svanhovd miljøsentra i Finnmark.

Fagsentra skal medverke til lokal og regional næringsutvikling innan landbruk og miljø. Dei tilbyr òg tenester innan kunnskapsformidling og service. Fagsentra tek òg på seg forskingsoppdrag, men då styrt av forskingssentra i Planteforsk.

Fureneset har som mål å bli eit senter for næringsutvikling og utprøving innan landbruk, naturbruk og miljøspørsmål i kystregionar. Sæter er engasjert i saueneringa med fokus på næringsutvikling. Tjøtta har fått nytt driftstun med forbetra forhold i utviklinga av nye driftssystem, spesielt for sau og ammekyr. Samtidig er grunnlaget for næringsutvikling gjennom kulturbasert

turisme betra. Svanhovd er eit senter innan forskning, utvikling og miljøinformasjon om natur-, landbruks-, og ressursforvaltning i Barentsregionen. Senteret har òg oppdrag frå lokale, regionale og nasjonale oppdragsgivarar. Den nye konferanseavdelinga gjer at senteret no har eit komplett anlegg for formålet.

Resultatrapport 1999

Omorganiseringa frå forskingsstasjonar til fagsentra har så langt vore vellukka. Overgangen frå landbruksforskning til utviklingsarbeid og service har kome langt. Investeringane i bygningar på Tjøtta og Svanhovd gjer desse fagsentra til attraktive medspelarar. Sæter og Fureneset er ikkje like godt utrusta, men òg dei dreg fordel av å vere del av Planteforsk. Fagsentra har mange, men oftast små oppdrag. Tilgangen på oppdrag er ein god indikator på kor vellukka ordninga er. Oppdragsinntektene auka frå 8,6 mill. kr i 1998 til 10,6 mill. kr i 1999.

Budsjettforslag 2001

Samarbeidet mellom fagsentra og fylkesmennene må utviklast vidare for å skape større breidde i produktspekteret til Planteforsk og for å gjere resten av kompetansen i Planteforsk tilgjengeleg.

Kap. 1114 Statens næringsmiddeltilsyn (jf. kap. 4114)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	109 781	163 575	174 788
50	Tilskott til Fondet for kjøttkontroll	20 027		
51	Tilskott til Fondet for statleg næringsmiddeltilsyn i kommunane	40 432		
	Sum kap 1114	170 240	163 575	174 788

Mål og strategier

Statens næringsmiddeltilsyn (SNT) forvaltar regelverket på næringsmiddelområdet gitt med heimel i lovgiving under Landbruksdepartementet, Sosial- og helsedepartementet og Fiskeridepartementet. Det utøvande tilsynet med næringsmiddel blir utført lokalt av det kommunale næringsmiddeltilsyn (KNT).

SNT er òg tillagt forvaltningsansvaret for lovgivinga for kosmetikk underlagt Sosial- og helsedepartementet.

SNT har følgjande hovudmål:

- trygg mat og drikke
- reieleg frambod av mat og drikke med riktig kvalitet
- kosmetikk skal være helsemessig trygg
- forbrukarane skal sikrast innverknad for å imøtekomme deira preferansar på matområdet

Nye faglege problemstillingar, negative tendensar på smittestoffområdet og nye sjukdommar overført frå dyr til menneske, krev at næringsmiddeltilsynet er effektivt, fleksibelt og fagleg oppdatert. Desse faktorane krev òg eit aktivt forskingsmiljø.

I det strategiske arbeidet skal SNT legge vekt på:

- utvikling av eit regelverk som er tenleg for brukarane og som ivaretek forbrukarane sine behov for helsemessig trygg mat og valfridom
- gjennomføre tilsyn med verksemder og produkter for å bidra til at mat og drikke på den norske marknaden er helsemessig trygg, frambyss på ein reieleg måte og har tilfredsstillande kvalitet
- gjennomføre overvåkings- og kartleggingsprosjekt for å kunne dokumentere tilstand og for å kunne iverksetje nødvendige tiltak
- vidareutvikle næringsmiddeltilsynet sin eigen kompetanse og tilgang til kompetanse i forskingsmiljø for å kunne handtere nye og vanskelege problemstillingar på ein god måte
- kommunisere aktivt med forbrukarane, næringsliv og andre aktuelle interessentar
- samarbeide aktivt med andre styresmakter langs produksjonskjeda frå jord og fjord til bord for å sikre at mat og drikke ikkje inneheld uønskt stoff

Resultatrapport 1999

Generelt er mat og drikke som blir bydd fram i Noreg helsemessig trygg. Næringsmiddelassosiert sjukdom i Noreg har halde seg på om lag samme nivå de siste åra.

Smittestoff

Tradisjonell matforgiftning er framleis årsak til mange sjukdomstilfelle årleg. Salmonellastatusen er framleis svært god i Noreg samanlikna med andre land. Overvaking i slakterier og verksemder som driv nedskjering viste at mindre enn 0,1 pst. av prøvene var positive for salmonella. Salmonella blei òg påvist i enkelte importerte partier av skaldyr, fjørfekjøtt og svinekjøtt. I 1999 var det eit omfattande utbrot av salmonella. Smittekjelda var ureint drikkevatn.

Campylobacter er den mest vanlege årsaka til matbårne sjukdommar i Noreg, og førekomsten er aukande. Årsaka er ikkje klarlagt. EHEC, ("hamburgerbakterien") finst sjeldan i matvarer på den norske marknaden. I 1999 var det eit utbrot av E.Coli 0157 i Noreg, med fire sjukdomstilfelle som resultat. Norskprodusert salat blei

mistenkt å vere opphavskjelde. Listeria er påvist i enkelte produkt som t.d. grønsaker, frukt, ost av upasteurisert mjølk, rakefisk og vakumpakka kjøttpålegg.

Det blei påvist tre tilfelle av botulisme blant spedbarn. Årsaka var honning, og det blir derfor åtvara mot å gi barn under eitt år honning. Botulisme årsaka av norskprodusert rakefisk og grava fisk blei òg påvist.

Det har vore gjennomført undersøkingar av antibiotikaresistente bakteriar i næringsmiddel. Det er vanskeleg å vurdere den helsemessige tydinga av dei funna som er gjort.

Framandstoff

Generelt får befolkninga i seg lite miljøgifter frå maten. Enkeltpersonar med bestemte kostvaner kan ha eit for høgt inntak. Ei kartlegging av miljøgifter i fisk viser at det ikkje er nokon helserisiko i å ete fisk fanga utanfor Sør- Noreg, bortsett frå fisk og skjel frå forureina fjordområde. SNT har lokalt gitt råd om å avgrensa inntaket av egg frå måse, stor aure, røye, gjedde og abbor, i tillegg til innmat frå vilt.

Den radioaktive forureininga i utsette matvarer er svært mykje lågare enn i dei første årene etter Tsjernobyl-ulykka. Reinsdyr og småfe frå spesielle områder kan framleis ha høge verdjar. Omfattande tiltak, m.a. nedforing, sikrar at mat som blir omsett held seg innanfor grenseverdiene.

Det er eit lågt innhald av rester av plantevernmidde i matvarer som er viktige i den daglege kosten. Dei hyppigaste overskridingane finn vi i varer som blir ete meir sporadisk, t.d. eksotisk frukt og grønsaker. Undersøkingane viser at det finst restar av plantevernmidde i råvatn frå vannverk i områder med jordbruksdrift, men nivåa representerer ingen helsefare.

Rester av legemiddel og annen forureining i kjøtt har vore overvaka i mange år. Talet på prøver er ein god del utvida, og programmet omfattar no òg mjølk, egg og honning. Nivåa ligg som tidlegare under påvisingsgrensene i dei aller fleste tilfelle. Det er ikkje funne rester av vekstfremmende hormoner.

Innhaldet av tilsetningsstoff som konserveringsmiddel og kunstige søtstoff blei undersøkt i ei rekkje produkt. Undersøkingar viser at det i ein del tilfelle finst for mykje tilsetningsstoff og det er nødvendig å vurdere vidare behov for overvaking og andre tiltak. Det blei òg gjort berekning av inntak av konserveringsmidla benzosyre og sorbinsyre. Lovleg nivå av benzosyre er redusert.

GMO

Ingen genmodifiserte næringsmiddel er så langt godkjent i Noreg. Ei undersøking av 125 produkt basert på soya eller mais viste at sju inneheldt genmodifisert soya i mengde det er pliktig å merke. Resultata viser at bruken av genmodifisert materiale i varer på den norske marknaden var svært låg.

Regelverksutvikling

Eit viktig verkemiddel for å bidra til at maten på den norske marknaden framleis skal være trygg er å videreutvikle det nasjonale og internasjonale regelverket. SNT deltar aktivt i internasjonale organ som Codex Alimentarius, EU/EFTA etc. I EU-regi har SNT delteke i Standing Committee for Foodstuffs, Standing Veterinary Committee og 16 ulike arbeidsgrupper.

For betre å tilretteleggje for småskalaproduksjon av mjølkeprodukt blei forskrifta om mjølk endra.

Forskrift om forbod mot produksjon, import og frambud av genmodifiserte næringsmiddel og ingrediensar i næringsmiddel som inneheld tilførte gener som kodar for antibiotikaresistens er vedtatt. Ikrafttredelse er utsett i påvente av adekvat analyseverktøy. Det er gjort omfattande og nødvendige endringar i regelverket for tilsetningsstoff og aromaer, og det er utarbeidd ei ny positivliste etter nordisk mal.

Tilsyn og kontroll

Det er etablert fire stasjonar for kontroll av animalske næringsmiddel og produkt av animalsk opphav frå tredjeland; Oslo hamn, Borg hamn, Oslo lufthamn/Gardermoen og Storskog/Kirkenes. I tillegg er det 12 grensekontrollstasjonar som berre tek imot fisk. SNT har ansvar for stasjonane i Oslo hamn og Borg hamn. SNT har samarbeidd nært med andre etatar for å etablere gode ordningar for grensekontrollen. Av 27005 varsla parti med næringsmiddel frå EØS-området og ikkje-animalske næringsmiddel frå land utanfor EØS blei det gitt forbod mot import eller frambud av 156.

Det er sett i gang eit prøveprosjekt med etablering av eit regionalt ledd i det offentlege næringsmiddeltilsynet, for å prøve ut ulike organisasjonsstrukturar mellom SNT og KNT for å få et meir effektivt tilsyn. SNT starta arbeidet med å etablere tre kontorar med ulik organisasjonsmodell i dei nordlegaste fylka, samtidig som KNT i

Rogaland og Hordaland skal følgjast betre opp frå sentralt hald.

Prosjekt tilsynsnivå er sett i gang for å gjere tilsynet meir effektivt i forhold til innsats per tilsynskrone, og for at innsatsen skal setjast inn der risikoen ut frå helsemessig perspektiv er størst.

Finansieringa av kjøttkontrollen blei lagt om i 1999 slik at slakteria skal betale for dei faktiske kostnadene til tilsyn i samsvar med slakte- og tilsynsplanar.

SNT har arbeidet aktivt med å involvere forbrukerne, og har m.a. starta forprosjektet "Om styrking av forbrukerdeltaking på matvaresektoren".

Budsjettforslag 2001

For å dokumentere at matvarer på den norske marknaden er trygg i forhold til framandstoff, smittestoff og næringsstoff, blir det gjennomført ressurskrevjande kartleggingsprosjekt og overvåkingsprogram Ein god del av dei ressursane som årleg blir sett av til kartlegging og overvaking, er knytt til dei forpliktingar Noreg har i samsvar med EØS-avtalen.

Tilsyn med at regelverket blir overhalde blir først og fremst utført av det kommunale næringsmiddeltilsyn. Arbeid knytt til samordning, effektivisering og harmonisering av det kommunale næringsmiddeltilsyn vil halde fram. Ein vil halde fram prøveprosjektet med etablering av eit regionalt ledd i det offentlege næringsmiddeltilsyn. Internkontroll vil framleis være eit viktig virkemiddel saman med vidareutvikling av et risikobasert tilsyn.

Inntekter og utgifter til kjøttkontrollen blir ført i Fondet for kjøttkontroll. I 2001 er det budsjettert med om lag 130 mill. kr i utgifter til kjøttkontroll fordelt med 117 mill. kr til KNT si verksemd og 13 mill. kr til SNT si verksemd. Det er budsjettert med 1,3 mill. kr til administrasjon mens resten av dei sentrale midlane går til m.a. opplæring og ulike overvåkingsprogram. For å dekke dei lokale og sentrale utgiftene til kjøttkontroll, foreslår departementet ei auke i dagsverksatsen med 3,5 pst. til kr 2 525.

Satsingsområde 2001

Landbruksdepartementet legg i budsjettforslaget opp til ei auka satsing på næringsmiddelområdet med 10 mill. kr for å arbeide vidare med modernisering og effektivisering av det offentlege næringsmiddeltilsynet, utvikling av EØS avtalen, vidareutvikle overvaking- og kartleggingsarbeidet og for å følgje opp forbrukerpolitikken på matområdet.

Det er sett av 3 mill. kr til satsing på forbrukarorientering og 2,5 mill. kr for å modernisere og effektivisere tilsynet og for å møte utfordringane knytt til GMO.

SNT vil satse på ei aktiv deltaking i EUs arbeidsgrupper, auka innsats for å følgje opp de aktuelle tiltaka, styrkt bruk av risikoanalyse i for-

valtninga og fleire kartleggingsprosjekt og overvakingsprogram. Løyvinga blir derfor auka med 4,5 mill. kr til overvakingsprogram som må omfatte BSE, E.coli 0157, campylobacter, framandstoff og oppfølging av tiltaksplan mot antibiotikaresistens.

Kap. 4114 Statens næringsmiddeltilsyn (jf. kap. 1114)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Gebyr og analyseinntekter m.m.	132 406	160 123	174 942
05	Driftsinntekter	2 669		
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	1 024		
	Sum kap 4114	136 099	160 123	174 942

Post 01 Gebyr og analyseinntekter

SNT blir finansiert av næringsmiddelavgift på norskproduserte og importerte råvarer og importerte ferdigvarer, kosmetikkavgift, sal av publikasjonar og overføringar frå Fondet for kjøttkontroll.

Regjeringa legg opp til å auke næringsmiddelavgifta frå 0,82 pst. til 0,90 pst. av fakturabeløpet på norskproduserte og importerte råvarer, og frå 0,64 pst. til 0,71 pst. av fakturabeløpet på impor-

terte ferdigvarer. Auka sats vil gi ei auke i inntektene på omlag 10 mill. kr, jf. òg kap 1114 post 01.

Kosmetikkavgifta er kr 4 500 for ansvarlege marknadsførarar av kosmetiske produkt.

Det er på posten òg budsjettert med 1,3 mill. kr i inntekter frå Fondet for kjøttkontroll for å dekkje SNT sine administrasjonsutgifter til kjøttkontroll som blir rekneskapsført på kap. 1114 post 01. Fondet skal dekke alle utgiftene knytt til kjøttkontroll.

Programkategori 15.20 Forsking og utvikling

Utgifter under programkategori 15.20 fordelt på kapittel:

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert bud- sjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
1137	Forsking og utvikling	244 238	258 516	266 351	3,0
	Sum kategori 15.20	244 238	258 516	266 351	3,0

Innleiing

Landbruksdepartementet finansierer forskning og utvikling retta mot næringa, forvaltninga og allmenta sine kunnskapsbehov. Forsking er eit viktig verkemiddel for å oppfylle mat- og landbrukspolitiske målsetjingar. Landbruksdepartementet kanalisierer hovudtyngda av forskingsmidlane gjennom Noregs forskingsråd.

Landbruksdepartementet legg *Langtidsplan for landbruksforskinga (1998-2005)* til grunn for forskingspolitisk planlegging og prioriteringar innan området.

I tillegg skal landbruksforskinga medverke til gjennomføringa av den nasjonale forskingspolitikken, jf. St.meld. nr. 39 (1998-1999) *Forsking ved et tidsskille* og Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet (KUF) sin St.prp. nr. 1 (2000-2001). Det er stor grad av samsvar mellom Langtidsplanen sine innsatsområde og satsingsområda i Forskingsmeldinga.

Departementet viser elles til St.meld. nr. 19 (1999-2000) Om norsk landbruk og matproduksjon, St.meld. nr. 17 (1998-99) *Verdiskaping og miljø – muligheter i skogsektoren*, St.meld. nr. 40 (1996-97) *Matkvalitet og forbrukertrygghet*, St.prp. nr. 82 (1999-2000) *Om Jordbruksoppjøret 2000* og St.prp. nr. 65 (1999-2000) *Om reindrifftsavtalen 2000-2001*, og Stortinget si behandling av desse, når det gjeld føringar for Landbruksdepartementet sin FoU-politikk i 2001.

Forskinga blir finansiert med midlar frå både offentlege og private aktørar. Departementet legg vekt på å styrkje koplinga mellom forskning og utvikling for å nå næringspolitiske mål, t.d. arbeidet med verdiskapingsprogramma innan mat og trevirke, jf. kategori 15.30. Noregs forskingsråd

og Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND) har inngått avtaler om samarbeid for å styrkje denne koplinga.

Noregs landbrukshøgskole (NLH) og Noregs veterinærhøgskole (NVH) er sentrale aktørar i landbruksforskinga med hovudansvar for kompetanseoppbygging og strategisk grunnforskning, (jf. KUF sin St.prp. nr. 1 (2000-2001), kapitla 278 og 279). Det er formelt etablert ein strategisk allianse mellom NLH og Norsk institutt for næringsmiddelforskning (Matforsk) frå 2000. Den strategiske alliansen skal medverke til ein meir konkurransedyktig norsk næringsmiddelindustri, og omfattar alle område for verksemda til Matforsk og NLH. Samstundes har NLH og NVH vedtatt at dei vil inngå ein strategisk allianse for å utnytte institusjonane sine samla ressursar, styrkje prioriterte fagområde og auke kvaliteten på forskning og undervisning.

Jordforsk og Planteforsk er to bruksretta forskingsinstitutt som fagleg kompletterer kvarandre og er delvis samlokalisert. M.a. er laboratorieverksemda rasjonalisert og samordna og institutta har i dag ei rad samarbeidsprosjekt. Institutta har teke opp ideen om ei samanslåing. Målet er å få til ein slagkraftig institusjon med brei fagleg kompetanse og rasjonalisering av administrative funksjonar. I det førebuande arbeidet har institutta konsentrert seg om følgjande satsingsområde; laboratorieverksemd, internasjonalt samarbeid og generelle FoU-oppgåver.

Internasjonal landbruksforskning blir viktig. Internasjonalt forskingssamarbeid er sentralt for å oppfylle overordna mål for landbrukspolitikken, vere premissleverandør til mat- og næringspolitikken og for å realisere prioriteringane. Gjennom aktiv deltaking i EUs 5. og oppstarten av 6. ram-

meprogram, vil dei satsingane Noreg gjer med forankring i EØS-avtalen først tilbake i form av prosjektmidlar, nettverk og forskingsresultat.

Kategorien omfattar Landbruksdepartementet sine løyvingar over kap. 1137. I tillegg til dei åtte institusjonane med basisløyving over kap. 1137 post 51, er Matforsk ein viktig forskingsinstitusjon innan landbrukssektoren. Matforsk har ei løyving over Fondet for forskingsavgift på visse landbruksprodukt. Løyvinga var på om lag 35,9 mill. kr i 1999. Om lag 10 pst. av næringsmiddelavgifta blir brukt til forvaltningsretta kunnskapstiltak (om lag 6,9 mill. kr i 1999), og ein del av omsetningsavgifta blir brukt til FoU-relaterte tiltak (om lag 62,5 mill. kr i 1999). Bruken av omsetningsavgifta blir styrt av Omsetningsrådet.

Departementet har i tillegg løyvingar til næringsretta forskning og utviklingstiltak over

jordbruksavtalen, kap. 1150, og reindrifftsavtalen, kap. 1151, til forvaltningsretta kunnskapsstøtte over kapitla 1110, 1112, 1140, 1142 og 1147 og til kunnskapsutvikling over kap. 1114.

Tabell 2.2 og 2.3 viser estimert omfang av utviklingstiltak og forskning over Landbruksdepartementet sitt budsjett i 2000 og 2001 og den prosentvise endringa mellom åra. Tabell 2.3 viser innsats knytt til forskning.

I tillegg har departementet monaleg innsats knytt til utvikling i tradisjonelle og nye næringar basert på landbruk, og til utvikling av kunnskap til bruk i forvaltninga, jf. tabell 2.2. Arbeidet med utviklingstiltak i landbruket er i stor grad forskingsbasert. Det er derfor viktig å sikre gode koplingar mellom forskingsmidlane og midlar til utviklingstiltak.

Tabell 2.2 Oversikt over Landbruksdepartementet sitt budsjett knytt til utviklingstiltak (1 000 kr)

Kap	Post	Nemning	Budsjett 2000	Forslag 2001	Pst Endr 00/01
1110	01	Landbrukstilsynet, forvaltningsstøtte	8 461	9 041	+ 6,9
1112	50	Kjøp av forvaltningsstøtte, VI	9 199	9 081	- 1,3
	51	Forv. støtte, utv. og kunnsk.form., Planteforsk	21 391	21 665	+ 1,3
	52	Støtte til fagsentra, Planteforsk	3 164	3 155	- 0,3
1140	50	Driftsøkonomiske analysar med mer, NILF	2 672	2 750	+ 2,9
	77	Miljøretta prosjektarbeid	9 355	9 931	+ 6,2
1142	50	Forvaltningsstøtte	4 175	4 175	+ 0,0
	51	Utviklingsfondet for skogbruket	3 230	3 319	+ 2,8
	71	Langsiktige inv. og næringstiltak i skogbruket	20 000	25 000	+ 25,0
	76	Ressurs- og miljøtiltak i skogbruk	14 600	14 600	0,0
1146		NIJOS	5 787	5 800	+ 0,2
1147		Reindrifftsforvaltningen	2 856	2 629	- 7,9
1150	50.11	LUF1)	55 800	154 140	+ 176,2
	77.15	Tilskott til kvalitets- og salsfremmande tiltak	20 740	8 262	- 60,2
	77.16	Tilskott til økologisk jordbruk	6 300	10 000	58,9
1151		Reindrifftsavtalen	5 000	5 000	0,0
Sum			192 730	288 548	+ 50,0

1) Talet for 2001 er justert som følge av overføringa av *Konkurransestrategiar for norsk mat* frå kap. 1150 post 77.15 til post 50.11 *Tilskott til Landbrukets utviklingsfond (LUF)*. I tillegg er satsinga på *Verdiskapingsprogrammet for mat* lagt til underpost 50.11.

Tabell 2.3 Oversikt over Landbruksdepartementet sitt budsjett knytt til forskning (1 000 kr)

Kap	Post	Nemning	Budsjett 2000	Forslag 2001	Pst Endr 00/01
1114		Statens næringsmiddeltilsyn	6 900	6 900	+ 0,0
1137	50	Forskningsprogram	112 813	116 606	+ 3,4
	51	Basisløyvingar til forskingsinstitutt	137 948	141 755	+ 2,8
1150	77.13	Tilskott til forsøksringar og forskning	59 000	59 000	0,0
	77.16	Tilskott til økologisk jordbruk	6 000	6 000	0,0
		Sum	322 661	330 261	+ 2,4

Status og mål for forskning på mat og landbruk

Forskinga skal gi grunnlag for utforming av politikken, herunder bruk av offentlege verkemiddel og forvaltning i eit langsiktig perspektiv. På stadig fleire område blir mat- og landbrukspolitikken utforma gjennom internasjonalt samarbeid, jf. EØS- og WTO-avtalen m.m. Derfor er det viktig at ein nyttar forskning aktivt for å dokumentere, underbygge og klargjere sentrale spørsmål som er av stor verd for viktige politiske prioriteringar.

Departementet vil halde oppe ein tverrsektoriell innsats med fokus på heile verdikjeda frå primærprodusent til marknad. Samtidig vil forvaltningsretta forskning bli ført vidare for å utvikle kunnskap som grunnlag for meir effektiv innsats med omsyn til forbrukar, distrikt, arealforvaltning og miljø i landbrukspolitikken, jf. innleiinga og statusavsnitt under dei særskilde innsatsområda.

I St.prp. nr. 1 (1999-2000) varsla departementet ei vurdering av samarbeid, organisering og arbeidsdeling innan landbruksforskinga, jf. St.prp. nr. 63 (1995-96). Departementet har, i samarbeid med KUF, og i tråd med intensjonane i Innst. S. nr. 269 (1995-96), sett i gang ei evaluering av forskning og relevant høgare utdanning på landbruksområdet i Noreg. Evalueringa blir utført av ei nordisk samansett evalueringsgruppe, og skal vere ferdig sommaren 2001. Opphavleg varsla departementet at Stortinget skulle bli orientert om resultatane frå evalueringa i budsjettproposisjonen for 2001. Forarbeidet har vore omfattande og dei to departementa vil derfor først orientere Stortinget om saka i samband med budsjettforslaget for 2002.

Landbruksdepartementet har i 2000 starta opp arbeidet med ein handlingsplan for landbruksforskinga i samarbeid med Forskingsrådet og sektororgan innan forskning og landbruk, jf. St.meld. nr. 19 (1999-2000). Handlingsplanen skal konkretisere strategiar og satsingar og ta omsyn til føringane i aktuelle meldingar samt handlingsplanar

utarbeidd av Forskingsrådet. Resultata frå evalueringa av landbruksforsking og relevant høgare utdanning vil også danne grunnlag for handlingsplanen. Departementet tar sikte på å orientere Stortinget om handlingsplanen i St.prp. nr. 1 (2001-2002).

Langtidsplan for landbruksforskinga

Langtidsplan for landbruksforskinga (1998-2005) dannar rammene for landbruksforskinga i vid forstand, og for industriretta forskning og samfunnsforskinga. Planen skal medverke til å oppfylle dei overordna måla for norsk forskning. Det er formulert eit hovudmål og fem delmål i planen:

Hovudmål: Landbruksforskinga skal, innanfor ei etisk forsvarleg ramme, og i brei næringspolitisk samanheng, vere leverandør av kunnskap med vekt på krav frå forbrukarane, verdiskaping, nyskaping, omstilling, miljø, helse og livskvalitet.

Delmål: Forskinga skal vere leverandør av kunnskap for å fremme langsiktig og berekraftig utvikling i landbruket og i verksemd basert på landbruk, til bevaring av naturgrunnlag og miljø og til fremme av helse og livskvalitet hos menneske og dyr:

- utvikle marknadsorienterte produkt basert på norske råvarer og foredlingssystem. Dette inneber eit skarpere forskingsfokus på matkvalitet og –tryggleik og verdiskaping innan jord- og skogbruk
- betre nivået på kompetansen og graden av produktforedling med sikte på verdiskaping og sysselsetjing i landbruket og verksemd basert på landbruk
- utvikle nye produkt, næringar og kombinasjonar av næringar innanfor eit heilskapleg perspektiv på næringa og distrikta
- gi grunnlag for utforming av politikk, bruk av offentlege verkemiddel og forvaltning

Dei fem innsatsområda i langtidsplanen viser dei faglege prioriteringane:

- forbruk, matvarekvalitet og –tryggleik
- drifts- og eigeformer, produksjonssystem og arealbruk
- verdiskaping basert på skog
- ny næringsutvikling
- livskraftige distrikt

Ei nærare omtale av dei fem innsatsområda finn ein under kap. 1137.

Strategiar og satsingsområde 2001

Departementet legg i Langtidsplan for landbruksforskinga følgjande strategiar til grunn:

- auka vekt på grunnleggjande kompetanse
- auka relevans gjennom verdikjedetenking og fleirfagleg samarbeid
- prioritering av det internasjonale samarbeidet
- auka vekt på formidling og utnytting av kunnskap, kompetanse, og teknologi
- auka slagkraft og betre koordinering i landbruksforskinga
- auka privat FoU-engasjement

Departementet legg vekt på at den grunnleggjande forskinga, særleg den strategiske grunnforskinga, blir styrkt, jf. St.meld. nr. 39 (1998-99).

Koplingar mellom forskning og næringsliv og forbrukar er viktig i utviklingsarbeidet. Ein må ta omsyn til heile verdikjeda i arbeidet, både når det gjeld langsiktig strategisk kunnskaps- og kompetanseoppbygging, og når det gjeld kortsiktig målretta og problemløysande forskning.

Innan internasjonalt forskingssamarbeid prioriterer Landbruksdepartementet europeisk forskningssamarbeid gjennom EUs 5. rammeprogram, og arbeidet med førebuingane til det 6. rammeprogrammet, oppfølging av internasjonale konvensjonar og globale arenaer knytt til Noreg sitt multinasjonale samarbeid, anna europeisk institusjonelt samarbeid, nordisk samarbeid, styrking av landbruksforskinga si rolle som premissgivar for utviklingsforskning i tilknytning til Noreg sin bistandspolitikk og bistandsprogram og bilateralt FoU-samarbeid. I forslaget til nordisk strategi for berekraftig utvikling er det konkludert med ei sterkare nordisk samordning av forskning knytt til sentrale område i jordbruk, skogbruk og matvaretryggleik. Disse retningslinjene vil bli gitt høg prioritet.

Departementet legg vekt på formidlinga av forskingsresultata, òg populærvitenskapleg og allmennretta formidling. Formidling og nettverksbygging mot brukarane blir ein viktig oppgåve

framover. Evalueringa av forskning og relevant høgare utdanning på landbruksområdet som nå er i gang, skal gi viktige innspel for å betre slagkrafta og koordineringa innan landbruksforskinga.

Den private finansieringa av forskinga knytt til foredling av både mat og skogressursar skjer i dag hovudsakleg gjennom industrien. Landbruket si FoU-deltaking er lågare enn det som gjeld for næringslivet elles. Både gardsbruka, dei enkelte føretaka, samanslutningane og samvirkeorganisasjonane bør ta eit større ansvar for eigne FoU-behov.

Departementet reknar den avgiftsfinansierte forskinga som brukarfinansiering av kollektiv art. På denne bakgrunn har regjeringa fastsett ei avgift på skogsvirke frå 1. juli 2000 til fremme av fellestiltak i skogbruket, jf. lov av 9. november 1956. Ordninga er i første omgang ei prøveordning i 5 år.

I tillegg vil departementet fremme forslag om ein utviding av formål og avgiftsgrunnlag i *Lov om forskingsavgift på visse landbruksprodukter* av 26. juni 1970, jf. St.meld. nr. 19 (1999-2000). Måla er å legge forholda til rette for auka primærproduksjonsorientert forskning, styrkje næringsretta forskning knytt til nærings- og nytelsesmiddelproduksjon i alle ledd frå jord til bord og sikre trygge matvarer av god kvalitet. Saka vil bli lagt fram i ein Ot.prp. i løpet av hausten 2000.

Landbruksdepartementet sine særskilde satsingsområde i 2001 er: forskning og utvikling retta mot forbrukarhaldningar, matvarekvalitet og –tryggleik i heile verdikjeda, samt kunnskapsutvikling knytt til verdiskapingsprogrammet for norsk matproduksjon. Eit anna viktig område er forskning og utvikling knytt til St.meld. nr. 17 (1998-99) *Verdiskaping og miljø – muligheter i skogsektoren*, skogprodukta sine samfunnsmessige verdi og konkurransekraft. Vidare legg ein stor vekt på samfunnsplanlegging, særleg omsynet til jordvern og behovet for kunnskap om effekten av sentrale juridiske verkemiddel som t.d. konsesjons- og jordskiftelovgivinga.

Det er viktig med gode koplingar mellom verdiskapingsprogramma innan mat og trevirke og satsingane på forskning administrert av Forskningsrådet, jf. samarbeidsavtalen mellom SND og Forskningsrådet.

Forskingsmeldinga prioriterer satsingane marin forskning, medisin og helse, forskning i skjæringspunktet mellom miljø og energi, samt IKT. Landbruksforskning har vid spennvidde og departementet ser mange koplingar mellom landbruksforskinga og satsingsområda i Forskingsmeldinga.

Kap. 1137 Forsking og utvikling

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert bud- sjett 2000	Forslag 2001
50	Forskingsaktivitet	105 344	116 302	120 212
51	Basisløyvingar til forskingsinstitutt m.m.	138 894	142 214	146 139
	Sum kap 1137	244 238	258 516	266 351

Innleiing

Kap. 1137 omfattar løyvingar til forskingsaktivitet, hovudsakleg i regi av Forskingsrådet, og basisløyvingar til forskingsinstitutt innan Landbruksdepartementet sitt sektoransvar. Basisløyvingane omfattar grunnløyving og strategiske instituttprogram. I tillegg omfattar kapitlet løyvingar til nasjonale oppgåver og investeringsstøtte, samt utviklings- og evalueringstiltak.

Forskingsrådet skal gi råd i forskingspolitiske spørsmål og initiere, koordinere, finansiere og evaluere formålstenleg forskingsinnsats ut frå sektormåla til Landbruksdepartementet, jf. innleiinga i proposisjonen og programkategori 15.20. Departementet legg til grunn ei sterkare tydeleggjering av landbruksforskning i forhold til St.meld. nr. 39 (1998-99) *Forsking ved et tidsskille* og den kunnskap som landbruksforskingsmiljøa kan medverke med i høve til prioriteringane i Forskingsmeldinga. Departementet legg vekt på at Forskingsrådet er pådrivar for auka samarbeid mellom forskingsmiljø nasjonalt og internasjonalt, mellom brukarar og forskingsmiljøa, og mellom forskinga og verkemiddelapparatet elles, for å skape betre kopling mellom forskning og næringsutvikling.

Forskingsrådet har ei strategisk oppgåve overfor alle forskingsinstitutta i sektoren, slik at institutta er sikra den kompetansen som blir etterspurt og kan levere forskning og andre kunnskapsbaserte tenester av høg kvalitet.

Institutta og dei regionale høgskolane gir grunnlag for kunnskap og utvikling i distrikta, og det vil vere viktig å styrkje samhandlinga mellom dei. Landbruksinstitutta er eit viktig verktøy for oppfølging av landbruket sin forskingspolitikk og gir viktig kunnskapsgrunnlag for utforming av landbrukspolitikken.

Landbruksforskninga skal medverke til å oppfylle delmåla i langtidsplanen for landbruksforskninga.

Resultatrapport 1999 for post 50 Forskingsaktivitet

Løyvingane frå Landbruksdepartementet har i hovudsak blitt brukt til forskingsprogram, strategiske program og grunnløyvingar til forskingsinstitutta.

Det blei finansiert 20 forskingsprogram med midlar frå Landbruksdepartementet i 1999, der 16 av dei òg hadde finansiering frå andre departement. 1999 var siste året i programperioden for om lag halvparten av programma og det blei lagt stor vekt på rapportering og formidling av resultat frå forskinga. Frå 2000 er talet på ordinære forskingsprogram redusert.

Forbruk, matvarekvalitet og -tryggleik

Forsking retta mot forbruk, matvarekvalitet og -tryggleik har vore eit prioritert mål innanfor forskingsprogramma *Bioteknologi og Næringsmiddelindustri*, og har også vore høgt prioritert innan programma *Fiske- og dyrehelse, Husdyr, Klima- og ozonspørsmål, Nitrogen og bakkenært ozon (NOBOZ), Stråling og strålevern og Økotoksikologi*. Fleire prosjekt under programmet *Planter og jord* var retta mot problemstillingar innan dette resultatområdet.

Ved hjelp av moderne bioteknologi har ein utvikla meir kunnskap om råvarene til foredla produkt. Innan satsinga på matvarekvalitet og forbrukertryggleik som blir finansiert gjennom løyvingar frå departementet til Statens næringsmiddeltilsyn, er det starta opp seks prosjekt retta mot problemstillingar innanfor feltet mat og helse. Her samarbeider forskingsmiljø innan næringsmiddel-forskning med forskingsmiljø innan ernæringsforskning. Scrapie-forskninga har i 1999 gitt interessante resultat som gir betre grunnlag for tiltak mot sjukdomen. Midlane frå departementet til forskning på fiskesjukdomar har vore brukt til arbeid retta mot betre helsestatus i norsk fiskeoppdrett. Innan familiedyrforskninga har det vore arbeida med helse hos familiedyr, smittestoff i fôr av animalske råvarer og ernæringsspørsmål.

Drifts- og eigarformer, produksjonssystem og arealbruk

Ei hovudsatsing i programmet *Planter og jord* har vore langsiktig sikring av produksjonsgrunnlaget, m.a. gjennom forskning på miljøeffekt av plantevernemiddel, kunnskap om tungmetall og bruk av organisk avfall. Det er avslutta prosjekt som har gitt forskingsresultat som vil forbetre grunnlaget for kunnskapsbasert plantedyrking. Miljøvennlege produksjonsformer og produktkvalitet har vore viktige satsingsfelt, og omkring halvparten av prosjekta innanfor programmet har vore sette i gang ut frå miljømotivasjon. Innan forskingsprogramma *Biologisk mangfald - dynamikk, truslar og forvaltning*, *Bruk og forvaltning av utmark*, *Bærekraftig produksjon og forbruk* og *Kulturlandskap* er vesentlege delar av midlane brukt til forskning på driftsformer i jord- og husdyrbruket og på oppgåver knytt til ressurs- og produksjonsgrunnlaget. Programmet *Bioteknologi* har tatt for seg miljø- og avfallsproblem og råvarekvalitet. Den bioteknologiske forskinga innan husdyrproduksjon har vore konsentrert om kartlegging av gener som påverkar helse- og produksjonseigenskapar.

Verdiskaping basert på skog

Forskinga retta mot auka verdiskaping basert på skog har vore organisert i programmet *Skog - miljø, industri og samfunn* og programmet *Trevirke og Treindustri - Verdiskaping og Foredling (TTVF)* som er del av Landbruksdepartementet si særskilde satsing på miljø- og næringstiltak i skogbruket (kap. 1142 post 71). Fleire prosjekt under programma *Bruk og forvaltning av utmark* og *Kulturlandskap* har også vore retta mot problemstillingar innanfor resultatområdet. Innan *Biologisk mangfald* har FoU-aktivitetane vore retta mot klimaeffektstudie og internasjonal skogforvaltning knytt til konvensjonen om biologisk mangfald og klimakonvensjonen.

FoU-verksemd der ein ser heile produksjonskjeda i samanheng, med særleg fokus på verdiskaping og vidareforedling, har vore prioritert i 1999. Det er vidare avslutta prosjekt som m.a. har gitt auka kunnskap om det biologiske mangfaldet, om kulturminne og skogbruk og om betre utnytting av trevirke. Det er lagt vekt på samfinansiering av næringsretta prosjekt. Innan den brukarstyrte forskinga er det avslutta fleire prosjekt som har gitt større kompetanse og lønnsemd i treindustrien. I samarbeid med Skogbrukets og skogindustrienes forskningsforening (SSFF) er det utvikla eit felles industriretta program i

påvente av ein større utgreiingsprosess om FoU for næringsretta verdiskaping.

Ny næringsutvikling

Satsinga på forskning for utvikling av ny, alternativ landbruksbasert næringsutvikling er ført vidare i 1999 og satsinga har i sterkare grad vore retta mot små og mellomstore bedrifter (SMB) og småskalaverksemdar. I programmet *Nyskaping og næringsrettet miljøutvikling* er det i 1999 sett i gang 16 nye prosjekt, og av desse var 13 ved SMB. Fleire av disse prosjekta er blitt realisert i nært samarbeid med dåverande Statens landbruksbank. Det er m.a. avslutta prosjekt om frukt og bær, og prosjekt som medverker til mindre antibiotikabruk hos fjørfe. Programmet *Næringsutvikling for marine arter i oppdrett (NUMARIO)* er ført vidare også i 1999 som ei fellessatsing mellom Forskingsrådet og SND for å fremme lønnsom næringsutvikling basert på nye fiskeartar og skjel i oppdrett.

Programmet *Reiselivsforskning* har prioritert prosjekt der verksemdar i reiselivsnæringa er involvert. Innan programmet *Bioteknologi* har det vore i gang fleire prosjekt m.a. retta inn mot næringsutvikling basert på framstilling av nye forprodukt og utnytting av restprodukt og avfall. Innan programmet *Næringsmiddelindustri* har det vore ein heller omfattande aktivitet retta mot utvikling av nye produkt og prosessar, med fokus på teknologi og kvalitet.

Livskraftige distrikt

Innan programmet *Kyst- og bygdeutvikling* er det avslutta prosjekt om konkurransedyktig produksjon av varer og tenester i bygder, produksjon og forvaltning av kollektive gode og vilkår for etablering og busetnad i bygdene. Programmet *Markedsforskning* har halde fram med oppbygging av grunnleggjande kompetanse innan marknadsforskning. I programmet *Levekår, utvikling og omstilling i landbruket* er det gjennomført prosjekt om strukturendringar innanfor mottak og foredling av landbruksvarer. Når det gjeld forskning knytt til landbruket sin multifunksjonelle rolle, har dette vore eit tema som har inngått i fleire prosjekt. Programmet *Regional utvikling* har medverke til å utvikle ny kunnskap om regionale utviklings- og omstillingsprosesser. I tillegg har også programma *Planter og jord*, *Næringsmiddelindustri* og *Skog - miljø, industri og samfunn* hatt eit visst innslag av næringsretta samfunnsforskning.

Internasjonalt forskingssamarbeid

Forskningsrådet har også i 1999 gitt støtte til forprosjektering og søknadsførebuing til EU sitt 5. rammeprogram. Av EU-programma er *Quality of Life and Management of Living Resources* det mest landbruksrelevante og det er innvilga prosjekt både innan bioteknologi, jordbruk, skog og næringsmiddel. Det blei i 1999 etablert eit nytt European Science Foundation (ESF)-program med norsk deltaking med hovudføremål å medverke til eit vitenskapleg grunnlag for risikovurdering knytt til genmodifiserte planter. Det er framleis eit stort engasjement innan European Cooperation in the Field of Science and Technology (COST) frå norske forskingsmiljø, men den generelle budsjettsituasjonen i COST medførte noko reduksjon i nettverksaktivitetane i 1999.

Nordisk kontaktorgan for jordbruksforskning (NKJ) har i 1999 vurdert nordisk forskning innan områda *Dyrevelferd, helse og etikk, Matvarekvalitet og tryggleik, Økologisk landbruk og Cirkumpolare områder*. Samla nasjonal finansiering av nordiske prosjekt summerte seg til om lag 20 mill. kr i 1999. NKJ arbeider no aktivt med å trekkje Baltikum med i det nordiske samarbeidet. SamNordisk Skogbruk (SNS) har også i 1999 medverke til nettverksaktivitetar som forskartreff, symposium og konferansar.

Forskarrekruttering

Forskarrekrutteringa retta mot landbrukssektoren har i 1999 i hovudsak skjedd innan rammene av forskingsprogramma eller innanfor dei strategiske programma. Det blei finansiert i alt 98 årsverk knytt til doktorgradsstipend innan landbrukssektoren. Kvinnedelen var 62 pst. I tillegg til midlar frå Landbruksdepartementet, blei det brukt generelle midlar frå KUF til forskarrekruttering retta mot landbrukssektoren. Norsk institutt for studier av forskning og utdanning (NIFU) har i 1999 gjennomført ei rekrutteringsundersøking innan området bioproduksjon og foredling for Forskningsrådet. Resultata frå undersøkinga vil gi eit langt betre grunnlag for å fastsetje måltal for rekrutteringa i åra framover og for å setje inn ressursar til forskarrekruttering der det trengst mest.

Budsjettforslag 2001

Post 50 Forskingsaktivitet

I samsvar med dei tematiske satsingane i Forskningsmeldinga, vil departementet leggje vekt på

å styrkje forskingsinnsatsen på dei prioriterte områda (jf. St.meld. nr. 39 (1998-99)). Løyvinga er auka med 3,4 pst. frå 2000 til 2001.

I samanheng med utviklinga i distrikta har forskning om skog, skogindustri og arealressursar høg prioritet. Forskingsinnsatsen retta mot landbruksbasert industri på mat- og skogområda er framleis relativt låg og det er nødvendig å styrkje denne innsatsen, ikkje minst frå næringslivet si side. Kunnskap om landbruket sitt forvaltansvar og korleis ressursane blir brukt er viktig både med omsyn til arbeidet med nye næringar og i høve til arbeidet med verneplanar. Mat og helse er eit viktig tema, saman med dyre- og plantehelse. Forbrukarane og landbruksnæringane har felles interesse av at det blir bygd inn meir kunnskap basert på forskning, i produksjon og forvaltning, for å auke kvaliteten og konkurransevna, og for å sikre eit breitt spekter av varer. I forhold til dei foreståande forhandlingane i WTO er det viktig med dokumentasjon om landbruket si fleifunksjonelle rolle, m.a. som produsent av kollektive gode. Desse kollektive goda kan i liten eller ingen grad bli tatt vare på av andre sektorar og dei er utan fungerande marknader.

Forbruk, matvarekvalitet og -tryggleik

Relasjonane mellom mat og helse er i dei seinare åra komne i stadig sterkare fokus, og er eit felt der det er ei rekkje nye utfordringar, jf. St.meld. nr. 40 (1996-97) og St.meld. nr. 19 (1999-2000). I St.meld. nr. 39 (1998-99) er medisin og helse eitt av satsingsområda der landbruksforskninga sitt medverke til koplinga mellom mat og helse er framheva. Behov for kunnskap i form av vitenskapleg dokumentasjon for kvalitetsstandardar i innlands produksjon og overfor importerte varer er nødvendig. Landbruksdepartementet legg vekt på å stille krav som gjeld heile verdikjeda, og å få fram relasjonane mellom kosthald, ernæring og helse. Det er viktig å sjå krava frå forbrukar og samfunn knytt til produksjonsforhold, dyrevelferd, innsatsfaktorar og sluttprodukt i samanheng.

Det skal satsast på ei kunnskapsbasert utvikling for næringsmiddelindustrien. Nye metodar for omsetning, distribusjon og foredling fører til auka behov for kunnskap i industrien som foredlar råvarer frå landbruk, havbruk og fiskeri. Det er viktig med meir kunnskap om bioteknologi, særleg i lys av den raske utviklinga som skjer på området.

Forskninga på infeksjonar som kan overførast frå dyr til menneske (zoonosar), skal halde fram.

Kunnskapen om etisk husdyrproduksjon, risikofaktorar for sjukdommar, og kost-/nyttevurderingar i relasjon til helse må styrkjast.

Verdiskapingsprogrammet for norsk matproduksjon har som mål å stimulere til ei auka utnytting av marknadsmoglegheitene både innanfor primærproduksjon og foredling gjennom verdiskapande spesialisering innan produksjon og omsetning. Slik får forbrukarane tilgang på auka kvalitet, mangfald og val i matvareutbodet, jf. St.prp. nr. 82 (1999-2000). Det er eit mål at alle aktørane i heile matvarekjeda, frå primærprodusent til forbrukar, deltek. Det er viktig å sikre koplinga mellom kortsiktig, problemløysande forskning i gjennomføringsfasen og den langsiktige kunnskapsutviklinga som vil komme som følge av verdiskapingsprogrammet.

Satsinga på forskning innan fiskehelse skal først vidare, med særleg vekt på forskning som kan støtte opp om vekst i oppdrett av nye marine artar. Det skal leggjast vekt på forskning som gjeld førebyggjande helsetiltak hos laks og ikkje minst på nye artar. Med kunnskap om næringsmiddel, fiskehelse og utvikling av fiskefôr har landbruksforskninga ei viktig rolle i utviklinga av marine næringar og fiskeindustri. Landbruksdepartementet ser det som viktig at ein tek i bruk denne kunnskapen i satsinga på marin forskning, jf. St.meld. nr. 39 (1998-99).

Drifts- og eigarformer, produksjonssystem og arealbruk

Miljøutfordringane og dei økonomiske rammevilkåra for landbruket gjer at departementet prioriterer forskning som gir kunnskap om intensive og ekstensive driftsformer og langsiktig sikring av produksjonsgrunnlaget. Departementet prioriterer forskning på produksjonssystemet. Innan husdyrforskninga vil t.d. fjørfe ha høg prioritet. For å nå målet om at 10 pst. av jordbruksarealet i løpet av ei 10 års periode skal nyttast til økologisk matproduksjon, jf. St.meld. nr. 19 (1999-2000), er det behov for auka kunnskap både om produksjons- og marknadssida innan økologisk matproduksjon. Ein strategi- og handlingsplan for vidare forskning innan økologisk landbruk skal vere ferdigstilt innan oktober 2000. For å redusere forureiningsane og byggje kvalitet gjennom vidareutvikling av miljøvenlege driftsformer i jordbruksproduksjonen, er det særleg viktig å styrkje kompetansen og forskingsformidlinga frå forskingsinstitutta.

Reindrifta må bli meir robust. Det vil vere sentralt å utvide næringsgrunnlaget for reindriftsutvarane gjennom t.d. tilleggsnæringar, og drive ei

aktiv ressursforvaltning. Det er behov for auka kunnskap som grunnlag for ei robust reindrift, jf. kap. 1147.

Med stadig aukande press på landbruksareal, er det nødvendig med meir kunnskap innan arealplanlegging for å styrkje jordvernet og å sikre verdifulle landbruksareal for framtida. Vidare er det nødvendig med meir kunnskap om verknaden av arealplanlegging i jord- og skogsområde og effektane av dei offentlege verkemidla. For betre planlegging i landbruket, t.d. innanfor skogbruk og kulturlandskap, treng forvaltninga kunnskap til å utvikle grunnlag og metodar for arealsortering for m.a. verkemiddelbruken og miljøomsyna. Det er behov for kunnskap om korleis ulike vernetiltak og modellar for forvaltning verkar inn på landbruket og kva for samfunnsmessige konsekvensar det har. Vidare er det behov for kunnskap om eigartilhøve og -struktur, bu- og driftsstruktur og verknader av konsesjonslova.

Departementet meiner det trengst kunnskap som gjer det mogleg å finne verkemiddel for å justere retninga og takta i utvikling av eigar- og bruksstrukturen, slik at betre likskap blir oppnådd mellom den faktiske utviklinga og dei landbrukspolitiske måla for utviklinga. Det er då nødvendig å kjenne til dei drivkrefter som verkar inn på endringane i bruksstruktur og eigartilhøva i landbruket, og kor stor rolle dei spelar.

Verdiskaping basert på skog

St.meld. nr. 17 (1998-99) peikar på moglegheitene og utfordringane innan verdiskaping og miljø i skogsektoren. Følgjande tema er viktige for utvikling av kunnskap i skogsektoren:

- berekraftig forvaltning som konkurranseføremon og for å ivareta kultur- og naturbaserte fellesgode
- biologiske prosessar og relevante organismar i skog, deira reaksjonar på naturgjevne tilhøve og menneskelege aktivitetar
- betre og meir variert utnytting av dei samla skogressursane og auka foredlingsgrad, nye produkt og ny bruk basert på trevirke, kvalitetssikring og dokumentasjon
- skognæringa si lønsemd, marknad, teknologi og organisering
- skognæringa sine rammevilkår og verdi for eigarane, tilsette og samfunnet

I tillegg skal skogforskninga følgje opp signala i St.meld. nr. 39 (1998-99), m.a. innan det prioriterte området miljø og energi. Miljøvenleg energiforsyning gjennom t.d. bioenergi, og skogen si

rolle i klimarekneskapen er her aktuelle problemstillingar.

I samheng med arbeidet med Verdiskapingsprogrammet for bruk og foredling av trevirke blir det viktig å sikre koplinga mellom forskning og utvikling.

Ny næringsutvikling

Landbruksdepartementet sine midlar og prioriteringar må sjåast i samheng med midlar med same formål frå andre departement. Landbruksdepartementet forventar at dette samarbeidet fører til meir kunnskapsbasert utvikling i distrikta og at brukarane opplever at gråsoner mellom forskning og utvikling blir dekt.

To sentrale satsingar på næringsutvikling i 2001 vil vere *Verdiskapingsprogrammet for norsk matproduksjon* og *Verdiskapingsprogrammet for bruk og foredling av trevirke* med særleg vekt på kompetanseoppbygging og målretta forskning på produkt- og marknadsrelasjonane.

Det er viktig å medverke til auka mangfald i matvaremarknaden og til at forskjellen i priser til våre naboland blir redusert, jf. St.meld. nr. 19 (1999-2000). Ein avgjerande føresetnad for ein konkurransedyktig matproduksjon er i tillegg til auka mangfald også reduserte kostnader. Det er behov for auka kunnskap om årsaka til ulik prisdanning på mat og råvarer i Noreg og våre naboland for å følgje konkurransesituasjonen i høve til dei ulike landa.

I arbeidet med verdiskapingsprogramma og ny næringsutvikling vil det vere viktig å trekke dei regionale forskingsmiljøa inn i forskinga og bygge nettverk mellom desse og dei tradisjonelle forskingsmiljøa. Eit anna viktig område er bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i næringsutviklinga og bruken av dette i utvikling av nye arbeidstilbod i distrikta, jf. og St.meld. nr. 39 (1998-99).

Departementet vil føre vidare løyvinga til programmet NUMARIO, jf. nærare omtale i St.prp. nr. 1 (2000-2001) *Fiskeridepartementet*, kap. 1023 *Fiskeri og havbruksforskning*.

Livskraftige distrikt

Departementet vil følgje opp *Levekårsundersøkinga* blant landbruksbefolkninga, som blir avslutta ved utgangen av 2001, med ei ny intervjuundersøking. Siktemålet er å få sikrare kunnskap om korleis endringa i rammevilkåra har verka inn.

Det er viktig å forstå mekanismane bak og effektar av at det stadig blir færre gardsbruk i

Noreg, og å få innsikt i signal om mogleg lågare produksjon og mindre jordbruksareal i framtida. Sakskomplekset innanfor dette innsatsområdet er breitt, og departementet vil samarbeide med andre departement om utvikling av kunnskap på feltet.

Det er viktig at forskinga legg vekt på å imøtekomme dei kunnskapsbehov på samfunnsforskning som følgjer av landbrukspolitikken, jf. kat. 15.30, og landbrukspolitiske problemstillingar som blir teken opp i forskingsprogramma *Regional utvikling og Levekår, utvikling og omstilling i landbruket*. Departementet legg særleg vekt på at ein ser nærare på problemstillingar i forhold til landbruket si fleirfunksjonelle rolle. Som produsent av kollektive gode tek det norske landbruket mot store offentlege overføringar. Det er eit aukande krav både nasjonalt og internasjonalt om å dokumentere at disse overføringane er nødvendige og effektive, m.a. i høve til dei komande WTO-forhandlingane på landbruk. For å få gjennomslag for norske synspunkt i desse forhandlingane er det viktig at Noreg kan dokumentere kva kollektive gode som det norske landbruket produserer, og kva som er dei mest effektive verkemidla for å ivareta disse goda, jf. og dei tre tverrgående perspektiva i dei tematiske satsingane i St.meld. nr. 39 (1998-99).

Stipend og forskarrekuttering

Landbruksdepartementet legg vekt på å halde oppe innsatsen innanfor forskarrekuttering. I 2001 vil ein halde fram med å utvikle forskingsprogram og strategiske program der kompetanseoppbygging og stipend til forskarrekutterar vil inngå.

Internasjonalt forskingssamarbeid

Ein viser til omtale under kategori 15.20, Strategiar. Gjennom EØS-avtalen tek Noreg del i EUs 5. rammeprogram for forskning på lik linje med EU-landa. Departementet skal òg vere aktive i arbeidet med 6. rammeprogram, som er starta opp. Departementet legg vekt på at Forskringsrådet oppmuntrar og hjelper dei norske miljøa til å ta del i EUs program og at miljøa sjølve prioriterer oppgåva høgt. Forskringsrådet har iverksett tiltak for å auke deltakinga frå næringslivet, og departementet ønskjer at dette arbeidet blir ført vidare og styrkt i 2001. Departementet vil òg finansiere ein nasjonal ekspert til EU-kommisjonen sitt forskingsdirektorat (DG Research) i 2000/2001.

Det blir vidare lagt opp til ytterlegare internasjonale nettverksbygging gjennom COST og EUREKA. Departementet vil be Forskingsrådet om å stimulere næringsmiddel- og skogindustri- verksemdar til å ta del i det marknadsnære forskingssamarbeidet i EUREKA.

Det nordiske samarbeidet er særleg viktig og vil bli følgd opp og kopla sterkare til norske program. Forskingssamarbeidet i Norden vil fram-

over bli sterkt prega av engasjementet innanfor EUs rammeprogram.

I nordisk forskingspolitisk samanheng skal aktiviteten vere konsentrert om Nordisk forskingspolitisk råd, Nordisk landbruksuniversitet (NOVA), Nordisk kontaktorgan for jordbruksforskning (NKJ), SamNordisk Skogbruk (SNS), Nordiske jordbruksforskarar si foreining (NJF) og Nordisk organ for reinforskning (NOR).

Post 51 Basisløyvingar til forskingsinstitutt m.m.

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
51.11	Grunnløyvingar til forskingsinstitutt	96 425	88 000	87 925
51.12	Strategiske instituttprogram	34 050	45 595	49 595
51.13	Nasjonale oppgåver	6 419	6 619	6 619
51.14	Investeringsstøtte	2 000	2 000	2 000
	Sum post 51	138 894	142 214	146 139

Noregs forskingsråd har ansvar for tildeling av basisløyvingar over post 51 til 8 forskingsinstitutt som Landbruksdepartementet har sektoransvar for; Norsk institutt for planteforskning, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Norsk institutt for skogforskning, Veterinærinstituttet, Senter for jordfagleg miljøforskning, Institutt for akvakulturforskning, Norsk senter for økologisk landbruk og Senter for bygdeforskning. Fordelinga mellom grunnløyvingar og SIP som vist i tabellen *Post 51 Basisløyvingar til forskingsinstitutt m.m.* er ei førebels fordeling. Nokre av institutta har oppgåver som ikkje er forskning. Dei er til dels store og omfattar m.a. oppgåver på oppdrag frå Landbruksdepartementet og andre forvaltningsorgan. Utgiftene til desse oppgåvene som utgjør forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsformidling, er ført opp under kap. 1112, 1140 og 1142. Ein viser i tillegg til programkategori 15.20 for omtale av Matforsk.

Målsetjing 2001

Forskingsrådet har eit særleg ansvar for å overvake og følgje med i utviklinga av institutta både fagleg og økonomisk, og rapportere om dette til departementet. Forskingsrådet har i 1999 og 2000 gjennomført evalueringar av landbruksforskingstinstitutta, og departementet føreset at evalueringane blir lagt til grunn for den vidare utviklinga av institutta.

Norsk institutt for Akvakulturforskning (AKVAFORSK)

AKVAFORSK er eit aksjeselskap eigd av NLH, Veterinærmedisinsk Oppdragssenter AS (VESO), NVH, kommunane Sunndal og Averøy, Fiskeridepartementet og Landbruksdepartementet.

Rapport 1999

Total omsetning i 1999 var 46.0 mill. kr, med eit driftsresultat på -4.0 mill. kr. Etter fleire år med sterk auke i oppdragsinntekter frå næringslivet, blei det i 1999 ein klar nedgang. Samtidig gjekk prosjektfinansieringa frå Forskingsrådet ned og grunnløyvinga blei redusert med 1,2 mill. kr. AKVAFORSK fekk òg i 1999, jf. 1998, godkjent eit nytt strategisk instituttprogram. Talet på internasjonale prosjekt blei noko redusert, og utgjorde 7,5 pst. av den totale omsetninga i 1999. AKVAFORSK oppretta i 1999 eit heileigd dotterselskap, AKVAFORSK Genetics Senter. Selskapet skal vere eit kompetansesenter for planlegging, igangsetting og drift av avlsprogram.

Det blei utført 35,3 FoU-årsverk i 1999, ein auke frå året før. Instituttet hadde 7 personar som arbeidde med doktorgraden ved utgangen av året, ein meir enn i 1998, men klart lågare enn talet frå tidlegare år. Dei tilsette fekk publisert i alt 27 vitenskaplege artiklar i tidsskrift med referee-ordning, tilsvarende 0,77 artikkel pr. FoU-årsverk.

Målsetjing 2001

AKVAFORSK skal vere eit leiande forskingsinstitutt innan akvakultur på fagfelte avl, ernæring og produktkvalitet. Den tverrfaglege kompetansen ved instituttet skal nyttast til å skape betre lønns- emd, ressursutnytting, helsetilstand og kvalitet i akvakulturproduksjonen, og til å fremje oppdrett av nye artar. AKVAFORSK skal aktivt bruke kunnskapen til å auke verdiskapinga og utviklinga i akvakulturnæringa innanfor ramma av ei berekraftig utvikling.

AKVAFORSK skal satse vidare på kommersiell utnytting av kunnskap for nyskaping i oppdrettsnæringa, og for ytterlegare å utvikle instituttet sitt internasjonale engasjement. Arbeidet for å utvikle kunnskap omkring nye artar i oppdrett, jf. satsing innan NUMARIO og ny satsing på marine ressursar, skal aukast. Det er eit mål at totalkompetansen ved AKVAFORSK skal vere eit viktig verkemiddel for å medverke til ei vidare utvikling og eit større overskott for havbruksnæringa.

Jordforsk, jf. òg kap. 1140 post 77

Stiftelsen Jordforsk er eit nasjonalt kompetansesenter innanfor jordfaglege og tilgrensande fagområde med hovudvekt på miljø og ressursprosjekt.

Jordforsk har si faglege verksemd innan biologisk avfallshandtering, spesialavfall og miljøgifter, jordressursar og miljøinformasjon, hydrogeologi, økologisk renseteknologi og vann- og stoffbalanse i kulturlandskapet. Jordforsk har eige laboratorium, Jordforsk Lab, som leverar rutineanalyser til landbruket, miljøforvaltninga og forskninga.

Rapport 1999

Jordforsk hadde ei total omsetning på 49 mill. kr i 1999, ein nedgang på 6 pst. i høve til året før. Nedgangen skuldast hovudsakleg mindre omfattande oppdragsverksemd. Det er iverksett tiltak for å auke oppdragsinntektene, m.a. med betre koordinering, auka marknadsaktivitetar og reduksjon av kostnadene i organisasjonen. Drifta ga eit underskot på 2,3 mill. kr. Jordforsk fekk 9,7 mill. kr i basisløyving, ei samfinansiering mellom Miljøverndepartementet og Landbruksdepartementet.

Jordforsk hadde ved årsskiftet 88 tilsette, og av desse var det 44 forskarar. Av forskarane har 14 doktorgrad. Dei tilsette fekk publisert 18 vitenskaplege artiklar i tidsskrift med refereordning, tilsvarende 0,47 artiklar pr. FoU-årsverk.

Målsetjing 2001

Jordforsk skal styrkje forskingsaktiviteten gjennom spesielt å satse på fem sentrale kjerneområde der instituttet har som mål å ha eit godt internasjonalt forskingsnivå. Instituttet må auke den vitenskaplege publiseringa og delta meir aktivt i internasjonale forskingsnettverk, m.a. gjennom EU-prosjekt.

Jordforsk skal vere marknadsorientert og knytte sin aktivitet opp til kunnskapsutvikling for forvaltning og næringsliv. Instituttet skal styrkje si rolle som fagleg kunnskapsleverandør i samfunnsdebatten og styrkje forskingsformidlinga. Målet er eit økonomisk resultat på 5 pst. av omsetninga og å oppretthalde ein eigenkapitalandel på over 40 pst. Jordforsk og Planteforsk har teke opp ideen om ei samanslåing av institusjonane, jf. kategoriomtalen. Samarbeidet med Planteforsk skal styrkjast ytterlegare.

Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF), jf. òg kap. 1140 post 50

NILF er eit forskings-, utgreiings- og dokumentasjonsmiljø som skal medverke til høgt kunnskapsnivå i samfunnet og til eit solid grunnlag for økonomiske og landbrukspolitiske avgjerder knytt til produksjon, foredling og omsetning av landbruksprodukt. Instituttet skal vere leiande innanfor næringsøkonomi og føretaksøkonomi i landbruket og landbruksbasert industri.

Rapport 1999

NILF har i 1999 intensivert arbeidet med kompetanseutvikling. Instituttet fekk i 1999 innvilga sitt tredje strategiske instituttprogram, *Nye rammevilkår for næringsmiddelindustrien*. Prosjekttilgangen i 1999 var god, og drifta ga eit overskott på 2,6 mill. kr. Omsetninga i løpet av året var på 37,9 mill. kr, og det blei utført 25 FoU-årsverk. Av forskarar med hovudstilling i NILF hadde 7 doktorgrad, og det var 3 doktorgradsstipendiatar med arbeidsplass på instituttet, samt at 3 andre arbeider med doktorgraden. Det er publisert 4 artiklar i internasjonale tidsskrift med refereeordning.

Målsetjing 2001

Forskningsverksemda til NILF må ta utgangspunkt i skisserte mål og oppgåver for instituttet. Det er viktig at NILF orienterer seg etter marknaden og held oppe kompetansen innanfor felt der ein kan rekne med at forskning og utgreiing vil bli etter-

spurd. NILF si verksemd må byggje vidare på kjerneområda føretaksøkonomi og nasjonal og internasjonal landbrukspolitikk. Samtidig er det behov for auka kunnskap om rammevilkår og økonomiske samanhenger i heile matvarekjeda. Departementet treng auka kunnskap om prisfastsetjinga på mat og råvarer til mat i Noreg og i nabolanda for å følgje konkurransesituasjonen mellom dei ulike ledda. Departementet føreset derfor at FoU relatert til matvareindustrien og matvaremarknaden vil utgjere ein veksande del av NILF si verksemd. Dette gjeld både oppdrag frå departementet og frå aktørar i matvaremarknaden, jf. St.meld. nr. 19 (1999-2000).

Norsk institutt for planteforskning (Planteforsk), jf. òg kap. 1112 postane 51 og 52

Planteforsk skal utvikle og formidle kunnskap som grunnlag for ein konkurransekraftig, verdiskapande produksjon og ei berekraftig forvaltning av naturressursane. Kunnskapen skal styrkje grunnlaget for verksemd i distrikta, sikre miljøet og ivareta etiske og estetiske verdiar i samfunnet.

Rapport 1999

Planteforsk si omsetning var i 1999 på om lag 196,2 mill. kr. Drifta ga eit overskot på 4,0 mill. kr. Om lag 13 pst. av omsetninga kom frå næringslivet. Det blei utført 142 FoU årsverk, i alt 91 personar hadde doktorgrad, og det blei knytt 20 stipendiatar til instituttet. Det blei godkjend 2 strategiske instituttprogram i 1999. Planteforsk fikk publisert 32 artiklar i tidsskrift med refereeordning, tilsvarande 0,23 artiklar pr. FoU-årsverk. Samarbeidet med Jordforsk blei intensivert i 1999.

Målsetjing 2001

Planteforsk skal vere leiande i bruksretta forskning og utvikling i planteproduksjon, eit nasjonalt kompetansesenter i plantefaglege spørsmål og skaffe fram kunnskap som medverkar til konkurransekyktig planteproduksjon, miljøvenlege produksjonsformer og forsvarleg bruk av naturgrunnlaget.

Planteforsk engasjerer seg i *Handlingsplan for redusert risiko ved bruk av plantevernmiddel*, og skal fortsett spele ei nøkkelrolle i å skaffe fram kunnskap og i formidling. Planteforsk har òg viktige oppgåver i satsinga på plantehelse. Samarbei-

det med Jordforsk skal styrkjast ytterlegare, jf. kategori 15.20.

Økologisk landbruk er eit satsingsområde som skal utviklast vidare i samarbeid med NOR-SØK.

Norsk institutt for skogforskning (NISK), jf. òg kap. 1142 post 50 og 52

NISK skal vere ein leiande forskingsinstitusjon innan fagområde knytt til skog. Instituttet skal styrkje det vitenskaplege grunnlaget for ei berekraftig forvaltning av skogressursane, verdiskaping basert på skog og miljøinnsats i skog. Innan utvalde område skal NISK vere på eit høgt internasjonalt nivå.

Rapport 1999

Omsetninga ved instituttet i 1999 var 78,4 mill. kr, der omlag 5 pst. av inntektene kom frå næringslivet. Årsrekneskapen viste eit resultat på -0,3 mill. kr. NISK har 6 strategiske instituttprogram, eit av dei i samarbeid med Planteforsk. I 1999 blei det utført 64,2 FoU-årsverk. 42 tilsette i hovudstilling hadde doktorgrad. Av desse tok 5 doktorgraden i 1999. 13 stipendiatar var knytt til instituttet. Det blei publisert 39 artiklar i tidsskrift med refereeordning, tilsvarande 0,6 artiklar pr. FoU-årsverk.

Målsetjing 2001

Forskningsverksemda ved instituttet tek utgangspunkt i Strategisk plan 2001-2004. Instituttet skal halde oppe høg kompetanse innan ressursforvaltning, der den tradisjonelle skogforskninga står sterkt. Miljøinnsats i skogbruket er òg eit viktig område som er nært knytt opp til god ressursforvaltning. Instituttet skal styrkje sin kompetanse og sitt arbeid når det gjeld verdiskaping og nye måtar å nytte trevirke og skogprodukt på. Dei faglege satsingsområda skal utviklast vidare for å betre grunnlaget for instituttet si verksemd. Det er ei viktig utfordring å betre økonomien ved instituttet, jf. kap. 1142.

Veterinærinstituttet (VI), jf. òg kap. 1112 post 50

Veterinærinstituttet er ein vitenskapelig forskings- og kompetanseinstitusjon innan laboratoriediagnostikk, og - analyse, epidemiologi, førebyggjande helsearbeid og sjukdomskontroll. Verksemda omfattar næringsmiddel, husdyr, fisk, vilt og fôr.

Rapport 1999

Omsetninga var omlag 142 mill. kr med eit driftsresultat på om lag 9 mill. kr. Næringslivet stod for om lag 10 pst. av omsetninga. Veterinærinstituttet deltek i strategiske instituttprogram og strategiske universitetsprogram innan sjukdom hos marine artar, allergenanalysar, risikovurderingar, økologisk infeksjonskontroll og DNA-vaksinar. Det vart utført om lag 100 FoU-årsverk.

Av dei tilsette hadde 71 personar doktorgrad. Meir enn 30 forskarar arbeide med dr.grad. To kandidatatar forsvarte dr. avhandlinga si i 1999. Det blei publisert 47 artiklar i tidsskrift med referee-ordning, tilsvarande 0,5 artiklar pr. FoU-årsverk.

Målsetjing 2001

Det er eit overordna mål at forskingsverksemda ved Veterinærinstituttet skal aukast. Veterinærinstituttet skal særleg leggje vekt på forskning innan områda:

- zoonosar (infeksjonssjukdommar som kan overførast frå dyr til menneske)
- diagnostikk av sjukdommar hos dyr, fisk og skjel
- påvising og karakterisering av smitteemne og framandstoff i fôr og mat
- GMO
- Risikovurderingar og kost-nytte vurderingar

Endringane i rammvilkåra for internasjonal handel med dyr og dyreprodukt kan føre til auka risiko for innførsel av smittestoff og framandstoff. Dette vil krevje forskning med sikte på betre diagnostiske, analytiske og epidemiologiske metodar. Internasjonalt samarbeid og deltaking i internasjonale forskingsprosjekt skal framleis vektleggast sterkt.

Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK)

Stiftelsen NORSØK er eit nasjonalt kompetansesenter innanfor økologisk landbruk, som gjennom forskning, utvikling, rådgjeving og informasjon skal arbeide for å fremme utviklinga av økologisk landbruk. Instituttet samarbeider med NVH, NLH, Jordforsk, Veterinærinstituttet og NILF, og har etablert ein samarbeidsavtale med Plante-forsk. NORSØK har sekretariatsfunksjonen for Forskingsutvalet for økologisk landbruk.

Rapport 1999

Omsetninga i 1999 var på 10,7 mill. kr med eit overskott på 0,1 mill. kr. Det blei utført 12 årsverk av forskarar og anna faglege personale. Instituttet hadde 2 tilsette med doktorgrad og 2 stipendiatar. Det blei publisert 2 artiklar i tidsskrift med referee-ordning som svarar til 0,17 artiklar pr. FoU-årsverk.

Målsetjing 2001

NORSØK skal arbeide vidare med å styrkje den forskingsfaglege kompetansen og auke samarbeidet med andre FoU- institusjonar både nasjonalt og internasjonalt for gjensidig utnytting av spesialkompetanse. Andelen strategiske instituttprogram og oppdragsmengde generelt må aukast. Talet på internasjonale artiklar bør aukast og det skal arbeidast aktivt for å bli med i fleire prosjekt innanfor EU sitt 5. rammeprogram. NORSØK skal prioritere 3 fagområder, jf. Strategiplanen. Vidare skal nasjonale oppgåver og støtte til forvaltning og brukarar styrkjast. Rolla som kompetansesenter og opplæringscenter innan økologisk landbruk skal òg styrkjast.

Senter for bygdeforskning (SFB)

SFB er eit nasjonalt senter for bygdeforskning. Senteret skal gjennom forskning og utviklingsarbeid gi fakta, analysar, idear og ny kunnskap som kan vere med å løyse problem og skape ei positiv utvikling i bygde-Noreg. SFB har eit nasjonalt ansvar for å utvikle og ta vare på ein teoretisk og metodisk grunnleggjande forskingskompetanse innan bygdesosiologi.

Rapport 1999

Omsetninga var i 1999 på 17,5 mill. kr, ein auke på om lag 25 pst. frå 1998. Resultatet var på 0,6 mill. kr. Det blei utført 21 FoU-årsverk. SFB hadde 7 tilsette med doktorgrad og til saman 8 personar på doktorgradutdanning. Det blei publisert 7 artiklar i tidsskrift med referee-ordning, tilsvarande 0,33 artiklar pr. FoU-årsverk.

Målsetjing 2001

SFB skal vidareutvikle og styrkje kompetansen sin innan anvendt bygdesosiologi. Det skal leggast vekt på kunnskapsutvikling og formidling innan felta:

- næringsutvikling og sosiale endringsprosessar knytt til bygder og landbruk i omstilling
- berekraftig bruk og forvaltning av naturressursar i kyst- og bygdesamfunn
- næringsmiddelindustrien og lokal foredling av matvarer frå naturbaserte næringar
- matproduksjon, forbrukarspørsmål og miljø i eit nasjonalt og internasjonalt perspektiv
- bygdeutvikling med fokus på rekruttering og kjønnsprosmål

SFB skal oppretthalde og vidareutvikle sitt omfattande samarbeid med nasjonale og internasjonale forskingsinstitusjonar, m.a. ved deltaking i fleire komparative prosjekt i Norden og Europa.

Underpost 51.11 Grunnløyvingar til forskingsinstitutt

Grunnløyvingane skal gå til formål som er sentrale for institutta si forskning, slik som langsiktig kompetanseutvikling, fagleg fornying, rekruttering, forskning innan institutta sine kjerneaktivitetar, vitskapleg utstyr og andre infrastrukturkostnader til drift, publisering, formidling og deltaking i nettverk.

Underpost 51.12 Strategiske instituttprogram

Landbruksdepartementet ser på strategiske program ved institutt- og universitet/ høgskeolar som eit viktig verkemiddel for å medverke til målretta, grunnleggjande og brukarretta forskning og langsiktig kompetanseoppbygging i forskingsmiljøa,

slik at dei kan utviklast til gode reiskap for forskning, forvaltning og næringsliv. Vidare vil ein gjennom strategiske program medverke til ei god arbeidsdeling og samarbeid mellom FoU-miljøa med sikte på arbeid på tvers av ulike fag- og institusjonsgrensar og betre utnytting av spisskompetanse. Instituttprogramma skal vere retta inn mot dei fem innsatsområda i *Langtidsplanen for landbruksforskninga*.

Underpost 51.13 Nasjonale oppgåver

Løyvinga skal dekkje utgifter knytt til NISK, Plan-teforsk, NORSØK og Jordforsk som gjeld bibliotek, referansesamlingar, deltaking i internasjonale organisasjonar og utgreiingsoppgåver.

Det er sett av midlar til medlemskap i Nordiske jordbruksforskeres forening (NJF). NJF er eit forum for personar som er knytte til landbruksvitskapleg forskning, undervisning og rettleiing i Norden. Målet er å fremme jordbruksforskninga og formidle resultata gjennom utvikling av samarbeid mellom jordbruksforskarar i Norden.

Underpost 51.14 Investeringsstøtte

Forsøksstasjonen på Averøy blei kjøpt tilbake i 1996 basert på ein avtale mellom Noregs forskingsråd og eigedomsselskapet AKVAFORSK AS og finansiert med tilskott frå Forskingsrådet. Løyvinga skal dekkje Forskingsrådet sitt tilskott. Det er sett av 2 mill. kr til dette i budsjettforslaget for 2001.

Programkategori 15.30 Næringsutvikling, miljø og arealforvaltning

Utgifter under programkategori 15.30 fordelt på kapittel:

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert bud- sjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
1140	Miljø- og næringstiltak i jordbruket	51 774	49 388	51 180	3,6
1142	Miljø- og næringstiltak i skogbruket	152 847	162 676	148 088	-9,0
1143	Statens landbruksforvaltning (jf. kap. 4143)		153 358	165 159	7,7
1144	Meirverdiavgiftskompensasjon			250 000	
1145	Jordskifteverket (jf. kap. 4145)	132 690	130 202	132 777	2,0
1146	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (jf. kap. 4146)	68 001	58 594	58 001	-1,0
1147	Reindriftsforvaltninga (jf. kap. 4147)	40 913	41 085	37 556	-8,6
1148	Naturskade - erstatningar og sikring	41 152	43 910	60 083	36,8
1150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m. (jf. kap. 4150)	12 537 908	12 978 343	12 522 008	-3,5
1151	Til gjennomføring av reindriftsavtalen	80 525	80 000	83 000	3,8
1161	Statskog SF - forvaltningsdrift	31 618	23 717	23 210	-2,1
2411	Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (jf. kap. 5311)	371 524	386 500	406 500	5,2
2472	Statens Kornforretning	21 534			
Sum kategori 15.30		13 530 486	14 107 773	13 937 562	-1,2

Inntekter under programkategori 15.30 fordelt på kapittel:

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert bud- sjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
4143	Statens landbruksforvaltning (jf. kap. 1143)		8 388	24 088	187,2
4145	Jordskifteverket (jf. kap. 1145)	8 132	14 802	15 247	3,0
4146	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (jf. kap. 1146)	28 143	15 786	16 261	3,0
4147	Reindriftsforvaltninga (jf. kap. 1147)	2 361	1 540	1 586	3,0
4150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen (jf. kap. 1150)	195 014	92 300	121 000	31,1
5311	Statens nærings- og distriktsutviklingsfond, lån til landbruksformål (jf. kap. 2411)	360 736	310 438	330 752	6,5

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert bud- sjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
5545	Miljøavgifter i landbruket	143 716	60 000	60 000	0,0
5571	Totalisatoravgift	79 073	80 000	98 000	22,5
	Sum kategori 15.30	817 175	583 254	666 934	14,3

Omtala under kategorien er delt mellom verkeområda *arealforvaltning og næringsutvikling og miljø* med separat omtale av mål, status og verke-middel på kvart område.

Løyvingane under kategorien siktar mot å ta vare på og nytte ressursgrunnlaget i landbruket og i bygdene. Hovudmålsetjingane er knytt til verdiskaping, sysselsetjing og miljøomsyn i tråd med prinsipp for berekraftig utvikling og langsiktig ressursforvaltning.

1. Arealforvaltning

Innleiing

Areal er eit viktig grunnlag for all landbruksproduksjon. Ei langsiktig arealforvaltning som medverkar til at verdifulle areal ikkje byggjast ned, er nødvendig for at landbruket skal kunne drivast på dei areal og i dei klimasoner som er høver best for mat- og virkesproduksjon. I St.meld. nr. 19 (1999-2000) *Om norsk landbruk og matproduksjon* og Stortinget si behandling av denne er det påpeika at ivaretaking av ressursgrunnlaget – jordvernet – er like mye eit samla samfunnsansvar og eit ansvar for dei einskilde arealbrukande sektorane, som eit sektoransvar for landbruksforvaltninga. Det er dei langsiktige verknadene for arealressursane som må vere avgjerande for om ein skal godta at landbruksareal blir nytta til andre formål. I samsvar med jordlova, St.meld. nr. 29 (1996-97) *Regional planlegging og arealpolitikk* og St.meld. nr. 19 (1999-2000) *Om norsk landbruk og matproduksjon* skal det praktiserast eit strengt jordvern både i eit regionalt og nasjonalt perspektiv. Dei beste areala må ha det sterkaste vern i kvar region.

Storleiken på og den fysiske utforminga av eigedomane og driftseiningane er saman med eigartilhøva viktige grunnlag for sysselsetjing, busetjing og verdiskaping i landbruksområda. Berekraftig bruk av areal- og naturressursane er og eit sentralt element i den samla velferds- og busetjingspolitikken, jf. m.a. St.meld. nr. 17 (1998-99) *Verdiskaping og miljø-muligheter i skogsektoren*, St.meld. nr. 19 (1999-2000) *Om norsk landbruk og matproduksjon* og Stortinget si behandling av desse.

Status

Storparten av areala i Noreg blir nytta i samband med jord- og skogbruksverksemd samt reindrift. Forvaltninga av desse areala har mykje å seie for verdiskaping og næringsutvikling i dei fleste kommunane. Mange endringsprosessar i samfunnet får konsekvensar for landbruket si næringsdrift og for ressursgrunnlaget.

Sjølv om landbruksforvaltninga no er i betre inngrep med dei viktigaste planprosessane enn tidlegare, blir det i mange tilfelle ikkje tatt tilstrekkeleg omsyn til landbruket i fylkesplanar, kommuneplanar, konsekvensutgreiningar og verneplanar. Med høg økonomisk vekst og sentralisering av befolkning og næringsliv, er det eit sterkt press for å ta landbruksareal i sentrale strom i bruk til anna formål.

Det har vore lagt vekt på arealpolitikk og jordvern i lengre tid. Trass i dette blir det nedbygd store landbruksareal i heile landet og ikkje minst i dei beste klimasonene. Tilgjengeleg statistikk frå dei seinare åra viser at det kvart år blir bygd ned nærare 20000 daa landbruksjord. Held ein fram med nedbygging i same omfang, og like mye av nedbygginga går ut over areal eigna til korndyrking, vil dette få alvorlege følgjer for landet si framtidige sjølvforsyningsgrad av matkorn. Nydyrkinga er av om lag samme storleik, men finn i stor grad stad i område der ein ikkje kan dyrke matkorn. Departementet er derfor bekymra over nedbygginga av landbruksareal.

Utbyggingstiltak, som offentleg veg, jernbane, bustadar, industri m.m., påverkar i særleg grad eigedomsstrukturen. Den endrar seg vidare gjennom oppdeling, omforming (jordskifte) og samanslåing. På landsbasis har hovudtrekka dei seinare åra vore stabilitet i saksmengde, saksavvikling og sakstilgang. Resultata i 1999 viser tilbakegang på om lag 10 pst. Dette er ei følgje av reisestoppen som blei innført i andre halvdel av 1998. Restansane i 1999 er om lag som i 1998, jf. kap. 1145.

I St.meld. nr. 19 (1999-2000) fekk arealforvaltning brei omtale. Det er lagt vekt på at kostnadsnivået i jordbruket må ned. Det er på denne bak-

grunnen vist til at det er behov for verkemiddel som kan virke inn på bruksstrukturen for å styrkje ressursgrunnlaget på einingane. Det vil her oppstå konflikthar knytt til mål om ønskt balanse mellom busetjing og eigar- og bruksstruktur. I St.meld. nr. 19 (1999-2000) blei det vidare foreslått å oppheve statens forkjopsrett. Det er forutsett at bortfallet i forkjopsretten er erstatta med økt aktivitet knytt til frivillig bruksrasjonalisering. Det er òg forutsett at moglegheitene for å avslå konsesjonsøknader og setje konsesjonsvilkår blir styrkt. I St.meld. nr. 19 (1999-2000) blei det m.a. òg foreslått å heve grensene for konsesjonsplikt på eigedom som det er bygd på og å heve grensene for odelseigedom. Innhaldet i buplikta er og foreslått endra.

Departementet har sett i gang arbeidet med å følgje opp forslaga i St.meld. nr. 19 (1999-2000). Arbeidet blir sett i eit perspektiv fram til 2003. Innanfor dette tidsperspektivet vil delar av lovgivinga bli behandla raskt. Dette gjeld forkjopsretten, arealgrensene i konsesjonslova og odelslova og innhaldet i buplikta. Dei andre forslaga vil bli utarbeidd seinare i samband med ein generell gjennomgang av konsesjonslova.

Bruksstrukturen endrar seg gjennom omsetning av eigedomar eller delar av eigedomar som tilleggsjord, ved leige og gjennom jordskifte. Leigearealet aukar i alle fylke og er for mange ein viktig del av arealgrunnlaget. Mange leigeavtalar er kortsiktige og skaper uvisse for langsiktig drift. I St.meld. nr. 19 (1999-2000) ga departementet uttrykk for at det er ønskjeleg å styrkje leigetakaren si stilling for å sikre produksjonsgrunnlaget som drifta baserer seg på. Departementet foreslo at det blir lagt til rette for at avtaler om bortleige skal vare i minst 10 år. Det blei og foreslått at ein skulle gå gjennom avtalelovgivinga med sikte på forslag til reglar som kan førebygge eller redusere konflikthar mellom avtalepartane. Departementet vil òg følgje opp disse forslaga.

Statistikk og gjennomgangen av praktiseringa ved bruken av kvart enkelt verkemiddel etter jord- og konsesjonslovgivinga blei presentert i St.meld. nr. 35 (1999-2000).

Det har vore forska lite på verknaden av dei juridiske verkemidla i jord-, konsesjons- og jordskiftelovgiving. Det er behov for forskning på dette området. Departementet arbeider vidare med å få til dette.

Revidert jordskiftelov trådte i kraft 01.01.99. Gjennom lovrevisjonen blei jordskifteretten sin kompetanse til å halde skjønn vesentleg utvida. Dette gjeld særleg heimlane til å halde skjønn i samband med offentlege utbyggingstiltak og

offentleg rettsleg regulering av eigarrådvelde. I slike høve blir skader og ulemper - så langt råd er - erstatta med areal og rettar. Revisjonen inneber såleis ei markert utviding av ordninga med arealbytte som alternativ til pengeerstatning når det offentlege t.d. skal kjøpe eller oreigne areal til utbyggingstiltak, eller regulere eigarrådvelde, jf. kap. 1145. Årsrapporten frå Jordskifteverket i 1999 viser ei jamn mengd saker med ventetid på om lag 2,5 år, jf. kap. 1145. Måla var å få redusert baa, noko ressursane ikkje tillet. I årsrapporten frå Norsk institutt for jord og skogkartlegging (NIJOS) for 1998 er det ikkje rapportert om nemneverdige avvik frå måla.

Mål og tiltak

Hovudmålet for arealforvaltninga er å støtte opp under hovudmåla i landbrukspolitikken gjennom å sikre areal som grunnlag for ein varig landbruksproduksjon, og å forvalte arealressursane for å fremme verdiskaping, busetjing og sysselsetjing. Delmåla er å:

- ha eit sterkt og langsiktig ressurs- og jordvern, som blir praktisert strengast for dei mest produktive areala,
- medverke til ein rasjonell eigedoms- og drifts-einingsstruktur,
- forvalte arealressursane slik at busetjinga i distrikta blir oppretthalde,
- ivareta landbruket sine interesser og verdiar gjennom ei aktiv deltaking i samfunnsplanlegginga og
- ha ein velfungerande særdomstol for jordskifte, rettsfastsetting og skjønn.

Samfunnsplanlegging

Dei fleste vedtak om nedbygging av areal som landbruksnæringa forvaltar, blir fatta av kommunane etter plan- og bygningsloven. Kommunane har derfor eit stort ansvar for å følgje opp dei nasjonale måla i arealpolitikken og dette må skje etter rettleiing frå landbruksstyresmaktene på fylkesnivå. Landbruket yter viktige bidrag til utviklinga av lokalsamfunnet og er ein grunnpilar i distrikta, men landbruksnæringa er og avhengig av at samfunnet ser at landbruket er ei næring i utvikling og legg forholda til rette for dette.

Verkemiddel for eit sterkare jordvern

I St.meld. nr. 19 (1999-2000) fokuserer ein på at det har vore lagt vekt på jordvern i arealpolitikken i lang tid. Likevel byggjer ein stadig ned mye pro-

duktive areal i heile landet og ikkje minst i dei beste klimasoner, der jord har potensiale for matkorndyrking. Det er ei stor utfordring å hindre og redusere nedbygging av dei mest produktive areala. Departementet har grunn til å tro at utan sterkare verkemiddel vil truleg arealavgangen halde seg oppe eller auke. Behandlinga av St.meld. nr. 19 viser at det er brei semje om at departementet må setje i verk ein gjennomgang av lovverket for å sikre jordvernet. Departementet vil spesielt sjå på moglegheita for å forslå endringar i plan- og bygningslova i samanheng med det pågåande arbeide med å revidere denne lova.

Jordsmønnet er saman med ressursar som luft og vann det viktigaste grunnlaget for all biologisk produksjon og mangfald. Jordressursen blir difor ein grunnleggjande faktor for å tilfredsstillе menneskelege behov på kort og lang sikt. Det var brei politisk semje ved behandlinga av meldinga om at vern om jordsmønnet må integrerast som ein del av miljøvernpolitikken.

Dokumentasjon

Det er ofte eit problem at landbruket sine interesser og verdiar ikkje er godt nok dokumentert i forkant av planprosessane. For ein effektiv verkemiddelbruk retta mot å nå dei mål Stortinget har fastsett, er oversikt over arealavgang og kva type areal som blir nedbygd viktig. Departementet har derfor starta arbeid med ressurskart som kan syne produksjonspotensialet for landbruksareala. Dette skal, saman med betre rutiner for å registrera omdisponering av areal, gi meir relevant statistikk. Departementet samarbeider med NIJOS og SSB om dette.

Engasjement i byplanlegging

Mange kommunar legg ut større areal til bustad- og næringsformål enn dei reelt sett treng, og slike areal blir ofte ikkje godt nok utnytta. By- og tettstadsplanlegging er derfor viktig for å økonomisere med areal. Det er viktig at landbruksstyremaktene er med og sett krav til effektiv arealutnytting i kommuneplanar og reguleringsplanar. I Rogaland har til dømes fylkesmannen delteke aktivt i arbeidet med Fylkesdelplan for langsiktig byutvikling på Jæren. Planen legg opp til å finne gode langsiktige heilskapsløysingar på tvers av kommunegrensene i ti kommunar.

Departementet deltar i eit treårig prosjekt om fortetting saman med Miljøverndepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet og seks kommunar. Målet er å få betre samsvar mellom

bygging og planar. I fleire land i Europa er jordskifte, gjennom arealbytte og utjamning av utbyggingsverdiar, eit sentralt verkemiddel i by- og tettstadsutviklinga. Jordskifte blir derfor teken opp og vurdert som eit nytt verkemiddel i fortettingsprosjektet. Prosjektet blir avslutta i 2000 og resultatata vil liggje føre i 2001.

Utarbeiding av kommunevise landbruksplanar

Landbruksdepartementet har laga ein rettleiar for kommunevise landbruksplanar, der det framgår at kommunane bør starte ein planprosess for å skape engasjement og interesse for utvikling av landbruksnæringa. Landbruksplanen kan vere eit sektorinnspel til kommuneplanlegginga etter plan- og bygningslova, slik at landbruket blir sett i ein samfunnsmessig heilskap. Planen kan medverke til å setje landbruket på dagsordenen i kommunen, og vise kva for verdiar og interesser næringa står for. Ein landbruksplan vil og vere eit verkemiddel for kommunen som landbruksstyresmakt. Departementet ser det som viktig at fleire kommunar utarbeider landbruksplanar og legg vekt på at Fylkesmannen rettleiar og formidlar røynsle mellom dei kommunane som er i gang med arbeidet.

Arbeid med verneplanar

Landbruksforvaltninga har som mål å samordne vern med omsynet til utnytting av naturressursane, gjennom at landbruket sin bruk og utnytting av naturressursane blir dokumentert og tatt omsyn til når ein sett opp verneføresegner og forvaltningsplanar, og at det ikkje blir lagt unødige hinder for landbruksdrift. I mange høve er det ønskeleg at landbruket si utnytting av ressursane held fram. Ved å gjennomføre ein god planprosess og leggje til rette for lokal forvaltning av dei områda som blir verna, vil ein medverke til å dempe motsetningar mellom styresmaktene og lokalsamfunnet. Ved å gi eit område status som nasjonalpark, kan ein auke potensialet for næringsutvikling knytt til turisme, reiseliv og anna tenesteyting. Også landbruksnæringa kan ta del i disse moglegheitene, dersom verneføresegner og forvaltningsplanar legg forholda til rette for det.

Etter revisjonen av jordskiftelova i 1998, kan jordskifteretten gjennomføre arealbytter slik at vernetiltaka fell på offentleg eigd grunn. Dette kan redusere dei negative verknadene av vernetiltaka for privat næringsverksemd tufta på dei verneverdige ressursane.

Juridiske verkemiddel i forvaltninga

I St.meld. nr. 19 (1999-2000) blei det gjort framlegg om å oppheve statens forkjøpsrett. For m.a. å få eit auka utbod av landbrukseigedomar blei det gjort framlegg om å heve arealgrensene for konsesjonsplikt på eigedom som det er bygd på, og å heve grensene for odelseigedom. Regjeringa la vidare stor vekt på å sikre busetjinga på landbrukseigedomar og kom med fleire forslag om å trekke dette omsynet meir inn i lovverket. I landbruksmeldinga blei vidare problem knytt til jordleige tatt opp. Det blei m.a. gjort framlegg om å regulere jordleige slik at leigetakaren i større grad enn i dag får tryggleik for framtidig drift.

Departementet har sett i gang arbeidet med å følge opp forslaga i landbruksmeldinga. Arbeidet blir sett i eit perspektiv fram til 2003. Innanfor dette tidsperspektivet vil delar av lovgivinga bli behandla raskt. Dette gjeld forkjøpsretten, arealgrensene i konsesjonslova og odelslova og innhaldet i buplikta. Høyringsnotat om desse endringane blei sendt ut sommaren 2000, og departementet tar sikte på å fremja ein odelstingsproposisjon om disse endringane i haust. Dei andre forslaga vil bli utarbeidd seinare i samband med ei generell gjennomgang av konsesjonslova og jordleigeproblematikken.

Dei juridiske verkemidla i jord- og konsesjonslova er viktige for bruksstrukturen, også gjennom den indirekte verknaden disse verkemidla har med tanke på å få til frivillige rasjonaliseringar. No når forkjøpsretten blir oppheva, har fleirtalet i Stortinget forutsett at moglegheitene for å avslå konsesjonssøknader og å sette konsesjonsvilkår om avståing blir styrkt, jf. Innst. S. nr. 167 (1999-2000). Innanfor gjeldande regelverk ligg det moglegheiter til å føre ein noko strengare praksis enn til no i slike saker. Departementet forutset at kommunane, fylkeslandbruksstyret og Statens landbruksforvaltning følgjer opp ein slik praksis.

Departementet meiner det er særskild viktig å drive informasjon om følgjene av urasjonell bruksstruktur for på den måten å få i stand frivillig sal av landbrukseigedom. Fleire fylkesmannsembete har auka aktiviteten i arbeidet med frivillig jordformidling. Vidare blei Fylkesmannen i Møre og Romsdal tildelt kr 150 000 i 2000 for vidareføring av jordformidlingsprosjektet i fylket. Vidareføringa av prosjektet vil gå over 3 år. Ved vidareføringa vil det bli lagt vekt på å skaffe og prøve ut kunnskap om den praktiske oppfølginga for å få i stand frivillig eigedomsomsetning.

Landbruk er eit viktig fundament for busetjinga i distrikta. Arbeidet med å få til ein

kostnadseffektiv bruksstruktur er derfor viktig for å halde oppe busetjinga. Av omsyn til busetjinga kan det likevel vere riktig å oppretthalde mindre bruk sjølv om dei ikkje gir nok inntekter til å leve av og sjølv om kostnadsomsyn tilseier noko anna. Buplikta er med på å oppretthalde busetjinga i distrikta. Ein må rekne med at ei endring i innhaldet i buplikta òg vil virke positivt for busetjinga. Omsynet til busetjinga er viktig for vurderinga av søknad om fritak frå buplikta.

Jordskifte - jordskifterettane

Dei juridiske verkemidla jordskifterettane kan bruke, fører til betre eigedomsstruktur, klarare rettstilhøve for fast eigedom og auka bruk av grunn som erstatning ved ekspropriasjon. Jordskifteretten arbeider berre med lovfesta oppgåver. Dei står til rådvelde for dei som har heimel til å krevje sak, når dei ikkje når fram på minneleg vis. I det alt vesentlege kjem krava frå privatpersonar som eig areal eller har bruksrett.

I dei seinare åra har erfaringar frå dei fleste land i Europa og evalueringsrapportar i Noreg, jf. *"Silkoseutvalet"* og *"Rødsmoenutvalet"* halde fram jordskifte sine føretrinn ved utbyggingstiltak. Det vises i denne samanheng til grunnervervet i samband med Gardermoutbygginga og til grunnervervet i samband med Rena leir, Rødsmoen. Jordskifteretten sine mål og verkemiddel er vidare omtalt under kap. 1145.

Naturressursdata

Det er viktig å ha tilgang til kart- og geodata av tilstrekkeleg kvalitet for arealplanlegging og andre vurderingar. I første rekkje er det eit oppdatert økonomisk kartverk som trengst som ressurgrunnlag for all arealbasert verksemd.

Oppbygging av kartdatabasar i geografiske informasjonssystem (GIS) med standardiserte data er viktig for rasjonelt arbeid framover. Samordning av datainnsamling og ajourføring er nødvendig for å få best bruk av data på alle tre forvaltningsnivå. Det er komplisert å finne gode løysingar fordi dette er knytt til rettsspørsmål, kostnader og teknologiske utfordringar. Departementet legg stor vekt på å finne gode løysingar i samarbeid med m.a. Miljøverndepartementet.

2. Næringsutvikling og miljø**Innleiing**

Målet med politikkområdet er å sikre eit berekraftig landbruk som gir grunnlag for verdiskaping

og sysselsetjing i alle delar av landet, både i primærproduksjonen og foredlingsindustrien.

Verksemdområdet *Næringsutvikling og miljø* tar sikte på ei heilskapleg landbruksbasert verdiskaping der ein ser dei tradisjonelle landbruksnæringane i samanheng med nye næringstiltak. Samtidig blir fokus i mat - og landbrukspolitikken retta mot heile verdikjeda, frå produsent via foredlingsleddet til forbrukar, slik at den samla effekten av arbeidet blir best mogleg.

Regjeringa legg St.meld. nr. 19 (1999-2000) og Stortinget si behandling av meldinga til grunn for landbrukspolitikken framover. Meldinga legg vekt på landbruket sitt samla bidrag til samfunnsnytte på kort og lang sikt. Regjeringa legg til grunn at landbruket i tråd med samfunnet sine behov skal produsere helsemessig trygg mat av høg kvalitet med bakgrunn i forbrukarane sine preferanser, produsere andre varer og tenester med utgangspunkt i næringa sine samla ressursar og produsere fellesgode som livskraftige bygder, eit breitt spekter av miljø- og kulturgode, og sikre ei langsiktig matforsyning.

Regjeringa legg til grunn at ei attraktiv landbruksnæring og aktiv matproduksjon over heile landet er eit viktig grunnlag for å få løyst sentrale samfunnsoppgåver på ein god måte. Det er understreka at næringa skal ha inntektsmoglegheiter og sosiale vilkår på linje med andre. Regjeringa legg vekt på at yrkesutøvarane i landbruket er sjølvstendig næringsdrivande. Næringa si eigen tilpassing har avgjerande innverknad på den faktiske inntektsutviklinga. Det er avgrensingar i handlingsrommet for inntektsdanning framover. God utnytting av marknadsmoglegheitene, auka mangfald, ein balansert marknad, strukturelle endringar og fornuftige kostnadstilpassingar vil i aukande grad ha tyding for inntektsutviklinga.

Forsking og utvikling er òg eit sentralt verkemiddel i arbeidet for å nå dei landbrukspolitiske måla. Ny og høg kompetanse er m.a. viktig for ei positiv distriktsutvikling. For nærare omtale av den landbruksrelaterte forskinga viser ein til programkategori 15.20.

Landbrukspolitikken skal leggje til rette for eit berekraftig landbruk som tar omsyn til natur, kultur og miljø. Ei nærare omtale av miljøpolitikken sin funksjon i den generelle landbrukspolitikken er gitt nedanfor.

Med grunnlag i situasjonen og utviklinga i næringa, måla for landbrukspolitikken og internasjonale rammevilkår gjennomførast næringspolitikken i jordbruket, skogbruket og reindrifta gjennom eit sett med økonomiske, juridiske og admi-

nistrative verkemiddel. Nedanfor er det gitt ei oversikt over mål, status og verkemiddelbruken.

Miljø

For å møte utfordringane og målsetjingane om eit berekraftig landbruk, må landbrukspolitikken ha eit heilskapleg perspektiv der miljøomsyna er integrert i alle delar. Departementet legg opp til auka bruk av økologiske driftsmetodar i landbruket, og å sikre ein kostnadseffektiv produksjon av miljøgode. Vidare legg departementet vekt på å utnytte skogsektoren sine moglegheiter for å løyse viktige miljøoppgåver. Skogen er ein fornybar ressurs som kan medverke til utvikling av meir berekraftig produksjon og forbruk.

I tilknytning til budsjettet for 2001, legg departementet fram ein handlingsplan om miljø. Dette inngår som ein del av oppfølginga av St.meld. nr. 58 (1996-97) *Miljøpolitikk for ein berekraftig utvikling*. Miljøhandlingsplanen er eit bindeledd mellom regjeringa sin landbrukspolitikk og miljøvernpolitikk og skal medverke til å gjere landbruket sitt sektoransvar for miljø tydelegare. Miljøhandlingsplanen gir ei samla framstilling og konkretisering av miljøtiltak i landbrukspolitikken mellom anna med utgangspunkt i meldingar til Stortinget, jordbruksoppgjæret 2000 og statsbudsjettet for 2001.

Gjennom arbeidet med handlingsplanen om miljø har ein avdekt eit stort behov for kommunikasjon om miljøverdiane i landbruket, både til næringa sjølv og til resten av befolkninga. Departementet har derfor utvikla ein kommunikasjonsstrategi for å formidla miljøverdiane og korleis ein best skal ivareta disse. Kommunikasjonsstrategien drar m.a. vekslar på erfaringar frå prosjekta i Østfold og Hordaland. Departementet vil følgje opp strategien i 2001 for å auka fokuset på miljøverdiane i landbruket.

Ei arbeidsgruppe under Nordisk Ministerråd har utarbeidd ein strategi for ei berekraftig utvikling i Norden. Strategien er tre delt. Første del omfattar dei tverrgåande innsatsområda; klimaendringar, biologisk mangfald og genetiske ressurser - natur- og kulturmiljø, havet, kjemikalium og matvaretryggleik. Annan del omfattar dei sektorspesifikke områda; energi, transport, jordbruk, skogbruk, fiske, fangst og akvakultur og anna næringsliv. Tredje del omfattar innsatsområda; kunnskapsgrunnlaget, verkemiddel og ressurseffektivitet, nærrområda, deltakinga til det offentlege og lokal Agenda 21.

Strategien har eit 20 års perspektiv for mål og eit fireårig handlingsprogram for perioden 2001–

2004. I handlingsprogrammet fokuserer strategien på prioriterte innsatsområde.

Strategien omfattar fleire ansvarsområde under Landbruksdepartementet og blir eit viktig verkemiddel i gjennomføringa av mat- og landbrukspolitikken. Landbruksdepartementet vil derfor gi oppfølginga av strategien høg prioritet framover, m.a. gjennom utstrekt kontakt og samspel med styresmakter i andre land, Nordisk Ministerråd, andre departement og institusjonar og organisasjonar i Noreg.

Jordbruk

Mål

Retningslinjer og målsetjingar for næringspolitikken i jordbruket er i all hovudsak trekt opp i St.meld. nr. 19 (1999-2000) *Om norsk landbruk og matproduksjon* og Stortinget si behandling av meldinga, jf. Innst. S. nr. 167 (1999-2000). St.meld. nr. 19 (1999-2000) tar utgangspunkt i hovudmålsetjingane for landbruket i St.prp. nr. 8 (1992-93) *Landbruk i utvikling*.

Måla for næringspolitikken i jordbruket kan ein oppsummere slik:

- sikre eit berekraftig landbruk som gir grunnlag for verdiskaping og sysselsetjing i alle delar av landet, både i primærproduksjon og foredlingsindustrien,
- sikre næringsutøvarane moglegheit for inntekt og levekår på linje med befolkninga elles,
- sikre miljøvenleg produksjon der omsynet til kulturlandskapet, kulturminne og biologisk mangfald står sentralt,
- medverke til lågare kostnadsnivå, konkurranseedyktige råvareprisar, rimelegare matvareprisar og ein produksjon som er tilpassa etterspurnaden,
- styrkje rekrutteringa til og likestillinga i næringa og
- auke verdiskapinga frå jordbruksbaserte næringer.

Nedanfor er det gitt ei oversikt over status og verkemiddelbruk på einskilde sentrale område i jordbrukspolitikken slik dei m.a. er trekte opp i St.prp. nr. 82 (1999-2000). Områda dekkjer til saman delmåla ovanfor. For ei meir detaljert oversikt over utviklinga på sentrale område i jordbrukspolitikken viser ein til kap. 3 i St.prp. nr. 82 (1999-2000).

Status og verkemiddel

Kostnadsutviklinga

Kostnadsutviklinga har mykje å seie for inntektsmoglegheitene i jordbruket. Kostnadene i primærjordbruket har auka noko frå 1996 til 1999, m.a. på grunn av auke i forbruket av kraftfôr og ein viss prisauke for kraftfôr fram til 1997. Dei siste åra er det særleg aukande rentenivå som har gjort at kostnadene har auka.

Regjeringa legg til grunn at god utnytting av marknadsmoglegheitene, auka mangfald, ein balansert marknad, strukturelle endringar og fornuftige kostnadstilpassingar i aukande grad vil få tyding for å nå ei rimeleg inntektsutvikling i jordbruket.

Prisutviklinga på matvarer og utviklinga i støttenivået

Prisutviklinga på matvarer har konsekvensar for fordelingspolitikken og for forbrukarane. Det er nødvendig å ta omsyn til konkurransekrafta til næringsmiddelindustrien og forbrukarane sine ønskje og krav. Gjennom Stortinget si behandling av St.meld. nr. 19 (1999-2000) er det trekt opp nye retningslinjer for forbrukarorientering av mat- og landbrukspolitikken. Å leggje større vekt på forbrukarinteressene inneber m.a. å arbeide for lågare matvareprisar.

I perioden sidan 1979 har prisane på matvarer auka om lag som konsumprisindeksen. Regjeringa legg til grunn at skilnadene i matvareprisane mellom Noreg og nabolanda våre blir reduserte. Alle ledda i verdikjeda for matproduksjon må medverke til dette. Frå departementet si side blir det lagt vekt på å utvikle og forbetre dokumentasjonsverktøy for prisdanninga og prisutviklinga i ulike ledd, og for prissamanlikning med nabolanda våre.

Nettoløyingane til jordbruket over statsbudsjettet målt i realprisar var høgast i første halvdel av 1980-åra og blei redusert etter dette fram til 1997. Jordbruksavtaleprisane har òg blitt monaleg reduserte. Ved jordbruksoppgjera i 1998 og 1999 blei både løyvingane over statsbudsjettet og jordbruksavtaleprisane auka noko. I perioden frå 1996 til 1999 har kostnadene i primærjordbruket auka litt. Fram til 1997 var årsaka m.a. auke i forbruket av kraftfôr og ein viss prisauke for kraftfôr. Dei siste åra er det særleg aukande rentenivå som har gjort at kostnadene har auka.

Tabell 2.4 Nominell utvikling i løyvinga (mill. kr) til jordbruket over jordbruksavtalen (kap. 1150 og 4150).

(mill. kr)

År ¹⁾	Utgiftsløyving	Inntektsløyving	Nettoløyving
1975	2 341	308	2 032
1980	5 905	883	5 022
1985	9 319	622	8 697
1990	12 201	787	11 413
1995 ²⁾	11 975	386	11 589
1996	11 943	141	11 802
1997	11 928	109	11 819
1998	12 408	141	12 267
1999	12 537	195	12 342
2000	12 967	88	12 879
2001	12 522	121	12 401

1) Tabellen er i nominelle tal basert på rekneskap for perioden 1975-99, revidert budsjett for 2000 og budsjettframlegg for 2001.

2) Frå 1995 er inntektsløyvinga redusert då den tidlegare kraftfôravgifta er erstatta med tollavgifter, jf. kap. 5511.

I dei seinaste åra har det blitt gjennomført tiltak som har medverka til å redusere kostnadene i jord- og skogbruket. Med verknad frå 1.1.99 blei investeringsavgifta for driftsmiddel hovudsakleg til bruk i jord- og skogbruk fjerna, noko som medførte ein utgiftsreduksjon for næringa på om lag 400 mill. kr. Med verknad frå 1.1.2000 blei miljøavgifta for kunstgjødsel fjerna samtidig som ein gjennomførte ei auke i miljøavgiftene på plantevernemiddel. Disse tiltaka ga ei netto utgiftsreduksjon på 150 mill. kr.

I jordbruksoppgjeret i 2000 blei løyvingane over jordbruksavtalen redusert med 400 mill. kr, og målprisane i jordbruksavtalen blei redusert med 900 mill. kr, jf. kap. 6 i St.prp. nr. 82 (1999-2000). Som følgje av St.meld. nr. 19 (1999-2000) og Stortinget si behandling av denne vil det òg bli innført eit inntektsfrådrag ved utrekning av alminneleg inntekt frå jord- og hagebruk ved skattelikninga som svarar til ei inntektsauke før skatt på 900 mill. kr på årsbasis.

Verdiskapingsprogram for norsk matproduksjon

Det er framleis mange "flaskehalsar" for å få til nyskaping innan norsk matproduksjon. Det er eit mål å få til auka produksjon, omsetning og forbruk av spesialiserte matvarer slik at forbrukarane får auka kvalitet, mangfald og valgmoglegheit i matvaretilbodet.

Regjeringa etablerer derfor eit verdiskapingsprogram for norsk matproduksjon, jf. kap. 1150,

underpost 50.11. Det overordna målet for verdiskapingsprogrammet er høgare verdiskaping gjennom å stimulere til auka utnytting av marknadsmoglegheitane både innan primærproduksjon og foredling.

Utviklinga i næringsmiddelindustrien

Foredling og omsetning av jordbruksvarer ligg i hovudsak utanfor jordbruksavtalen sitt verkeområde. Det skjer likevel ein gjensidig påverknad mellom primærproduksjonen og foredlings- og omsetningsledda i matvaresektoren. Marknadsordningar og handelspolitiske rammevilkår er viktige for næringsmiddelindustri og omsetning, og landbrukspolitikken må i større grad ha auka fokus på alle ledda i matvarekjeda.

Foredlings- og omsetningsledda er viktige både for sysselsetjing og verdiskaping og for inntektsmoglegheitene i primærjordbruket. Dei har og mykje å seie for produkttilbod og servicenivå til forbrukarane. Regjeringa ynskjer reell konkurranse i verdikjeda, og vil følgje med i utviklinga i dei ulike ledda i matvarebransjen.

Næringsmiddelindustrien har i dei siste åra gjennomført effektiviseringstiltak. Delar av industrien er utsett for internasjonal konkurranse, og konkurransesituasjonen har òg blitt skjerpa som følgje av konsentrasjon og integrasjon i daglegvaresektoren. For at næringsmiddelindustrien skal kunne møte utfordringane knytt til konkurransekraft, lønsemd og forbrukarkrav vil det i tida fram-

over vere behov for eit høgt nivå på næringsmiddelrelatert forskning finansiert både med private og offentlege midlar.

Matvaremarknadene er svært samansette og under stadig endring. Derfor vil myndigheitene kartleggje og overvake matvaremarknadene framover. Regjeringa vil leggje særleg vekt på å sikre forbrukarane trygg mat.

Produksjons- og marknadstilpassing

Overproduksjonen har dei siste åra auka sterkt og påfører produsentane store inntektstap og medverker til uønskte samfunnsøkonomiske kostnader. Innanfor kjøtproduksjonen er det ein monaleg prisnedgang på grunn av overproduksjon. Spesielt for storfekjøtt, svinekjøtt og mjølk har ubalanse mellom produksjonsvolum og avsetning gitt stor reduksjon i utbetalingsprisar i 1999. Det innanlandske mjølkeforbruket er redusert, og i 1999 er det og for første gang på mange år registrert ein nedgang i innanlandsk omsetning av kjøtt.

Regjeringa legg til grunn at prisfastsetjinga gjennom avtaleprisane skal vere eit hovudverkemiddel for å regulere jordbruksvaremarknadene. Det generelle verkemiddelsystemet skal medverke til at ein unngår permanente overproduksjonsproblem. Likevel kan det i situasjonar med overproduksjon vere aktuelt med meir omfattande tiltak for å tilpasse marknadsført varemengde til avsetningsmoglegheitene slik at jordbruksavtaleprisane kan bli realisert. Den statlege medverknaden til slike tiltak vil vere avgrensa til at regulering kan skje ihht registrerte dyretal eller omsetningstal i jordbruksavtalen sine støtteordningar. Statens landbruksforvaltning, som sekretariat for Omsetningsrådet, kan medverke i forvaltninga av slike tiltak.

Ein meir open konkurransesituasjon krev ei offensiv utnyting av dei moglegheitene som ligg føre. Det gjeld å nytte marknadssignal og tilpasse produksjonen til marknaden, med særleg vekt på auka utvikling av nye produkt og tenester det er etterspørsel etter. Departementet har starta opp arbeidet med eit verdiskapingsprogram for norsk matproduksjon, for å medverke til høgare verdiskaping både innan primærproduksjon og foredling gjennom betre utnyting av marknadsmoglegheitene. Satsinga på økologisk landbruk er og sentral i denne samanhengen.

Inntekt og levekår

Innanfor dei rammene som importvernet og andre omsyn i politikken set, vil ein gjennom landbrukspolitikken leggje til rette for at næringsutøvarane i landbruket skal få moglegheiter for utvikling av inntekt og levekår på linje med resten av befolkninga. Materialet frå Budsjettnemnda for jordbruket viser at jordbruket hadde ei svakare inntektsutvikling enn andre yrkesgrupper frå 1990 til 1999. Etter ei positiv utvikling frå 1997-1998 blei vederlag til arbeid og eigenkapital redusert med 1 milliard frå 1998-1999. Hovudårsaka ligg i sviktande marknad for mjølk og kjøtt og redusert buskapsverdi. Levekårsgranskningane viser at hushaldsinntektene i jordbruket er om lag på linje med resten befolkninga.

Ut frå ein samla vurdering av alle aktuelle tilpasmingsmoglegheiter og inntektsverknader av ulike elementer, legg jordbruksavtalen for avtaleåret 2000-2001 eit grunnlag for at aktive utøvarar i jordbruket kan få ein inntektsutvikling og sosiale vilkår på linje med andre grupper i samfunnet. I denne vurdering er det tatt omsyn til at det gjennomførast ein fordelingsprofil til fordel for jordbrukarar som har jordbruket som ein viktig del av dei samla inntektene. Elementa som inngår i ramma vil gi reduserte inntektsmoglegheiter i jordbruket på i alt 400 mill. kr for avtaleåret 2000-2001. Målprisane blir redusert med 900 mill. kr, og det blir innført eit inntektsfrådrag ved utrekning av alminneleg inntekt frå jord- og hagebruk ved skattelikninga som svarar til ein inntektsauke før skatt på 900 mill. kr på årsbasis. Det er ut i frå både kortsiktige og langsiktige marknadstilhøve rekna med at berre ein del av reduksjonane i målprisane fører til reduserte inntekter i avtaleåret 2000-2001. Samtidig er det mogleg å omdisponere om lag 300 mill. kr innanfor gjeldande budsjett med gjeldande satsar. Derfor vil inntektsvirkninga for det aktive jordbruket av budsjettreduksjonen bli klart mindre enn det ein reduksjon i løyvinga på 400 mill. kr isolert skulle tilseie. Jordbruksavtalen for avtaleåret 2000-2001 har ein fordelingsprofil til fordel for jordbrukarar som har jordbruket som ein viktig del av dei samla inntektene.

I tillegg er det ei rekkje forhold utanfor jordbruksavtalen som er med å avgjere kva for inntektsutvikling jordbruket oppnår. Regjeringa vil styrkje bøndene si rolle som sjølvstendig næringsdrivande.

Miljøpolitikken i jordbruket

Landbruket har dei seinare åra lagt ned ein stor innsats for å bli meir miljøvennleg. Verkemidla som blir nytta har ei brei virkeområde. I tråd med dei signala som blei gitt i St.prp. nr. 75 (1999-2000) *Om jordbruksoppgjøret 1999* og prinsipper nedfelt i St.meld. nr. 19 (1999-2000) *Om norsk landbruk og matproduksjon*, arbeider ein med eit miljøprogram for landbruket, samt innføring av miljøplan for den enkelte driftseining. Formålet med miljøprogrammet er gi ei betre målretting og koordinering av verkemidla med miljøeffekt. Miljøplanane skal vere eit plan- og dokumentasjonsverktøy i forhold til miljøtilstand og gjennomføringa av miljøtiltaka på den enkelte driftseining. Ein legg spesiell vekt på samordning med Kvalitetssystemer i landbruket (KSL). Utforming av miljøprogram og miljøplan skjer i samarbeid mellom avtalepartane. I 2001 vil det bli gjennomført ei utprøving av miljøprogram og miljøplan i Østfold og Oppland. Innføringa av miljøprogram og miljøplan vil først kunne skje for heile landet frå 2003, fordi endringar som ein følgje av utprøvinga av ordningane først kan gjennomførast i 2002.

Departementet prioriterer produksjonsnøytrale tilskottsordningar for å stimulere til miljøvennleg drift. Ordninga med visse grovmaska miljøkrav knytte til det generelle areal- og kulturlandskapstillegget er viktig og sikrar produksjon der ein tek vare på landskapsbilete og biologisk mangfald.

Bevaring av natur- og kulturressursane må sjåast i samanheng med næringsutvikling generelt. Resultatkontroll og overvaking av jordsmonn og kulturlandskap skal sikre kvalitet i gjennomføringa av miljøtiltak og dokumentere miljøtilstanden og effektane av miljøarbeidet. Resultatkontrollen er òg knytt til internasjonale prosessar der arbeidet med kulturlandskap er viktig for å ivareta norske interesser. Det er ei målsetting at 10 pst. av totalt jordbruksareal skal vere økologisk innan 2010, jf. St.meld. nr. 19 (1999-2000). I tråd med dette er satsinga på økologisk landbruk styrkt, jf. pkt. 1.1 i innleinga. I arbeidet med å auke den økologiske produksjonen vil ein i større grad enn tidlegare ta utgangspunkt i heile verdikjeda frå primærledd til forbrukar.

Distrikts- og strukturpolitikken

Det er ei viktig målsetjing for regjeringa å sikre hovudtrekka i busetjingsmønsteret. Ei stabil busetjing er ein viktig føresetnad for å kunne realisere viktige samfunns mål knytt til ressursutnyt-

ting, miljø, velferd og trivsel. Som basisnæringar for busetjinga i distrikta må ein gi primærnæringane økonomiske og sosiale rammevilkår som kan sikre rekruttering og utnytting av lokale ressursar. Det blir vidare lagt til rette for utviklinga av alternative arbeidsplassar i tilknytning til landbruket, særleg for kvinner.

Resultatkontrollen til Budsjettnemnda for jordbruket viser at distrikta held oppe sin del av jordbruksarealet og den samla jordbruksproduksjonen. Delen av fulldyrka jord har gått ned i alle landsdelar frå 1985, med ein markert nedgang frå 1998-1999. Det har dei siste tiåra vore ein nedgang i talet på bruk i drift og sysselsetjinga i landbruket målt i årsverk. Den årlege relative nedgangen i talet på bruk i drift har vore større på 90-talet enn frå 1985-1990. Nedgangen i arbeidsforbruk flata noko ut først på 1990-talet, men har seinare auka noko igjen. Det er ein relativt sterk nedgang i arbeidsforbruket frå 1997 til 1999 med 7,2 pst., etter ein nedgang på 5,7 pst. frå 1995 til 1997. Gjennomsnittleg areal pr. bruk aukar. Det blir også vist til kap. 3 i St.prp. nr. 82 (1999-2000) *Om jordbruksoppgjøret 2000 m.m.*

Gjennom Landbruket sitt utviklingsfond blir det gitt tilskott til viktige infrastrukturtiltak innanfor det tradisjonelle jordbruket. Departementet legg vekt på tiltak som kan redusere kostnadene og medverke til framtidsretta produksjonsoppbygg. I jordbruksoppgjøret 2000 blei avsetninga til investeringar i tradisjonelt jordbruk auka frå 240 til 252 mill. kr.

Handelspolitiske rammevilkår

Utforminga av importsystemet er viktig for jordbruket. Eit solid importvern som gir preferansar for norsk produksjon av jordbruksvarer er ein bærebjelke for landbrukspolitikken, og vil vere ein viktig del av ein politikk som skal setje landbruksnæringa i stand til å oppfylle viktige samfunns mål. Utforminga av pris- og marknadssystema i jordbruket må skje innanfor dei rammene som importvernet set.

WTO-avtala som trådte i kraft 1. januar 1995, medfører plikter når det gjeld grensevern, internstøtte og eksportstøtte. Medlemslanda i WTO var forplikta til å starte opp nye forhandlingar om m.a. landbruk før år 2000. Det første møtet i WTO Landbrukskomiteen sin spesialsesjon, kor forhandlingane foregår, blei halde 23. og 24. mars 2000. Partane vert samde om timeplanen for den første fasen i drøftingane fram til mars 2001.

Regjeringa legg stor vekt på landbruket si multifunksjonelle rolle i arbeidet med opplegget

for dei føreståande forhandlingane i WTO. På bakgrunn av dei viktige nasjonale interessene som er knytt til landbruket, vil denne sektoren representere eit viktig område i dei vidare forhandlingane.

Beredskapstiltak

Beredskapstiltaka under Landbruksdepartementet, og den generelle mat- og landbrukspolitikken, medverker til ein tilfredsstillande matsikring i landet i fredstid, ved kriser og i krig. Tiltaka er ein viktig del av den samla ernærings- og forsyningsberedskapen i krise- og krigstid. Ei anna side ved matvareberedskapen er å sikre den norske forbrukaren trygge matvarer. Landbruksdepartementet deltek i Kriseutvalet for atomulykker.

Landbruksdepartementet har i 2000 starta arbeidet med risiko- og sårbarheitsanalysar over forsyningssituasjonen i Nord-Noreg saman med Nærings- og handelsdepartementet. Prosjektet er 2-årig og skal gi grunnlag for vidare arbeid med forsyningsberedskapen i høve til trusselbiletet og strukturen i heile matvarekjeda i Nord-Noreg.

I 2001 vil departementet halde fram arbeidet med å følgje opp St.meld.nr. 25 (1997-98) *Hovedretningslinjer for det sivile beredskapsvirksomhet og utvikling i tiden 1999-2002*. Meldinga legg m.a. opp til å forenkle dei langsiktige lagringstiltaka i lys av den lange militære varslingsstida.

Effektivisering av verkemiddelbruken

Både St.meld. nr. 19 (1999-2000) og komitéinnstillinga føreset ein gjennomgang av verkemiddelbruken i landbrukspolitikken med sikte på ei betre målretting og forenkling.

Regjeringa legg vekt på å vurdere den samla effekten av alle verkemidla som påverkar mat- og landbrukssektoren: importvernet, dei økonomiske verkemidla over jordbruksavtalen, administrative og juridiske verkemiddel og skatte- og avgiftstiltak. Samtidig må det gjerast kontinuerlege politiske vurderingar i verkemiddelbruken i forhold til målkonfliktar.

Verkemidla skal utformast med sikte på auka forbrukarretting og auka konkurranse i verdikjeda og det er ei hovudutfordring å utforme dei økonomiske verkemidla slik at ein kan nå samfunnsmåla mest mogleg effektivt. For ein nærare omtale av verkemiddelbruken i jordbrukspolitikken viser ein til kap. 1150.

Skogbruk

Mål

Regjeringa vil føre ein aktiv skogpolitikk for å styrke bidraget frå skogen til velferd og nytte for befolkninga, til ei meir berekraftig samfunnsutvikling og i utviklinga av levande bygder. Det er eit stort potensial for auka verdiskaping i skogsektoren. Måla i skogpolitikken er derfor at:

- verdiskapinga frå skogbaserte næringar skal aukast og
- skogsektoren skal medverke til å løyse viktige miljøoppgåver.

Ei aktiv og langsiktig ressursforvaltning er nødvendig for å nå desse måla. Det er ein føresetnad at dei som eig eller har råderett over skogressursane er medvitne om dette og om forvaltaransvaret dei har.

Status

Det er knytt store verdier til skogen i Noreg. Bruttoproduksjonsverdi har dei seinare åra vore på 35 - 40 mrd. kr, og det er årleg eksportert skogprodukt for om lag 15 mrd. kr. Mange kommunar har store skogressursar som kan medverke til livskraftige lokalsamfunn. Den trebrukande industrien er ei typisk distriktsnæring med verksemd i 313 av landets kommunar.

Skogsektoren arbeider i ein internasjonal marknad med raske endringar. Utviklinga i marknaden, både internasjonalt og nasjonalt, har dei siste åra endra rammevilkåra for den skogbaserte næringsverksemda og lønnsmda har vore fallande. Det er lite som tyder på at forholda skal betre seg dei næraste åra. Industrien har gått gjennom ei omfattande strukturrasjonalisering, noe som har ført med seg færre bedrifter og nedgang i den samla sysselsetjinga.

Aktiviteten i skogbruket

Det har dei siste åra vore låg aktivitet i skogbruket. Avverkinga til sal og industriell produksjon har vore godt under 10 mill. m³ pr. år, og dei årlege investeringane har gått ned med nærare 50 pst. sidan slutten av 1980-talet. Ei rekkje forhold (tømmerprisar, marknadskrav, teknologisk utvikling m.m.) har medverka til at store areal i dag er mindre aktuelle for eit næringsmessig skogbruk. Det er samtidig ei aukande interesse for annan næringsaktivitet i utmarka, særleg knytt til jakt, fiske og utmarksturisme.

Skal skogen i framtida vere ei viktig kjelde til inntekt og sysselsetjing, krev det eit relativt høgt nivå på dei langsiktige investeringane samtidig som det blir sett inn tiltak i dei ulike ledda i heile verdikjeda. Det er eit potensial for utvikling av konkurranseevna i skogindustrien og betring av produktiviteten i alle ledd samtidig som produktutvikling og betre marknadstilpassing kan gi grunnlag for auka og betra utnytting av ressursane. Auka verdiskaping er òg avhengig av at avverkinga blir auka, slik at det blir tilgang på trevirke til nisjeproduksjonar og andre produksjonar der produkta kan løyse ut høgare betalingsevne i marknaden, samtidig som skogbruket kan levere stabile kvanta til foredlingsindustrien.

Skog og skogareal kan gi grunnlag for anna distriktsbasert næringsverksemd. Å leggje til rette for slik næringsutvikling er ei viktig oppgåve for Landbruksdepartementet i samarbeid med andre departement og med sentrale institusjonar som Statens nærings- og distriktsutviklingsfond og Noregs forskingsråd. Fylkesmannen er òg med i dette arbeidet gjennom m.a. regionale næringsutviklingsprosjekt.

Miljøprofilen i skogpolitikken

Departementet legg vekt på å utnytte skogsektoren sine moglegheiter for å løyse viktige miljøoppgåver. Skogen er ein fornybar ressurs som kan bidra til utvikling av meir berekraftig produksjon og forbruk fordi trevirket gir meir miljøvenlege produkt. Skogen sin innverknad på klimaet er til dels teken omsyn til i Kyotoprotokollen, men dei positive effektane av det langsiktige skogbruket i boreale strøk er ikkje tilstrekkeleg reflektert.

Samtidig er skogen utsett for luftforureiningar, og overvaking av skoghelse og -vitalitet krev derfor at innsats held fram.

Miljøprofilen i skogpolitikken er styrkt gjennom dei siste åra. Dette har skapt auka miljømedvit i heile skogsektoren. Dette er positivt for sektoren, men miljøarbeidet er samtidig ressurs- og arbeidskrevjande. Departementet arbeider derfor med å finne dei mest effektive opplegga med god balanse mellom det offentlege sitt ansvar og det ansvaret som næringa må ta. Første fase i departementet sitt store prosjekt for registrering av biologiske miljøkvalitetar (MiS-prosjektet) blei avslutta i 2000. Departementet legg til grunn at resultatata vil få konsekvenser for miljøarbeidet i skogsektoren framover. Det store miljøprosjektet i skogbruket, "Levende Skog", utarbeidde i 1998 ei rad standardar for berekraftig skogbruk. Desse standardane blir no lagt til grunn for frivillige ser-

tifiseringsordningar. Praktiseringa av standardane har synt seg vanskeleg, men det er i gang eit arbeid med å klargjere tolkingar m.v. Departementet legg til grunn at resultatata frå Mis-prosjektet får innverknad på dette arbeidet.

Ein ønskjer i framtida å styrkje satsinga på bevaring av skogstrea sine genetiske ressursar, særleg i samband med arbeidet med frø- og planteforsyninga. Det blir òg arbeidd med å fastsetje ein nasjonal strategi for bevaring av dei genetiske ressursane i skog. Dette arbeidet skjer som eit ledd i det nordiske samarbeidet.

Internasjonalt skogpolitisk arbeid påverkar den norske skogsektoren

Det har vakse fram eit aukande internasjonalt skogpolitisk engasjement. Dei viktigaste prosesane for Noreg er knytt til FN sitt skogforum, United Nations Forum of Forests, FN-konvensjonane om klima og Kyotoprotokollen, FN-konvensjonen om biologisk mangfald og til dei europeiske ministerkonferansane om berekraftig skogbruk. Noreg deltek no i koordineringa av dette europeiske samarbeidet. Den auka internasjonale skogpolitiske aktiviteten og nye krav frå marknaden vil vere viktig for utviklinga i norsk skogsektor framover.

Oppfølging av Skogmeldinga

Behandlinga av Skogmeldinga (St.meld. nr. 17 (1998/99)) i Stortinget våren 1999 viste at det er ei brei semje om skogpolitikken framover. Oppfølgingsarbeidet er nærare omtalt under kap. 1142.

Verkemiddel

Skogbrukslova med tilhøyrande føresegner gir den juridiske ramma for skogbruket og er det grunnleggjande verkemidlet for å sikre berekraftig bruk av skogen. Lova legg til rette for å sikre produksjonsgrunnlaget og set krav om at det skal takast miljøomsyn. Departementet arbeider no for å følgje opp forslaget i Skogmeldinga om ein ny skogbrukslov.

Ordninga med skogavgift står sentralt i arbeidet for å nå investeringsmåla. Ordninga sikrar det finansielle grunnlaget for investeringane samtidig som ho aukar investeringsviljen hos skogeigarane ved at det er knytt skattefordel til bruken av skogavgifta til langsiktige investeringar i skogkultur og skogsvegar.

Ein kan ikkje hauste inntekt frå dagens investeringar i ny skog før om 50 til 100 år. Privatøko-

nomisk er derfor slike investeringar usikre for den einskilde skogeigar. For å sikre høg verdiskaping frå norsk skogbruk og skogindustri i dag og i framtida er det derfor nødvendig med statlege tilskott til dei langsiktige investeringane. Budsjettframlegget for 2001 inneber ei løyving til miljø- og næringstiltak i skogbruket (kap. 1142, postane 71 og 76) på vel 131 mill. kr. I tillegg er det totalt sett av 153 mill. kr til skogbrukstiltak over LUF. Det er då rekna med 25 mill. kr som blei ført over frå BU til LUF i samband med at utviklingsmidlane over BU blei ført over til SND i 2000. Samla forslag til løyving er på 284 mill. kr. Dette er 16 mill. kr mindre enn løyvingane til skogbrukstiltaka i 2000.

Ei hovudutfordring i skogbruket framover er å auke lønnsmda i næringa m.a. gjennom auka for- edling og ein meir differensiert utnytting av tre- virket. For å bidra til ei positiv utvikling er bud- sjettramma til verdiskapingstiltak auka frå 19 mill. kr til 25 mill. kr. Av andre tiltak vil oppbygging av ny kvalitetsskog bli prioritert. Framlegget til løy- ving over statsbudsjettet inneber likevel at til- skottsramma til slike tiltak blir redusert med 20 mill. kr. Dette gjer at tilskott i sterkare grad vil bli brukt til foryngingstiltak, og at andre tiltak i ster- kare grad må finansierast med skogavgift og pri- vate midlar. Av løyvinga til skogbrukstiltak over LUF vil tilskott til skogbruksplanlegging, skogs- vegar og opplæring bli prioritert.

I miljøarbeidet byggjer departementet på alle dei verkemidla som er til rådvelde for gjennomfø- ring av skogpolitikken og ein vurderer òg behovet for nye verkemiddel i miljøarbeidet.

Prosjektet Miljøregistreringer i skog vil bli følgt opp med krav om miljøregistreringar i nye skogbruksplaner, ved vegbygging og drift i van- skeleg terreng.

Resultatoppnåinga framover set høge krav til økologisk kunnskap og krev brei informasjons- innsats og sterk vekt på kompetansebyggjande til- tak. Kunnskap om skoghistorie og den økologiske utviklinga i skogen er eit viktig grunnlag for å sikre eit miljøtilpassa skogbruk.

Det vil òg i 2001 være nødvendig å gjennom- føre særskilde tiltak for å nå reell likestilling i næringa.

Skogforskinga nasjonalt og deltaking i interna- sjonal skogforsking står sentralt i den samla ver- kemiddelbruken i skogpolitikken. Forskingsinn- sats er avgjerande for å sikre kunnskapsgrunnla- get for skogbruket.

Reindrift

Mål

Reindriftspolitikken er tufta på to sjølvstendige grunnlag - ein næringspolitisk produksjonsverdi og ein samepolitisk kulturverdi.

Dei reindriftspolitiske måla er samanfatta i omgrepet ei berekraftig reindrift. Med dette for- står ein ei reindrift som har økologisk, økonomisk og kulturell berekraft. Økologisk berekraft er ein føresetnad for økonomisk berekraft, og saman gir økologisk og økonomisk berekraft grunnlag for å utvikle kulturell berekraft. Regjeringa meiner òg det må satsast meir på økt verdiskaping og etable- ring av tilleggsnæringar. Dette er særleg viktig for kvinnene og for å ta vare på heilskapen i rein- driftskulturen. Reindrifta vil på den måten med- verke til at verdifulle trekk ved samisk kultur blir haldne ved like og ført vidare, og næringa vil då ha legitimitet som eit viktig materielt grunnlag for samisk kultur.

Generelt er det ei utfordring å auke verdiska- pinga i reindrifta. Tidlegare var skinn, mjølk og transportkraft (kjøre- og kløvrein) hovudproduk- sjonane, mens slakteskrotten kom som eit til- leggsprodukt. Næringa har i dag utvikla seg til i det vesentlege å dreie seg om kjøttproduksjon. Det kan derfor vere mogleg, med basis i tradisjon, å utvikle fleire nisjeprodukt med høgare bearbei- dingsgrad for å oppnå større økonomisk avkast- ning av reinflokkane - innanfor dei gitte økolo- giske rammer. Ved å supplere dagens realkunn- skap innan reindrifta med formalkunnskap frå andre fagområde - organisasjon, marknadsføring og produktutvikling - kan dette utnyttast.

Næringa er utsett for press frå mange hold. Rovdyr og økt konkurranse om utmarksareal frå andre interesser er særleg påtrengande. Det er derfor viktig å sette inn tiltak som kan førebygge rovdyrskader og tap av beiteland og beitegrunn- lag. Samtidig med at slike tiltak sett inn utanfrå, må næringen sjølv gjere seg meir robust og bli betre i stand til å tåle trykket frå omverda som ikkje vil opphøre, men bare kunne bremses. Gjen- nom større grad av samarbeid, økt verdiskaping og intensiverte driftsformer – tamrein og kontrol- lerbare flokker – blir det lettare for utøvarane å setje i verk driftsmessige disposisjonar, og på den måten oppnå optimal ressursutnyttelse ut frå for- holda til ein kvar tid.

Status og verkemiddel

Det totale økonomiske resultatet for reindrifta er svakt, men det er store skilnader mellom områda.

Den økonomiske og sosiale situasjonen for ein del reindriftseiningar i Finnmark er såleis svært vanskeleg. Få alternative høve til inntekts- og sysselsetjing forverrar situasjonen i regionen og skaper risiko for sosial nød og fortsett overretablering i næringa før beiteressursane er komne i balanse.

Reintalet i Finnmark var på om lag 130 000 i 1999, dette er ein reduksjon på om lag 70000 dyr frå 1989. Nedgangen i reintalet har i fyrste rekke samanheng med naturgjevne tilhøve.

Reindriftsavtalen er, ved sida av reindriftslova, den viktigaste operative reiskapen for å fylgje opp måla og retningslinene i reindriftspolitikken. Ressursstyring og tilpassing av reintalet til beiteressursane har vore eit hovudmål for reindriftsforhandlingane gjennom mange år, men ein einsidig bruk av reindriftsavtalen sine verkemiddel, utan bruk av reindriftslova sine heimlar for regulering og sanksjonar, har ført til at dei som har vore heilt avhengige av tilskota over reindriftsavtalen byggjer reinflokken ned, medan andre held stillinga eller byggjer opp. Det er spesielt for reindrifta at talet på personar knytt til næringa har auka etter krigen, mens utviklinga har gått i motsett retning i andre primærnæringar. Trongen for ein styrt og regulert tilgang til reindrifta må derfor vektleggast parallelt og med same styrke som eit ynskje om å leggje til rette for avgang frå næringa. Det blei i reindriftsavtalen for avtaleåret 1997/98 innført eit øvre tak på 600 rein per driftseining for å få dei direkte inntektsgjevande tilskota (produksjonstilskot, kalveslaktetilskot og tidlegslaktetilskott). I reindriftsavtalen for 2000-2001 blei dette tiltaket oppretthalde.

Til forskjell frå tidlegare reindriftsavtalar blei inntektsfordelinga vektlagt sterkare i avtalen for 2000-2001, samtidig som tiltak for å tilpasse reintalet er tatt ut av avtalen. Slike tiltak vil no i det heile bli utarbeidd og fremma etter reindriftsloven sine reguleringar. Misforholdet mellom reintal og ressursgrunnlag har likevel høgste prioritet sett frå departementets side. Arbeidet med oppfølging av vedtak III i Innst. S. nr. 216 (1999-2000), gjeldande fastsetjing av øvre reintal per distrikt, er sett i gang og skal ferdigstillast innan hausten 2001.

Verkemiddelbruken under reindriftsavtalen er nærare omtalt i St.prp. nr. 65 (2000-2001) og i kap. 1147 og 1151.

Det er viktig å utvikle meir arbeidsintensive driftsformer, med nærare relasjonar mellom dyr og menneske. Ei slik driftsform vil gjere dyra tamare og såleis føre til betre kontroll med flokkane. Dette vil igjen medverke til at trongen for sperregjerde og motoriserte hjelpemiddel blir redusert. Der bygging av gjerde og bruk av moto-

riserte hjelpemiddel er kravd, må ein syte for at negative miljøkonsekvensar blir reduserte mest mogeleg gjennom vilkår og rettleiing.

Reindrifta er ei næring som nyttar store arealressursar. Dette kan føre til konflikhtar andsynes andre interesser, til dømes jordbruket. Det er ein føresetnad at reindriftsareala har eit tilfredsstillande vern med omsyn til konkurrerande interesser, slik at drifta fagleg og med omsyn til arbeidsmiljøet kan finne stad på ein forsvarleg måte. Regjeringa føreset at dette forhold blir gitt merksemd i Planlovutvalget sitt arbeid. Regjeringa føreset vidare at spørsmål om endringar i reindriftslova som gjeld dei grunnleggjande retts-spørsmåla for næringa, må vurderast i samband med vidareføring av Samerettsutvalet sitt arbeid. Det er trong for ein avgrensa revisjon av lova, omkring forvaltninga og dei meir interne tilhøva i næringa. Landbruksdepartementet har i tråd med Stortinget si handsaming av St.prp. nr. 49 (1997-98) sett ned eit utval som skal gå gjennom reindriftslova med sikte på å revidere dei reglane som gjeld styring og forvaltning av reindrifta og regulering av dei interne tilhøva i næringa. Det blir og tatt sikte på å føreta ein teknisk gjennomgang av loven for å betre strukturen og dermed gjera den meir brukarvennleg. Dette utvalet skal etter planen avgi sin innstilling ved årskiftet 2000/2001. Det blir elles framleis stilt midlar til rådvelde både i jordbruksavtalen og i reindriftsavtalen til konfliktforebyggjande tiltak.

Næringar i tilknytning til landbruket

Mål

For at landbruket skal kunne medverke til å oppfylle viktige samfunns mål knytte til busetnad og verdiskaping, er det ein sentral strategi å leggje til rette for heilskapleg næringsutvikling på bygdene. Det er derfor eit mål å fremme lønnsam næringsutvikling innan og i tilknytning til landbruket gjennom småskalaprega verksemder og lokal-samfunnstiltak. Det er òg eit mål å fremme berekraftig produksjon og bruk av natur og utmark.

Departementet legg vekt på å utnytte dei moglegheitene som er innanfor ein diversifisert marknad for landbruksprodukt. Det blir derfor lagt vekt på småskala produksjon og omsetning av mat. Det nye verdiskapingsprogrammet for norsk matproduksjon involverer alle ledd i verdikjeda både fagleg og økonomisk, og blir ei viktig satsing innan dette området. Det overordna målet for programmet er høgare verdiskaping gjennom å stimulere til auka utnytting av moglegheitene i

marknaden både innanfor primærproduksjon og foredling.

Det er ein føresetnad at ny næringsverksemd er marknadsorientert og lønnsam. Det skal i hovudsak berre gis støtte i den innleiande fasen og ikkje til drift.

Status

Bygdeutviklingsmidlane er det sentrale verkemiddelet for å fremme lønnsam næringsutvikling innan og i tilknytning til landbruket.

Næringa si interesse for ordninga er stor i alle delar av landet, og satsinga syner gode resultat i form av arbeidsplassar og positive ringverknader i distrikta.

I 1999 blei det registrert ein forventa sysselsetjingsauke på over 900 årsverk innanfor ordningane Etablererstipend, Bedriftsutvikling og Investering i tilleggsnæring. Om lag halvparten gjeld sysselsetjing for kvinner. For desse ordningane ligg det eit gjennomsnittleg tilskott på 199 000 kr bak kvart forventa årsverk, mens det i gjennomsnitt for "Kvinneårsverka" er 145 000 kr i tilskott. 60 pst. av BU-midlane blei i 1999 brukt innanfor

det distriktpolitiske verkeområdet, dette er ein auke i høve til 1998.

Årsrapporten for BU-ordninga syner at det i 1999 blei løyvd totalt 404 mill. kr til utviklingstiltak på fylkesnivå, medan det blei løyvd 222 mill. kr til investeringar i tradisjonelt landbruk.

Innan skogsektoren legg departementet vekt på at midlane nyttast aktivt til å fremme lokal vidaforedling av tre, effektiv utnytting av marknaden for skogprodukt og ein variert utnytting av skog- og utmarksressursane. Det er ei viktig oppgåve å stimulere til nettverkssamarbeid og å sikre samanheng og kommunikasjon gjennom heile verdikjeda.

Verkemiddel

Den samla næringspolitikken for bygdene må styrkje og utvide næringsgrunnlaget for å utvikle eit allsidig næringsliv og eit breiare grunnlag for busetjingsmønsteret. Det blir lagt vekt på ein utviklingsretta verkemiddelbruk der det er eit strategisk mål å mobilisere ressursane gjennom lokale prosessar.

Kap. 1140 Miljø- og næringstiltak i jordbruket

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
50	Driftsøkonomiske analysar m.m.	17 862	18 206	18 078
77	Miljøretta prosjektarbeid m.m., <i>kan overførast</i>	33 912	31 182	33 102
	Sum kap 1140	51 774	49 388	51 180

Post 50 Driftsøkonomiske analysar m.m.

Ein stor del av verksemda til NILF er oppgåver til støtte for forvaltninga på oppdrag frå Landbruksdepartementet. Den forvaltningsretta verksemda til NILF kan ein dele inn i verksemdområda næringsøkonomisk dokumentasjon, m.a. sekretariatsarbeid for Budsjettnemnda for jordbruket, internasjonal statistikk og dokumentasjon, driftsøkonomisk rettleiing og styring og driftsøkonomiske data og analysar, m.a. driftsgranskingane. NILF har òg andre særskilde utgreiingsprosjekt der Landbruksdepartementet er direkte brukar.

Gjennom arbeidet med driftsgranskingane, analysebruk og økonomiforsøk blir det utarbeidd føretaksøkonomisk statistikk og analysar som grunnlag for forvaltning, forskning, undervisning, rådgiving og næringsverksemd, jf. kap. 1137.

Materialet blir m.a. brukt som grunnlag for jordbruksforhandlingane og som grunnlag for utforming av ulike verkemiddel i landbrukspolitikken. Vidare medverker NILF til å dokumentere sentrale utviklingstrekk i landbruk, matvareindustri og matvaremarknader og til å overvake internasjonale handelsavtalar og internasjonale marknader. NILF skal òg medverke til betre organisering og leiing av landbruksføretak.

Resultatrapport 1999

Driftsgranskingane for 1999 omfatta 974 rekneskap frå yrkesmessig drevne bruk. Det er i tillegg utarbeidd eigne analysar som viser økonomisk utvikling i jordbruket på Vestlandet, Trøndelag og Nord-Norge. Det blei i 1999 starta eit større vida-reutviklingsarbeid på driftsgranskingane, med

sikte på å tilpasse granskingane til behovet i framtida og å betre utbyttet av dei ressursane som blir sett inn i arbeidet. Prosjektet skal avsluttast i 2001.

NILF har i 1999 avslutta eit prosjekt i Latvia om registrering og bruk av økonomiske data til driftsleiing og økonomistyring på gardsbruk. Prosjektet har medverka til å forsterke det skandinaviske-baltiske samarbeidet innanfor landbruksøkonomi.

Det er arbeidd med ein større revisjon av det økonomiske planleggingsprogrammet Norkap som m.a. skal gjere programmet betre eigna for å vurdere tilleggsnæringer.

Innanfor sekretariatsarbeidet for Budsjett-nemnda for jordbruket er det i tillegg til dei faste årlege oppgåvene jobba med ein revisjon av referansebruksberekningane som vil gi eit system meir direkte basert på driftsgranskingane.

Av andre oppgåver har NILF i 1999 arbeidd med eit forprosjekt om moglegheitene for å berekne regionale tall for verdiskaping og sysselsetjing i landbrukssektoren med tilgrensande næringer.

Mål og resultatkrav i 2001

NILF skal i 2001 i stor grad føre vidare dei faste oppgåvene dei har for forvaltninga. NILF bør framleis leggje vekt på å gjere både data og analysar lettare tilgjengeleg for brukarane.

Innanfor området driftsøkonomiske data og analysar bør NILF prioritere å utvikle sine interne dataprogram med sikte på meir effektiv databehandling og betre analysemoglegheiter. Generelt legg Landbruksdepartementet til grunn ei vidare utvikling av datamateriale som kan nyttast i samband med utforminga av landbrukspolitikken.

Det er ei sentral oppgåve for NILF å utvikle betre dokumentasjonsverktøy knytt til tilhøva i matvaremarknaden. NILF skal, i samarbeid med andre relevante kompetansemiljø, utarbeide analysar og løpande dokumentasjon om prisdanning på ulike ledd i matkjeda. Det er òg behov for å dokumentere årsaker til ulik prisdanning i Noreg og våre naboland. Dette vil Landbruksdepartementet leggje stor vekt på i tida framover. Det er òg grunn til å tru at det vil bli ei aukande fokusering på internasjonale marknader og internasjonal handelspolitikk.

Innanfor verksemdområdet driftsøkonomisk rettleiing og styring er det behov for å arbeide vidare med å utvikle betre verktøy for driftsleiing og økonomistyring. NILF bør vurdere mogleghei-

tene for auka brukarfinansiering for desse produkta.

Post 77 Miljøretta prosjektarbeid m.m.

Mål

Måla for det miljøretta prosjektarbeidet er:

- registrere og dokumentere miljøtilstand og miljøtilpassingar med omsyn til erosjon, tap av nærings salt, miljøgifter og spreing av plantevernmidlar
- auke kunnskapen om miljø i forvaltninga og næringa for å fremme ei sikker og rask omstilling til meir miljøvenleg drift
- utvikle tiltak som gjer kommunane og Fylkesmannen betre i stand til å sikre arealressursane og dokumentere landbruket sine interesser i arealplanprosessane og i arbeidet med verneplanar
- medverke i den internasjonale utviklinga av miljøarbeidet
- gi grunnstøtte til einskilde frivillige organisasjonar som alle arbeider innanfor det landbrukspolitiske området for å medverke til å halde oppe det miljø- og ressursretta arbeidet i organisasjonane
- gi støtte til Nordisk genbank for husdyr, som skal være eit nordisk senter for dokumentasjon og bevaring av variasjonen i det dyregenetiske materialet i dei nordiske land.
- I samband med at budsjetteringa av fylkesmannsembeta er lagt om, vil ein òg nytte midlar over posten til sentrale fellestiltak retta mot fylkesmannsembeta og kommunane.

Resultatrapport 1999

Resultatkontrollen viser at miljøtiltaka i hovudsak går som planlagt. Det er likevel eit behov for at miljøarbeidet må halde fram og styrkjast for å nå måla.

Programmet Jordsmonnovervaking gir kunnskap om erosjon og utslipp av næringsstoff og plantevernmiddelestar frå jordbruket. Resultata er såleis svært nyttige både for nasjonal og internasjonal rapportering og gir eit godt grunnlag for effektive miljøtiltak. Det er òg gitt midlar til eit utgreiingsprosjekt innanfor forureining. Dette skal gi grunnlag for auka kompetanse i forvaltninga.

Det er gjennomført prosjekt og tiltak når det gjeld overgang til meir miljøvennlige driftsmåtar, t.d. finansiering av nokre tiltak i Handlingsplan for redusert bruk av plantevernmiddele.

For å auke kunnskapen om miljø i næringa blei det innvilga midlar til Fylkesmannen sine landbruksavdelingar til informasjonstiltak knytt til miljøvennlege driftsformer i landbruket.

Det er i 1999 lagt vekt på å medverke i den internasjonale utviklinga av miljøarbeidet. Dette er m.a. arbeid knytt til oppfølging av Nordsjøplanen og arbeid innanfor OECD. I samband med dei komande WTO-forhandlingane er det ønskeleg å sette fokus på miljøspørsmål og det er gjennomført utgreiingar knytt til dette.

Planleggingssystem for balansert gjødsel blei støtta over posten. Ein har også, i samarbeid med EU, starta prosjekt om kadmium i kunstgjødsel.

Det er gitt støtte til prosjekt som bidreg til å auke kunnskapen om landbruket og synleggjere landbruket sine interesser og verdier i arealplanprosesser.

I samband med tusenårsskiftet har ein funne det formålstenleg å markere landbruket sitt arbeid med miljø, kulturminner og kulturlandskap og å bidra til å skape lokalt engasjement rundt desse spørsmåla. Dette er gjort gjennom å støtte Treplantingsaksjonen "Tusenårstreet".

Nordisk genbank for husdyr (NGH) blei styrkt i 1999 gjennom auka nasjonal medfinansiering av verksemda på totalt 1,6 MDKK. Sju forskingsprosjekt blei ført vidare og ein ny strategi blei utarbeidd. Vidare har NGH innleidd eit nettverkssamarbeid med dei baltiske landa, noko som kjem i tillegg til NGH sitt totale internasjonale engasjement, m.a. i FAO og i fleire EU-prosjekt.

Det er starta arbeid med ein nasjonal plan for genetiske ressursar og ein handlingsplan for plantegenetiske ressursar.

Også i 1999 er det gitt støtte til enkelte frivillige organisasjonar. Formålet er å halde oppe miljø- og ressursarbeidet i organisasjonane. Støtta blei gitt i tråd med vilkåra.

Budsjettforslag 2001

For 2001 gjer ein framlegg om ei samla løyving under post 77 på 33,102 mill. kr.

Budsjetteringa av fylkesmannsembeta er frå 2001 endra slik at løyvingane til drift og lønn blir budsjettert over kap. 1510 Fylkesmannsembeta, jf. kap. 1102. Det er i samband med denne omlegginga overført 10,22 mill. kr frå kap. 1102 til kap. 1140 post 77. Midlane skal dekke ulike prosjekt i landbruksforvaltninga regionalt og lokalt, m.a. knytt til satsinga på Geovekst og GIS, kompetanseutvikling, ulike faglege prosjektar og oppfølging av kommunane.

Arbeidet med resultatkontroll, overvaking og miljødata blir ført vidare i 2001. Det skal i løpet av 2001 rapporterast til den femte Nordsjøkonferanse som skal haldast i 2002.

Departementet legg vekt på å få til ei meir effektiv samordning av miljøarbeidet på sentralt, regionalt og lokalt nivå. Departementet vil føre vidare arbeidet med sterkare samordning av aktuelle miljøtiltak i landbruket gjennom utarbeiding av eit miljøprogram. I tillegg er det ein viktig strategi å auke presisjonen i miljøarbeidet. Det vil i den samanhengen særleg vere viktig å satse på kompetanseheving og lokal tilpassing av prosjekta. Utviklingsprosjekt og informasjonstiltak vil vere viktige tiltak for å nå dette.

For at landbruksforvaltninga skal bli betre i stand til å gjennomføre arealpolitikken, og ivareta jordverninteressene i arealplanprosesser, vil ein prioritere utviklingstiltak. Dette vil m.a. vere pilotprosjekt og prosjekt med stor overføringsverdi innan område som arealdokumentasjon og ressurskartlegging, landbruket i ulike planprosesser, fortetting og arealutnytting.

Nordisk Ministerråd nyttar om lag halvparten av ressursane på jord- og skogbrukssektoren på genetiske ressursar der det meste av midlane går til Nordisk genbank for planter (NGB). Nordisk samarbeid om genetiske ressursar har ved fleire høve blitt vurdert å ha høg nordisk nytte og har vore tilsvarende prioritert i dei nordiske landa. Frå og med 2001 vil dette samarbeidet bli ytterlegare forsterka i og med ein ny og samla strategi for alt nordisk samarbeid om genetiske ressursar. Det blir arbeidd ut frå eit breitt og langsiktig perspektiv kor ein understrekar kor viktige dei genetiske ressursane er i høve til både mattryggleik, kultur og historie. NGH si rolle som kompetansesenter og formidlar av kunnskap skal prioriterast. Departementet vil føre vidare den samla oppfølginga av nasjonalt og internasjonalt samarbeid på dette området. Strategien for NGH inneber ei forsterking og delvis nyorientering av verksemda som framleis krev auka ressursar.

Departementet gjer derfor framlegg om å halde oppe den nasjonale satsinga på NGH på same nivå som i 1999 gjennom ei løyving på 1 mill. kr. Biodiversitetskonvensjonen frå Riokonferansen vil bli følgd opp gjennom ein nasjonal handlingsplan for biologisk mangfald. Departementet vil òg prioritere arbeidet med Nordsjødeklarasjonen og medverke til utvikling av det internasjonale miljøarbeidet i OECD og Nordisk Ministerråd.

Innanfor løyvinga tek departementet sikte på å tildele til saman 10,18 mill. kr i grunnstøtte til

enkelte frivillige organisasjonar som arbeider inn- anfor det landbrukspolitiske området, m.a. med faglege oppgåver knytte til husdyr- og planteproduksjon og alternative bygdenæringar. Dette er ein reduksjon på 3 mill kr i høve til 2000. Reduksjonen må sjåast i samanheng med eit stramt budsjett og behovet for å ivareta hovudoppgåvene i gjennomføringa av mat- og landbrukspolitikken.

Departementet legg opp til å gi tilskott til desse organisasjonane: Det kgl selskap for Noregs vel 2 750 000 kr, Norske 4H 4 640 000 kr, Det norske hageselskap 580 000 kr og Nordnorsk hestesenter og Norsk Fjordhestsenter AS til saman 1 580 000 kr. Resten, 630 000 kr, legg ein

opp til å gi til Norges Dyrebeskyttelsesforbund, Norsk Økologisk Landbrukslag, Biologisk Dynamisk forening, Norsk Gartnerforbunds plantesko- leseksjon, Norsk Kolonihageforbund og som tilskott til fagtidsskrift.

I tillegg til tilskotta som blir løyvde til Norske 4H og Det norske hageselskap over posten, vil desse organisasjonane i 2001 òg bli støtta gjennom at dei ikkje betaler for kontorlokale og kontortenester hos fylkesmannens landbruksavdeling. Verdien av den indirekte støtta er rekna ut til om lag 2 mill. kr. Tilsvarende ordning gjeld for Det norske skogselskap.

Kap. 1142 Miljø- og næringstiltak i skogbruket

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
50	Forvaltningsstøtte, utvikling og kunnskapsformidling i skogbruket	13 067	12 410	11 733
51	Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket	3 155	3 230	3 319
52	Omstillingstiltak NISK			2 000
71	Tilskott til langsiktige investeringar og næringstiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>	117 286	123 862	107 862
76	Ressurs- og miljøtiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>	19 339	23 174	23 174
	Sum kap. 1142	152 847	162 676	148 088

Mål og strategiar

Hovudmåla i skogpolitikken er at:

- verdiskapinga frå skogbaserte næringar skal aukast
- skogsektoren skal bidra til å løyse viktige miljøoppgåver.

Aktiv og langsiktig ressursforvaltning er nødvendig for å nå desse måla slik at skogen kan haldast i hevd samtidig som ein tar vare på og utviklar miljøverdiane vidare. Det er ein føresetnad at dei som eig eller har råderett over skogressursane er medvitne om dette og om forvaltaransvaret dei har.

Det er ei stor utfordring å få til betre lønnsemd og auka verdiskaping i skogsektoren. Verdiskapingsprogrammet som starta sommaren 2000 er viktig for å få til ei god samhandling mellom styresmaktene og næringa i dette arbeidet.

Det er òg andre tiltak som vil gi betre lønnsemd og investeringsvilje, og departementet legg derfor vekt på at næringa må ha konkurransedyktige transportvilkår, og at regelverket for fast-

setjing av pris på skogeigedommar må endrast slik at prisen betre reflekterer skogtilstanden og investeringar i skogen.

Det er ønskjeleg å halde dei langsiktige investeringane oppe. Dette krev innsats både frå det offentlege og frå næringa. Løyvingane over kap. 1142 og kap. 1150 (LUF) er nødvendige for å stimulere investeringsviljen hos skogeigarane og for å leggje forholda til rette for aktiv bruk av ressursane. Skogavgifta er likevel den viktigaste finansieringskjelda.

Skogbruket treng ein god miljøprofil både av omsyn til skogmiljøet og for at næringa skal få aksept i samfunnet og for marknadstilgang. Miljøarbeidet er komplisert og mangesidig, og hovudstrategien er derfor basert på god kunnskap og gode kontroll- og dokumentasjonsopp- legg. Skogbruket er òg eit viktig element i klimapolitikken. Skog i vekst bind karbon. Det same gjeld treprodukt som dessutan kan erstatte mindre miljøvenlege produkt og energikjelder. Dei norske skogane bind i dag meir karbon enn nokon gong tidlegare, og ved aktiv ressursforvaltning framover vil skogressursane framleis gi eit

viktig bidrag i arbeidet for å motverke klimaendringar.

FoU-innsatsen er sentral for arbeidet med å forvalte skogressursane på ein best mogleg måte og for å auke verdiskapinga i skogbruket. Ein vil derfor bruke ein del av løyvinga over kapitlet til å sikre kunnskapsgrunnlaget for skogforvaltninga. Departementet vil understreke skognæringa sitt medansvar i FoU-arbeidet.

Resultatrapport 1999

Langsiktige investeringar

Aktiviteten i skogbruket har vist negativ utvikling sidan tidleg på 90-talet med redusert avverking og lågare innsats på dei langsiktige investeringane. Reduserte tilskottsrammer i forhold til 1998 bidrog til at investeringane i skogkultur blei lågare i 1999. Det blei til saman investert 254 mill. kr i skogkultur i 1999, som er om lag 24 mill. kr lågare enn året før. Totalt blei det planta til eit areal på 196 000 daa og utført ungskogpleie på 420 000 daa. I tillegg blei det gjennomført stammekvisting på 8 500 daa. Markberedning som viste ei sterk auke frå 1997 til 1998, gjekk ned med knapt 5 000 daa til 80 500 daa i 1999.

Vegbygginga i skogbruket gjekk òg ned i 1999. Byggeaktiviteten er no berre 25% av den aktiviteten ein hadde for 10 år sidan, og byggevolumet er monaleg lågare enn det som ein reknar som nødvendig for å kunne utnytte skogressursane på dei økonomisk drivbare areala, jf. Skogmeldinga og behandlinga av ho i Stortinget. Det blei bygd mindre av både bilvegar og traktorvegar i 1999 enn året før. Dei totale investeringane i skogsvegar kom opp på 164 mill. kr i 1999 mot 178 mill. kr i 1998. Det blei bygd 219 km med nye skogsbilvegar og 573 km nye traktorvegar. Resultatkontrollen som er gjennomført i fylka i høve til vegar som var ferdige i 1998, syner at miljøomsyn blir godt innarbeidd i tiltaka.

Verdiskapingsprogrammet

Landbruksdepartementet sette hausten 1999 ned ei arbeidsgruppe som skulle gi råd om utforming, innhald og organisering av det verdiskapingsprogrammet som blei foreslått i Skogmeldinga. Departementet følgjer no opp tilrådingane frå gruppa, jf. omtale under post 71.

Rammevilkår for tømmertransporten

Høge transportkostnader hindrar utnyttinga av skogressursane og næringsutvikling i distrikta.

Som ledd i oppfølginga av Skogmeldinga, har Landbruksdepartementet saman med Kommunal- og regionaldepartementet og Norges Skogeierforbund (NSF) sett nærare på m.a. kostnadstilhøva for tømmertransportane. Rapporten "Rammebetingelser for tømmertransport i Norge" som er utarbeidd av NSF, blei lagt fram vinteren 2000. Rapporten gir eit godt grunnlag for både styresmakter og næringa i arbeidet med å effektivisere tømmertransportane. Det er sett i gang eit arbeid i nokre fylke for m.a. å finne fram til gevinstpotensialet ved fjerning av flaskehalsar på det offentlege vegnettet.

Areal- og ressursforvaltning, frø- og planteforsyning

Skogbruksplanlegginga, der statstilskottet blir dekt med LUF-midlar, blei gjennomført i 1999 om lag i tråd med årsplanen. Det blei i 1999 taksert om lag 3,5 mill. daa og utarbeidd skogbruksplanar for 2,5 mill. daa. Totalt blei det ferdigstilt nær 3 000 planar, og knapt 700 skogeigarar deltok på skogbruksplankurs.

Skogbruksplanlegginga har i 1999 vore prega av innsats retta mot å vidareutvikle hovudplanane for skogbruksplanlegginga i kvart fylke. Hovudplanen er viktig i arbeidet med å betre organiseringa av takstarbeidet, auke effektiviteten og målrette innsatsen mot areala som har stor økonomisk verdi og miljøverdi. Det er lagt stor vekt på å leggje til rette for at skogeigarane sjølv kan ta del i planarbeidet, slik at dei får ein plan som er mest mogleg tilpassa dei behov dei har.

Overvåkingsprogrammet for skogskader har sidan 1986 følgt korleis helsa til skogen har utvikla seg. Resultat frå overvakinga syner at helsetilstanden, landet sett under eitt, også i 1999 betra seg noko i forhold til året før. Årsaka til desse endringane er uvisst, men gunstigare klima i vekstsesongen kan spele ei viktig rolle.

Det blei i 1999 utarbeidd ein strategisk plan som m.a. skal ligge til grunn for aktiviteten ved Det norske Skogfrøverk. Det er ei målsetjing at mest mogleg av frøforbruket i skogbruket i framtida skal ha sitt opphav i frøplantasjar. For å nå målsetjingane om ei sikker frøforsyning basert på foredla materiale vil det krevje noko auke i løyvingane til frøavl.

Miljøtiltak

Miljøprofilen i skogpolitikken er basert på innarbeiding av miljøomsyn i regelverk, kompetanse, informasjon og resultatkontroll. Dette er ein kontinuerleg tilpassingsprosess der departementet

sidan 1996 har sett i gang fleire store tiltak, jf. omtale nedanfor.

Våren 2000 la prosjektet Miljøregistreringer i skog (MiS-prosjektet) fram resultat frå tre års feltarbeid og analysar knytt til biologisk mangfald. Dei seinare åra har mange i skogbruket lagt stor vekt på å registrere såkalla nøkkelbiotopar, men forskinga som er gjort i regi av prosjektet viste m.a. at sterk satsing på "nøkkelbiotopar" for å verne om det biologiske mangfaldet i skog ikkje er så effektivt som mange har trudd. Hovudårsaka til dette er at dei biologiske verdiane i liten grad er klumpvis fordelte. Resultata frå prosjektet talar for at det er viktigare å sjå på korleis ein kan ta vare på miljøverdiar som er spreidd ut over skogarealet.

Informasjonsarbeidet knytt til skog og miljø dekkjer både kunnskapsoppbygging og haldningsskapande tiltak retta mot betre miljøtilpassingar ved skogskjøtsel og skogsdrift.

Kurs- og opplæring

Oppslutninga om hovudtiltaka i regi av Skogbrukets kursinstitutt (SKI) har vore god. Det blei i 1999 gjennomført 686 kurs med til saman 3 763 deltakarar i kursserien Aktivt skogbruk. SKI har i tillegg leia 48 andre arrangement som kurs, seminar, skogdagar m.v., med totalt vel 1 400 deltakarar. Det er òg arrangert korte distriktkurs for skogsarbeidarar og yrkesaktive skogeigarar i kystfylka. Det har vore ei svak auke i kvinnedeltakinga frå 10 pst. til 11 pst., men den er framleis for låg. Statistikken viser no at kvinner utgjer meir enn 20 pst. av dei som tar over landbrukseigedomar. SKI må derfor arbeide målbevisst for å nå fleire kvinner.

Opplærings- og kompetansefeltet blei tatt opp med aktuelle partar og styresmakter hausten 1999. Arbeidet så langt har vist at det er mange ulike oppfatningar om kva for saker som bør takast først, og ein har derfor identifisert eit klart behov for å samle seg om ein skilde viktige oppfølgingspunkt.

Resultatkontroll

Resultatkontrollen som starta i 1994, blir ført vidare. Den årlege aktivitetskontrollen som blir gjennomført av Fylkesmannen og kommunane, viser at tilskottsreglane er følgt i dei fleste høva. Det er likevel grunn til otte fordi heile 22 pst. av foryngingsarealet ikkje var tilrettelagt for forynging to vekstsesongar etter avverking. Kontrollen omfattar alle skogeigarane, og er eit nyttig hjelpe-

middel i skogforvaltninga. Opplegget er under vidareutvikling.

Dødt og døande trevirke er viktig i miljøsamanheng. Tilstandsovervakinga i 1998 viser at vi har om lag 8 m³ dødt trevirke per hektar, noko som utgjer om lag 10 pst. av samla ståande levande kubikkmasse. Til samanlikning ligg Sverige på om lag 6 m³ per hektar.

Budsjettforslag 2001

Gjennom forslaga til løyvingar over kapitlet og LUF vil ein prioritere desse oppgåvene:

- auka satsing på betre lønnsemd og verdiskaping i skogsektoren m.a. gjennom ein auke i løyvinga til Verdiskapingsprogrammet
- statleg støtte til oppbygging og stell av skogressursane
- skogbruksplanlegging og god skogbruks- og miljøkunnskap som hovudplattform for eit langsiktig og miljøvenleg skogbruk
- høg miljøstandard som ein konkurranseføremon som må nyttast og gjerast betre
- eit tilfredsstillande vegnett og auka innsats med sikte på å betre rammevilkåra for tømmertransport.

Regjeringa gav i budsjettproposisjonen for 2000 ein kort statusrapport for arbeidet med oppfølging av St.meld. nr. 17 (1998-99). Oppfølgingsarbeidet går vidare, og tiltak som er knytt til bruken av budsjettmidlar i 2001 blir nemnde under omtalen av dei ein skilde postane. Andre tiltak blir kort omtalt her.

Betre lønnsemd og auka verdiskaping er to hovudutfordringar for skogpolitikken framover. Departementet arbeider med ei rad tiltak som kan medverke til meir positiv utvikling på desse områda. Tiltaka femner om betre rekruttering, auka kompetanse, betre tilgang til skogareala og meir effektivt transportarbeid i sektoren. Verdiskapingsprogrammet som er nærare omtalt under post 71 er òg eit viktig tiltak.

I komitéinnstillinga til St.meld. nr. 17 (1998-99) peika fleirtalet på at ein høgare pris på skogeigedommar vil stimulere til auka investeringar og at det er grunnlag for å vurdere ein særskild kalkulasjonsrentefot for verdsetjing av skog. Ein eigen kalkulasjonsrentefot for verdsetjing av skog er knytt til den særleg langsiktige karakteren av investeringar i skogkultur. Departementet vil no revidere retningslinene for praktisering av prisreguleringa for omsetning av skog i konsesjonssaker. I samband med revisjonen vil departementet

sende på høyring eit framlegg om ein kalkulasjonsrentefot på om lag 5% for verdsetjing av skog.

Det er eit mål å halde oppe dei langsiktige investeringane i skogbruket på eit tilfredsstillande nivå. Det er nødvendig at skogeigarane sjølve tek eit større ansvar for desse investeringane.

Miljøprofilen i skogpolitikken femnar om mange ulike tiltak knytt til opplæring og informasjon, registrering av miljøkvalitetar, kontrolltiltak og ulike samarbeidsprosjekt.

Kunnskaps- og kompetanseoppbygging er viktig for gjennomføringa av skogpolitikken. Det er eit mål å betre tilbodet til skogeigarar, skogsarbeidarar og entreprenørar i heile landet. SKI er ein sentral aktør i gjennomføringa av denne aktiviteten som blir delfinansiert over LUF (kap. 1150). Hovudutfordringar innan opplæring og kompetanse er peikt ut i samråd med aktuelle partar og styresmakter, og departementet er m.a. opptatt av rekruttering til relevante yrkesfaglege studieretningar i vidaregåande skule, sett i samheng med kompetanse- og arbeidskraftbehov i skogbruket.

Under behandlinga av Skogmeldinga slutta Stortinget seg til at det skulle innførast ei FoU-avgift på skogsvirke, jf. lov av 9. november 1956 nr. 4. Avgifta blei innført 1.7.2000 og skal innkrevjast for alt virke som i dag er skogavgiftspliktig. Innbetalinga skjer til Skogtiltaksfondet, og styret i fondet skal forvalte midlane i tråd med vedtektene. Avgifta vil saman med eksisterande midlar i fondet bidra til å sikre aktiv brukarmedverknad og -finansiering av FoU-arbeid i skogsektoren.

Arbeidet med ny skogbrukslov er i gang. Departementet har nær kontakt med regionale styresmakter og har vidare studert lovverket i nokre andre land. Departementet har oppnemnd ei breitt samansett referansegruppe med deltakarar frå aktuelle partar og styresmakter.

Skogen sin verknad for klimaet har kome meir i fokus dei seinare åra. Binding av CO₂ i ståande skog og i treprodukt, samt skogprodukta sine miljøfordelar framfor andre produkt er framheva i ulike samanhengar. Kyotoprotokollen som inneheld forpliktingar som reduksjon i utslepp av klimagassar, peikar på skogen sitt potensial for binding av CO₂. Det blir arbeidd vidare med å klargjere spørsmål knytt til arealforvaltning og skog i Kyotoprotokollen. Departementet følgjer denne prosessen med sikte på integrering av skog i det internasjonale klimaarbeidet slik Stortinget bad om ved behandling av skogmeldinga.

Resultatmål og resultatindikatorar

Tilskottsmidlane til skogkultur, skogbruksplanlegging og skogsvegar over statsbudsjettet og LUF blir gitt som ei rammeløyving til fylka, og er omtalt ved tidlegare høve, seinast i St.prp.nr. 1 (1998-99). Det er utarbeidd særskilde tilskottsreglar for desse ordningane og støtte til transporttiltak. For å følgje opp det nye økonomireglementet og tidlegare gjennomførte evalueringar, er regelverket for nokre av ordningane blitt revidert.

For å sikre god måloppnåing styrer departementet verksemda m.a. etter resultatmål og -indikatorar knytt til oppbygging av kvalitetsskog, infrastrukturen i skogbruket, miljøtilpassingar i skogbruket og auka og breiare utnytting av skogressursane.

Merknader til dei einskilde postane

Post 50 Forvaltningsstøtte, utvikling og kunnskapsformidling i skogbruket

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 11,7 mill. kr for 2001. Løyvinga skal dekke forvaltningsstøtte og andre oppdrag for det offentlege.

Fleire forskingsinstitusjonar utfører viktige oppgåver for Landbruksdepartementet innanfor institusjonane sine fagområde. Institusjonane gir råd og gjer utgreiingar som ligg til grunn for politiske og forvaltningsprega tiltak både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Behovet for medverknad frå institusjonane i samband med internasjonale prosessar som gjeld skog og skogbruk er aukande.

Norsk institutt for skogforskning (NISK) er spesielt engasjert i kartlegging av miljøaspekt ved skogbehandling og genetikknytt til skog.

NISK har ei mengd feltforsøk som har stor skogpolitisk verdi. Det er viktig å halde fram med dette arbeidet både vitskapleg og som grunnlag for framtidig politikktutforming og forvaltning.

Overvåkingsprogrammet for skogskadar er Noregs bidrag i eit internasjonalt opplegg for skogovervaking som gir grunnlag for internasjonale vedtak og tiltak mot moglege skadeverknader av luftforureiningar. Programmet blei starta i 1986 for å følgje utviklinga i skoghelsa. Det er viktig å føre overvåkingsprogrammet vidare.

Post 51 Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 3,3 mill. kr for 2001. Vedtektene for Utviklingsfondet for skogbruket blei fastsette ved kgl. res. datert

25.2.1977. Det hadde tidlegare vore ei refusjonsordning for bensinavgift ved bruk av motorsag i skogbruket. Ved tariffoppgjeret mellom Skogbrukets Arbeidsgiverforening og Norsk Skog- og Landarbeiderforbund for 1976-78 gav arbeidsgivarane kompensasjon for bensinavgifta. Tilsvarande skulle ein årleg sum bli stilt til rådvelde frå staten til utviklingstiltak i skogbruket. Tilskottet skal løyvast til Utviklingsfondet for skogbruket og blir disponert av eit styre med medlemmar frå Skogbrukets Landsforening, Norges Skogeierforbund, Norsk Skogbruksforening og Landbruksdepartementet. Noregs forskingsråd administrerer fondet.

Post 52 Omstillingstiltak NISK

Det er i 2000 gjennomført tiltak for å oppnå betre samsvar mellom utgifter og inntekter i NISK, jf. St.prp. nr. 61 (1999-2000) og Innst. S. nr. 220(1999-2000). Det er òg i 2001 nødvendig å gi omstillingsstøtte til NISK for å dekke ekstraordinære utgifter i samband med tiltaka som er sett i verk for å redusere bemanninga. Departementet gjer derfor framlegg om ei løyving på 2 mill. kr. for 2001.

Post 71 Tilskott til langsiktige investeringar og næringstiltak i skogbruket

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 107,9 mill. kr på denne posten i 2001. I tillegg kjem løyvinga til skogbruket over LUF (kap. 1150) på 153 mill. kr. I denne løyvinga inngår 25 mill. kr som blei overført frå BU til LUF i samband med at utvi-

klingsmidlane over BU blei overført til SND i 2000. Samla forslag til løyving til skogbrukstiltak over LUF og kap 1142, post 71 er på 261 mill. kr og inneber ein reduksjon på 16 mill. kr. i høve til 2000.

Regjeringa har ut frå den totale budsjettsituasjonen valt å prioritere verdiskapingstiltak. Løyvinga til Verdiskapingsprogrammet aukast derfor med 6 mill. kr til 25 mill. kr. Det er eit langsiktig mål å halde oppe høg aktivitet på oppbygging av ny kvalitetsskog, men dei økonomiske tilhøva gjer at tilskottsramma til skogkultur blir redusert med 20 mill. kr i 2001 i høve til Stortingets budsjettvedtak for 2000. Regjeringa ønskjer likevel å setje fokus på dei viktige utfordringane med å få dei langsiktige investeringane opp på eit tilfredsstillande nivå. Dette skal m.a. gjerast gjennom ei sterkare prioritering av tiltak til forynging og ved ei auka satsing på vegleiing og oppfølging overfor skogeigarane. Med dette som utgangspunkt legg ein opp til ei fordeling av tilskott på dei einskilde tiltaka under posten slik det går fram av tabell 2.5. Til samanlikning er tala frå rekneskapen i 1999 og fordelinga av løyvingane for 2000 tekne med (alle tal i mill. kr).

Skogkultur

Med tilskottet til skogkultur ønskjer ein å stimulere til etablering og oppbygging av kvalitetsskog. Det er i tabell 2.6 sett opp tal for nyplanting og ungskogpleie (rydding, avstandsregulering og kjemisk behandling) og samla investeringar i skogkultur dei seinaste åra, venta tal for 2000 og mål for 2001.

Tabell 2.5 Tilskott til langsiktige investeringar og næringstiltak (mill. kr)

Tiltak	Rekneskap 1999	Løyving 2000	Forslag 2001
Skogkultur	105	98	78
Skogsvegar	2	2	0
Transport	4	5	5
Verdiskapingstiltak	7	19	25
Sum	118	124	108

Tabell 2.6 Skogkultur

Skogkultur	1997	1998	1999	2000	2001
Nyplanting, 1000 daa	206	209	196	180	190
Ungskogpleie, 1000 daa	390	407	420	400	410
Investeringar i alt, mill. kr	243	278	254	220	230

Det har dei seinaste åra vore ei negativ utvikling på foryngingsfelt. Det er m.a. avdekt at det på vel 20 pst. av foryngingsarealet ikkje er tilrettelagt for forynging i det heile. Med bakgrunn i denne utviklinga sette departementet i 1998 ned ei arbeidsgruppe for å gå gjennom dagens bruk av verkemidla, framtidige behov og målsetjingar med tanke på skogkultur og forslag til endringar i bruken av verkemidla. Gitt dagens nivå på avverkninga vil det dei næraste åra vere behov for nyplanting på om lag 250 000 – 300 000 daa og oppfølging med ungsogopleie på om lag 450 000 daa per år. For å nå desse måla meiner arbeidsgruppa at det er behov for om lag 150 mill. kr i løyvingar til skogkultur. Arbeidsgruppa seier vidare at om ein ikkje får ei auke i løyvingane må ein gjere ei sterkare prioritering mellom dei ulike tiltaka. Med dei økonomiske rammene som i dag ligg til grunn og tilstanden på foryngingsfelt, vil departementet frå 2001 derfor prioritere forynging av skogsareala framfor t.d. ungsogopleie. Dette gjeld særleg på dei betre marktypene.

Det blei i samanheng med budsjettet for 2000 opna for at dei skogeigedommane med eit balansekvantum på meir enn 3000 m³ i ein kommune i skogstrøka skulle sidestilla med dei andre med tanke på tilskott. I samanheng med budsjettreduksjonen i revidert nasjonalbudsjett 2000 sa Stortinget likevel at det ikkje var behov for ei slik jamstilling, og ein gjekk attende til ei ordning med lågare tilskott til desse eigedommane. Med dei rammene som ligg til grunn i 2001 kan ein heller ikkje i 2001 opne for jamstilling av dei ulike eigedomskategoriene. Utover dette blir det opp til det

einskilde fylke å fastsette satsane for tilskott slik at ein får størst mogleg effekt av midlane.

For å auke interessa for å investere i skogkultur blir noko av løyvinga nytta, saman med midlar frå LUF, til informasjons-, opplærings- og rådgjevingstiltak retta mot den einskilde skogeigar. Med dei rammene som ligg til grunn i 2001 vil desse tiltaka bli enda viktigare med tanke på å unngå ein kritisk reduksjon i dei langsiktige investeringane.

Skogsvegar

Tilskott til bygging av skogsvegar vil bli gitt over løyvinga frå LUF. Departementet legg opp til at vegbyggingsaktiviteten i 2001 skal bli om lag på same nivå som dei siste par åra.

I samband med Stortinget si behandling av Skogmeldinga, var det brei semje om at skogsvegane er viktige for verdiskaping og sysselsetjing i skognæringa og at det var behov for å halde fram med nybygging og ombygging av skogsvegar. Stortinget peika og på at miljøomsyn må vektleggjast meir i samband med bygging av skogsvegar. Departementet følgjer opp dette gjennom endringar i tilskottsforskrifta og i forskrift for planlegging og bygging av landbruksvegar. Dette arbeidet vil bli gjort ferdig i 2001.

Det er ein føresetnad at tilskott skal prioriterast til hovudvegnett, og at traktorvegar som hovudregel skal finansierast med skogavgift og annan eigenkapital.

Tabell 2.7 viser m.a. vegbyggingsaktiviteten dei seinare åra og venta aktivitet i 2000 og 2001.

Tabell 2.7 Vegbyggingsaktivitet

Skogsvegar	1996	1997	1998	1999	2000	2001
Nybygging bilvegar, km	303	284	290	219	200	180
Ombygging bilvegar, km	327	359	503	432	430	430
Bilvegar i alt, km	630	643	793	651	630	610
Nybygging traktorvegar, km	832	745	707	573	600	600
Investeringar i alt, mill. kr	170	152	178	164	160	160

Transport

Formålet med løyvinga er å stimulere avsetnaden av tømmer frå område som ligg langt frå industrien. Direkte transporttilskott blei f.o.m. 1996 avgrensa til dei nordlegaste delane av landet. Ein stor del av tømmeret på Vestlandet må transportrast med båt. Dette krev at ein har tilgang på egna kaier. Med støtte frå denne løyvinga har ein fått bygd ut ein god del slike anlegg, men departe-

mentet ser det som nødvendig framleis å kunne bruke ein del av løyvinga over denne posten til bygging av nye og utbetring av gamle og dårlege kaier.

Verdiskapingstiltak

Det er eit potensial for auka verdiskaping og sysselsetjing knytt til auka utnytting av trevirke. Auka bruk av trevirke og høgare foredlingsgrad

av trevirke vil bidra til å skape varige, lønnsame arbeidsplassar, særleg i distrikta. Dette er samtidig sentralt for utvikling av berekraftige produksjons- og forbruksmønster.

Verdiskapingsprogrammet for bruk og foredling av trevirke som blei sett i gang 2. kvartal 2000, har som formål å medverke til å auke skogsektoren sitt bidrag til verdiskaping og til meir berekraftig produksjon og forbruk. Det femårige programmet skal fokusere på høgare foredling av trevirke, auka bruk av trevirke og betre koplingar mellom skog og marknad. Strategiske satsingsområde for å oppnå programmet sine mål er *profilering og kommunikasjon, produktutvikling og nyskaping og samarbeid og effektivisering*. Tiltak for å styrke kompetansen i alle ledd i verdikjeda skog – marknad vil vere eit sentralt element for programmet. Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND) administrerer programmet. Fylkesmannsembeta har god kontakt med ulike utviklingsmiljø i fylka og vil derfor vere ein viktig samarbeidspart i dette utviklingsarbeidet. Innanfor ramma tek departementet sikte på å bruke 25 mill. kr til verdiskapings tiltak.

Post 76 Ressurs- og miljøtiltak i skogbruket

Ein gjer framlegg om ei løyving på 23,2 mill. kr på post 76. Løyvinga blir nytta til ulike ressurs- og miljøtiltak, som tiltak for å betre miljøtilpassingane og frø- og planteforsyninga i skogbruket, til ressursregistreringar og til informasjonstiltak.

Miljøregistrering i skog

Landbruksdepartementet har lagt stor vekt på arbeidet med utvikling av eit vitenskapleg dokumenterbart miljøregistreringsopplegg knytt til biologiske miljøverdier. Når eit slik opplegg no ligg føre, er departementet budd på ei konkret oppfølging av dette. Dette vil krevje ei vidareføring av prosjektet i alle fall ut over 2002. Dette er tidlegare omtala i budsjettproposisjonane for 1999 og 2000. Hovudoppgåvene for MiS-prosjektet i komande periode er knytt til kvalitetssikring av registreringsopplegget. Informasjon og rettleiing til skogbruket, publisering av resultat frå prosjektarbeidet nasjonalt og internasjonalt og identifisering av viktige utfordringar framover.

For å følgje opp resultatata frå miljøregistreringsprosjektet vil det bli sett av ekstra midlar til registrering over LUF til skogbruksplanlegging. Det er ikkje rom for å registrere miljøverdier over heile skogarealet innan kort tid, og arealsortering og -prioritering er derfor nødvendig. Departemen-

tet vil derfor stille krav om miljøregistreringar i tilskottsforskriftene for skogbruksplanlegging, vegbygging og drift i vanskeleg terreng.

I samband med behandlinga av Skogmeldinga opna Stortinget for at det innanfor rammene av kap. 1142 kunne brukast midlar i samband med meirkostnader for den einskilde skogeigar knytt til å ta vare på verdiane i nøkkelbiotopar. Med bakgrunn i dei resultatata som miljøregistreringsprosjektet no har lagt fram, har Landbruksdepartementet kome til at ei ordning retta direkte mot såkalla nøkkelbiotopar ikkje vil gi god nok effektivitet eller måloppnåing. Landbruksdepartementet vurderer derfor ei tilskottsordning der det gis statstilskott til særleg viktige miljøomsyn i skogbruket. Departementet legg til grunn at midlar til denne ordninga skal gis over LUF til skogbruksformål og ein tek sikte på ei løyving på opp mot 5 mill. kr i 2001.

Departementet held fram arbeidet knytt til registrering av kulturminne i skog. Dette miljøregistreringsprosjektet er lagt til NIJOS. Arbeidet i dette delprosjektet vil venteleg gå føre seg ut 2002.

Anna oppfølging på miljøområdet er knytt til følgjande tiltak:

- samarbeid med Direktoratet for naturforvaltning for å utvikle den nasjonale "rødlista" for trua artar for å gjere ho meir brukbar for dei som skal drive praktisk skogbruk
- utvikling av nødvendige kompetansetiltak for å følgje opp det nye miljøregistreringsopplegget
- gjere nye innsamla miljødata der datainnsamlinga er gjort med statsstønad tilgjengelege over internett.

Frø- og planteforsyning og bevaring av genetiske ressursar

Det vil innanfor posten bli gitt støtte til Det norske Skogfrøverk for å sikre dei langsiktige oppgåvene innan frøforsyninga. Det vil for 2001 bli prioritert midlar til frø- og konglesanking frå klimautsette område, samt til frøavl og arbeid for å sikre dei genetiske ressursane i skogane. Innanfor ramma vil ein òg sikre ressursar til nødvendige forvaltningsoppgåver innan frø- og planteforsyninga.

Med bakgrunn i m.a. Noregs ratifisering av Rio-konvensjonen og den Pan-europeiske ministerkonferansen i Strasbourg har Noreg utarbeidd forslag til ein nasjonal strategi for bevaring av genetiske ressursar i skog. Ein del av denne strategien er å etablere eit nasjonalt genressursutval for skog. Departementet meiner det er mest tenleg å leggje eit slik utval til NISK. NISK sit i

dag inne med god kompetanse på området både fagleg og skogpolitisk, og er ofte nytta av departementet i saker som har med genetiske ressursar i skog å gjere.

Informasjonstiltak og kunnskapsoppbygging

Under posten vil ein bruke midlar for å skaffe fram meir kunnskap om korleis skogbruket kan verne om sårbare artar og økosystem. Informasjonstiltaka rettar seg både mot samfunnet generelt, mot rådgjevarane i skogbruket og mot den einskilde skogeigar. Særleg blir det lagt vekt på å nå ut til utøvarane i næringa med kunnskap om

skogøkologi og korleis dei kan ta omsyn til biologisk mangfald, landskap, kulturminne og friluftsliv i verksemda si.

Tilskott til organisasjonar

Innanfor løyvinga tek departementet sikte på å tildele vel 1,1 mill. kr i grunnstøtte til organisasjonane Det norske Skogselskap (600 000 kr), Stiftelsen Det norske arboret på Milde (360 000 kr) og organisasjonen Jenter i Skogbruket (170 000 kr). Tilskotta tek sikte på å medverke til å halde oppe aktiviteten i organisasjonane, som alle arbeider innanfor det skogpolitiske området.

Kap. 1143 Statens landbruksforvaltning (jf. kap. 4143)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter		115 252	142 053
70	Tilskott til beredskap i kornsektoren, <i>kan overførast</i>		19 000	14 000
71	Omstillingsstøtte til slakteri, <i>kan overførast</i>		19 006	9 006
72	Erstatningar, <i>overslagsløyving</i>		100	100
	Sum kap 1143		153 358	165 159

Innleiing

I samband med behandlinga av St.prp. nr. 1 (1998-99) og Innst. S. nr. 89 (1998-99) vedtok Stortinget at Statens Kornforretning, Omsetningsrådet, Fraktkontoret for slakt og delar av Statens landbruksbank skulle samordnast til ei verksemd.

Det nye forvaltningsorganet, Statens landbruksforvaltning (SLF), er underlagt Landbruksdepartementet og blei oppretta med verknad frå 1.7.2000, jf. St.prp. nr. 82 (1999-2000). Etter samordninga er namnet på kap. 1143 endra til Statens landbruksforvaltning.

Stortinget vedtok å avvikle Statens landbruksbank og overføre hovuddelen av verksemda til Statens nærings- og distriktsutviklingsfond. Dei delane av Statens landbruksbank som inngår i SLF er m.a. sekretariatsoppgåver for Statens naturskadeordning og ankenemnda for ordninga, sekretariatsoppgåver for Fondet for etterutdanning og driftsøkonomiske tiltak i landbruket (EDL-fondet) og klagebehandling i delings- og omdisponeringssaker etter jordloven.

For å kunne gjennomføre samordninga og avviklinga av Statens landbruksbank er det gjort endringar i fleire lovar, jf. Ot.prp. nr. 11 og 12 (1999-2000) og Stortingets behandling av desse.

Særleg viktig er opphevinga av kornforsyningslova som er erstatta av lov om kornforvaltning, samt endringar i omsetningslova som m.a. førte til at Omsetningsrådets sekretariat blei avvikla som eiga verksemd. Samtidig overtok staten sekretariatsansvaret for rådet. Departementet har lagt denne funksjonen til SLF. Utgifter med å førebu og følgje opp sakene for Omsetningsrådet vil bli belasta omsetningsavgifta.

Det blir lagt til grunn at Omsetningsrådet som partssammansatt organ fortsett vil ha dei fullmakter som framgår av omsetningslova. Innanfor dei områda kor Omsetningsrådet har fullmakt, vil SLF utføre nødvendige sekretariatsoppgåver. På desse områdene vil rådet ha fagleg styringsrett overfor SLF og SLF vil måtte opptre med tilstrekkeleg fagleg sjølvstende i forhold til departementet.

Mål og strategier

Formålet med samordninga er å effektivisere den statlege styringa av verkemidla i landbrukspolitikken, sikre ein kundevenleg organisasjon og medverke til ein meir rasjonell og effektiv ressursbruk. SLF skal vere eit utøvande forvaltningsorgan for dei sentrale landbrukspolitiske

verkemidla og eit støtte- og utgreiingsorgan for departementet.

Det er ønskje om ei meir einsarta forvaltning av verkemidla i landbrukspolitikken, spesielt verkemidla i jordbruksavtalen. Ein ønskjer òg å oppnå ei forenkla og meir einsarta styringslinje mellom Landbruksdepartementet, den nye verksemda og fylkesmennene. SLF vil ha ei sentral rolle i samband med gjennomføringa av landbrukspolitikken, og det er lagt opp til at SLF i tillegg til å administrere dei ulike ordningane, òg skal ha ei rådgjevande rolle. Det er føresett at SLF skal medverke til administrativ forenkling og utvikle eksisterande regelverk med sikte på å auke måloppnåinga.

SLF har følgjande verksemdsidè:

- SLF er ei utøvande og rådgjevande verksemd under Landbruksdepartementet
- SLF skal medverke til ein god ressursforvaltning og eit godt fungerande næringsliv i heile verdikjeda frå jord til bord

Hovudmål for verksemda:

Statens Landbruksforvaltning skal innanfor dei landbrukspolitiske rammor medverke til å:

- sikre ressursgrunnlaget for landbruksproduksjon og levande bygder
- sikre matproduksjon og ei stabil matforsyning
- sikre ein stabil marknad og ein godt fungerande næringsmiddelindustri
- sikre eit godt fungerande importvern og oppfylling av internasjonale plikter. SLF skal vere en velfungerande verksemd med initiativrike, endringsdyktige og serviceinnstilte medarbeidarar som gjennom forvaltning og rådgjeving skal sikre brukarane effektive tenester.

Budsjettforslag 2001

På bakgrunn av dei utfordringane SLF står føre i dei næraste åra, framstår desse område som særleg strategisk viktige:

- leiing- og leiarutvikling
- å fremme ein einsarta organisering og felles bedriftskultur
- kompetanseutvikling
- informasjon og kommunikasjon
- informasjons- og kommunikasjonsteknologi
- samarbeid med andre (nasjonalt og internasjonalt).

Under følgjer ei nærare omtale av dei einskilde resultatområda:

Areal- og ressursforvaltning

SLF skal medverke til å sikra ressursgrunnlaget for landbruksproduksjon og levande bygder. Dei viktigaste ansvarsområda er knytt til klagebehandling, forvaltning og utvikling av tiltak innan areal- og ressursforvaltning etter m.a. jord-, konsesjons- og odelslova, samt miljø og kulturlandskap. SLF har òg ansvar for ein del av BU-midlane og skadeerstatningsordningar

Oppgåvene innan areal- og ressursforvaltning har i stor grad blitt forvalta av departementet fram til 1.7.2000. I 2001 må SLF bygge opp ein fungerande eining slik at forvaltninga og kompetansen blir ført vidare på desse saksområda.

Inntekts- og velferdspolitiske tiltak

SLF skal medverke til å sikra ein stabil matproduksjon og stabil matforsyning. SLF forvaltar inntekts- og velferdsordningar med primærprodusentar som målgruppe. Dei viktigaste ansvarsområda er knytt til utvikling og forvaltning av verkemidla innan arealtilskott, husdyrtilskott, pristilskott m.m., kompetanse, rekruttering og velferdsordningar, kvoteordningar for mjølk og husdyrkonsesjonar.

I 2001 må SLF sørge for å utvikle og forbetre eksternkontrollen og føre vidare arbeidet med systemutvikling.

Omsetning og marknadstiltak

SLF skal medverke til å sikra ein stabil marknad og ein godt fungerande næringsmiddelindustri. Dei viktigaste ansvarsområda er eksportstøtteordningar, ordninga med råvarepriskompensasjon, marknadsregulering for egg, mjølk, kjøtt, grønt og potet samt marknadsregulering for korn. Formålet med ordningane er å sikre avsetning for norske jordbruksråvarer. Omsetningsleddet og annan næringsmiddelindustri er målgruppa.

I 2001 må SLF sørge for å etablere eit apparat som kan følgje opp prisfastsetjinga i jordbruksavtalen med sikte på å sikre like konkurransevilkår i næringa, og å overvake marknadsforholda i omsetninga av matvarer.

Handel og industri

SLF skal medverke til å sikra eit godt fungerande importvern og oppfylling av internasjonale rettar og pliktar. Dei viktigaste ansvarsområda er toll, tollnedsetjingar og importkvoter samt marknadsovervaking og prisinnhenting. Felles for ordnin-

gane er at importører og næringsmiddelindustrien er viktige målgrupper, og at ordningane er knytt til internasjonale avtaler. SLF må særleg sette fokus på å vidareutvikle gode relasjonar til brukarar og samarbeidspartnarar.

Administrasjon

Administrasjon omfattar organisasjon, personalforvaltning, økonomistyring, informasjon og kommunikasjon, dokumentasjon, IKT og drift. SLF skal vere ein velfungerande verksemd som utnyttar sine ressurser på en effektiv måte, og som gjennom forvaltning og rådgjeving sikrar brukarane effektive tenester. Dei viktigaste ansvarsområda er knytt til utvikling av personal- og lønnspolitikk, drøftingar og forhandlingar med organisasjonane, kompetansutvikling, organisasjonsutvikling, økonomistyring, leiingsutvikling, dokumentasjon og intern informasjon, interne driftsoppgåver samt IKT-system. SLF må i tillegg sørge for ein tilfredsstillande eksternkontroll.

Departementet har det overordna ansvaret for IT-systema som nyttast i forvaltninga av statlege midlar. SLF har driftsansvar for dei IT-systema som dei nyttar og må sørge for tiltak som sikrar ein tilfredsstillande kontroll av fagsystem og databasesystem. SLF må prioritere arbeidet med vidareutvikling og kontroll av datasystema.

Landbruksdepartementet vil i samarbeid med SLF utarbeide rapporteringsopplegg for dei enkelte resultatområda, med rapportering til Stortinget første gang i budsjettproposisjonen for 2002.

Merknader til dei einskilde postane

Post 01 Driftsutgifter

Departementet gjer framlegg om ei løyving på kap. 1143 post 01 på vel 142 mill. kr for 2001. Dette er ein auke på 27 mill. kr i høve til saldert

budsjett 2000. Auken kjem av at budsjetteringa er endra som følge av etableringa av SLF frå 1.7.2000. Det er derfor overført 14 mill. kr frå kap. 1150, jf. tabell 2.10, og posten er auka med 15,5 mill kr mot tilsvarende auke i inntektene på kap. 4143 post 01.

Posten skal dekkje SLFs driftsutgifter. For å kunne oppretthalde nødvendig fleksibilitet vil det likevel framleis vere aktuelt å belaste tilskottsordningane med visse utgifter, særleg av utviklings- og utgreiingskarakter og ved evalueringar, jf. omtale kap. 4.4 i St.prp. nr. 67 (1997-98).

Post 70 Tilskott til beredskap i kornsektoren

Tiltaka som blir finansiert over løyvinga er ein del av forsyningsberedskapen i Totalforsvaret. Departementet legg i 2001 vekt på å følge opp St.meld. nr. 25 (1997-98) *Langtidsplan for det sivile beredskap 1999-2002*. Dette inneber vurdering av beredskapstiltak i høve til planføresetnadene. Det er etablert eit prosjekt saman med Nærings- og handelsdepartementet om forsyningsberedskapen i Nord-Noreg. I samband med dette er beredskapsordningane der til nærare vurdering. For 2001 legg departementet til grunn at ordningane blir ført vidare og gjer framlegg om ei løyving på 14 mill. kr.

Post 71 Omstillingsstøtte til slakteri

Etter at finansieringa av kjøttkontrollen blei lagt om frå 1.1.99, har enkelte verksemdar fått større kostnader til kjøttkontroll på grunn av omlegginga. Omstillingsstøtta skal medverke til å jamne ut kostnadene som slakteria har til kjøttkontroll, og er særleg retta inn mot at små slakteri over tid kan tilpasse seg den nye finansieringsmodellen.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på vel 9 mill. kr i 2001. Departementet legg opp til at små slakteri vil bli prioriterte innanfor løyvinga.

Kap. 4143 Statens landbruksforvaltning (jf. kap. 1143)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsinntekter m.m.		6 629	22 329
80	Renteinntekter		1 759	1 759
	Sum kap 4143		8 388	24 088

Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga gjeld driftsinntekter som Statens landbruksforvaltning har knytt til sekretariatet for Omsetningsrådet, sal av tenester og utleige av kontorplassar. Inntekter frå gebyr blir òg ført på posten. Departementet gjer framlegg om ei løyving på vel 22 mill. kr for 2001.

Post 80 Renteinntekter

Løyvinga gjeld renteinntekter på lån som Statens landbruksforvaltning forvaltar, m.a. lån til Lager og tørkefondet. Departementet gjer framlegg om ei løyving på vel 1,7 mill. kr for 2001.

Kap 1144 Meirverdiavgiftskompensasjon

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
70	Meirverdiavgiftskompensasjon, kjøttprodukt, <i>overslagsløyving</i>			250 000
	Sum kap. 1144			250 000

Allmen omtale

Ordninga med meirverdiavgiftskompensasjon er ein del av meirverdiavgiftsreforma som regjeringa gjer framlegg om å innføre frå 1. juli 2001, jf. Ot.prp. nr. 2 (2000-2001) *Om lov om endringer i lov 19. juni 1969 nr. 66 om merverdiavgift. Merverdiavgiftsreforma 2001*. For kjøtt vil reforma av administrative årsaker bli gjennomført som ein kompensasjonsordning. Kompensasjonen skal fastsetjast slik at den svarer til forskjellen mellom gjeldande generelle meirverdiavgiftssats (23 pst.) og ein sats på 18 pst. Den vil teknisk sett virke på samme måte som forbrukarsubsidiar og gi ein nedskriving av engros-/forbrukarprisane etter jordbruksavtalen si noteringspunkt. Utbetalingsane skal knytast til omsett kvantum og det skal

fastsetjast ein felles sats for alt kjøtt. Kjøtt vil elles få samme meirverdiavgiftssats som andre varer. Statens landbruksforvaltning vil stå for forvaltninga og fastsetje forskrift for gjennomføringa.

Budsjettforslag 2001

Kompensasjonen for meirverdiavgift vil av administrative omsyn bli lagt til engrosleddet. Tilskott vil bli utbetalt gjennom Statens landbruksforvaltning og administrasjonskostnadene er føreset dekt over ordninga.

Med grunnlag i forventet sal av varer som høyrer inn under ordninga, er utgiftene under kap. 1144, post 70 rekna ut til 250 mill. kr for andre halvår 2001.

Kap. 1145 Jordskifteverket (jf. kap. 4145)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	132 690	130 202	132 777
	Sum kap. 1145	132 690	130 202	132 777

Mål

Jordskifteretten er ein særdomstol som byggjer på vanlege domstolprinsipp. Særdomstolen er uavhengig i si dømmende verksemd, men er administrativt underlagt Landbruksdepartementet. Som for andre domstolar er det overordna målet å syte for rettstryggleik for partane. Lovrevisjonen i 1998 la nye domstoloppgåver til jord-

skifteretten og gjorde saksbehandlinga meir lik dei vanlege domstolane.

Med utgangspunkt i partane sitt krav i den ein-skilde sak, skal jordskifteretten:

- gjere eigedomane betre skikka for utnytting gjennom å skape ein lovpålagt skiftegevinst (auke nettoinntekta) innan skiftefeltet. Ingen part i ein slik jordskiftesak kan påførast privatøkonomisk tap. Målsetjinga er å tilpasse rettar,

eigedomsutforminga og transportnett til behova i framtida ut frå privatøkonomiske vurderingar,

- gjennom sin rettsfastsettjande verksemd i den einskilde jordskiftesak, eller som eiga sak utan eit samstundes jordskifte, klarleggje og ta avgjerder i saker om uklåre eigedom- og bruksrettstilhøve. Målet er å skape klarleik og ro om eigedomstilhøva slik at grunneigarar og bruksrettshavarar kan disponere grunn og rettar ut frå eit trygt rettsleg grunnlag og
- kunne gjennomføre arealbytte og halde skjønn i ei og same sak ved offentleg erverv av grunn og ved offentlegrettslege rådveldinnskrenkingar som utløyser erstatningsplikt. Lovgrunnlaget for desse oppgåvene blei utvida frå offentleg veg og jernbane til alle typar offentlege utbyggingstiltak og innskrenkingar i eigarrådvelde ved lovrevisjonen i 1998. Jordskifteretten har likevel ikkje heimel til å ta slike saker i tettbygd område. Det er eit mål å redusere skadeverknadene frå det offentlege ervervet elles rådveldinnskrenkinga på dei eigedomane som blir råka. Arealbytte (makeskifte) kan sette eigarane i stand til å halde fram med bruken av eigedomane trass i at dei avstår areal til tiltaket. Eit anna mål er å gi tiltakshavar eit alternativ til erstatning i pengar.

Andre mål er

- auka kostnadseffektivitet i særdomstolen og
- ingen auke i restanser

Omfanget av sakene kan variere frå nokre dagsverk til fleire årsverk. Jordskifterettane avgjer rettsspørsmål og vedtek tiltak mellom grunneigarar og rettshavarar som gir meir rasjonelle bruk, måler inn og merker grenser og lager eigedomskart i ei og same sak. Jordskifteretten sikrar ei effektiv ressursutnytting ved å vere eineinstans gjennom heile prosessen, og grunneigarane får utført dei nødvendige offentlege tenester knytt til eigedomsendringene i ein rettsinstans.

Resultatrapport 1999

Overslag og erfaring viser at løyving til Jordskifteverket på om lag 130 mill. kr gir ei verdiskaping på minst 250 mill. kr i form av auka produktivitet og sysselsetjing i distrikta.

Statistikken viser at det blei avslutta totalt 976 saker i 1999, fordelt med 928 saker ved jordskifterettane og 48 saker ved jordskifteoverrettane. Dette er ein reduksjon på om lag 100 saker i høve

til eit normalår. Også i 1999 auka talet på omformingssaker medan talet på reine grensefastsettjande saker minka. 787 tvistar fann si løysing. 8177 partar fikk løyst problem knytt til eigedomane deira i sakene som blei avslutta. I dei avslutta sakene blei det pålagt felles investeringar for om lag 19 mill. kr. Det blei vedtatt bygd 224 km skogveggar og det blei marka og koordinatfesta 1436 km grenser. Gjennomsnittsalderen på avslutta saker er om lag som i 1998, 2,7 år.

Budsjettforslag 2001

Sidan alt arbeid i jordskifterettane må ha heimel i lov, ligg dei viktigaste styringssignala i lovrevisjonen frå 1998. Som følgje av lovendringa kan grunneigarar, bruksrettshavarar samt offentlege styresmakter som har ekspropriasjonsheimel, krevje jordskifte. Føresetnaden er at det skal skapast netto verdiauke i skiftefeltet i høve til at ekspropriasjonen blir gjennomført utan jordskifte. Tilsvarande gjeld når det blir kravd jordskifte i samband med offentleg rettslege rådveldinnskrenkingar. Departementet viser i den samanheng til det pågåande arbeid med gjennomføringa av barskogvernet der Stortinget under behandlinga av St.meld. nr. 40 (1994-1995) *Opptrapping av barskogvernet frem mot år 2000* la til grunn at ein burde nytte arealbytte (jordskifte).

Gjennom lovrevisjonen blei jordskifteretten sin saklege kompetanse vesentleg utvida. Dette gjeld særleg med omsyn til skjønn.

Saker som kjem inn for jordskifteretten må løysast innanfor tilsvarande tidsrammer som ved dei ordinære domstolane. Ventetida før saksbehandlinga tek til og saksbehandlingstida må ikkje kome i konflikt med partane sine krav til rettstryggleik i jordskifteretten. For tida har jordskifterettane klart lengre ventetid enn herads- og byrettane. Jordskifteoverrettane er om lag i same situasjon som lagmannsrettane.

Det er aukande interesse frå grunneigarar og frå offentlege styresmakter for arealbytte ved gjennomføring av større offentlege planar. Departementet viser til Jernbaneverket, som i samband med innføring av planane om innføring av krengetog, vurderer å leggje ned om lag 2 000 private planovergangar. Det blir vurdert å gjennomføre delar av nedlegginga av planovergangar ved jordskifte. Grunneigarar og naturvernstyresmaktene ønsker å bruke avtalebasert jordskifte ved gjennomføring av utvida barskogvern. Stortinget har peika på at det er ønskeleg å bruke erstatningsareal og jordskifte ved grunnerverv til Region felt

Austlandet. I sum kan dette auke arbeidsmengda monaleg

For å møte nye, lovpålagte oppgåver og for å tilpasse Jordskifteverket til utviklinga etter midten av 1980-talet, har departementet dradd i gang ein prosess med sikte på å endre organiseringa. Ei gruppe har laga ein omfattande rapport. Denne har vore på høyring. Rapporten og høyringsutsegnene følgjer som utrykte vedlegg. Gruppa går mellom anna inn for å opprette eit hovudkontor utanfor departementet, at minste tal tilsette på ein kontorstad bør vere anten fem eller åtte, at landet blir delt i 12 jordskiftesokn med to til fire avdelingar og at tilhøvet til Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS) blir endra. Gruppa fremma òg konkrete forslag om å leggje ned fire eller elleve jordskiftekontor.

Når det gjeld hovudkontor, går alle høyringsinstansane unntatt Justisdepartementet inn for gruppas forslag. Justisdepartementet viser m.a. til det arbeidet som er tatt opp i høve til dei vanlege domstolane bygd på NOU 1999:19 *Domstolane i samfunnet* og NOU 1999:22 *Domstolane i første instans*, og ber om at spørsmålet om hovudkontor blir sett i samanheng med dette. Eit utval som skal kome med ei tilråding om jordskiftearbeidet i framtida skal gjerast i ein særdomstol eller som forvaltning er under oppnevning. Landbruksdepartementet ønsker å utsette avgjerda om hovudkontor til desse arbeida er slutført. Når det gjeld korleis jordskiftesokna skal vere og korleis organisasjonen med fordel bør vere, er det lita rettleiing å henta i høyringane. Dei er svært delte. Når det gjeld tilhøvet til NIJOS, går det fleste utsegna på at Jordskifteverket bør kjøpe fagteneste i staden for å ha eit fast oppdrag. NIJOS går mot dette synet. Landbruksdepartementet meiner det er tilrådeleg å prøve ei ordning der 25 pst. av det som til nå har vore eit fast oppdrag går over til å bli kjøpt av tenester. I den samanheng vil det bli overført 1 mill. kr frå kap. 1146 NIJOS til kap. 1145 Jordskifteverket. Då kan ein vinne erfaringar.

Alle dei lokale høyringsinstansane går imot nedlegging av kontor i deira lokalmiljø. Når det gjeld syn på kor mange tilsette det bør vere på eit kontor for at det skal fungere godt og vere robust mot tilhøve som sjukefråvær, oppseiingar m.m. er meiningane meir delte. Dei fleste går inn for ein minste bemanning på fem på kvar kontorstad. Då seier dei seg i prinsippet samde i at det må leggjast ned nokre kontor.

Etter ei samla gjennomgang av signala om fornying av offentleg sektor, det materialet som ligg føre, dei oppgåvene ein står framfor, nye vegar, bruar og tunnelar, IKT og tilgjengelege ressursar,

tek departementet sikte på å gjere slike endringar:

Desse fem (av 41) kontorstadene for jordskifteretta blir lagt ned

1. Sør-Helgeland jordskifterett i Brønnøysund blir lagt ned og Nord-Helgeland jordskifterett i Mosjøen blir styrkt.
2. Nordre Sunnmøre jordskifterett i Ålesund blir lagt ned og Søre Sunnmøre jordskifterett i Ørsta blir jordskifteretten på Sunnmøre.
3. Hardanger jordskifterett i Norheimsund blir lagt ned og kontora i Voss og Bergen blir noko styrkte.
4. Nord-Rogaland jordskifterett i Aksdal blir lagt ned og kontora i Leirvik og Stavanger blir noko styrkte.
5. Aust-Telemark jordskifterett i Bø blir lagt ned og kontora i Kviteseid og Skien blir noko styrkte.

I tillegg ønsker departementet å leggje ned eit av dei tre kontora som nå ligg i; Harstad, Narvik og Sortland, og i : Gjøvik, Hamar og Lillehammer. Avgjerda om dette vil bli tatt etter særskilt høyring.

I Gulating er det for tida to avdelingskontor for jordskifteoverrett. I samsvar med rapporten tar ein sikte på å leggje ned avdelingskontoret i Førde fordi kontoret i Bergen ligg best til høve til oppgåvene og er lokalisert på same stad som lagmannsretten. Samstundes ønsker ein å styrkje jordskiftekontoret i Førde.

Vidare tek ein sikte på å flytte fire kontor:

1. Finnmark jordskifterett frå Vadsø til Alta.
2. Østfold jordskifterett frå Moss til Sarpsborg.
3. Hålogaland jordskifteoverrett frå Harstad til Tromsø.
4. Eidsivating jordskifteoverrett frå Gjøvik til Hamar.

Ved desse endringa oppnår ein dels å få kontorstadene meir sentralt i høve til oppgåvene og dels å få lokalisert jordskifteoverrettane på same stad som lagmannsrettane. Gruppa har ikkje gjort framlegg om flytting frå Vadsø til Alta eller frå Moss til Sarpsborg. Det har derfor heller ikkje vore på høyring. Landbruksdepartementet vil sende desse forslaga på høyring før det blir teke endeleg stilling til flytting.

Departementet tek òg sikte på å endre einkilde soknegrenser slik at det bryt med fylkesgrenser. Målet er å oppnå meir kostnadseffektiv saksavvikling. Døme på kva som vil bli vurdert kan vere; å flytte saker i Osen kommune frå Sør-Trøndelag jordskifterett i Trondheim til Nord-

Trøndelag jordskifterett i Steinkjer og å flytte saker i Røros kommune frå Sør-Trøndelag jordskifterett til Nord-Østerdal jordskifterett i Tynset.

I samsvar med fornyingssignala om så få administrative nivå som råd, tek ein sikte på å dra inn stillingane som fylkesjordskiftesjef. Dette blir same administrative ordning som i dei ordinære domstolane. Kvar jordskifterett skal rapportere direkte til departementet som vil knytte til seg om lag tre årsverk frå jordskifteretten for å ta hand om dei aukande oppgåvene. Stillingane vil framleis bli belaste kap. 1145.

I sum reknar ein med at dette vil gi ein positiv effekt på om lag 10 pst i auka saksavvikling etter at omstillinga er gjennomført, dvs. etter om lag tre år. Omstillinga vil gjere det mogleg å få meir kostnadseffektivt arbeid internt på kontora, raskare gjennomføring av investering i utstyr som gir auka effektivitet, og ved å redusere og effektivisere administrativt arbeid ved å ta bort fylkesnivået i organisasjonen. I dei næraste tre åra reknar ein med at kostnadene til omstilling knytt til flytting av folk og endring av husleigeavtalar m.m. vil gi ein mindre produktivitetssvikt. Den samla

effekten av desse endringane er ein viss auke i stillingar og oppgåver i distrikta.

Landbruksdepartementet meiner dette er endringar som ikkje vil ha nemnande verknad i høve til det utgreiingsarbeidet som vil bli starta hausten 2000 med sikte på å få fram fordelar og ulemper ved at jordskiftearbeidet i framtida blir utført i domstols eller forvaltnings form. Departementet reknar med at det vil ta nokre år før det kan legges fram ei tilråding i dette spørsmålet for Stortinget. Ein meiner det er nødvendig å gjere noko med organiseringa nå og at skadeverknadene av å vente blir store.

Utviklinga på IT-området vil vere særskild viktig for å betre informasjonsutvekslinga og effektivisere arbeidet i etaten. For raskare framstilling av jordskifte- og temakart, er det etablert samarbeid med fylkesmennene om geodata (GIS) både fagleg og økonomisk. Det blir vidare satsa på økt bruk av GPS-utstyr som medverker til ei effektivisering av markarbeidet. Ein vil i 2001 halde fram arbeidet med å effektivisere og samordne økonomiforvaltninga. For å effektivisere rekneskapsarbeidet vil det bli oppretta ein felles rekneskapsfunksjon for jordskifteretten.

Kap. 4145 Jordskifteverket (jf. kap. 1145)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Saks- og gebyrinntekter	5 953	14 802	15 247
05	Refusjon, utgifter til målehjelp	1 140		
15	Refusjon, arbeidsmarknadstiltak	157		
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	867		
17	Refusjon, lærlinger	15		
	Sum kap 4145	8 132	14 802	15 247

Post 01 Saks- og gebyrinntekter m.m.

Posten omfattar inntekter ved innkrevjing av gebyr frå partane og refunderte utgifter til målehjelp. Partane ber i tillegg ei rekkje utgifter som t.d. godtgjersle til meddommarar, målearbeid, grensemerker og eigen innsats ved førebuing til rettsforhandlingar. Vedtak av Ot.prp. nr. 5 (1998-99) om auke og endring i gebyrreglane i Jordskif-

telova inneber at det skiljast mellom gebyr og såkalla sideutgifter ved saker som hittil har vore betalt av Jordskifteverket.

Av ei samla utgift under kap. 1145 post 01 på 1,2 mill. kr til målehjelp vil om lag 0,9 mill. kr bli dekt av partane i form av sakskostnader. Dette vil bli ført som inntekt på kap. 4145 post 01. Nettoutgift til målehjelp blir då 0,3 mill. kr.

Kap. 1146 Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (jf. kap. 4146)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	68 001	58 594	58 001
	Sum kap 1146	68 001	58 594	58 001

Mål og strategiar

Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS) skal dekkje dei behova samfunnet har for grunnleggjande data om jord, skog, vegetasjon og landskap for å sikre berekraftig utnytting av landbaserte arealressursar.

NIJOS skal levere standardisert ressurs- og miljøinformasjon som brukarane i den offentlege forvaltninga og næringslivet treng. Betre tilgang på standardisert informasjon er særleg viktig innan følgjande område:

- utforming og rasjonell iverksetjing av nasjonal politikk - effektiv etterprøving av politikken og internasjonal rapportering,
- planlegging og berekraftig forvaltning av areal og landskap lokalt og regionalt og
- utvikling av framtidretta og lønsam landbruksproduksjon og andre areal- og naturressursbaserte næringer.

For å nå desse måla skal NIJOS:

- Utføre landsdekkjande utvalsundersøkingar av tilstand og endringar i arealressursar, miljø og landskap. Desse undersøkingane omfattar landskogstakseringa, overvaking av skogskader og kulturlandskap.
- Bygge opp og vedlikehalde landsdekkjande, samordna arealinformasjon. Kartlegging og tilrettelegging av data i stor målestokk skal skje gjennom rasjonelle produksjonslinjer og ei meir effektiv dataforvaltning. På grunnlag av desse data og ny teknologi, skal NIJOS produsere landsdekkjande kart og statistikk over arealressursar. Dette omfattar informasjon om m.a. jordsmonnet, landskapet og produksjons-evna.
- Samordne ressurs- og miljødata, tilretteleggje data for brukartilpassa løysingar og yte kompetansenester til skogbruksplanlegging, statleg landbruksforvaltning og Jordskifteverket.

NIJOS samlar inn data som gir grunnlag for kart, statistikk og annan informasjon som nyttast i ressursforvaltning, næringsutvikling og offentleg planlegging. Med bruk av internetbaserte løysin-

gar kan NIJOS sine eksisterande data nyttast til å lage nye informasjonsprodukt. Det skal leggjast auka vekt på fleirbruk og gjenbruk av eksisterande informasjon for å bidra til effektivisering av offentleg verksemd og som grunnlag for verdiskaping i landbruket.

NIJOS må arbeide for å auke oppdragsverksemda, og må i aukande grad prise sine produkt og tenester ut frå meirkostnadene som er knytt til uttak og tilrettelegging av produkta for brukarane.

Resultatrapport 1999

Landskogstakseringa og arbeide med fylkesvise takster samt overvåkingsprogramma for skogskader er ført vidare i 1999. Ein ser at arbeide har medverka til auka lønsemd og verdiskaping i skogbruket.

Innanfor programmet *Overvaking av kulturlandskapet* er det utvikla ei statistisk utvalsundersøking basert på kartlegging av jordbrukslandskap. Første rapport frå overvåkingsprogrammet med kartlegging, analysar og resultat er sendt ut. Overvåkingsprogramma gjer det mogleg med ei betre forvaltning av kulturlandskapet. Vidare vil kartsystema som blir utvikla, kunne understøtte utviklinga av lokal næringsverksemd.

Det er laga og ajourført om lag 15 000 km² digitalt markslagskart (DMK) i 1999. Totalt er det nå laga 71 000 km² DMK. DMK er ein viktig del av den nasjonale infrastrukturen av kartdata og blir brukt til arealplanlegging, arealforvaltning, lov- og tilskottsforvaltning. Desse dataene gir òg grunnlag for ressursoversikter, etterkontroll og planlegging av miljøtiltak.

I 1999 blei om lag 270 km² jordbruksareal jordsmonnkartlagt. Jordsmonndatabasen dekkjer nå til saman om lag 4000 km². For m.a. å medverka til å oppfylle samfunnsmåla om trygg mat og til ei langsiktig forvaltning av landets jordressursar er kartleggingsarbeidet prioritert til dei mest erosjonsutsette areala.

Kartlegginga av utmarksressursane har medverka til auka lønsemd i utmarksnæringsane og er eit godt grunnlag for driftsplanlegging. Dette inn-

går m.a. i eit informasjonssystem for beitebruk i utmark.

Arbeidet med referansesystem for landskap vil medverke til ei forsvarleg forvaltning av landskapsressursane i nasjonal og internasjonal samanheng.

I rolla som temasenter for miljødatasamordning har NIJOS vore fagleg sekretariat for norsk deltaking i internasjonalt arbeid med jordstandardisering. NIJOS er òg representert i Sektorgruppe for standardisering av miljødata.

Som landbruket sitt geodatakompetansesenter har NIJOS gjennomført informasjons- og kompetansetiltak retta mot Fylkesmannens landbruksavdeling og gitt faglege innspel til Landbruksdepartementet. Landbruket sitt geografiske informasjonssystem (LGIS) er tatt i bruk i alle fylka. Landbruksavdelingane følgjer opp i bruk av LGIS i kommunane og om lag 30 kommunar har teke i bruk LGIS. NIJOS har òg i 1999 ytt tenester til Jordskifteverket.

NIJOS er kompetansesenter for skogbruksplanlegging, og forvaltar m.a. standardar og driv dataforvaltning innanfor fagområdet. NIJOS har i 1999 arbeidd med å utvikle ein modell for utforminga for hovudplan for skogbruksplanlegging i fylka.

Budsjettforslag 2001

Næringslivet og den offentlege forvaltninga treng ressursdata i arbeidet med auka verdiskaping og auka lønsemd, for meir målretta miljøtiltak og betre langsiktig ressursforvaltning. Berre med grunnlag i ressurskunnskap er det mogleg å tilpasse aktiviteten til naturtilhøva og utvikle berekraftige næringar. NIJOS skal og satse meir på formidling av data, informasjon og kunnskap gjennom internett, og leggje auka vekt på å gjere ressursdata tilgjengeleg for ulike aktørar i samfunnsplanlegginga.

1. Landsdekkjande utvalgskartlegging

NIJOS har ansvaret for landsdekkjande utvalsundersøkingar. NIJOS skal føre vidare og effektivisere nåverande program.

Måla for 2001 er:

- føre vidare den 8. landsskognetakst med 5-årig omdrev, registrere alle flatene i overvåkingsprogram for skogskader, registrere 1/5 av flatene i system for overvaking og resultatkontroll av jordbrukets kulturlandskap og starte arbeidet med nye flater for resten av landarealet og

- forvalte dei innsamla data, produsere og formidle dei nasjonale standardrapportane for tilstand og endringar i ressursar og miljø og standardrapportane for internasjonalt samarbeid.

2. Landsdekkjande samordna arealressurskartlegging

NIJOS skal føre vidare og effektivisere eksisterande program. Med grunnlag i desse programma og ny teknologi skal NIJOS byggje opp landsdekkjande, samordna arealinformasjon - landsdekkjande oversikter kombinert med meir detaljert informasjon om dei viktigaste områda for næringsverksemd.

Måla for 2001 er:

- NIJOS skal flytte nokre ressursar frå etablering til vedlikehald av DMK. Eit fullstendig og oppdatert DMK er ei forutsetning for å halde oversikt over arealressursane og utviklinga over tid. NIJOS skal likevel etablere DMK for om lag 1/5 av det attverande aktuelle arealet. NIJOS skal redusere kartlegginga av jordsmonn med om lag 30 pst. i høve til inneveranda år. NIJOS skal føre vidare vegetasjonkartlegging i utmark.
- Instituttet skal forvalte data, produsere og formidle standardinformasjon til bruk i samfunnsplanlegging, arealforvaltning og næringsutvikling.
- NIJOS skal produsere samordna kommune- og fylkesvise arealressurskart basert på generalisering av markslag, jordsmonndata, klimadata og andre data kombinert med data frå satellittbilete. Dette skal først etablerast i fylke med god dekning av markslags- og jordsmonndata.
- Instituttet skal prioritere vidare utvikling av informasjon basert på jord, klima og plantedata som grunnlag for betre jordvern, verdsetjing og auka lønsemd i jordbruket generelt. Slike data er òg nyttige for nisjeproduksjon. Bruk av standardiserte klima, jord- og plantedata er eit nytt tiltak som gjer grunnlag for betre marknadsplanlegging, betre produktkvalitet og kostnadseffektive dyrkingssystem.

3. Kompetansetenester m.m

NIJOS er nasjonalt temasenter for samordning av miljøinformasjon, landbruket sitt kompetansesenter innanfor geodata, kompetansesenter for Jordskifteverket og kompetansesenter i høve til skogbruksplanlegging.

Måla for 2001 er:

- Arbeidet med miljødatasamordning, standardisering og samordning av geodata skal halde fram.
- For å effektivisere geografisk informasjonsbehandlinga skal NIJOS halde fram å yte tenester til Fylkesmannens landbruksavdeling og Jordskifteverket. I samband med det pågåande arbeidet med å tilpasse Jordskifteverket sin organisasjon, jf. kap. 1145, tek ein sikte på å gjennomføre eit prøveprosjekt for meir effektiv produksjon av tenester. 1 mill. kr er derfor flytta frå NIJOS til Jordskifteverkets budsjett og oppdrag for denne summen vil bli konkurransett. Tilrettelegging av grunnlagsdata for verdsetjing skal prioriterast.
- Innanfor skogbruksplanlegging skal NIJOS støtte departementet i utforming av strategiar og handlingsplanar. Hovudoppgåvene for kompetansesentret er knytt til skogbruksplanlegginga som eit viktig element i oppfølginga av St.meld. nr. 17 (1998-99), der regelverksforbetring, metodeutvikling og dataforvaltning står sentralt.
- Landbrukets geografiske informasjonssystem (LGIS) skal utviklast vidare for å løyse fleire oppgåver og bli betre tilpassa dei tekniske tilhøva i kommunane.

Kap. 4146 Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (jf. kap. 1146)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
02	Driftsinntekter	27 444	15 786	16 261
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	699		
	Sum kap 4146	28 143	15 786	16 261

Under kap. 4146 post 02 er det budsjettert med inntekter frå oppdragsverksemd. Ein gjer framlegg om at eventuelle meirinntekter kan gi

høve til å auke utgiftene under kap. 1146 post 01 tilsvarande, jf. forslag til vedtak III.

Kap. 1147 Reindriftsforvaltninga (jf. kap. 4147)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	24 586	23 231	28 616
45	Store utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	2 879	4 942	3 028
70	Tilskott til fjellstover	522	625	625
71	Omstillingstiltak i Indre Finnmark, <i>kan overførast</i>	12 926	12 287	5 287
	Sum kap 1147	40 913	41 085	37 556

Mål og strategiar

Innleiing

Reindriftsforvaltninga skal leggje til rette for at måla i reindriftspolitikken blir nådde. Reindriftsforvaltninga forvaltar reindriftslova og verkemidla under reindriftsavtalen. Reindriftsforvaltninga er òg sekretariat og utøvande organ for Reindriftsstyret og Områdestyra og har ein rådgjevande funksjon i høve til næringa.

nomisk berekraft grunnlag for å utvikle kulturell

Overordna mål

Reindriftspolitikken byggjer på to sjølvstendige verdigrunnlag - ein næringspolitisk produksjonsverdi og ein samepolitisk kulturverdi. Dei reindriftspolitiske måla er samanfatta i omgrepet "*Ei berekraftig reindrift*". Med dette meiner ein ei reindrift som har økologisk, økonomisk og kulturell berekraft. Desse tre måla står i innbyrdes samanheng. Økologisk berekraft gjev grunnlag for økonomisk berekraft, og saman gir økologisk og økoberekraft.

For å nå måla, har departementet trekt opp fem resultatområde som Reindriftsforvaltninga arbeider etter.

1. Areal- og ressursforvaltning

Reindriftsforvaltninga skal på bakgrunn av grunnlagsdata om utviklinga i lavbeitet og vekter av rein etter sommarbeiteperioden medverke til nødvendige tiltak som gir ein tilpassa reinbestand, samt kontrollere at rammene for bruk av beiteressursane blir haldne.

2. Reindriftsbasert næringsutvikling

Reindriftsforvaltninga skal medverke til utnytting og utvikling av reindriften basert på prinsippet om ei berekraftig reindrift, herunder etablering av tilleggsnæringer i samanheng med dei inntekts- og velferdspolitiske tiltaka retta mot reindriften.

3. Inntekts- og velferdspolitiske tiltak

Reindriftsforvaltninga skal drive effektiv forvaltning og kontrollere at bruken av verkemidla under reindriftsavtalen er i tråd med måla i reindriftpolitikken og rammene for statleg økonomiforvaltning.

4. Samordning - informasjon

Reindriftsforvaltninga skal arbeide for å dokumentere reindriften sin arealbruk og sine rettar. Dette for å skape ei betre forståing for reinen si åtferd og miljøtilpassing, og å gjere dette kjent ved å opparbeide nettverk og alliansar med andre offentlege institusjonar slike som stat, fylke og kommunar. Vidare er det stilt krav om nær kontakt mellom næringa sine representantar og Reindriftsforvaltninga for å opparbeide tillit og forståing for samarbeid som avgjerande grunnlag for å nå målet om ei berekraftig reindrift.

5. Rettleiing og internadministrasjon

Reindriftsforvaltninga skal vere omstillingsdyktig og formålseffektiv, og ha eit kostnadseffektivt rettleiings- og styringsapparat overfor reindriftsområdekontora og den enkelte reindriftsutøvar.

Reindriftsforvaltninga – evaluering

NIBR har på oppdrag frå Reindriftsforvaltninga evaluert måten Reindriftsforvaltninga arbeider på ved iverksetjing av styresmaktene sin politikk.

Formålet med evalueringa har vore todelt. For det første er verksemda i Reindriftsforvaltninga gjennomgått, med spesielt fokus på leiing, styring og organisering av etaten, herunder oppgåvefordeling og personalpolitikk, og på verksemdområda tilskottsforvaltning og arealforvaltning. Det andre formålet med evalueringa var å drøfte behovet for endringar i organiseringa av Reindriftsforvaltninga.

NIBR viser i sin rapport til at Reindriftsforvaltninga er ein liten etat sett i høve til dei breie og omfattande oppgåvene etaten er tillagt, sett i høve til reindriften sitt omfang og då spesielt arealbruken, og sett i høve til at reindriften ikkje berre er ei næring, men òg ein svært viktig del av det materielle grunnlaget for den samiske kulturen. NIBR har framheva at Reindriftsforvaltninga held eit høgt reindriftsfagleg nivå, men at den manglar kapasitet og kan forbetre seg når det gjeld styring. På dette grunnlag vil Landbruksdepartementet nedsetje ei arbeidsgruppe med oppgåve å vurdere forvaltninga med tanke på ei betre oppnåing av gjevne politiske mål innanfor fastsette økonomiske rammer, jf. pkt. 1.2 i innleiinga.

Resultatrapport 1999

1. Areal- og ressursforvaltning

I reindriftsavtalen for 1999-2000 tok reindriftnæringa sjølv ansvar for ei nødvendig tilpassing av reintalet i dei mest belasta distrikta for reinbeite i Finnmark. Planen var at distriktsstyra, i nærare definerte tiltaksdistrikt, skulle utarbeide planar for utslakting etter fastsette vektgrenser for reinen. Samtidig blei det etablert ei ordning for innløysing av driftseiningar for ytterlegare reduksjon i reintalet og strukturtilpassing.

Beitegrunnlaget for reinen blei dramatisk redusert på 1900-talet, og reduksjonsfarten er aukande. Reindriftsforvaltninga har eit ansvar for å ivareta reindriften sine arealinteresser i den allmenne arealforvaltninga. Dette skjer i hovudsak gjennom arealplan- og arealsakprosessar etter plan- og bygningsloven.

Behandlinga av søknader om rovdyrerstatning har vore svært arbeidskrevjande grunna store rovdyr tap. Ved at reinen finn si føde i utmark heile året gir dette i seg sjølv ein auka tapsrisiko som gjer reindriftnæringa spesielt sårbar ved auke i rovdyrstammene. I eit normalår med den noverande rovdyrbestanden står rovdyr bak om lag 70 pst. av dei samla tapa, og tapsprosenten er på om lag 12-13 pst. av talet på rein i vårflokk. Tapet er i enkelte distrikt så store at grunnlaget for ei berekraftig reindrift er i fare.

Beiting utanfor egne beiteområde eller til feil tid av året er ofte konfliktskapande i reindrifta. Arbeidet i Finnmark med beitefordeling slik at reindriftsgruppene er sikra alle årstidsbeite har vore ute på høyring og er venta å gi meir påreknlege driftstilhøve. Forslaga skal sluttbehandlast i 2000. Ny distriktsinndeling i Nordland, som blei vedteken i april, reknar ein med vil gi ein betre infrastruktur i dette reinbeiteområdet. Desse tiltaka vil gjere det enklare for den einskilde reindriftsutøvar å planleggje verksemda si.

2. Reindriftsbasert næringsutvikling

Frå Reindriften utviklingsfond er det overført 2 mill. kr til Samisk utviklingsfond. Midlane er nytta til reindriftsbaserte binæringar.

Hausten 1999 blei det oppretta ei stilling i Reindriftsforvaltninga som skal arbeide særskilt med kvinne- og familieretta tiltak i reindrifta. Arbeidet fram til årsskiftet er nytta til etablering og planlegging, men det er gjort forarbeid for etablering av kvinnenettverk og kartlegging av problemstillingar med utgangspunkt i kvinnene sine egne røynsler i reindrifta.

3. Inntekts- og velferdspolitiske tiltak

Ordninga med konfliktførebyggjande tiltak mellom jordbruk og reindrift er administrert av Statens landbruksbank, (no SND). Områdekontora har iverksett ulike tiltak for å hindre konfliktrar og skape respekt og dialog over interessegrensene.

4. Samordning - informasjon

Gjennom kontaktnøte på fylkesplan har forvaltninga informert om reindrift både på politisk og administrativt plan. Særleg innan områda arealplanlegging og rovdyrforvaltning har det vore stor aktivitet gjennom ulike arbeidsgrupper.

Reindriftsforvaltninga har medverka til at reinbeitedistrikta utarbeider egne distriktsplanar, og i samband med dette reviderer arealbrukskart. Dette kartmaterialet vil bli tilgjengeleg også frå Statens Kartverk gjennom AREALIS.

5. Rettleiing og internadministrasjon

Reindriftsforvaltninga har hatt som prioritert oppgåve å auke kompetansen innanfor samisk språk og kultur. I samband med dette har tre tilsette i forvaltninga gjennomført kompetansegivande opplæring.

I siste halvdel av 1999 starta NIBR ei evaluering av reindriftsforvaltninga med sikte på å oppnå mest mogleg effektiv styring og ressursbruk, tilpassa fleirtalet sine behov. Grunnlaget for evalueringa er å klarleggje Reindriftsforvaltninga sine styrings- og samordningsbehov og vurdere om dagens organisering er god nok i høve til dette, jf òg omtale ovanfor.

Økonomisystemet AGRESSO blei tatt i bruk frå juni 1999 for kap. 1147 og 1151.

Budsjettforslag 2001

1. Areal- og ressursforvaltning

For å nå målet om ei økologisk, økonomisk og kulturelt berekraftig reindrift må reintalet i Finnmark reduserast, verdiskaping på grunnlag av kjøtt og biprodukt auke, arealgrunnlaget sikrast, samt tiltak for å redusere rovdyrtpapa gjennomførast.

Tilpassing av reintalet til beiteressursane, låg produksjon og nye distriktsinndelingar er hovudutfordringar i Finnmark. Det skal satsast på ei sterkare samordning av økonomiske og lovbaserte verkemiddel for å oppnå ein stabil og optimal utnytting av beiteressursane.

På generell basis vil sikring av beiteareala mot inngrep vere den viktigaste utfordringa i tillegg til rovdyrproblematikken. Dokumentasjon av reindrifta sin arealbruk og rettar er avgjerande for næringa si framtid. Nettverk og alliansar til andre offentlege organ skal gjere det kjent og auke aksepten for reindrifta sitt nærvær.

2. Reindriftsbasert næringsutvikling

Det skal satsast meir på etablering av tilleggsnæringar i samband med dagens reindrift. Tilleggsnæringar er særleg viktig for kvinnene og for å ta vare på heilskapen i reindriftskulturen. Reindrifta vil på den måten medverke til at verdfulle trekk ved samisk kultur blir haldne ved like og ført vidare, og næringa vil då ha legitimitet som eit viktig materielt grunnlag for samisk kultur.

3. Inntekts- og velferdspolitiske tiltak

Reindriftsforvaltninga skal fortsett arbeide for enklare og betre regelverk for tilskotsordningane, og for betre forståing av verkemidla sine innhald.

Reindrifta er ei arealkrevjande næring. Dette kan føre til konfliktrar i høve til andre interesser, t.d. jord- og skogbruk. Reindriftsforvaltninga skal i den samanheng delta aktivt i arbeidet med å utvikle konfliktførebyggjande tiltak i høve til andre

næringsinteresser. Ein må t.d. sørge for at konflikttane blir reduserte mest mogleg gjennom vilkår og rettleiing i dei tilfella der gjerdebygging og bruk av motoriserte hjelpemiddel er nødvendig.

4. Samordning - informasjon

Dokumentasjon av reindrifta sin arealbruk og sine rettar er avgjerande for næringa si framtid. Nettverk og alliansar til andre offentlege organ skal gjerast kjent og auke aksepten for reindrifta sitt nærvær. Vidare er det stilt krav om nær kontakt mellom næringa sine representantar og Reindriftsforvaltninga for å opparbeide tillit og forståing for samarbeid som avgjerande grunnlag for å nå målet om ei berekraftig utvikling.

Reindriftsforvaltninga skal bidra til at resten av reinbeitedistrikta utarbeider eigne distriktsplanar.

Det er viktig å sikre gode koplingar mellom forskingsmidlane og midlar til utviklingstiltak over reindriftsavtalen, jf. kap. 1137 post 50.

Hovudstrategien for praktisk relatert forskning, utvikling og fagretta arbeid skal m.a. bidra til

- å oppfylle delmåla i reindriftspolitikken,
- målretta og problemløysande forskning,
- auka relevans gjennom heilskapstenking og fleirfagleg samarbeid,
- auka utnytting av eksisterande kunnskap og
- auka vekt på formidling og nettverksbygging mot brukarane.

5. Rettleiing og internadministrasjon

Reindriftsforvaltninga må drive aktiv informasjonsverksemd om sine ansvarsområde overfor eit større publikum, og formidle informasjon om utviklinga i reindrifta og dei sentrale verdiane reindrifta tar vare på. Vidare skal forvaltninga vere omstillingsdyktig og formålseffektiv, og ha eit kostnadseffektivt rettleiings- og styringsapparat overfor reindriftsområdekontora og den enkelte reindriftsutøvar.

Reindriftsforvaltninga sentralt i Alta skal auke innsatsen i tilsyn og oppfølging av områdekontora og hjelpa til med kunnskap om bruk av lover, forskrifter og allmenn saksbehandling i saker der avgjerd i første instans er lagt til desse.

Med fokus på leiing og styring skal Reindriftsforvaltninga arbeide for ein meir effektiv oppnåing av gjevne politiske mål innanfor fastsette økonomiske rammer, jf. NIBR sin evaluering av forvaltninga samt pkt. 1.2 i innleiinga.

Merknader til dei enskilde postane

Post 01 Driftsutgifter

Posten er auka med 5 mill. kr i høve til 2000 som følge av at løyvinga knytt til ressurovervaking er overført frå kap 1151 post 51, jf. kap. 1151 og St.prp. nr. 65 (1999-2000).

Det er sett av 3 mill. kr for å dekkje utgifter til den norsk-svenske reinbeitekommissjonen. Ordninga med kvinne- og familieretta tiltak i reindriftsnæringa vil bli ført vidare.

Ein ber om fullmakt til å overskride løyvinga med inntil kr 500 000 ved forskotering av utgifter til tvangsflytting av rein, jf. forslag til vedtak IV.

Post 45 Store utstyrskjøp og vedlikehald

Ein gjer framlegg om ei løyving på vel 3 mill. kr til vedlikehald av konvensjonsgjerda.

Post 70 Tilskot til fjellstover

Formålet med tilskotet er å halde oppe tilbodet av gjetarhytter til m.a. reingjetarane. Ein har i dag fire statseigde fjellstover og i tillegg kontrakt med tre private om fjellstovehald. Ein foreslår ei løyving på vel 0,6 mill. kr.

Post 71 Omstillingstiltak i Indre Finnmark

Formålet med tilskottet er å redusere talet på rein og kanalisere ei oversysselsetjing over i andre yrke.

Reineigarane har fått tilbod om å gå over i aktiv omstilling mot å avvikle reindrifta si. Fristen for søknad om omstillingslønn var 1.9.1995 og inntaksstans var 31.12.1995. Ved inntaksstans var om lag 100 driftseiningar gått inn på ordninga med omstillingslønn, og det var slakta ut vel 20 000 rein. Dei siste omstillarane vil gå ut av ordninga i løpet av vinteren 2000-2001.

Det har vist seg svært vanskeleg å få omstillarar over 55 år i anna arbeid. For denne gruppa var det ikkje sett krav om aktiv omstilling. For å medverke til å gi denne gruppa ei verdig avslutning på arbeidslivet og for å hindre at dei tek opp att reindrifta, vil dei kunne søkje om forlenga omstillingslønn fram til den til ei kvar tid gjeldande ordinære pensjonsalder etter lovgjevinga i folketrygd. Føresetnaden for å kome inn under ordninga er at vedkomande si driftseining blei avvikla. Ordninga vil bli finansiert innanfor løyvinga til omstillingstiltak.

For å dekkje behovet for omstillingslønn i 2001 gjer ein framlegg om ei løyving på vel 5,2 mill. kr.

Kap. 4147 Reindriftsforvaltninga (jf. kap. 1147)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsinntekter	1 876	1 540	1 586
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	195		
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	290		
	Sum kap 4147	2 361	1 540	1 586

Ein reknar med inntekter på 1,586 mill. kr under post 01 frå administrative tenester knytte til

reindriftsavtalen, jf. kap. 1151, reinmerkeprotokollar og sal av magasinet Reindriftsnytt.

Kap. 1148 Naturskade - erstatningar og sikring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
70	Tilskott til sikringstiltak m.m., <i>kan overførast</i>	5 512	4 810	19 810
71	Naturskade, erstatningar, <i>kan overførast</i>	35 640	39 100	40 273
	Sum kap 1148	41 152	43 910	60 083

Mål og strategiar

Statens naturskadeordning dekkjer erstatning for naturskadar som det ikkje er mogleg å forsikre seg mot gjennom ei alminneleg forsikringsordning. Statens naturskadeordning skal òg fremme sikring mot naturskadar m.a. gjennom å gi tilskott til sikringstiltak og ved samhandling med andre aktørar innanfor sikringsområdet.

Statens naturskadeordning er organisert med eit styre, ei ankenemnd og eit sekretariat. Statens landbruksforvaltning har frå 1.7.2000 det administrative og budsjettmessige ansvaret for ordninga, jf. kap. 1143.

Styret skal syte for at krav om erstatning for naturskadar og søknader om tilskott til sikringstiltak får ei rask og forsvarleg behandling. Styret skal dessutan raskt kunne setje inn ein målretta og utvida innsats når naturkatastrofar oppstår.

Styret skal halde fram å effektivisere verksemda. Styret skal òg arbeide vidare med tiltak for å gjere takstapparatet og sekretariatet meir robust, og auke informasjonsinnsatsen og samarbeidet med andre aktørar på området.

Resultatrapport 1999

Erstatningssaker og klagesaker

Styret har i 1999 behandla 897 søknader om erstatning. Det blei gitt om lag 32 mill. kr i tilsegn om erstatning og betalt ut om lag 35 mill. kr i erstatningar. Takstutgifter på 2,2 mill. kr er dekt. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid var i 1999 om lag 43 dagar for saker behandla av styret eller administrasjonen. Gjennomsnittleg tid for behandling og tilvising av forskott var 7 dagar.

Ankenemnda for Statens naturskadeordning behandlar både klager over vedtak fatta av styret og tvistar mellom forsikringstakarar og forsikringsselskap. I 1999 har ankenemnda behandla 36 klager som gjeld vedtak fatta av styret, medan talet på klagar frå forsikringstakarar har vore 19. Dette er ein reduksjon i talet på klager på vedtak fatta av styret, og i talet på klager frå forsikringstakarar.

Sikring

I 1999 behandla styret 47 søknader om tilskott til ulike former for sikringstiltak mot naturskader. Det blei gitt tilsegn på om lag 4,7 mill. kr i tilskott

til sikringstiltak, mens det blei utbetalt om lag 5,5 mill. kr. Innkomne søknader om tilskott til sikring blir behandla to gongar i året.

Budsjettforslag 2001

Post 70 Tilskott til sikringstiltak m.m.

Statens naturskadeordning skal medverke til å fremje sikring mot naturskadar gjennom økonomiske tilskott, bistand til kommunane i samband med sikringstiltak og fareregistrering. Det skal prioriterast å gi tilskott til kommunar med spesielt vanskeleg økonomi og stort sikringsbehov.

I 2000 fekk Landbruksdepartementet fullmakt frå Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) til å belaste kap. 571 post 64 med inntil 12 mill. kr knytt til etablering av sikringsanlegg mot snøskred.

For 2001 gjer ein framlegg om ei løyving på knapt 20 mill. kr som er ei auke på 15 mill. kr i høve til saldert budsjett 2000. Auken skuldast at det er overført midlar frå KRDs budsjettområde til posten for å halde fram arbeidet med skredsikring.

Ein gjer framlegg om ei tilsegnfullmakt for 2001 på 2 mill. kr, jf. tabell 2.8 og forslag til vedtak VI. Dette vil gjere det mogleg å gi nye tilsegn for knapt 22 mill. kr.

Tabell 2.8 Tilsegnfullmakt sikringstiltak (mill. kr)

Ansvar pr. 1.1.2000	4,12
Tilsegn 2000	4,81
Sum	8,93
-(Løyving 2000+overførte midlar)	8,93
Ansvar pr. 31.12.2000	0,00
Nye tilsegn 2001	21,81
Sum	21,81
Forslag til løyving 2001	19,81
Tilsegnfullmakt 2001	2,00

Post 71 Naturskadeerstatningar

Løyvinga til naturskadeerstatningar er tilpassa år med gjennomsnittleg skadeomfang. Erstatningane blir utbetalt etter at skaden er utbetra. Utbetningsfristen er 3 år og dette verker inn på den årlege utbetalinga.

Styret skal gi ei rask og forsvarleg behandling av krav om erstatning som er heimla i naturskadelova. Landbruksdepartementet følgjer opp ordninga på bakgrunn av rapportar om økonomi og saksbehandling og i styringsdialogen.

Over posten blir det dekt lovheimla krav på erstatning. I tillegg blir det dekt rettferdsvederlag, utgifter til taksering, m.a. av skader, samt nødvendige utgifter til ekstrahjelp og utvikling av edb-system for verksemda.

Styret kan totalt gi tilsegn for inntil 2 mill. kr til forskingsprosjekt, informasjonstiltak og andre aktivitetar som medverker til å redusere skadeverknadene av framtidige naturulykker, eller å auke effekten av dei ressursar som nyttast på naturskadeområdet.

Etter naturskadelova kan det setjast som vilkår for utbetaling av erstatning at skaden blir utbetra på ein slik måte at faren for naturskade minskar. Dette gjeld både utbetringar på skadeobjektet og gjennomføring av mindre sikringstiltak i nærleiken av skadeobjektet. For slike sikringstiltak kan ein, i samband med erstatninga òg over denne posten, gi tilskott på maksimalt kr 25 000 pr. sak til den skadelidne til dekning av desse meirkostnadene.

Ut frå dette gjer ein framlegg om ei løyving på vel 40 mill. kr og ei tilsegnfullmakt på 10 mill. kr, jf. tabell 2.9 og forslag til vedtak VI. Dette vil gjere det mogleg å gi nye tilsegn for vel 50 mill. kr i 2001.

Tabell 2.9 Tilsegnfullmakt naturskadeerstatningar (mill. kr)

Ansvar pr. 1.1.2000	26,5
Tilsegn 2000	38,7
Sum	65,2
-(Løyving 2000+overførte midlar)	65,2
Ansvar pr. 31.12.2000	0,0
Nye tilsegn 2001	50,2
Sum	50,2
Forslag til løyving 2001	40,2
Tilsegnfullmakt	10,0

Kap. 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m. (jf. kap. 4150)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
50	Fondsavsetningar, <i>overslagsløyving</i>	648 060	1 471 560	1 604 560
70	Marknadsregulering, <i>kan overførast</i>	234 457	221 100	230 500
73	Pristilskott, <i>overslagsløyving</i>	1 738 225	1 762 370	1 727 370
74	Direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	6 880 031	7 036 459	6 758 524
76	Marknadsordningar, <i>overslagsløyving</i>	807 954		
77	Utviklingstiltak, <i>kan overførast</i>	473 489	612 400	402 600
78	Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>	1 755 692	1 874 454	1 798 454
	Sum kap 1150	12 537 908	12 978 343	12 522 008

Mål og strategiar

Kapitlet omfattar løyvingar til gjennomføring av jordbruksavtalen. Jordbruksavtalen og tilskottsordningane under han er dei viktigaste verkemidla for å følgje opp måla og retningslinene i landbrukspolitikken. For ei nærare omtale av mål og strategiar i jordbrukspolitikken visar ein til programkategori 15.30 og til kap. 6 i St.prp.nr. 82 (1999-2000).

Det er lagt vekt på eit berekraftig landbruk som grunnlag for verdiskaping og sysselsetting i alle delar av landet. Næringsutøvarane må sikrast moglegheit for inntekt og levekår på linje med befolkninga elles, samtidig som landbrukspolitikken må medverke til lågare kostnadsnivå, konkurransedyktige råvareprisar, lågare matvareprisar og produksjon tilpassa etterspørselen. Jordbruket produserer også fellesgode, som kulturlandskap, og ein legg vekt på å utvikle miljøvenlege produksjonsmetodar.

Det høge kostnadsnivået i norsk jordbruk er eit resultat av naturgejevne forhold som klima og topografi, strukturen i det norske jordbruket og eit generelt høgt pris- og kostnadsnivå i Noreg. Vidare er den geografiske produksjonsfordelinga og eigedomsstrukturen i landbruket i Noreg viktig for å sikre eigen matproduksjon, og for å oppretthalde produksjonen av samfunnsgode som kulturlandskap, sysselsetting og busetting i distrikta. For å vege opp for dette og sikre lønsemd i matproduksjonen, er det i Noreg behov for ein del overføringar direkte knytt til produksjonen. Nærare omtale av målsetjingar for tilskottsordningane under kap. 1150 er gitt i budsjettforslaget for 2001 nedanfor.

Resultatrapport 1999

Marknadsreguleringa er gradvis redusert og gjort enklare slik at prisane har meir å seie for marknadstilhøva. Overproduksjonen har dei siste åra auka dramatisk og påfører produsentane store inntektstap og medverker til uønskte samfunnsøkonomiske kostnader. Innanfor kjøttproduksjonen er det ein omfattande prisnedgang på grunn av overproduksjon. Spesielt for storfekjøtt, svinekjøtt og mjølk har ubalanse mellom produksjonsvolum og avsetning gitt stor reduksjon i utbetalingsprisar i 1999. Det innanlandske mjølkeforbruket er redusert, og i 1999 er det òg for første gong på mange år registrert ei nedgang i innanlandsk omsetning av kjøtt. Det blei kjøpt til saman 105 mill. liter kumjølkkvote gjennom ordninga med kjøp og sal av mjølkekvoter hausten 1999 og våren 2000. Ikkje noko av dette blei selt ut igjen.

Den regionale fordelinga av produksjonen er i hovudtrekk som føresett. Distrikta held oppe sin del av den samla produksjonen. Det har dei siste tiåra vore ein jamn nedgang i sysselsetjinga i jordbruket. Bruk av ny teknologi og nye arbeidsmåtar er ein vesentleg årsak til dette. Talet på bruk i drift har òg gått jamt ned.

For ein detaljert statusrapport pr. 1999 for jordbrukspolitikken viser ein til kap. 3 i St.prp. nr. 82 (1999-2000). Ein viser òg til programkategori 15.30.

Jordbruksoppgjeret 2000

Ved jordbruksoppgjeret i 2000 klarte ikkje partane å komme fram til ei forhandlingsløyving. I forhandlingsmøte den 26.5.2000 konstaterte staten sin forhandlingsleiari at det var brot i forhandlingane og sa at regjeringa ville gå til Stortinget

med ein proposisjon basert på Staten sitt tilbod. Partane blei vidare samde om å praktisere vedtaka ved Stortinget si behandling av jordbruksoppgjeret som jordbruksavtale, med verknad frå 1.7.2000.

Jordbruksoppgjeret 2000 inneber ei redusert varig ramme på 400 mill. kr. Ut frå ein samla vurdering av alle aktuelle tilpasningsmoglegheiter og inntektsverknader av ulike element, legg jordbruksoppgjeret for avtaleåret 2000-2001 eit grunnlag for at aktive utøvarar i jordbruket kan få ein inntektsutvikling og sosiale vilkår på linje med andre grupper i samfunnet. I denne vurderinga er det tatt omsyn til at det blir gjennomført ein fordelingsprofil til fordel for jordbrukarar som har jordbruket som ein viktig del av dei samla inntektene. Ramma for jordbruksoppgjeret blei i 2000 for første gong vurdert på avtaleårsbasis. Ved vurdering av ramma har regjeringa lagt til grunn at det er behov for monalege kostnadsreduksjonar og omstillingar i heile matvarekjeden. Oppgjeret inneber ein reduksjon i løyvingane over statsbudsjettet (kap. 1150) med 413 mill. kr frå eit nivå på 12,9 mrd. kr. Avgiftene på kraftfôrråvarer blir redusert med 13 mill. kr. Målprisane blir redusert med 900 mill. kr, og det blir innført eit inntektsfrådrag ved utrekning av alminneleg inntekt frå jord- og hagebruk ved skattelikninga som svarar til ein inntektsauke før skatt på 900 mill. kr. Det er ut i frå både dei kortsiktige og langsiktige marknadsforholda rekna med at berre ein del av målprisreduksjonane fører til reduserte inntekter i avtaleåret 2000-2001.

Jordbruksoppgjeret i 2000 legg til grunn føresetnadene om dei økonomiske rammevilkåra for jordbruket frå Innst.S. nr. 167 (1999-2000):

«Dette flertallet mener det må føres en aktiv landbrukspolitikk som sikrer utøvere i jordbruket en inntektsutvikling og sosiale vilkår på linje med andre grupper i samfunnet»

«og God utnytting av markedsmulighetene, økt mangfold, et balansert marked, strukturelle endringer og fornuftige kostnadstilpasninger vil i økende grad få betydning for at en slik inntektsutvikling kan oppnås.»

Det blir gjennomført monaleg utflating av strukturprofilen på tilskotta som blir utbetalt pr. dekar og pr. dyr, og antall dyr/dekar som det kan gis tilskott til på kvart bruk blir auka. Likevel er det for dei viktigaste ordningane framleis ei prioritering av små og middels store driftseiningar. Utflatinga inneber ei omfordeling av tilskott i retning større bruk, og reduserer problema med til-

skottstilpassing. Det er viktig å sjå omfordelinga av tilskott over jordbruksavtalen i samheng med målprisreduksjonane og innføringa av inntektsfrådrag ved skattlegging.

Regjeringa legg til grunn at dei reduserte målprisane skal medverke til reduserte forbrukarprisar og vil leggje auka vekt på kunnskap og dokumentasjon når det gjeld prisutviklinga på mat.

Det blir etablert eit verdiskapingsprogram for norsk matproduksjon med sikte på høgare verdiskaping både innan primærproduksjon og foredling gjennom betre utnytting av marknadsmoglegheitene. Det blir sett av 5 mill. kr over Landbrukets utviklingsfond til eit kompetanseutviklingsprogram for landbruket.

Oppgjeret inneber endringar i prisutjamningsordninga for mjølk, og ei arbeidsgruppe samansett av avtalepartane skal greie ut detaljane i ei ny marknadsordning for korn.

For å nå måla om auka produksjon og omsetning av økologiske landbruksprodukt styrkar ein løyvinga til dette føremålet.

Det blir lagt opp til framleis sterk satsing på utviklingstiltak og alternativ sysselsetjing i distrikta, samt auka satsing på investeringar i tradisjonelt jordbruk.

Importvernet er ikkje forhandlingstema i jordbruksoppgjeret. Ramma for jordbruksoppgjeret 2000, og fordelinga av ho, er utforma innanfor WTO-pliktene våre.

Fase II-drøftingane blei avslutta 30.6.2000. Sluttprotokollen frå Fase II følgjer proposisjonen som trykt vedlegg.

Jordbruksoppgjeret og endringane i statsbudsjettet for 2000 er lagt fram for Stortinget i St.prp.nr. 82 (1999-2000). Budsjettforslaget for 2001 er basert på føresetnadene som er lagt til grunn ved Stortinget si behandling av St.prp. nr. 82 (1999-2000).

Budsjettforslag 2001

Budsjettforslaget for 2001 inneber at løyvinga på kap. 1150 blir redusert med om lag 456 mill. kr i forhold til saldert budsjett 2000, frå 12 978 mill. kr til 12 522 mill. kr. Inntektene på kap. 4150 aukar med om lag 29 mill. kr til 121 mill. kr. Kap 1150/4150 gir såleis ei samla styrking av statsbudsjettet med 485 mill. kr i forhold til saldert budsjett 2000.

Oppfølging av økonomireglementet for staten

Landbruksdepartementet har i lengre tid gitt arbeidet med å følgje opp krava i økonomireglementet høg prioritet. Departementet har ansvar

for mange tilskottsordningar under kapittel 1150 og overfører store beløp til næringa. Dette arbeidet krev gode system, ei tett oppfølging og løpande kontroll.

Forvaltninga av ordningane vil òg bli gitt merksemd i 2001. Som omtalt m.a. i St.prp. nr. 67 (1997-98), kap. 4, vil resultatrapporteringa i forhold til dei generelle ordningane i hovudsak bli basert på tala frå Budsjettnemnda for jordbruket for den samla tilpassinga i næringa. Arbeidet i forhold til krava i økonomiregelverket vil for dei generelle ordningane derfor særleg gjelde forbe-tring og dokumentasjon av rutine for tildeling og kontroll.

Statens landbruksforvaltning vil ha fleire viktige oppgåver knytt til forvaltninga av ulike ordningar under jordbruksavtalen. Dette blir t.d. oppgåver som rapportering, kontroll, samordning og effektivisering av tilskottsforvaltninga. Såleis vil Statens landbruksforvaltning medverke til at krava og intensjonane i økonomiregelverket for staten blir oppfylt.

Forenklingar i verkemidla over jordbruksavtalen blei tatt opp i St.meld. nr. 19 (1999-2000).

Departementet følgjer dette opp og framlegg om endringar vil bli gjort i samband med dei årlege jordbruksoppgjera.

Merknader til dei einskilde postane

Administrasjonsutgiftene til Omsetningsrådets sekretariat og Fraktkontoret for slakt som har vore dekt over kap. 1150, er no budsjettert på kap. 1143. Dei respektive postane under kap. 1150 er derfor i budsjettforslaget redusert med til saman 14 mill. kr i forhold til saldert budsjett 2000, jf tabell 2.10. Ein viser elles til omtale under kap. 1143.

Tabell 2.10 Overført til kap. 1143 post 01

	Beløp (mill. kr)
Overført til kap. 1143 frå kap 1150	
Frå post 70	3,6
Frå post 73	7,0
Frå post 77	3,4
Sum overført til kap. 1143 post 01	14,0

Post 50 Fondsavsetningar, *overslagsløyving*

Under- post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert bud- sjett 2000	Forslag 2001
50.11	Tilskott til LUF	580 000	620 000	734 000
50.12	Tilskott til Fondet for katastrofeordninga i planteproduksjon	31 000	27 900	27 900
50.13	Tilskott til Tiltaksfondet for småfe og fjørfe m.m.	37 060	38 060	38 060
50.14	Tilskott til kornfondet		785 600	804 600
	Sum post 50	648 060	1 471 560	1 604 560

(i 1 000 kr)

Underpost 50.11 Tilskott til Landbrukets utviklingsfond (LUF)

Etter LUF sine vedtekter kan fondsmidlane nyttast til tiltak som tar sikte på å styrkje og byggje ut næringsgrunnlaget på det einskilde bruk. Utgifter til administrasjon av LUF blir dekt over fondet.

LUF hadde pr. 31.12.1999 ein kapital på 2 500 mill. kr. Av kapitalen var 1 001 mill. kr i statskassa og 1 499 mill. kr var lånt ut. Det blei løyvd 580 mill. kr til LUF i 1999. Ramma for nye tilsegn blei sett til 900 mill. kr. Det blei utbetalt 945 mill. kr frå fondet. Ansvar knytt til innvilga, men ikkje utbetalte tilskott og investeringslån var pr. 31.12.1999

på 1 063,1 mill. kr. I 2000 er løyvinga til fondet 620 mill. kr, medan innvilgingsramma er på 925 mill. kr. I jordbruksoppgjeret 2000 blei løyvinga til fondet auka til 665 mill. kr, medan innvilgingsramma blei sett til 918 mill. kr for 2001. I tillegg er løyvinga til konkurransestrategiar for norsk mat, 69 mill. kr, overført frå post 77.15 til post 50.11. Innvilgingsramma blir etter dette 987 mill. kr for 2001. Det er i samsvar med dette gjort framlegg om ei løyving til LUF på 734 mill. kr for 2001.

Tabell 2.11 viser forslaget til fordeling av innvilgingsramma frå fondet i 2001 slik det blei vedteke i jordbruksoppgjeret i 2000.

Tabell 2.11 Oversikt over LUF (mill. kr)

Nemning	Fordeling 1999	Budsjett 2000	Forslag 2001
Verdiskapingsprogram for matproduksjon			50,0
Konkurransestrategiar for norsk mat			69,0
Kompetansetiltak			5,0
BU: Sentrale SND/SLB	57,0	50,0	30,0
BU: Fylkesvise BU-midler 1999	665,2		
BU: SND fylker		463,0	455,0
BU: Fylkesmannens landbruksavdeling		120,0	80,0
Miljøtiltak	122,0	133,0	143,0
Skogbruk	120,0	153,0	153,0
Frukttrefelt	4,0	4,0	
Overføring til SUF	2,0	2,0	2,0
Sum innvilgingsramme	970,2	925,0	987,0

Departementet har starta opp arbeidet med eit verdiskapingsprogram for norsk matproduksjon, jf. St.prp. nr. 82 (1999-2000). Det overordna målet for verdiskapingsprogrammet er høgare verdiskaping gjennom å stimulere til auka utnytting av marknadsmoglegheitane både innan primærproduksjon og foredling. Ei styringsgruppe sett saman av sentrale aktørar i næringsmiddelindustrien og landbruket vil i løpet av 2000 legge fram forslag til programmet sitt innhald, finansiering og gjennomføring. Arbeidet i styringsgruppa skal sikre forankring for programmet hos alle viktige aktørar. Departementet tar sikte på at programmet kan setjast i verk frå 1.1.2001. Sekretariatsansvaret er lagt til SND. Verdiskapingsprogrammet får i 2001 ei ramme på 100 mill. kr gjennom ei løy-

ving frå LUF på 50 mill. kr og ei øyremærking av 50 mill. kr frå Konkurransestrategiar for norsk mat.

Konkurransestrategiar for norsk mat blei etablert som eit eige utviklingsprogram for landbruket i 1992 for å medverke til å styrkje konkurransekrafta i norsk landbruk og næringsmiddelindustri. I samband med etableringa av eit verdiskapingsprogram for norsk matproduksjon legg departementet opp til at SND gjer ei vurdering av konkurransestrategiane. I jordbruksopp-gjeret 2000 blei det lagt til grunn ei samla ramme på 69 mill. kr for 2001, som òg skal dekkje utgiftene til administrasjon av ordninga. Midlane er foreslått fordelt som vist i tabell 2.12.

Tabell 2.12 Konkurransestrategiar for norsk mat (mill. kr)

Tiltak	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
Kvalitetssystem i landbruket (KSL)	16,0	15,0
Produkt- og bedriftsutvikling	23,0	23,0
Merkeordning (Stiftelsen Godt Norsk)	17,0	17,0
Eksporthprogram	9,0	10,0
Offentlege strategiar / Fellesutgifter / Informasjon	4,0	4,0
Sum	69,0	69,0

Formålet med BU-midlane til utviklingstiltak er å etablere ny lønnsam næringsverksemd i og knytt til landbruket. Hovudmålgruppa er personar

knytt til gardsbruk. Det kan gis støtte til småskalaprega tiltak som fører til auka verdiskaping frå landbruket og verksemd knytt til landbruket.

Ramma for utviklingstiltak skal såleis nyttast m.a. til utgreiings- og tilretteleggingstiltak, etablerartiltak, bedriftsutvikling og investeringar utanom tradisjonelt jord-, hage- og skogbruk (tilleggsnæringer). Det skal leggjast særleg vekt på å fremme samarbeidstiltak og tiltak som gir arbeidsplassar for kvinner og ungdom. Departementet legg derfor vekt på å styrkje innsatsen i næringslivsutviklingsarbeidet retta mot disse gruppene.

Tilskott til investeringar i tradisjonelt jord- og hagebruk innanfor BU-ordninga er eit viktig infrastrukturtiltak med omsyn til dei nye utfordringane som landbruket møter i ein meir konkurranseutsett situasjon. Tilskott og investeringslån til bygging av driftsbygningar m.m., kjøp av landbruksareal og etableringstilskott er sentrale element i ordninga. Ordninga skal òg medverke til omstilling i husdyrproduksjonane, m.a. for å møte krava som er fastsette i dei nye husdyrforskriftene. Ut frå forventningar om eit auka behov for investeringar i jordbruket dei kommande åra, er ramma for støtte til investeringar til tradisjonelt jord- og hagebruk auka med 12 mill. kr til 252 mill. kr i 2001. Avsetninga skal òg omfatte ordninga med tilskott til grøfting i Nord-Noreg og tilskott til rydding av frukttrefelt.

Avsetninga på 143 mill. kr for 2001 til spesielle miljøtiltak fordelar seg med 23,3 mill. kr til sentrale miljø- og kulturlandskapsmidlar og 119,7 mill. kr til fylkesvise miljø- og kulturlandskapsmidlar. Formålet med miljøtiltaka er å ta vare på kulturlandskaps- og bygningsressursar og å hindre erosjon, arealavrenning og forureining frå jordbruket. Ordninga omfattar òg midlar til heilskapelege fellestiltak i større område, informasjonsarbeid, tilstandsovervaking og resultatkontroll og forskning innanfor kulturlandskap. Avsetninga til sentrale miljø og kulturlandskapsmidlar omfattar òg 1,5 mill. kr til programmet for økt omsetning av produkt basert på våtorganisk avfall og slam, som Landbruksdepartementet og Miljøverndepartementet har etablert saman med ulike organisasjonar knytt til jordbruket og avfallsbransjen.

Ramma for skogbruk under LUF er 153 mill. kr for 2001. Avsetninga omfattar tilskott til skogbruksplanlegging, kurs, opplæring, tiltak for auka skogkultursatsing, organisering av virkesomsetning på Vestlandet og i Nord-Noreg, skogsvegar og nokre meir kortsiktige tiltak. Endeleg fordeling mellom skogbrukstiltaka blir fastsett etter drøfting mellom jordbruksavtalepartane. Ein viser elles til kap. 1142 der det er gitt ei samla framstilling av tiltaka innan skogbruk.

Overføringa til Samisk utviklingsfond (SUF) for å betre rammevilkåra for næringskombinasjonar i samiske område blir ført vidare med 2 mill. kr.

Underpost 50.12 Tilskott til Fondet for katastrofeordninga i planteproduksjon

Formålet med katastrofeordninga i jord- og hagebruket sin planteproduksjon er å yte økonomisk bistand til jord- og hagebrukarar med store avlingsskadar som kjem av klimatiske eller klimatiske avleidde forhold som brukaren sjølv ikkje rår over. Normale variasjonar i avlinga er ikkje omfatta av katastrofeordninga i planteproduksjonen, som omfattar følgjande ordningar:

- erstatning for avlingssvikt,
- tilskott til kjøp av grovfôr,
- tilskott etter vinterskadar på eng
- tilskott til fornying av vinterskadde frukttrefelt
- erstatning etter offentlege pålegg som ein følgje av planteskadegjerarar

Formålet med erstatning for svikt i honningproduksjon er å gi økonomisk støtte til birøktarar med birøkt som næring, som av klimatiske eller klimatiske avleidde forhold har fått redusert honningproduksjonen monaleg.

Formålet med erstatningsordninga etter offentlege pålegg som følgje av planteskadegjerarar er å gi økonomisk støtte for tap på grunn av offentlege pålegg gitt for å motverke og hindre spreing av plantegjerarar.

Fondet for katastrofeordninga i planteproduksjon hadde pr. 1.1.2000 ein kapital på om lag 82 mill. kr. Av dette var om lag 14 mill. kr bunde opp for å dekkje skader frå 1998 og 1999. Medrekna løyvinga til fondet i 2000 på 27,9 mill. kr vil det stå om lag 96 mill. kr til disposisjon for å møte avlingsskadar i 2000.

Erstatningsordninga skil seg frå andre tilskott ved at ein ved ordninga kompenserer i ettertid for eit tap som produsentar har lidd. Ordninga sin karakter gjer at det ikkje er tenleg å setje krav til rapportering av resultat frå tilskotsmottakar, ut over rapportering om eventuelle vilkår er oppfylt.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 27,9 mill. kr til fondet i 2001.

Underpost 50.13 Tilskott til Tiltaksfondet for småfe og fjørfe m.m.

Formålet med løyvinga er å yte tilskott til avlstiltak og fagleg verksemd for saue-, geite-, fjørfe-, kanin-, pelsdyr-, kjøttfe-, og biholdet i landet. Mid-

lar kan òg nyttast til tilskott for å fremme beitebruk og til tiltak som tek sikte på å avgrense tap av sau og geit på utmarksbeite. Det kan òg nyttast midlar av fondet til delvis erstatning for særleg store tap i husdyrhald når eigaren er utan skuld i skaden og det ikkje blir gitt skadebot på annan måte og det samtidig ikkje har vore mogleg for brukaren å sikre seg økonomisk mot tap ved forsikring. Det kan nyttast midlar av fondet til tiltak for å halde nede husdyrsjukdommar (mædi, skrapesjuka, alveld).

Styret tilpassar løyvinga frå fondet ut frå omsynet til kapitalstusasjonen.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 38,06 mill. kr til Tiltaksfondet for småfe og fjørfe i 2001.

Underpost 50.14 Tilskott til kornfondet, overslagsløyving

Marknadsordninga for korn er med på å sikre grunnlaget for ei produksjonsfordeling i norsk jordbruk i samsvar med dei landbrukspolitiske måla, og ei effektiv innanlands kornomsetning. Prisnedskriving av norsk korn saman med prisutjamning på andre råvarer til kraftfôr er med på å regulere prisane på korn og andre råvarer til kraftfôr slik at det norskproduserte kornet finn avsetning. Formålet med tilskottet til matkorn er, saman med prissystemet for importert matkorn, å sikre rimelege og mest moglege stabile prisar på matkorn og matmjøl. Frakttilskotta skal sikre at prisane på kraftfôr og kornvarer til menneskeføde i hovudsak blir på same nivå i dei ulike delane av landet.

Det er budsjettert med inntekter og utgifter i fondet for 2001 som vist i tabell 2.13.

Tabell 2.13 Inntekter og utgifter i Kornfondet (mill. kr)

Nemning	Inntekter	Utgifter
Kjøp av norsk korn		2297,6
Sal av norsk korn	1865,0	
Tilskott frå kap. 1150 post 50.14	804,6	
Tilskott til matkorn		222,0
Frakttilskott		150,0
Prisutjamning på andre råvarer til kraftfôr	121,0	
Refusjon til kap. 4150 post 80		121,0
Sum	2790,6	2790,6

Tilskottet frå statsbudsjettet skal dekkje fondet sine utgifter knytt til prisnedskriving av norsk korn og tilskott til matkorn og frakt. Tilskottet frå statsbudsjettet vil m.a. avhenge av den norske kornavlinga, kor stor del av avlinga som blir overlagra og utviklinga i verdensmarknadsprisen på matkorn. Departementet legg derfor til grunn at tilskottet frå statsbudsjettet blir løyvd som overslagsløyving. Ein gjer framlegg om ei løyving til fondet i 2001 på 804,6 mill. kr, jf tabell 2.14.

I tråd med Stortingets si behandling av St.meld. nr. 19 (1999-2000) og St.prp. nr. 82 (1999-

2000) blir det arbeidd med å utforme detaljane i ei ny marknadsordning for korn med sikte på gjennomføring frå 1.7.2001.

Tabell 2.14 Tilskott til Kornfondet (mill. kr)

Nemning	Budsjettforslag 2001
Prisnedskriving norsk korn	432,6
Tilskott til matkorn	222,0
Frakttilskott	150,0
Sum post 50.14	804,6

Post 70 Marknadsregulering, kan overføres

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
70.11	Avsetningstiltak	82 619	67 000	66 400
70.12	Tilskott til råvareprisordninga	123 839	128 100	138 100
70.13	Eksportrestitusjon	19 063	26 000	26 000
70.15	Radioaktivitet	8 936		
	Sum post 70	234 457	221 100	230 500

Underpost 70.11 Avsetningstiltak

Formålet med avsetningstiltaka er å medverke til at ein kan nå målprisane for dei ulike jordbruksprodukt, og jamne ut produsentpris og pris til forbrukarar over heile landet, skape avsetning for produsert vare og medverke til å sikre forsyningar i alle forbruksområde. Kostnadene ved marknadsregulering blir dekte av løyvinga til avsetningstiltak over jordbruksavtalen og gjennom omsetningsavgifta.

Prisnedskriving for potetsprit, kollektiv dekning av omsetningsavgift for grønsaker, frukt og jordbær, skolemjølkordninga, samarbeidsprosjektet Frukt og grønt i skolen, andre avsetningstiltak i hagebrukssektoren, tilskott til produsentsamanlutningar og kadaverhandtering blir finansiert over posten.

Det er overført 3,6 mill. kr frå posten til kap. 1143 post 01 for å dekkje utgiftene til administrasjon av ordninga. Ein gjer i tråd med dette framlegg om ei løyving på 66,4 mill. kr i 2001.

Underpost 70.12 Tilskott til råvareprisordninga

Formålet med råvareprisordninga (RÅK-ordninga) er å jamne ut skilnader i råvarekostnader mellom norske og utanlandske ferdigvarer som

blir omsette i Noreg, og å gjere norske eksportprodukt under ordninga konkurransedyktige på verdsmarknaden. Utjamninga av råvarepris kan skje i form av

- toll på råvaredelen av importerte ferdigvarer,
- tilskott ved eksport av ferdigvarer (eksportrestitusjon) og/eller
- prisnedskriving ved at prisane på innanlandske jordbruksråvarer til framstilling av ferdigvarer blir skrivne ned.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 138,1 mill. kr til RÅK-ordninga i 2001. Av dette blir det sett av 101,7 mill. kr til prisnedskriving og 36,4 mill. kr til eksportrestitusjon.

Underpost 70.13 Eksportrestitusjon

Underposten omfattar ordninga med eksportrestitusjon til foredla kjøttprodukt (XRK-ordninga) og Catering-ordninga. Formålet med XRK-ordninga er å gjere det mogleg for norsk næringsmiddelindustri å levere foredla kjøttvarer til eksportmarknader. Formålet med Cateringordninga er at norske cateringselskap som leverer menyar til fly i utanriksfart, skal kunne konkurrere med utanlandske selskap når dei nyttar norsk råvare.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 26 mill. kr i 2001.

Post 73 Pristilskott, overslagsløyving

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
73.11	Tilskott til norsk ull	166 612	166 400	165 800
73.13	Pristilskott, mjølk	574 501	537 100	513 600
73.15	Pristilskott, kjøtt	876 161	918 600	911 000
73.16	Distriktstilskott egg	1 036	2 200	2 500
73.17	Distrikts- og kvalitetstilskott, frukt, bær, grønnsaker og potet	39 660	57 370	54 770
73.18	Frakttilskott	80 255	80 700	79 700
Sum post 73		1 738 225	1 762 370	1 727 370

Posten er ei overslagsløyving. Budsjettforslaget er utrekna på grunnlag av prognosar for kvantum i 2001 (ull, mjølk og kjøtt) og prisar/satsar for avtaleperioden 2000/2001.

Underpost 73.11 Tilskott til norsk ull

Tilskottet skal medverke til å nå måla for inntekts- og produksjonsutvikling i sauehaldet som ikkje i tilstrekkeleg grad kan sikrast gjennom marknadspris og andre tilskott. Tilskottet skal òg medverke til ei betring av kvaliteten på norsk ull, samt sikre avsetning i marknaden for norsk ull av god kvalitet.

Det er overført 0,6 mill. kr frå posten til kap. 1143 post 01 for å dekkje utgiftene til administrasjon av ordninga. Ein gjer framlegg om ei løyving på 165,8 mill. kr for 2001.

Underpost 73.13 Pristilskott, mjølk

Løyvinga omfattar ordningane med grunntilskott og distriktstilskott for mjølk og mjølkeprodukt.

Formålet med grunntilskottet er å medverke til å nå måla for inntekts- og produksjonsutvikling i mjølkeproduksjonen som ikkje i tilstrekkeleg grad kan sikrast gjennom marknadspris og andre tilskott. Grunntilskottet skal vidare medverke til rimelegare mjølk og mjølkeprodukt til forbrukaren. Satsar for grunntilskott er 3,6 øre for kumjølk og 178 øre for geitemjølk.

Formålet med distriktstilskottet er å medverke til ei inntekts- og produksjonsutvikling i mjølkeproduksjonen som medverker til å oppretthalde busetting og sysselsetting i distrikta gjennom å jamne ut skilnader i lønnsmda i produksjonen. Distriktstilskottet blir gitt med ulike satsar for mjølk produsert i vanskelegstilte område i Sør-

Noreg og for all mjølk i Nord-Noreg. Satsane for distriktstilskott varierer frå 0 til 158 øre pr. liter.

Det er overført 1,2 mill. kr frå posten til kap. 1143 post 01. Ein gjer framlegg om ei løyving på 513,6 mill. kr til ordninga med pristilskott til mjølk for 2001. Av dette utgjer grunntilskottet 91,7 mill. kr, medan 421,9 mill. kr er distriktstilskott.

Underpost 73.15 Pristilskott, kjøtt

Underposten omfattar ordningane med grunntilskott og distriktstilskott for kjøtt samt distriktstilskott for fjørfeslakt.

Formålet med grunntilskottet er å medverke til å nå måla for inntekts- og produksjonsutvikling i kjøttproduksjonen som ikkje i tilstrekkeleg grad kan sikrast gjennom marknadspris. Grunntilskottet skal vidare medverke til rimelegare kjøtt og foredla kjøttprodukt til forbrukaren. Grunntilskottet for kjøtt blir gitt til slakt av storfe, kalv, sau/lam og geit/kje. Det blir ikkje gitt grunntilskott til slakt av svin og fjørfe.

Formålet med distriktstilskotta er å medverke til ei inntekts- og produksjonsutvikling i kjøttproduksjonen som medverker til å oppretthalde busetting og sysselsetting i distrikta gjennom å jamne ut skilnader i lønnsmda i produksjonen. Satsen for distriktstilskott for kylling og kalkun i Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Trøndelag er på 20 øre pr. kg. Satsane for distriktstilskottet på anna kjøtt varierer frå 0 til 13 kr pr. kg.

Det er overført 1,6 mill. kr frå posten til kap. 1143 post 01 for å dekkje utgiftene til administrasjon av ordninga. Ein gjer framlegg om ei løyving på 911 mill. kr til ordninga med pristilskott til kjøtt for 2001. Av dette utgjer grunntilskottet 382,4 mill. kr, medan 528,6 mill. kr er distriktstilskott.

Underpost 73.16 Distriktstilskott egg

Formålet med ordninga er å medverke til ei inntekts- og produksjonsutvikling i eggproduksjonen som medverker til å oppretthalde busetting og sysselsetting i distrikta gjennom å jamne ut skilnader i lønsemnda i produksjonen. Satsen for distriktstilskott for egg er 20 øre pr. kg og gjeld for Vestlandet (unntatt Rogaland), Trøndelag og Nord-Noreg.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 2,5 mill. kr til ordninga i 2001.

Underpost 73.17 Distrikts- og kvalitetstilskott, frukt, bær, grønsaker og potet

Underposten omfattar distrikts- og kvalitetstilskott til frukt, bær og veksthusgrønsaker, og distriktstilskott for potetproduksjon i Nord-Noreg.

Formålet med ordningane er å betre inntekta for yrkesprodusentane innan grøntsektoren og

sikre ein geografisk spreidd produksjon. Tilskottet skal stimulere til kvalitetsproduksjon og ordna omsetningsforhold.

Det er overført 2,6 mill. kr frå posten til kap. 1143 post 01 for å dekkje utgiftene til administrasjon av ordninga. Ein gjer framlegg om ei løyving på 54,77 mill. kr til ordninga med distrikts- og kvalitetstilskott for frukt, bær, grønsaker og potet i 2001.

Underpost 73.18 Frakttilskott

Underposten omfattar frakttilskott til slakt, egg og konserverblomkål.

Frakttilskotta skal medverke til å jamne ut prisar til produsent og forbrukar.

Det er overført 1,0 mill. kr frå posten til kap. 1143 post 01 for å dekkje utgiftene til administrasjon av ordninga. Ein gjer framlegg om ei løyving på 79,7 mill. kr til frakttilskott for 2001.

Post 74 Direkte tilskott, kan overførast

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
74.11	Driftstilskott, mjølkeproduksjon	1 394 037	1 377 500	1 316 000
74.14	Tilskott til husdyr	2 117 579	2 335 834	2 221 705
74.17	Areal- og kulturlandskapstilskott	3 357 381	3 312 625	3 210 319
74.18	Tilskott til dyrking av fôr i fjellet	11 034	10 500	10 500
	Sum post 74	6 880 031	7 036 459	6 758 524

For nærare oversyn over satsar for dei ulike ordningane viser departementet til St.prp.nr. 82 (1999-2000).

Underpost 74.11 Driftstilskott, mjølkeproduksjon

Formålet med driftstilskottet i mjølkeproduksjonen er å medverke til ei inntekts- og produksjonsutvikling i mjølkeproduksjonen som medverker til å jamne ut skilnader i lønsemnd mellom bruk av ulik storleik generelt og mellom bruk i Sør-Noreg og Nord-Noreg.

Tilskottet blir gitt med ein fast sats pr. bruk for alle som produserer meir enn 30 000 l kumjølkk og 15 000 l geitemjølkk. For kumjølkk er satsane 60 000 kr pr. bruk i Sør-Noreg og 66 000 kr pr. bruk i Nord-Noreg, medan satsen for geitemjølkk er 66 000

kr pr. bruk over heile landet. Tilskottet blir trappa ned for bruk som produserer mindre mjølkk enn dette.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 1 316 mill. kr for 2001.

Underpost 74.14 Tilskott til husdyr

Tilskottet skal medverke til å styrkje og jamne ut inntektene mellom ulike produksjonar og storleiker på bruk i husdyrhaldet.

Tilskottet blir gitt pr. dyr, og blir avgrensa oppover med ei beløpsgrense. Denne grensa blei auka frå kr 105 000 til kr 120 000 pr. bruk ved jordbruksoppgjeret 2000, jf. St. prp. nr. 82 (1999-2000).

Ein gjer framlegg om ei løyving på vel 2,22 mrd. kr i 2001.

Underpost 74.17 Areal- og kulturlandskapstilskott

Desse ordningane inngår i areal- og kulturlandskapstilskottet:

- areal- og kulturlandskapstilskott,
- driftsvansketilskott for brattlendte bruk,
- tilskott til seterdrift med mjølkeproduksjon,
- tilskott til endra jordarbeiding og
- ekstra produksjonstilskott til unge bønder.

Areal- og kulturlandskapstilskotta til grovfôr, korn, potet, frukt, bær og grønnsaker skal medverke til å styrkje og jamne ut inntektene mellom ulike produksjonar, storleiker på bruk og distrikt innanfor planteproduksjon og husdyrproduksjon basert på grovfôr. Ordninga skal medverke til å skjømte, vedlikehalde og utvikle kulturlandskapet gjennom aktiv drift, og til å oppretthalde jordbruksareal i drift i samsvar med gjeldande landbrukspolitiske mål.

Formålet med driftsvansketilskottet for brattlendte bruk er å kompensere for høgare kostnader ved jordbruksdrift i bratt terreng. Formålet med tilskottet til seterdrift med mjølkeproduksjon er å medverke til å oppretthalde og ta opp att tradisjonell seterdrift med mjølkeproduksjon og å halde ved like det tradisjonelle kulturlandskapet i seterområder gjennom beiting med husdyr. Tilskottet til endra jordarbeiding har som mål å redusere omfanget av jordarbeiding om hausten

og stimulere til å så til med vegetasjon for å redusere erosjon og arealavrenning. Formålet med tilskott til unge bønder er å styrkje økonomien for ungdom og spesielt unge kvinner i ein oppstartingsfase når desse går inn i landbruket som aktive næringsutøvararar.

Satsen for tilskott til seterdrift blir auka med 1000 kr pr. seter frå 12 000 kr til 13 000 kr pr. seter, og driftsvansketilskottet blir ført vidare med 210 kr pr. dekar.

Avsetninga til ordninga med tilskott til endra jordarbeiding blir redusert med 17 mill. kr til 123 mill. kr.

Satsen for tilskottet til unge bønder blir ført vidare med 4000 kr pr. bruk for mannlege brukarar og 5000 kroner pr. bruk for kvinnelege brukarar.

Ein gjer framlegg om ei løyving på om lag 3,21 mrd. kr for 2001.

Underpost 74.18 Tilskott til dyrking av fôr i fjellet

Formålet med tilskottet til dyrking av fôr i fjellet er å kompensere for auka arbeids- og transportkostnader i samband med dyrking av fôr i fjellet. Tilskottet blir gitt pr. dekar og satsane varierer med vegavstanden frå driftsbygningen på bruket til dyrkingsjorda på fjellet.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 10,5 mill. kr for 2001.

Post 76 Marknadsordningar, *overslagsløyving*

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
76.11	Marknadsordninga for korn	801 529		
76.12	Marknadsordninga for poteter	6 425		
	Sum post 76	807 954		

Som følge av at budsjetteringa av Statens Kornforretning og marknadsordningane for korn

og poteter er endra, gjer ein ikkje framlegg om løyving på posten i 2001.

Post 77 Utviklingstiltak, kan overført

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
77.11	Tilskott til inseminering m.m.	68 708	69 800	69 800
77.12	Tilskott til frøavl m.m.	7 548	7 000	7 000
77.13	Tilskott til forsøksringar og forskning	61 465	59 000	59 000
77.14	Tilskott til pelsdyrfôrlag	37 549	41 000	38 000
77.15	Tilskott til kvalitets- og salsfremmande tiltak	87 482	122 000	48 600
77.16	Tilskott til økologisk jordbruk	53 453	58 000	75 000
77.17	Tilskott til fruktlager	8 649	8 100	8 100
77.18	Oppkjøp av mjølkekvoter	148 635	247 500	97 100
	Sum post 77	473 489	612 400	402 600

Underpost 77.11 Tilskott til inseminering m.m.

Løyvinga skal medverke til at kostnadene med inseminering av ku og svin kan haldast på same nivå i heile landet. Løyvinga skal òg medverke til å jamne ut kostnadene mellom husdyrbrukarar som nyttar veterinærtenester.

Det er sett av 1,5 mill. kr til å fremme avsarbeidet innan spesialisert kjøttproduksjon.

Utgiftene til administrasjon av insemineringsordninga blir dekt av Norsk Rødt Fe og Norsvin.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 69,8 mill. kr for 2001.

Underpost 77.12 Tilskott til frøavl m.m.

Formålet med tilskottet er å fremme dyrking og frøforsyning av gras, belgvekstar, rotvekstar og grønsaker med klimatilpassa sortar. Det kan nyttast tre ulike typar tilskott under ordninga; pristilskott, arealtilskott og lagringstilskott.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 7 mill. kr for 2001.

Underpost 77.13 Tilskott til forsøksringar og forskning

Underposten skal dekkje tilskott til forsøksringar, forskings- og utgreiingsarbeid.

Tilskottsordninga skal medverke til kunnskapsoppbygging hos bøndene ved å leggje eit økonomisk grunnlag for drift i forsøksringane, slik at desse ved hjelp av tilskottet og eigenfinansiering kan drive rådgjeving som er lønnsam for medlemmane. Arbeidet i forsøksringane er viktig for medlemmane og for heile landbruksnæringa.

Endringar i rammevilkåra for landbruket og marknadssituasjonen krev ikkje berre næringspolitiske tilpassingar, men òg produksjonsmessige og faglege tilpassingar. Midlane over jordbruksavtalen er med på å sikre likeverdig rådgjevingstilbod over heile landet.

Forskingsmidlane blir forvalta av eit eige styre. Det er etablert eit nært samarbeid med Noregs forskingsråd.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 59 mill. kr for 2001. Tilskottet til forsøksringane utgjer 40 mill. kr og ramma for forskning er 19 mill. kr. På grunn av stor portefølje og fleirårige prosjekt, gjev ramma for forskning ikkje rom for nye prosjekt i 2001. Avsetninga til forsøksringane skal dekkje kostnader til administrasjon av tilskott til forsøksringane.

Underpost 77.14 Tilskott til pelsdyrfôrlag

Underposten omfattar tilskott til pelsdyrfôrlag og tilskott til pelsdyrfôr. Formålet med tilskott til pelsdyrfôrlag er å medverke til utjamning av fraktkostnadene ved innfrakt av råstoff og utfrakt av ferdig fôr frå førkjøkken for produksjon av pelsdyrfôr i Noreg. Ordninga skal fremme ei rasjonell omsetning av fôr til pelsdyr.

Tilskott til pelsdyrfôr er ein refusjon av fôrkostnader. Ordninga skal medverke til at norsk pelsdyrnæring er konkurransedyktig på verdsmarknaden. Refusjonsordninga skal medverke til at fôrkostnadene i næringa, som følgje av det høge prisnivået på korn og kraftfôr i Noreg, blir likestilt med fôrkostnadene på verdsmarknaden.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 38 mill. kr på posten. Tilskottet til pelsdyrfôrlag

utgjær 25 mill. kr og tilskottet til pelsdyrfôr utgjær 13 mill. kr. Løyvinga skal òg dekkje utgiftene til administrasjon av ordningane.

Underpost 77.15 Tilskott til kvalitets- og salsfremmande tiltak

Underposten inneheld fleire ordningar som skal medverke til å gjere norske jordbruksprodukt meir konkurransedyktige på heimemarknaden og på eksportmarknadene.

Framlegget til løyving til kvalitets- og salsfremmande tiltak for 2001 er på 48,6 mill. kr. Det er lagt opp til følgjande fordeling av løyvinga:

Tabell 2.15 Kvalitets- og salsfremmande tiltak (mill. kr)

Tiltak	Forslag 2001
Utvikling av plantemateriale	9,7
Handlingsplan plantevern	17,0
Statskontrollert settepotetavl	9,1
Opplysnings og foredlingsarbeid i kornsektoren	4,9
Opplysningsarbeid om frukt, grønnsaker og potet	7,9
Sum	48,6

Formålet med framavlsarbeidet og det offentlege engasjementet i dette er å skaffe norsk hagebruk plantemateriale som er kontrollert for bestemte skadegjerarar og med definerte eigenskapar tilpassa norske forhold. Det blei i jordbruksoppgjeret sett av 2 mill. kr til tiltak for å heve standarden på norsk plantehelse som er overført over til kap. 1110 Statens landbrukstilsyn f.o.m 2001, jf. St.prp. nr. 82 (1999-2000).

Det blir vidare sett av 17 mill. kr til ei vidareføring av handlingsplanen for redusert helse- og miljørisiko ved bruk av plantevernmiddele.

Formålet med å gi tilskott til statskontrollert settepotetavl er å stimulere til auka bruk av settepoteter av høg kvalitet gjennom den statskontrollerte settepotetavlen. Det blir sett av 9,1 mill. kr til tilskottet.

Det er sett av 4,9 mill. kr til opplysnings- og foredlingsarbeid i kornsektoren. Løyvinga omfattar opplysningsarbeid gjennom "Brødfakta" og foredlingsarbeid med norske kornsortar. Departementet arbeider med ein endring av lov om forskingsavgift på visse landbruksprodukter, jf. kat. 15.20, som vil føre til redusert løyving over jamning for ulike kostnader knytte til inntran-

statsbudsjettet. Ein legg opp til at cerealforskning blir finansiert gjennom forskingsavgift.

Konkurransestrategiar for norsk mat er i tråd med St. prp. nr. 82 (1999-2000) flytta til LUF, jf. post 50.11.

Formålet med tilskottet til opplysningsarbeidet om frukt og grønnsaker er å stimulere til auka totalforbruk av frukt, bær og grønnsaker. Bruk av midlar over jordbruksavtalen og frå omsetningsavgift skal styrkje omsetning og forbruk av norske produkt. For å fremme omsetninga av norskproduserte poteter kan det gis tilskott til tiltak for å betre potetkvaliteten og til produsentretta informasjon om marknadstilhøva. Det blir sett av 7,9 mill. kr til tiltaka for 2001.

Underpost 77.16 Tilskott til økologisk jordbruk

Underposten dekkjer m.a. ordningane omleggings- og arealtilskott, husdyrtilskott, tilskott til forskning, tilskott til rettleingsprosjekt, tiltak for å stimulere produsentfagmiljø og tilskott til organisasjonar.

Formålet med omleggingstilskottet er å stimulere til omlegging frå tradisjonell landbruksdrift til økologiske driftsformer og medverke til at etterspørselen etter økologiske produkt blir dekt. Tilskottet skal òg oppvege verknaden av auka kostnader og avlingsnedgang i omleggingsfasen. Etter at karenstida (tida frå omlegging startar til arealet kan godkjennast som økologisk drive; normalt 2-3 år) er over, blir det gitt eit særskild arealtilskott til økologisk drive areal som skal stimulere til å oppretthalde dei økologiske areala. Det er frå 1997 stilt krav til at brukarane som søker støtte skal utarbeide ein plan for omsetning av økologiske produkt. I jordbruksoppgjeret i 2000 er det økologiske arealtilskottet til grovfôr erstatta med eit tilskott til økologisk husdyrproduksjon. Ein viser til nærare omtale av økologisk landbruk i kap. 7.8 i St.prp. nr. 82 (1999-2000).

Det er overført 0,5 mill. kr frå post 77.16 til kap. 1143 post 01 for å dekkje kostnadene med å administrere ordninga. Ein gjer framlegg om ei løyving på 75 mill. kr for 2001.

Underpost 77.17 Tilskott til fruktlager

Formålet med tilskottet til fruktlager er å fremme eit forpliktande samarbeid om felles lagring, sortering, pakking og omsetning av frukt, som medverker til å sikre forbrukarane tilgang på norsk kvalitetsfrukt. Ordninga inneheld òg ei fraktutspport.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 8,1 mill. kr til ordninga i 2001. Løyvinga skal dekkje utgiftene til administrasjon av ordninga.

Underpost 77.18 Oppkjøp av mjølkekvoter

Ordninga med kjøp og sal av mjølkekvoter skal medverke til å auke fleksibiliteten i kvoteordninga

for mjølk, sikre ei betre utnytting av kapasiteten i driftsbygningar til aktive produsentar og tilpasse produksjonen til marknaden.

Det er overført 2,9 mill. kr frå post 77.18 til kap. 1143 post 01 til å dekkje kostnadene med å administrere ordninga. Det blir sett av 97,1 mill. kr til oppkjøp av mjølkekvoter i 2001.

Post 78 Velferdsordningar, *kan overførast*

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
78.11	Tilskott til avløyising for ferie/fritid	1 212 719	1 279 319	1 231 319
78.12	Tilskott til avløyising for sjukdom m.m.	181 485	194 800	184 800
78.13	Medlemsavgift til folketrygda	130 846	130 800	130 800
78.14	Tilskott til sjukepengeordninga i jordbruket	88 046	88 000	88 000
78.15	Andre velferdstiltak	112 953	103 600	93 600
78.16	Tidlegpensjonsordning for jordbrukarar	29 643	77 935	69 935
	Sum post 78	1 755 692	1 874 454	1 798 454

Underpost 78.11 Tilskott til avløyising for ferie/fritid

Formålet med ordninga er å legge til rette for at husdyrbrukarar skal kunne få ferie, ordna fritid og hjelp til avlasting i onna gjennom å medverke til finansiering av innleie av arbeidskraft.

Tilskottet blir rekna ut på grunnlag av satsar pr. dyr. Satsane er differensierte etter dyreslag og dyretal på bruket, og er avgrensa til 48 500 kr pr. bruk. For å ha krav på refusjon må utrekna refusjonsbeløp vere minst 5 000 kr. Tilskottet blir gitt for faktiske utgifter til avløyising.

Ein gjer framlegg om ei løyving på vel 1,23 mrd. kr for 2001.

Tilskottet til husdyrbrukarar blir fastsett ut frå utrekna maksimalt tilskott i ordninga med tilskott til avløyisarutgifter for ferie og fritid. For veksthusprodusentar blir tilskottet fastsett ut frå veksthusarealet. Ut frå dette grunnlaget blir det rekna ut maksimale dagsatsar for tilskottet. Tilskottet blir gitt for faktiske utgifter til avløyising, opp til maksimal dagsats for det einskilde bruk.

Ordninga med tilskott til avløyising ved repetisjons- og heimevernsøvelser er overført til Forsvarsdepartementet, jf. St.prp. nr. 67 (1997-98). Løyvinga er med bakgrunn i dette redusert med 6 mill. kr mot ei tilsvarande auke under kap. 1795 post 01. Ein gjer framlegg om ei løyving på 184,8 mill. kr for 2001.

Underpost 78.12 Tilskott til avløyising for sjukdom m.m.

Formålet med ordninga er å medverke til å finansiere avløyising på bruk med husdyrproduksjon eller heilårs veksthusproduksjon når brukaren av særlege grunnar og for eit kortare tidsrom ikkje kan ta del i arbeidet på bruket. Ordninga bidreg og til å finansiere avløyising på driftseiningar med planteproduksjon eller honningproduksjon når brukaren som følgje av sjukdom ikkje kan ta del i arbeidet på driftseininga i onnetida. utgangspunkt i pensjonsgjevande inntekt i jord-

Underpost 78.13 Medlemsavgift til folketrygda

Av den pensjonsgjevande inntekta innanfor jordbruk, husdyrhald, hagebruk, gartneri og skogbruk skal den einskilde brukaren betale ei avgift til folketrygda som er lik den avgifta som lønsmottakarar betaler. Skilnaden mellom den avgifta som er fastsett for sjølvstendig næringsdrivande (10,7 pst) og den avgifta som skal betalast av den einskilde brukaren (7,8 pst.) blir finansiert over jordbruksavtalen. Løyvinga er rekna ut med og skogbruk.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 130,8 mill. kr for 2001.

Underpost 78.14 Tilskott til sjukepengeordninga i jordbruket

Den kollektive innbetalinga over jordbruksavtalen til sjukepengeordninga dekkjer tilleggspremien for auke av sjukepengane frå 65 til 100 pst. av inntektsgrunnlaget for sjukdom utover 14 dagar. Fødselspengar blir ytt med 100 pst. av inntektsgrunnlaget. Ordninga er rekna som kollektiv forsikring som ikkje gir rett til frådrag ved likninga. Løyvinga blir rekna ut med utgangspunkt i samla næringsinntekt for dei jordbrukarane som går inn under ordninga. Midlane blir førte over sentralt til Folketrygda.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 88 mill. kr til ordninga for 2001.

Underpost 78.15 Andre velferdstiltak

Underposten omfattar tilskott til landbruksvikarordninga, administrasjonstilskott til avløysarlag, tilskott til samdrifter, tilskott til landbrukshelsa og tilskott til kursverksemd.

Landbruksvikarordninga skal medverke til at kommunane tilset landbruksvikarar for å betre brukaren sin tilgang til avløysar først og fremst ved akutte krisesituasjonar. Det blir sett av 20,5 mill. kr til ordninga i 2001.

Godkjende avløysarlag kan gjennom ordninga med administrasjonstilskott til avløysarlag få tilskott til dekning av administrasjonsutgifter etter ein fast sats pr. medlem. Tilskottsordninga skal leggje til rette for at husdyrbrukarar skal kunne få ferie, ordna fritid og hjelp til avlasting i onna gjennom å medverke til finansiering av drifta av avløysarlag. Avløysarlag har som formål å kartleggje, organisere og administrere all avløyning innanfor eit område der det ligg til rette for eit slikt samar-

beid. Avløysarlaget kan overfor medlemmane òg yte andre tenester i tilknytning til den daglege drifta av garden viss det er naturleg for laget å gjere dette. Det blir sett av 27 mill. kr i tilskott til avløysarlag i 2001.

Formålet med tilskott til samdrifter er å stimulere til etablering av samdrifter i mjølkeproduksjon. Dette er ønskeleg ut frå sosiale og økonomiske årsaker. Det blir sett av 33,6 mill. kr til ordninga.

Landbrukshelsa er ein ideell stiftelse oppretta av Noregs Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Den har som formål å organisere eit effektivt og godt helse- og arbeidsmiljø i landbruket. Verksemda skal gi eit førebyggjande tilbod til alle gardbrukarane og tilsette i landbruket. Landbrukshelsa skal medverke til at gardbrukarane sjølve tek ansvar for å betre arbeidsmiljøet sitt, og til å skape ein sikker og triveleg arbeidsplass og eit trygt oppvekstmiljø for barna. Landbrukshelsa blei evaluert i 1999 og skal videreførast i tråd med resultatane av denne. Det blir sett av 10,5 mill. kr til tilskottet i 2001.

Formålet med tilskott til kursverksemd er å fremme gjennomføring av kortvarige, fagorienterte kurs for avløysarar og landbruksvikarar, samt for daglege leiarar og tillitsvalde i avløysarlag. Det blir sett av 2 mill. kr til dette.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 93,6 mill. kr for 2001.

Underpost 78.16 Tidlegpensjonsordning for jordbrukarar

Formålet med ordninga er å medverke til lettare generasjonsskifte for dei som har hatt hovuddelen av inntektene sine frå jordbruk/gartneri og skogbruk.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 69,935 mill. kr for 2001.

Kap. 4150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen (jf. kap. 1150)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
50	Refusjon frå Kornfondet			121 000
70	Tilbakebetaling av tilskott til reguleringsanlegg	20 000		
80	Refusjon frå Kornfondet	175 014	92 300	
	Sum kap 4150	195 014	92 300	121 000

Post 50 Refusjon frå Kornfondet

Under posten budsjetterer ein refusjon frå Kornfondet tilsvarande inntektene frå prisutjamning, jf. omtale under kap. 1150 post 50.14. Formålet med å ileggje prisutjamning på proteinråvarer og karbohydratfôr som ikkje er importert med toll, er å

sikre tilnærma like vilkår mellom korn og andre råvarer til kraftfôr til husdyr og fiskeoppdrett. Pelsdyrfôr har fritak frå ordninga.

Ut frå dei prisar som gjeld på verdsmarknaden for m.a. sildemjøl og norsk korn gjer ein framlegg om ei løyving på 121 mill. kr.

Kap. 1151 Til gjennomføring av reindriftsavtalen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
51	Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet	36 502	32 900	33 700
72	Tilskott til organisasjonsarbeid	4 000	4 000	4 800
75	Kostnadssenkande og direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	35 273	41 300	42 700
79	Velferdsordningar		1 800	1 800
82	Kompensasjon for kostnader vedkommande radioaktivitet i rein	4 750		
	Sum kap 1151	80 525	80 000	83 000

Mål og strategiar

Kapitlet omfattar løyvingar til gjennomføring av reindriftsavtalen og ordninga med kompensasjon for kostnader vedkommande radioaktivitet i rein-kjøtt.

Dei mål og retningslinjer som ligg til grunn for reindriftpolitikken er trekt opp i St.meld. nr. 28 (1991-92) - *"En bærekraftig reindrift"*, og Innst. S. nr. 167 (1991-92). Hovudstrategien er å skape ei meir berekraftig reindrift. Med dette forstår ein ei reindrift som har økologisk, økonomisk og kulturell berekraft. Desse tre måla står i ein innbyrdes samanheng: Økologisk berekraft gir grunnlag for økonomisk berekraft, og saman gjer økologisk og økonomisk berekraft det mogleg å utvikle kulturell berekraft.

Reindriften er ei lita næring i nasjonal målestokk, men både i samisk og lokal samanheng har den stor verdi når det gjeld økonomi, sysselsetjing og kultur. Reindriften er derfor ein viktig del av det materielle grunnlag for samisk kultur.

Reindriftsavtalen er, ved sida av reindriftslova, det viktigaste verkemidlet for å følgje opp måla og retningslinjene i reindriftpolitikken.

For nærare omtale av mål og strategiar i reindriftpolitikken viser ein til programkategori 15.30 og til St.prp. nr. 65 (1999-2000) og Innst. S. nr. 216 (1999-2000). Nærare omtale av målsetjingane for dei enkelte ordningane på kapitlet går fram av budsjettforslaget for 2001.

Resultatrapport 1999

Utviklinga i talet på rein vil framleis vere ein viktig indikator for ressurstilpassinga, sjølv om ein etterkvart ser for seg ei sterkare vektlegging av kvalitative sider ved reinflokkane; (flokkstrukturering etter kjønn, vekt og alder), som tiltak for å tilpasse reintalet til beiteressursane.

Det er store skilnader i dei økonomiske resultatene mellom områda, noko som reflekterer skilnader i produksjonstilpassing og effektivitet i næringa. Det totale økonomiske resultat for reindriften er svakt. Inntektsfordelinga er framleis skeiv, og den økonomiske og sosiale situasjonen for ein del driftseiningar i Finnmark er svært vanskeleg.

Radioaktivt nedfall etter Tsjernobyl-ulukka i 1986 skaper ekstra kostnader for reindriftnæringa. Ei tiltakspakke blei derfor finansiert av staten for å halde næringsutøvarane i reindriften økonomisk skadeslause.

Reduksjon av flokkane som følgje av rovdyrtap fører til redusert produksjon både på kort og lang sikt. På kort sikt medfører dette redusert kjøttproduksjon i tapsåret, og på lang sikt har man i tillegg også bortfall av kalve- og kjøttproduksjon frå tapte livdyr.

For ein meir detaljert resultatrapport for reindriftpolitikken viser ein til kap. 3 i St.prp. nr. 65 (1999-2000), der det er lagt fram materiale som

syner utviklinga på ulike område. Ein viser òg til programkategori 15.30.

Reindrifftsavtalen for 2000/2001

Avtalen legg vekt på å følgje opp dei føresetnadene som ligg i St.meld. nr. 28 (1991-92) og Innst. S. nr. 167 (1991-92). Reindrifftsavtalen for 2000/2001 har ei ordinær ramme på 88,0 mill. kr. I tillegg er det avsett ei disposisjonsløyving på 4,5 mill. kr til dekking av kostnader knytte til radioaktivitet.

Ved reindrifftsforhandlingane for avtaleåret 1999/2000 inngjekk partane ein protokoll om tiltak for reduksjon av reintalet i dei distrikta i Finnmark, der tilpassingsproblema er størst mellom reintalet og tilgjengelege beiteressursar. Protokollen innebar at det i slaktesesongen 1999/2000 skulle gjennomførast frivillig utslakting/reduksjon av tallet på rein etter planar utarbeidde av dei aktuelle reinbeitedistrikta. Dersom dei frivillige tiltaka ikkje blei gjennomførde, skulle det innførast lovbaserte tiltak for slaktesesongen 2000/2001. Då Staten la fram sitt tilbod i januar, var det klart at den frivillige utslaktinga ikkje ville føre til den reduksjonen i talet på rein som var føreset. Statens forhandlingsutval la derfor til grunn at det for slaktesesongen 2000/2001 ville bli gitt lovbaserte pålegg om utslakting i tråd med føresetnadene som var lagde ved reindrifftsforhandlingane året før.

I NRLs tilsvaer til Statens tilbod understreka NRL at dei ikkje ønskte å underskrive ei avtale dersom Staten framleis var innstilt på lovbaserte tiltak for utslakting. NRL ba samtidig om å få drøfte situasjonen med Regjeringa.

På bakgrunn av møte mellom representantar for regjeringa, Sametinget og NRL blei det gjort endringar i opplegget for å tilpasse talet på rein i Finnmark. Endringane gjer at det ikkje vil vere mogleg i komande slaktesesong (2000/2001) å gjennomføre lovpålagt utslakting med tvangstiltak som oppfølging når NRL og Sametinget går imot.

På grunnlag av dette blei det skissert eit opplegg for tilpassing av reintalet i Finnmark som m.a. innebar at det skulle fastsetjast eit øvre reintal pr. driftseining. Dette var i samsvar med tilråding frå Sametinget. NRL var sterkt i mot eit slikt opplegg.

Etter drøftingar meldte Sametinget tilbake at det først kunne akseptere fastsetjing av øvre reintal pr. driftseining etter at øvre reintal pr. distrikt er fastsett.

Eit hovudproblem i forhandlingane i år var at NRL gjekk bort frå det som i fjorårets forhandlin-

gar var avtalt om bruk av lovbaserte tiltak for å oppnå balanse mellom beiteressursane og reintalet i Finnmark.

På grunnlag av desse forholda blei avtalepartane samde om å trekkje dei forholda som vedkjem reguleringar knytte til talet på rein, med heimel i reindrifftslova, ut av forhandlingane. Staten presiserte at dette arbeidet vil bli følgd opp etter dei prosedyrar som reindrifftslova føreskriv. Det blei òg avtalt at verkemidla for tilpassing av reintalet i tiltaksdistrikta, skulle først vidare for slaktesesongen 2000/2001.

Reindrifftsavtalen for 2000/2001 vil ikkje vere tilstrekkeleg for ei tilpassing av reintalet til beiteressursane i Finnmark. Ressurssituasjonen gir i dag låg produktivitet med store tap. På denne bakgrunn vil departementet prioritere førebuinga med å få fastsett rammevilkår for det enkelte distrikt og den enkelte driftseining i Finnmark. Reindrifftsavtalen for 2000-2001 og endringane i statsbudsjetten for 2000 er lagt fram for Stortinget i St.prp. nr. 65 (1999-2000). Stortinget gjorde vedtak for 2000 i samsvar med proposisjonen, og løyvde samtidig midlar til dekking av kostnader til tiltak mot radioaktivitet i reinkjøtt.

Budsjettforslag 2001

Departementet gjer framlegg om at Stortinget vedtek løyvingar under kap. 1151 for 2001 i samsvar med reindrifftsavtalen for 2000-2001. I omtalen av dei einskilde postane er det gjort kort greie for føremål og innhald i dei ulike ordningane. For nærare omtale viser ein til St.prp. nr. 65 (1999-2000). Arbeidet med å styrkje og betre tilskottsforvaltninga vil halde fram i 2001.

Post 51 Tilskott til Reindriffta sitt utviklingsfond

Reindriffta sitt utviklingsfond kan nyttast til praktiske tiltak i næringa som t.d. investeringar i anlegg til bruk i utøvinga av reindrifft og investeringar knytte til binæringar. Fondet kan òg gi støtte til faglege tiltak til fremjing av reindriffta, samt støtte til tiltak av allmenn interesse for samisk kultur. Fondet kan yte lån eller tilskott knytte til etablering i næringa.

Frå fondet blir det gjort følgjande avsetningar:

- 5,0 mill. kr til forskning og rettleiing for 2000
- 2,0 mill. kr til Samisk utviklingsfond for å støtte opp under kombinasjonsnæringar der reindriffta går inn som ein komponent
- 0,5 mill. kr til arbeidet med førebuing av ny reinbeitekonvensjon med Sverige

- 1,0 mill. kr til Marknads- og kvalitetsutvalet for reinkjøtt
- 1,5 mill. kr til konfliktførebyggjande tiltak

I tråd med St.prp. nr. 65 (1999-2000) er det budsjettert med at utgifter til ressurovervaking skal dekkjast over Reindriftsforvaltninga sitt ordinære budsjett. I budsjettforslaget er derfor kap. 1151 post 51 redusert med 5 mill. kr mot ei tilsvarende auke av kap. 1147 post 01, jf. kap. 1147.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 33,7 mill. kr for 2001. For å styrkje fondet ytterlegare er 4 mill.

kr av overført beløp frå 1999 på kap. 1151 post 75 overført til fondet, jf. St.prp. nr. 65 (1999-2000) vedtak II.

Post 72 Tilskott til organisasjonsarbeid

Dei store utfordringane reindriftsnæringa står overfor, krev ei aktiv deltaking frå næringa sjølv. Ein gjer framlegg om ei auke av løyving med kr 800 000 frå 4 til 4,8 mill. kr for 2000.

Post 75 Kostnadssenkande og direkte tilskott, *kan overførast*

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
75.11	Frakttilskott	1 376	1 700	1 700
75.12	Tilskott til driftseiningar og tamreinlag	23 488	20 600	26 000
75.13	Distriktstilskott	6 805	9 500	8 000
75.14	Driftstilskott for Troms og Nordland	2 175	5 000	5 000
75.18	Tidlegslaktetilskott i Finnmark	1 428	4 500	2 000
	Sum post 75	35 273	41 300	42 700

Ein gjer framlegg om ei samla løyving på 42,7 mill. kr for 2000, jf. omtalen nedanfor.

Underpost 75.11 Frakttilskott

Føremålet med frakttilskottet er å medverke til å jamne ut prisane på reinkjøtt til reineigarane i ulike distrikt. Ein gjer framlegg om ei løyving på 1,7 mill. kr.

Underpost 75.12 Tilskott til driftseiningar og tamreinlag

Formålet med ordninga er å medverke til å tilpasse reintalet i høve til beiteressursane og å auke produktiviteten pr. dyre- og arealeining. Tilskottet skal òg ha ein kvalitetsfremjande effekt og verke inntektsutjamnande mellom regionar og einingar i næringa. Satsen for produksjonstilskottet blei ført vidare med kr 50 000 pr. driftseining. Tamreinlaga får satsen på kr 50 000 for kvar 600 rein.

Sanksjonsmidlar er at tilskottet fell bort dersom krava ikkje blir overhaldne. Det er sett av 21 mill. kr til produksjonstilskott, og 5 mill. kr til kalveslaktetilskott. Satsen er auka med kr 25 frå kr 200 til kr 225 pr. kalv.

Det er nødvendig å få ein meir konkret kvinne- og familiepolitikk som ein del av den generelle reindriftspolitikken. I den samanheng er det oppretta ei stilling i Reindriftsforvaltninga. For ytterlegare å stimulere kvinne- og familiepolitikken i reindrifta er ektefellestilskottet auka frå kr 25 000 til kr 50 000.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 26 mill. kr.

Underpost 75.13 Distriktstilskott

Føremålet med distriktstilskottet er å medverke til at reinbeitedistrikta skal kunne ta auka ansvar for utvikling av næringa i ei berekraftig retning. Tilskottet skal òg gi grunnlag for at distrikta skal ha ansvar for finansiering av kostnader ved avløyving under sjukdom og svangerskap utover dei generelle ordningane i Folketrygda. Det vil bli opna for oppbygging av tapsførebyggjande fond i distrikta ved at distrikta får høve til å setje av inntil 20 pst. av ordinært distriktstilskott til slike fond, og at distrikta i så fall blir tilførte ein tilsvarende sum over reindriftsavtalen.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 8 mill. kr.

Underpost 75.14 Driftstilskott for Troms og Nordland

Føremålet med ordninga er å heve og jamne ut inntekter mellom einingar i næringa. For i størst mogleg grad å ta omsyn til dei mange spesielle tilhøva for reindrifta i Troms blei det ved reindrifftsforhandlingane i 1997 innført ei ordning med flatt driftstilskott for driftseiningane i Troms. Dette blei utvida i reindrifftsavtalen 1999/2000 til også å gjelde Nordland. Satsen blei ført vidare med kr 80000 pr. driftseining.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 5,0 mill. kr.

Underpost 75.18 Tidlegslaktetilskott i Finnmark

Ordninga med tidlegslaktetilskott blei innført i slaktesesongen 1993/94 grunna dei særlege problema knytte til vinterbeita i Finnmark og Troms. Føremålet med tilskottet er å medverke til at rein blir slakta tidleg på hausten. Dette for å redusere trykket på marginale lavbeite, samt å oppnå best mogeleg kvalitet på kjøtt og biprodukt.

Ordninga har hatt bra effekt på slaktinga, særleg i Vest-Finnmark. Tidlegslaktetilskottet for rein i Finnmark blei oppretthalde med kr 10 pr. kg. før 10. oktober innan sumarbedistrict, men blei fjerna for perioden 10. oktober - 31. desember. For inneverande avtaleperiode kan kalveslakte- og tid-

legslaktetilskottet i Finnmark kombinerast ved at det blir gitt tidlegslaktetilskott på kr 10 pr. kg. kalveslakt før 10. oktober innanfor sommarbedistrict saman med ordinært kalveslaktetilskott. Tidlegslaktetilskottet har utgått i Troms.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 2 mill. kr.

Post 79 Velferdsordningar

Posten omfattar ordninga med Medlemsavgift til Folketrygda og sjukepengeordninga.

Den enkelte reineigar skal betale ei avgift til folketrygda som er lik den avgifta lønsmottakarane betalar. Skilnaden mellom den avgifta som er fastsett for private næringsdrivande (10,7 pst.), og den avgifta som skal betalast av den enkelte reineigar (7,8 pst.) blir finansiert over reindrifftsavtalen. Løyvinga er rekna ut med utgangspunkt i utviklinga i pensjonsgjevande inntekt i reindrifta.

Den kollektive innbetalinga over reindrifftsavtalen til sjukepengeordninga dekkjer tilleggspremien for auke av sjukepengane frå 65 til 100 pst. av inntektsgrunnlaget for sjukdom utover 14 dagar. Fødselspengar blir òg ytte med 100 pst. av inntektsgrunnlaget. Løyvinga er rekna ut med utgangspunkt i samla næringsinntekt for dei utøvarane i reindrifta som går inn under ordninga. Midlane blir overført sentralt til Folketrygda.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 1,8 mill. kr.

Kap. 1161 Statskog SF - forvaltningsdrift

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
70	Tilskott til forvaltningsdrift	17 229	16 561	16 354
72	Erstatning for barskogvern	8 500		
73	Avviklingskostnader	377	512	212
75	Oppsyn i statsalmenningar	5 512	6 644	6 644
	Sum kap 1161	31 618	23 717	23 210

Mål og strategiar

Målet for Statskog SF sitt arbeid med forvaltningsoppgåvene er å sikre at dei rettar bruksretts-havarar og andre har på eigedomane, blir ivaretekne i samsvar med lover, forskrifter og politiske retningslinjer. I samarbeid med bruksrettshavarar, brukarorganisasjonar, kommunar og miljøvernstyresmakter skal føretaket arbeide for ei

areal- og ressursdisponering som er mest mogleg tenleg for samfunnet, for dei distrikta der eigedomane ligg og for staten som eigar.

Frå departementet si side blir aktiviteten styrt gjennom tildelingsbrev og styringsmøte på same måte som anna forvaltningsverksemd.

Omorganiseringa frå forvaltningsbedrift til statsforetak i 1993 blei evaluert i 1999, jf. omtale i St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 3 (1999-2000).

Oppgåver

Forvaltningsoppgåvene omfattar både lovpålagde og ikkje lovpålagde oppgåver. Dei lovpålagde oppgåvene har grunnlag i særlover som gjeld for eigedomane - fjellova, lov om statens umatrikulerte grunn i Finnmark fylke, lov om skogsdrift m.v. i statsallmenningane og lov om utmarkskommisjon for Nordland og Troms. Dei oppgåvene som ikkje er lovpålagde har grunnlag i særlege pålegg og retningsliner.

Lovpålagde oppgåver

Skogbruk. Oppgåvene, som følgjer av lov om skogsdrift i statsallmenningar og lov om statens umatrikulerte grunn i Finnmark, er knytte til vedutvising i Finnmark og til virkesutvising i statsallmenningar til dekking av bruksrettar. I tillegg inngår arbeid med salsvirke til inntekt for allmenningfonda.

Grunneigaroppgåver som ikkje gir inntekt. Verksemda følgjer av lov om statens umatrikulerte grunn i Finnmark og det særlege samfunnsansvaret Statskog har som dominerande grunneigar i fylket. Tidlegare fall også grunneigaroppgåver i statsallmenningane inn her. Utgiftene til desse oppgåvene blir f.o.m. 2000 dekt over grunneigarfondet, jf. Innst. S. nr. 8 (1999-2000).

Utmarkskommisjonen for Nordland og Troms. Oppgåvene omfattar Statskog sitt arbeid for kommisjonen med trykking av Riksarkivet sine utgreiingar, kartarbeid, arkivgransking, synfaringar og saksførebuing.

Offentlegrettslege oppgåver. Verksemda dekkjer oppgåver der Statskog SF handlar som offentleg styresmakt, behandlar saker og gjer vedtak i samsvar med fjellova, lov om skogsdrift m.v. i statsallmenningane og lov om statens umatrikulerte grunn i Finnmark. Administrasjonsutgiftene knytt til tilskottsforvaltninga for post 75 fell òg inn her.

Ikkje lovpålagde oppgåver

Administrasjon av fiske i Finnmark. Inntil vidare gjeld særlege ordningar for forvaltning av fisket i Finnmark. Forvaltningsordninga skal vurderast i samband med oppfølginga av arbeidet til Same rettsutvalet.

Friluftsliv, tilrettelegging. I samsvar med St.meld. nr. 40 (1986-87) Om friluftsliv held Statskog m.a. opne husvære i fjellet, merkar stiar og løyper og byggjer bruer, klopper, rasteplassar og

fiskebrygger for uføre og barnefamiljar. Tiltaka har ofte innslag av kulturminnevern i samband med restaurering av gamle bygningar, fløytingsdammar og -renner. Tiltak for friluftslivet blei evaluert i 1996, jf. omtale i St.prp. nr. 1 (1996-97).

Oppsyn i Nord-Noreg – fjellteneste. Tenesta, som er samfinansiert med m.a. miljøvernstyresmaktene, skal gjennom informasjon og rettleiing, overvaking, skjøtsel og tilrettelegging medverke til sikring av naturverdiar og bevaring av biologisk mangfald. Tenesta omfattar eit areal på knapt 70 mill. dekar. Tenesta blei evaluert i 1999, jf. omtale i St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 3 (1999-2000).

Resultatrapport 1999

På post 70 er det i 1999 rekneskapsført 17.2 mill. kr som er i samsvar med løyvinga. Om lag 60 pst. av utgiftene skriv seg frå dei lovpålagde oppgåvene.

I alt 37 400 m³ tømmer og ved er utvist til bruksrettshavarane eller selt til inntekt for allmenningfonda. Av dette utgjer utvisninga i Finnmark om lag 16 000 m³. Etterspørselen har her auka sterkt i dei siste åra. Det er derfor sett i gang ei registrering av lauvskogressursane i samarbeid med kommunane og Fylkesmannen.

Arbeidet med skogbruksplanar i samsvar med § 4.3 i statsallmenningslova held fram. Av i alt 77 allmenningar er skogressursane så store at det skal lagast planar for 58. I 55 av desse er planane fullførte. Arbeidet med registrering av bygningar og bruk på setrar som fell inn under føresegnene i fjellova er sett i gang, men hovudtyngda vil kome i 2000 og 2001.

Fond knytte til forvaltningsoppgåvene

Bruken av grunneigarfondet som pr. 31.12.99 var vel 49 mill. kr, er regulert ved § 12 i fjellova. Fondet skal etter samråd med Fjellstyresambandet mellom anna brukast til tiltak i statsallmenningane med sikte på verdiskaping og lønnsame arbeidsplassar. I 1999 er det utarbeidd nytt regelverk som skal bidra til at fondet i større utstrekning enn hittil bli brukt til tiltak i allmenningsbygdene. Allmenningfonda som på same tid var på vel 21 mill. kr, skriv seg frå salshogstar og erstatning for barskogvern i underskottsallmenningane. Fonda skal saman med skogavgiftsfonda brukast til investeringar i skogbruket i den enkelte allmenning.

Budsjettforslag 2000**Post 70 Tilskott til forvaltningsdrift**

Verksemda er knytt til lovpålagde og ikkje lovpålagde forvaltningsoppgåver som Statskog SF utfører for Landbruksdepartementet. Ein reknar med at avverkninga av bruksrettsvirke vil liggje på om lag same nivå som i 1999 – 35-40 000m³. Arbeidet med å registrere og leggje inn data frå om lag 2 000 setrar i seterregistret held fram saman med fjellstyra. Kostnaden blir delvis dekt av midlar frå grunneigarfondet. I samarbeid med NINA og NIKU skal det setjast i gang eit prosjekt bl. a. for kartlegging og sikring av kulturminne på eigedomane. Tiltak for friluftslivet vil elles særleg bli retta mot eigedomar nær tettbygde område.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 16,354 mill. kr.

Post 73 Avviklingskostnader

Posten dekkjer ventelønn til dei som fekk rett til dette i samband med flyttinga av Statskog SFs hovudkontor frå Oslo til Namsos. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 0,2 mill. kr.

Post 75 Oppsyn i statsallmenningane

Posten dekkjer tilskott til fjellstyra for oppsynsordningar i statsallmenningane i samsvar med § 36 i fjellova. Statsallmenningane omfattar 27 mill. daa. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 6,6 mill. kr.

Kap. 2411 Statens nærings- og distriktsutviklingsfond, lån til landbruksformål (jf. kap. 5311 og 5614)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Driftsutgifter	50 532		
50	Tapsfond, lån til landbruksformål		6 000	6 000
71	Rentestøtte	478	500	500
72	Erstatningar	4		
73	Tilskott til Landbruksbankens tapsfond	3 000		
90	Lån, <i>overslagsløyving</i>	317 510	380 000	400 000
	Sum kap. 2411	371 524	386 500	406 500

Forvaltninga av dei økonomiske verkemidla knytt til finansiering av tradisjonelt landbruk, og nye næringar blei overført til Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND) i samband med avviklinga av Statens landbruksbank 31.12.1999, jf. St.prp. nr. 1, Tillegg nr. 3 (1999-2000). I arbeidet med næringsutvikling i landbruket må det leggast vekt på koordinering og samhandling med det generelle distriktpolitiske verkemiddelapparatet på fylkesnivå. Samhandlinga mellom Fylkesmannens landbruksavdeling (FMLA) og SND regionalt, når det gjeld bruken av BU-midlane, må utviklast vidare. SND sentralt har ein kompetansesenterfunksjon i høve til FMLA m.a. i arbeid med lokal mobilisering, likestilling og rekruttering.

Resultatrapport 1999*Landbrukets utviklingsfond*

Landbruksbanken (no SND) hadde ei viktig oppgåve i å forvalte låne- og tilskuddsordningar under LUF til ulike investeringsføremål i landbruket. Midlane går til ei rad ordningar innan tradisjonelt landbruk og næringsutvikling, m.a. BU-ordninga, miljøtiltak og skogbrukstiltak.

Under kap. 1150 er det gitt ei samla oversikt over ressursbruken over LUF. I St.prp. nr. 82 (1999-2000) er dei einskilde ordningane nærare omtalte saman med resultatrapport for 1999.

Utlånsverksemda

Landbruksbanken si ramme for løyving av nye lån var i 1999 på 400 mill. kr. Landbruksbanken sine utlån til dei ulike formåla i 1998 og 1999 går fram av tabell 2.16.

Tabell 2.16 Utlån til dei ulike formåla i 1998 og 1999

Formål	1998	1998	1999	1999
	Talet på lån	Sum i mill. kr	Talet på lån	Sum i mill. kr
Driftsbygningar	269	77,3	330	121,8
Tilleggsnæringar	58	18,2	48	16,4
Kjøp av tilleggsareal og eigedomsoverføring	105	38,5	222	92,4
Miljøtiltak	10	1,5	5	0,5
Reindrift	7	0,9	9	1,3
Div. landbruksformål	14	4,2	20	6,9
Sum landbruksformål	463	140,6	634	239,3
Nye bustader	114	68,7	141	85,0
Utbetring av bustader	106	39,9	123	51,8
Sum bustadformål	220	108,6	264	136,8
Sum totalt	683	249,2	898	376,1

Ved utgangen av 1999 utgjorde samla utlån i Landbruksbanken 4 371 mill. kr. Dette gav ein nedgang i utlånskapitalen på 5 mill. kr. Det er framleis større etterspurnad enn disponible midlar.

Talet på lån er i 1999 gått ned med 3 837 til 39 604 løpande lån.

I høve til utlånsmassen er tapstala framleis sær s låge. Landbruksbanken hadde i 1999 eit samla tap på utlån på 6,9 mill. kr. Rekna i prosent av låneporteføljen utgjorde Landbruksbanken sine tap i 1999 0,16 pst.

Nærings- og bygdeutvikling

Verksemda i Landbruksbanken har elles omfatta ei rad aktivitetar og oppgåver som har som formål å heve eigen kompetanse og leggje til rette for arbeidet med næringsutvikling lokalt i fylke og kommunar. Landbruksbanken har arrangert fleire samlingar, utvikla nyttige verktøy og gitt ut nyheitsbrev. Det er sett saman koordineringsgrupper med kompetanse på ulike produksjonar og bransjar, i 1999 blei det framlagt forslag til strategiar innan bærsektoren, frukt, småskala sagbruk og småskala mjølkeprodukt.

Landbruksbanken hadde ei samarbeidsavtale med Noregs forskingsråd når det gjeld arbeidet med FoU på næringsutviklingsområdet. Hovudformåla er å styrkje koplinga mellom FoU-arbeid og den brukarretta FoU-innsatsen og få til betre informasjon om FoU-resultat til næringslivet og til det offentlege verkemiddelapparatet.

Statens naturskadeordning

Landbruksbanken hadde det administrative ansvaret og budsjettansvaret for Statens naturskadeordning. Sekretariatet var organisert som eit eige kontor i Landbruksbanken. Frå 1.7.2000 blei dette kontoret ein del av den nyoppretta Statens landbruksforvaltning. Sekretariatet behandla i 1999 952 saker som gjeld erstatning og klager. Statens naturskadeordning er nærare omtalt under kap. 1148.

Andre oppgåver

Landbruksbanken (no SND) hadde ansvaret for klagehandsaming av visse delingssaker etter jordlova. Det blei i 1999 gjort vedtak i 223 slike saker. 201 klagesaker blei behandla etter dei fylkesvise BU-forkriftene.

Landbruksbanken (no SLF) hadde sekretariatsfunksjonen for "Fond for etterutdanning og driftsøkonomiske tiltak i landbruket" (EDL).

Landbruksbanken (no SND) hadde òg ansvaret for forvaltninga av midlar til konfliktforebyggjande tiltak i reindriftsområda.

Budsjettforslag 2001

Regjeringa gjer framlegg om ei utlånsramme for lån til landbruksformål på 400 mill. kr. Løyvingane i budsjettforslaget tar utgangspunkt i denne låneramma og gjeldande system for inn- og utlån.

Regjeringa arbeider med harmonisering av inn- og utlånsystema i SND. Endringar i samband med dette vil bli lagt fram i eit tillegg til St.prp. nr. 1 (2000-2001).

Kap. 5311 Statens nærings- og distriktsutviklingsfond, lån til landbruksformål (jf. kap. 2411)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
01	Gebyr	29 518	10 438	10 752
02	Driftsinntekter	9 223		
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	188		
90	Avdrag	321 807	300 000	320 000
	Sum kap 5311	360 736	310 438	330 752

Løyvingane i budsjettforslaget tar m.a. utgangspunkt i forslaget til låneramme og gjeldande system for inn- og utlån.

Regjeringa arbeider med harmonisering av inn- og utlånssystema i SND. Endringar i samband med dette vil bli lagt fram i eit tillegg til St.prp. nr. 1 (2000-2001).

Kap. 2472 Statens Kornforretning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
24	Driftsresultat	21 534		
	Sum kap 2472	21 534		

Stortinget vedtok samordning av Statens Kornforretning, Omsetningsrådet, Fraktkontoret for slakt og delar av Statens Landbruksbank, jf. Innst. S. nr. 89 (1998-99). Den nye verksemda, Statens landbruksforvaltning, blei etablert 1. juli 2000 og er budsjettert under kap 1143/4143. Statens Kornforretning er dermed avvikla som eiga verksemd.

Rapport 1999

Statens Kornforretning hadde ansvar for å gjennomføre handelspolitiske tiltak for landbruksvarer og næringsmiddel og administrere ein rekkje tilskotsordningar innafor landbruket samt marknadsordninga for korn. Samordninga har prega arbeidet i 1999.

Det blei gjennom Statens Kornforretning omsett 1.185.717 t norsk korn i 1999, ei totalavling som for eit normalår. Gode forhold for innhausting resulterte i at over 90 pst. av kveiten gjekk til mat. Det var i 1999 ikkje grunnlag for marknadsregulering innan kornsektoren. Det blei vidare i 1999 omsett 119 810 t avgiftspliktig råvarer til kraftfôr. Omsetnaden av matkorn til mølleindustrien var på line med 1998 på om lag 380 000 t. Mjølfôrbrukande industri har siste året merka ein auke i konkurranse frå utlandet.

Statens Kornforretning administrerte i 1999 51 tollkvotar for landbruksvarer. Kompensasjonskvotane, GSP-kvotane og WTO-kvotane blei fordelt ved auksjon i oktober. I 1999 blei det innvilga om lag 5 000 søknader om individuelle reduksjonar for tollsats. I tillegg blei det gjort generelle administrative reduksjonar for tollsats i samsvar med systemet for målpris. I 1999 gjaldt dette særleg fôrkorn. Generelle reduksjonar i tollen skjedde også innanfor grøntsektoren. Statens Kornforretning har gitt bidrag til fleire utgreiingar som er gjennomført på handelsområdet i 1999.

Statens Kornforretning har ført vidare arbeidet med betra rutiner med tollvesenet og skattestyresmakta. Det har i 1999 ikkje vore avdekt fusk med utbetalingar av tilskott i landbruket eller i industrien. Det har vore omfattande kontroller av søknader om tilskott i 1999. Ein har vidare lykkast i den krevjande omstillinga til eit betre IT-basert opplegg. Overgangen til år 2000 gjekk smertefritt. Som ledd i nedlegginga av verksemda har mykje historisk materiale blitt overført til Riksarkivet i 1999.

Det var ved utgangen av året 127 tilsette i Statens Kornforretning, 62 kvinner og 65 menn. I sum var det 109 årsverk utført i 1999. 11 personer er framleis fristilt etter omorganiseringa i 1995.

Forretningsrekneskaper 1999

Løyvinga til driftsbudsjettet til Statens Kornforretning og marknadsordninga for korn har til og med 1999 vore kopla saman. Løyvinga til marknadsordninga for korn på statsbudsjettet er ført til inntekt i Statens Kornforretning sitt driftsrekneskap. Nettoverdien av innkjøpte og selde råvarer var i 1999 i underkant av 1,6 mrd. kr. Driftskostnadene utgjorde noko under 2,4 mrd. kr.

Kostnadene til administrasjon er ført i driftsrekneskaper med til saman ein kostnad på 97,4 mill. kr. Differansen mellom totale driftskostnader og driftsinntekter er dekt over løyvinga til marknadsordninga for korn på statsbudsjettet, jf. kap. 1150 post 76. Utgiftene var i 1999 på 801,5 mill. kr. Utgiftene til handel- og tilskottsforvaltning er ført med 21,776 mill. kr. Finansresultatet var på 10,9 mill. kr i 1999. Kapitalbalansen til Statens Kornforretning var per 31.12.99 som vist i tabell 2.17

Tabell 2.17 Kapitalbalansen til Statens Kornforretning (1 000 kr)

Aktiva/passiva	31.12.99	31.12.98
Betalingsmidlar	12 521	230 471
Kundefordringar	1 978	3 597
Omløpsmiddel	14 500	234 068
Langsiktige fordringar	4 937	4 683
Utlån Lager- og tørkefondet	106 496	125 859
Anleggsmiddel	111 434	130 542
Eigendelar	125 934	364 609
Skuldig statskassa	107 562	331 185
Skuldig skatt/pensjon mva. m.m.	1 951	962
Anna kortsiktig gjeld	16 420	32 463
Gjeld	125 934	364 609

Kap. 5545 Miljøavgifter i landbruket

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Vedtatt budsjett 2000	Forslag 2001
70	Miljøavgift, kunstgjødning	108 318		
71	Miljøavgift, plantevernmidler	35 398	60 000	60 000
	Sum kap 5545	143 716	60 000	60 000

Miljøavgift er eit av fleire verkemiddel for å nå nasjonale og internasjonale miljømål. Gjennomføringa av tiltak er dokumentert i systemet med resultatkontroll i jordbruket. Landbrukstilsynet krev inn miljøavgifta.

Post 70 Miljøavgift, kunstgjødning

Miljøavgifta på kunstgjødning blei fjerna med verkemiddel frå 1.1.2000, m.a. som ledd i arbeidet med å redusere kostnadene i jordbruket og bringe avgiftsnivået meir på linje med situasjonen i andre land. Denne reduksjonen blei kombinert med vidareutvikling av andre verkemiddel i jordbruksavtalesystemet, m.a. målretting og styrking av mil-

jøverkemidla gjennom eit heilskapleg miljøprogram og krav om miljøplanar på kvart bruk, jf St.meld. nr. 19 (1999-2000).

Post 71 Miljøavgift, plantevernmidler

Som ei oppfølging av Handlingsplan for redusert risiko ved bruk av plantevernmidler blei avgiftssystemet lagt om frå 1.3.1999. Plantevernmidla blir no grupperte i avgiftsklassar basert på ibuande eigenskapar og eksponeringsbelastning. Avgifta var tidlegare basert på omsetningsverdi, medan den no er basert på normerte arealdosar differensiert etter midla sin risiko for helse- og miljøskadar. For at avgifta skal få tilstrekkeleg

effekt i høve til målsettinga for plantevernmiddelbruken, vil departementet vurdere nivået på avgifta i samband med dei årlege budsjettframlegga. Frå 1998 til 2000 er budsjetterte avgiftsinntekter auka frå 22 til 60 mill. kr.

For 2001 gjer departementet framlegg om å føre vidare avgiftsnivået frå 2000. Ein budsjetterer såleis med inntekter på 60 mill. kr i 2001.

Kap. 5571 Totalisatoravgift

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Vedtatt budsjett 2000	Forslag 2001
70	Avgift	79 073	80 000	98 000
	Sum kap 5571	79 073	80 000	98 000

Under posten blir ført inntekter frå avgift på totalisatorspel.

I 1999 blei den samla omsetninga i totalisatorspel på 2330 mill. kr. Dette var ein auke i omsetninga på 225 mill. kr frå året før. Inntekta frå totalisatoravgift blei på 79,1 mill kr.

For 2000 er det budsjettert med i samla omsetning på om lag 2300 mill kr. Utviklinga hittil tyder

på at omsetninga i 2000 vil kunne auke til om lag 2600 mill kr.

For 2001 gjer ein framlegg om ei løyving under posten på 98 mill kr. Det er i framlegget lagt til grunn ein auke i avgiftssatsen frå 3,5 pst. til 3,7 pst. av omsetninga, og ei omsetning i 2001 på knapt 2700 mill kr.

Programkategori 15.40 Forretningsdrift

Inntekter under programkategori 15.40 fordelt på kapittel:

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert bud- sjett 2000	Forslag 2001	Pst. endr. 00/01
4162	Sal av Drevsjø Trelast AS (jf. kap. 1162)	69			
5609	Renter av lån i selskap under Landbruksdepartementet	43			
5614	Renter av lån til landbruksformål	291 409	235 000	264 000	12,3
5651	Aksjar i selskap under Landbruksdepartementet	170 382	32 200	21 500	-33,2
5652	Innskottskapital i Statskog SF	17 000	8 500	8 500	0,0
Sum kategori 15.40		478 903	275 700	294 000	6,6

Framlegget under kategorien gjeld statsforetaket Statskog SF og aksjeselskapa Statkorn Holding ASA, Veterinærmedisinsk oppdragssenter AS og Statens skogplanteskolar AS, som staten eig heilt eller delvis, samt renter på SND sine innlån frå staten knytt til lån til landbruksformål.

Landbruksdepartementet legg vekt på at forretningsverksemda skal drivast etter bedriftsøko-

nomiske prinsipp og i tråd med dei retningslinene som er trekte opp for statleg eigarskap, jf. St.meld. nr. 40 (1997-98). Departementet vil arbeide med krav til avkastning og utbyttepolitikk som gir statlege selskap like vilkår med private selskap som dei konkurrerer med.

Kap. 5614 Renter av lån til landbruksformål

					(i 1 000 kr)
Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001	
80	Renter	291 409	235 000	264 000	
Sum kap 5614		291 409	235 000	264 000	

Forslag til løyving på posten tar m.a. utgangspunkt i forslag til låneramme og gjeldande system for inn- og utlån for låneordninga.

Regjeringa arbeider med harmonisering av inn- og utlånssystema i SND. Endringar i samband med dette vil bli lagt fram i eit tillegg til St.prp. nr. 1 (2000-2001).

Kap. 5651 Aksjar i selskap under Landbruksdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
80	Utbytte	31 467	32 200	21 500
90	Sal av aksjer i Utstillingsplassen AS	138 915		
	Sum kap 5651	170 382	32 200	21 500

Post 80 Utbytte**Statkorn Holding ASA**

Selskapet blei i 1998 omdanna til eit allment aksjeselskap. Stortinget ga i samband med behandlinga av revidert nasjonalbudsjett 1999 fullmakt til sal av inntil 49 pst. av aksjane i selskapet, jf. Innst. S. nr. 236 (1998-99). I desember 1999 blei 20 pst. av aksjane i selskapet seld for 140 mill. kr.

I 1999 var konsernet gjennom ei omfattande restrukturering. 100 pst. av Stormøllen AS og 50 pst. av aksjene i Statkorn AS blei selde, medan Statkorn Holding ASA skaffa seg aksjemajoriteten i NorAqua AS. I 2000 har selskapet kjøpt Ewos-selskapa av Danisco. Selskapet har arbeidd vidare med den framtidige strategien for selskapet og gjort framlegg om ein retta emisjon mot eigarane for å gjennomføre strategien. Departementet vil komme tilbake til denne saka og børsnotering av selskapet i ein proposisjon hausten 2000.

Det er budsjettert med 20 mill. kr i utbytte frå selskapet. Endeleg vedtak om utbytte vil bli fastsett av generalforsamlinga.

Statens skogplanteskoler AS

Statens skogplanteskoler AS, som er 100 pst. statseigd, eig 56,5 pst. av aksjane i Reiersøl og Lyngdal Planteskoler AS og 100 pst. i Sønsterud Planteskole AS. Konsernet hadde i 1999 driftsinntekter

på 17,9 mill. kr og eit årsresultat etter skatt på 0,9 mill. kr. Utbyttet blei fastsett til 0,35 mill. kr.

Arbeidet med sal av eigarinteressene i plante-skolane pågår, jf. vedtak VII i Budsjett-innst. S. nr. 8 (1999-2000). Det er inngått avtale om sal av Sønsterud Planteskole AS og det er venta at salet vil vere avslutta i 2000. For eigarinteressene i Reiersøl og Lyngdal Planteskoler AS vil det ta lengre tid. Det er ikkje budsjettert med utbytte frå selskapet i 2001.

Veterinærmedisinsk oppdragscenter AS (VESO)

Veterinærmedisinsk oppdragscenter AS (VESO) hadde i 1999 ei omsetning på 137,6 mill. kr og eit ordinært resultat etter skatt på 3,4 mill. kr. Årsresultatet var på -0,8 mill. kr. Dette skuldast ekstraordinær kostnad på vel 4,2 mill. kr som følgje av nedskrivning av aksjane som selskapet eig i Akvaforsk. Det blei utbetalt 1,5 mill. kr i utbytte i 1999.

Landbruksdepartementet har lagt til grunn at utbytte frå selskapet skal utgjere om lag 50 pts av resultatet etter skatt. Det er ut frå dette budsjettert med 1,5 mill. kr i utbytte frå selskapet i 2001. Endeleg vedtak om utbytte vil bli fastsett av generalforsamlinga.

VESO AS skal til ein kvar tid ha eit beredskapslager for viktige vaksinar og er derfor strategisk viktig i Landbruksdepartementet si verksemd på veterinærområdet. VESO AS spelar i tillegg ei viktig rolle innan forskingsformidling.

Kap. 5652 Innskottskapital i Statskog SF

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 1999	Saldert budsjett 2000	Forslag 2001
80	Utbytte	17 000	8 500	8 500
	Sum kap 5652	17 000	8 500	8 500

Statskog SF skal forvalte, drive og utvikle statlege skog- og fjelleigedomar med tilhøyrande ressursar, det som står i samband med dette og anna naturleg tilgrensande verksemd. Innanfor ramma av målsettinga kan Statskog SF òg drive andre

eigedomar og yte andre former for tenester. Statskog SF skal legge vekt på å oppnå eit tilfredsstillande økonomisk resultat, drive aktivt naturvern og ta omsyn til friluftsiinteresser. Ressursane skal utnyttast balansert. Den økonomiske styringa

skal skje etter vanlege bedriftsøkonomiske prinsipp.

Konsernet hadde i 1999 driftsinntekter på 246 mill. kr. og eit driftsresultatet på 11,8 mill. kr. Årsresultatet etter finanspostar og skattar viser eit overskott på 16,8 mill. kr. Bokført totalkapital i konsernet pr. 31.12.1999 var 290 mill. kr. og eigenkapitalen utanom skogavgiftsfondet 186 mill. kr. Forrentinga av bokført eigenkapital har i åra 1997-99 vore høvesvis 7,3, 7,8 og 9,1 pst. Det blei gjennomført ei verdivurdering av selskapet i 1998. Vurderinga viser ein total eigenkapitalverdi utanom skogavgiftsfondet på 215 mill. kr. Rekna

etter denne, er eigenkapitalforrentinga 7,8 pst. for 1999. Utbyttet for 1999 er fastsett til 10 mill. kr.

Statskog har utarbeidd ny konsernstrategi for perioden 2000-2003. Måla er m.a. å bidra til næringsutvikling i distrikta gjennom å styrkje samarbeidet med kommunar, verksemder og frivillige organisasjonar innanfor den økonomiske ramma som blir sett av eigarens krav til avkastning og utbyttepolitikk.

Det er budsjettert med eit utbytte på 8,5 mill. kr frå selskapet i 2001. Endeleg vedtak om utbytte blir gjort på ordinært foretaksmøte våren 2001.

Landbruksdepartementet

tilrår:

1. I St.prp. nr. 1 om statsbudsjettet for år 2001 blir dei summane førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag:

a. Sum utgifter under kap. 1100-1161 og 2411	Kr	14 964 800 000
b. Sum inntekter under kap. 4100-4150, 5311, 5545, 5571, 5614, 5651 og 5652	Kr	1 234 500 000

Forslag

**til vedtak for budsjetterminen 2001,
kapitlene 1100-1161 og 2411, 4100-4150, 5311, 5545, 5571,
5614, 5651 og 5652**

I

Utgifter:

Kap.	Post	Kr	Kr	Kr
Administrasjon				
1100	Landbruksdepartementet (jf. kap. 4100)			
	01 Driftsutgifter		105 496 000	
	45 Store utstyrskjøp og vedlikehold - ordinære forvaltningsorgan, <i>kan overføres, kan nyttast under kap. 1100 post 50</i>		11 624 000	
	50 (ny) Store utstyrskjøp og vedlikehold - forvaltningsorgan med særskilde fullmakter		200 000	
	70 Tilskott til drifta av Staur gard		250 000	117 570 000
	Sum Administrasjon			117 570 000
Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse				
1107	Statens dyrehelsetilsyn (jf. kap. 4107)			
	01 Driftsutgifter		177 110 000	
	70 Tilskott til veterinær beredskap		40 000 000	
	73 Tilskott til tiltak mot dyresjukdommar, <i>overslagsløyving</i>		16 000 000	233 110 000
1110	Statens landbrukstilsyn (jf. kap. 4110)			
	01 Driftsutgifter		90 985 000	
	73 Tilskott til stamsædavl, <i>overslagsløyving</i>		582 000	91 567 000
1112	Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsutvikling m.m.			
	50 Forvaltningsstøtte og utviklingsoppgåver, Veterinærinstituttet		91 812 000	
	51 Forvaltningsstøtte, utvikling og kunnskapsformidling, Planteforsk		39 421 000	
	52 Støtte til fagsentra		12 619 000	143 852 000
1114	Statens næringsmiddeltilsyn (jf. kap. 4114)			
	01 Driftsutgifter		174 788 000	174 788 000
	Sum Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse			643 317 000

Kap.	Post	Kr	Kr	Kr
Forskning og utvikling				
1137	Forskning og utvikling			
	50 Forskingsaktivitet	120 212 000		
	51 Basisløyvingar til forskingsinstitutt m.m.	146 139 000	266 351 000	
	Sum Forsking og utvikling		266 351 000	
Næringsutvikling, miljø og arealforvaltning				
1140	Miljø- og næringstiltak i jordbruket			
	50 Driftsøkonomiske analysar m.m.	18 078 000		
	77 Miljøretta prosjektarbeid m.m., <i>kan overførast</i>	33 102 000	51 180 000	
1142	Miljø- og næringstiltak i skogbruket			
	50 Forvaltningsstøtte, utvikling og kunnskapsformidling i skogbruket	11 733 000		
	51 Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket	3 319 000		
	52 Omstillingstiltak NISK	2 000 000		
	71 Tilskott til langsiktige investeringar og næringstiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>	107 862 000		
	76 Ressurs- og miljøtiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>	23 174 000	148 088 000	
1143	Statens landbruksforvaltning (jf. kap. 4143)			
	01 Driftsutgifter	142 053 000		
	70 Tilskott til beredskap i kornsektoren, <i>kan overførast</i>	14 000 000		
	71 Omstillingsstøtte til slakteri, <i>kan overførast</i>	9 006 000		
	72 Erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	100 000	165 159 000	
1144	Meirverdiavgiftskompensasjon			
	70 Meirverdiavgiftskompensasjon, kjøttprodukt, <i>overslagsløyving</i>	250 000 000	250 000 000	
1145	Jordskifteverket (jf. kap. 4145)			
	01 Driftsutgifter	132 777 000	132 777 000	
1146	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (jf. kap. 4146)			
	01 Driftsutgifter	58 001 000	58 001 000	
1147	Reindriftsforvaltninga (jf. kap. 4147)			
	01 Driftsutgifter	28 616 000		
	45 Store utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	3 028 000		
	70 Tilskott til fjellstover	625 000		
	71 Omstillingstiltak i Indre Finnmark, <i>kan overførast</i>	5 287 000	37 556 000	
1148	Naturskade - erstatningar og sikring			
	70 Tilskott til sikringstiltak m.m., <i>kan overførast</i>	19 810 000		
	71 Naturskade, erstatningar, <i>kan overførast</i>	40 273 000	60 083 000	

Kap.	Post	Kr	Kr	Kr
1150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m. (jf. kap. 4150)			
	50 Fondsavsetninger, <i>overslagsløyving</i>	1 604 560 000		
	70 Marknadsregulering, <i>kan overføres</i>	230 500 000		
	73 Pristilskott, <i>overslagsløyving</i>	1 727 370 000		
	74 Direkte tilskott, <i>kan overføres</i>	6 758 524 000		
	77 Utviklingstiltak, <i>kan overføres</i>	402 600 000		
	78 Velferdsordninger, <i>kan overføres</i>	1 798 454 000	12 522 008 000	
1151	Til gjennomføring av reindriftsavtalen			
	51 Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet	33 700 000		
	72 Tilskott til organisasjonsarbeid	4 800 000		
	75 Kostnadssenkende og direkte tilskott, <i>kan overføres</i>	42 700 000		
	79 Velferdsordninger	1 800 000	83 000 000	
1161	Statskog SF - forvaltningsdrift			
	70 Tilskott til forvaltningsdrift	16 354 000		
	73 Avviklingskostnader	212 000		
	75 Oppsyn i statsalmenninger	6 644 000	23 210 000	
2411	Statens nærings- og distriktsutviklingsfond, lån til landbruksformål (jf. kap. 5311 og 5614)			
	50 Tapsfond, lån til landbruksformål	6 000 000		
	71 Rentestøtte	500 000		
	90 Lån, <i>overslagsløyving</i>	400 000 000	406 500 000	
	Sum Næringsutvikling, miljø og arealforvaltning		13 937 562 000	
	Sum departementets utgifter		14 964 800 000	

Inntekter:

Kap.	Post	Kr	Kr	Kr
Administrasjon				
4100	Landbruksdepartementet (jf. kap. 1100)			
	01 Refusjon og gebyr		375 000	375 000
	Sum Administrasjon			375 000
Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse				
4107	Statens dyrehelsetilsyn (jf. kap. 1107)			
	03 Gebyr og analyseinntekter m.m.		19 303 000	19 303 000
4110	Statens landbrukstilsyn (jf. kap. 1110)			
	01 Gebyr og analyseinntekter m.m.		78 946 000	78 946 000

Kap.	Post	Kr	Kr	Kr
4114	Statens næringsmiddeltilsyn (jf. kap. 1114)			
	01 Gebyr og analyseinntekter m.m.		174 942 000	174 942 000
	Sum Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse			273 191 000
Næringsutvikling, miljø og arealforvaltning				
4143	Statens landbruksforvaltning (jf. kap. 1143)			
	01 Driftsinntekter m.m.		22 329 000	
	80 Renteinntekter		1 759 000	24 088 000
4145	Jordskifteverket (jf. kap. 1145)			
	01 Saks- og gebyrinntekter		15 247 000	15 247 000
4146	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (jf. kap. 1146)			
	02 Driftsinntekter		16 261 000	16 261 000
4147	Reindriftsforvaltninga (jf. kap. 1147)			
	01 Driftsinntekter		1 586 000	1 586 000
4150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen (jf. kap. 1150)			
	50 Refusjon frå Kornfondet		121 000 000	121 000 000
5311	Statens nærings- og distriktsutviklingsfond, lån til landbruksformål (jf. kap. 2411)			
	01 Gebyr		10 752 000	
	90 Avdrag		320 000 000	330 752 000
5545	Miljøavgifter i landbruket			
	71 Miljøavgift, plantevernmiddel		60 000 000	60 000 000
5571	Totalisatoravgift			
	70 Avgift		98 000 000	98 000 000
	Sum Næringsutvikling, miljø og arealforvaltning			666 934 000
Forretningsdrift				
5614	Renter av lån til landbruksformål			
	80 Renter		264 000 000	264 000 000
5651	Aksjar i selskap under Landbruksdepartementet			
	80 Utbytte		21 500 000	21 500 000
5652	Innskottskapital i Statskog SF			
	80 Utbytte		8 500 000	8 500 000
	Sum Forretningsdrift			294 000 000
Sum departementets inntekter				1 234 500 000

II

Fullmakter til å nytte inntekt frå sal

Stortinget samtykkjer i at Landbruksdepartementet i 2001 kan:

1. overskride kap. 1100 post 45 Store utstyrskjøp og vedlikehald – ordinære forvaltningsorgan med eit beløp som svarer til meirinntektene frå sal av eigedom.

2. rekne med unytta meirinntekter frå sal av eigedom ved utrekning av overførbart beløp under kap. 1100 post 45 Store utstyrskjøp og vedlikehald – ordinære forvaltningsorgan.

III

Meirinnteftsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Landbruksdepartementet i 2001 kan overskride løyvingar mot tilsvarende meirinntekter under følgjande kapittel og postar:

Fullmakt til å overskride løyvingar under	mot tilsvarende meirinntekter under
Kap. 1100 post 01	Kap. 4100 post 01
Kap. 1107 post 01	Kap. 4107 post 03
Kap. 1110 post 01	Kap. 4110 post 01
Kap. 1114 post 01	Kap. 4114 post 01
Kap. 1143 post 01	Kap. 4143 post 01
Kap. 1145 post 01	Kap. 4145 post 01
Kap. 1146 post 01	Kap. 4146 post 02
Kap. 1147 post 01	Kap. 4147 post 01

IV

Fullmakter til å overskride

Stortinget samtykkjer i at Landbruksdepartementet i 2001 kan:

overskride løyvinga under kap. 1147 post 01 med inntil kr. 500 000 i samheng med forskottering av utgifter til tvangsflytting av rein.

V

Fullmakt som gjeld fast eigedom

Stortinget samtykkjer i at Landbruksdepartementet i 2001 kan selje innkjøpt og opphavleg statseigedom for inntil kr. 5 000 000.

VI

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Landbruksdepartementet i 2001 kan:

1. gi tilsegn om tilskott til sikringsarbeid for inntil kr. 2 000 000 ut over løyvinga under kap. 1148 post 70.

2. gi tilsegn om tilskott til naturskadeerstatningar for inntil kr. 10 000 000 ut over løyvinga under kap. 1148 post 71.

Vedlegg 1**Jordbruksoppgjøret 2000 - fase II**

Sluttprotokoll fra møte 30. juni 2000 mellom Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag og Landbruksdepartementet.

Til stede:

Fra Norges Bondelag: Værdal, Aas, Huseby, Milli, Agerup, Skorge, Huus

Fra Norsk Bonde- og Småbrukarlag: Kostveit, Godli

Fra Landbruksdepartementet: Grue, Sagelvmo, Fossum, Helgen, Grotli, Asp, Orlund, Vasaaasen

1 Målpriskurver og representantvarer for frukt, grønnsaker og poteter

Partene er enige om målpriskurver og øvre prisgrenser for poteter, grønnsaker og frukt for sesongen 2000/2001.

Partene legger til grunn at man oppnår dispensasjon fra kravene i forskrift om prisopplysning for varer når det gjelder blomkål, stangselleri, kinakål, brokkoli, agurk og purre. Unntaket for disse produktene kommer i tillegg til øvrige produkter hvor det foretas prisnotering pr bunt.

For poteter er partene enige om å foreta en nærmere spesifisering av noteringsgrunnlaget basert på antall feilenheter, etter forslag fra Landbrukets Priscentral.

Partene er enige om å etablere en egen målpriskurve hele året for bladdannende salater med rapidsalat som representantvare. Representantvaren for hodedannende salater endres til isbergsalat, og målpriskurven for hodedannende salater skal gjelde for perioden 1. juni – 1. november.

Noteringsgrunnlaget for pærer endres fra størrelse 55 mm til størrelse 65 mm pakket i Brett. Den tekniske omleggingen medfører en økning av målprisen på ca. 1,70 kroner pr kg.

Partene er videre enige om å registrere kvantum for pærer ut fra beholdning på lager hos produsentene.

2 Forhåndsfastsetting av satser for grunntilskudd slakt for avtaleåret 2000/2001

Partene er enige om grunntilskuddssatsene for avtaleåret 2000/2001.

3 Frakttilskudd slakt: fastsetting av satser

Partene er enige om følgende gjennomsnittssatser for frakttilskudd slakt for 2000/2001:

	Sats (øre pr kg)
Innfrakt	20,2
Mellomfrakt, helt slakt	37,5
Mellomfrakt, stykket/ skåret vare	26,5
Annet tilskudd	26,5

Partene legger til grunn at Fraktnemnda for slakt med grunnlag i gjennomsnittssatsene, vurderer behovet for å justere de ulike delelementer (sattabeller basert på fraktavstand m.m. og prosentjusteringer av tabellsatser) slik at forbruket av midler i utgangspunktet blir innenfor avsetningen for frakttilskudd slakt på 75,0 mill kroner. Eventuelt økt bevilgningsbehov må ha grunnlag i økt kvantum eller endringer i transportmønster.

4 Frakttilskudd egg: fastsetting av satser

Partene er enige om følgende satser for frakttilskudd egg for 2000/2001:

Sone	Sats (øre pr kg)
0	0
1	17
2	27
3	37
4	47
5	57
6	66

Eventuelt økt bevilgningsbehov må ha grunnlag i økt kvantum eller endringer i transportmønstre.

5 Ansvar for forvaltningen av avsetningstiltakene (underpost 70.11)

Partene er enige om følgende fordeling av ansvaret for forvaltningen av avsetningstiltakene mellom Landbruksdepartementet og Omsetningsrådet:

Tiltak	Ansvar
Kollektiv dekning av omsetningsavgift hagebruk	OR
Frukt og grønt i skolen	LD
Avsetningstiltak hagebruk	OR
Skolemelkordningen	OR
Kadaverhåndtering	OR
Prisnedskrivning potetsprit	OR
Økologisk jordbruk: avslutning av pågående prosjekter	OR
Tilskudd til produsent-sammenslutninger	OR

6 Fastsetting av satser for tilskudd til grønn gjødslingsarealer i økologisk planteproduksjon

Partene er enige om en tilskuddssats for tilskudd til grønn gjødsling i økologisk planteproduksjon på 505 kroner pr dekar. Ved beregningen er det lagt til grunn summen av arealtilskudd til økologisk korn (220 kroner pr dekar) og veid gjennomsnitt for areal- og kulturlandskapstilskudd til korn (285 kroner pr dekar). Tilskuddet avgrenses til å gjelde maksimalt 1/3 av omlagt åpenåkerareal.

7 Fastsetting av satser for husdyrtilskudd i økologisk husdyrproduksjon

Partene er enige om følgende satser for det økologiske husdyrtilskuddet som erstatning for arealtilskudd til dyrking av økologisk grovfôr:

Dyreslag	Sats (kr pr dyr)	
	AK-tilskuddssone 1-4	AK-tilskuddssone 5-7
Melkeku	1150	1600
Ammeku	1000	1400
Andre storfe	350	500
Melkegeit	130	180
Ammegeit	130	180
Vinterfôra sau	110	150

8 Fordeling av tilskudd til forsøksringer

Partene er enige om en tilskuddsordning til forsøksringene med tre typer tilskudd; Rammetilskudd, spesialsatsingstilskudd og kompetansetilskudd. Partene er videre enige om at utvalget for forsøksringene nedlegges.

Normal fordeling av rammen for ordningen skal være 1,5 mill kroner til kompetansetilskudd, samt 75 % av det resterende beløp som rammetilskudd og 25 % på spesialsatsingstilskudd.

Endringene i ordningen skal innføres over en 3-årsperiode fra og med 2001.

Partene er enige om følgende fordeling av midlene til forsøksringene i 2001:

Kompetansetilskudd	0,50 mill. kr
Mekaniseringstilskudd	0,50 mill. kr
LFR, sekretariatsoppgaver	1,00 mill. kr
Rammetilskudd etter gammel ordning	25,33 mill. kr
Rammetilskudd og spesialsatsingstilskudd etter ny ordning	12,67 mill. kr
Sum	40,00 mill. kr

Per Harald Grue

Kirsten Indgjerd Værdal

Svein Kostveit

9 Beregning av refusjon av førkostnader i pelsdyrnæringen

Partene er enige om at beregning av refusjon av førkostnader i pelsdyrnæringen overføres fra Budsjettnemnda for jordbruket til Statens landbruksforvaltning.

10 Gjennomgang av jordbruksavtalens prisbestemmelser

Jordbruksavtalens prissystem, i dag i hovedsak målpriser, og tilhørende avtalebestemmelser ble etablert på 50-tallet. Over tid er funksjonsforutsetningene endret, bl.a. gjennom strukturelle endringer i matvaremarkedene, endringer i importvernet og WTO-avtalen.

Partene er enige om å sette ned en arbeidsgruppe høsten 2000 for å gjennomgå målprissystemet og tilhørende avtalebestemmelser for kjøtt, egg, frukt og grønt. Hovedformålet med gjennomgangen er å tilpasse bestemmelsene til dagens situasjon og klargjøre bestemmelsene på områder hvor det er behov for det.

Oslo, 4. juli 2000

Vedlegg 2**Tilsetjingsvilkår for leiarane i heileigde statlege foretak under Landbruksdepartementet.****Statskog SF**

Samlede utgifter til:

løn, styrehonorar:	kr.	620 000
pensjonsutgifter:	kr.	89 422

Adm dir. har ein avtale som sikrar årleg pensjon på 66% av pensjonsgrunnlaget frå fylte 62 år.

VESO

Samlede utgifter til:

løn, styrehonorar:	kr.	577 423
pensjonsutgifter:	kr.	30 780
annan godtgjerelse:	kr.	85 253

Adm dir. har ein avtale med styret om fråtreden ved fylte 65 år. Frå fylte 65år til 67 år har han ein årleg kompensasjon på 60 pst. av løn ved avgang.

Vedlegg 3**Oversikt over resultat fra overvåkings- og kontrollprogram for levende dyr og næringsmiddel**

Dyre- art	Infeksjon	Start	Omfang i 1999	Tal, prøver i 1999	Positive funn i 1999
Storfe	IBR/IPV	1992	10 % av mjølkekubesetningane Alle kjøttfebesetninger	Tankmjølkprøver frå 2930 besetninger 18274 blodprøver frå 2382 besetninger	Ingen
	BVD	1992	Alle besetninger	23401 mjølkeprøver 3059 samleblodprøver	BVD-smitte er mykje redusert de seinare år
	EBL	1994	Alle mjølkekubesetninger Alle kjøttfebesetninger	Tankmjølkprøver frå 19718 besetninger 18274 blodprøver frå 2382 besetninger	Ingen
	Para- tuberku- lose	1996	I alt er det undersøkt prøver frå ca. 400 besetninger. Det er ikkje bekrefta funn av paratuberkulose i noen ny besetning i 1999.		
	BSE	1998	Undersøking ved klinisk mistanke	27 dyr frå 27 besetnin- ger	Ingen
	EHEC	1999	300 utvalgte mjølkekubesetninger	2497 individprøver frå 281 besetninger	Ingen
Gris	AD	1994	Alle avlsbesetninger samt et utval av kombinerte besetninger og slaktegris besetninger	4634 prøver frå 470 besetninger	Ingen
	TGE	1995	“	4663 prøver frå 470 besetninger	Ingen
	PRRS	1995	“	4682 prøver frå 470 besetninger	Ingen
	PED	1997	“	4634 prøver frå 470 besetninger	Ingen
	Svine- influensa	1997	“	4678 prøver frå 470 besetninger	Ingen
Fjørfe	New- castle disease		Alle sertifiseringsflokker testes	6389 prøver frå 78 produsenter	Ingen
	ILT	1997	Alle flokker i avlspyramiden	3000 prøver frå 70 produsenter	Ingen
	ART	1997	Alle flokker i alspyramidane for høns og kalkun	3240 prøver frå 73 produsenter	Ingen
Småfe	Scrapie	1997	1) screening av et utval av slakta sauer	2878 prøver frå 2154 besetninger	Ingen

Dyreart	Infeksjon	Start	Omfang i 1999	Tal, prøver i 1999	Positive funn i 1999
		1997	2) undersøkning ved klinisk mistanke, sau og geit	231 (54 av disse undersøkt ved NVH-Sandnes)	3 positive. dyr (2 av disse undersøkt ved NVH-Sandnes og verifisert ved VI)
	Mædi	1997	Ca. 1/4 av besetningene i Hordaland og Rogaland (alle skal undersøkes i løpet av 4 år)	27990 prøver fra 1459 besetninger	Ingen
Fisk	VHS	1994	Ca. halvparten av alle anlegg (alle anlegg undersøkes i løpet av en 2 års-periode)	16950 individprøver fra 554 lokaliteter	Ingen
	IHN		"	"	Ingen
Østers	Bonamiose	1995	Alle anlegg undersøkes to ganger pr år	640 prøver fra 8 anlegg	Ingen
	Marteillose	1995	"	"	"
Flaire arter	Salmonella-infeksjon (levende dyr)	1995	Storfe: 3000 lymfeknutep prøver Gris: 3000 lymfeknutep prøver, fæcesprøver fra alle avlsbesetninger Fjørfe: fæcesprøver fra alle besetninger med >50 slaktekylling eller >250 verpehøns/avlstdyr	5529 lymfeknuter fra 3796 besetninger 2315 fæcesprøver gris fra 183 besetninger 7156 fæcesprøver fjørfe fra 1508 besetninger	Totalt 7 positive (1 positiv fæcesprøve fra slaktekylling og kalkun. 1 positiv lymfeknute fra storfe og 4 fra gris)

1 Enkelte seropositive dyr i enkelte besetninger i 1998, ikke verifisert som svininfluensa

2 Positive dyr også oppdage tidligere år, men selve overvåkingsprogrammet starta ikke før i 1997

Smittestoff

Analytter	Start	Omfang	Tal, prøver	Positive funn i 1999
Salmonella nedskjæringsverksemder	1995	Produksjon > 20 tonn/veke 1 prøve per veke. Produksjon < 20 tonn/veke 1 prøve pr måned. Verksemder godkjent med begrensa kapasitet: 2 prøver per år.	Ca.3 000 årleg	Ingen
EHEC slaktekrotter	1998 storfe 1999 inkl. småfe	Tal prøver som vert teke ut skal tilsvare en prøve per 150 storfeslakt, 1 prøve per 1.000 saueslakt og 1 per 150 geiteslakt.	Storfe: 4650 Småfe: 1036	1 positivt funn storfe
Salmonella ferskt kjøtt og fjørfe-kjøtt	1995	Prøver fra lymfeknuter, halsskinn og overflatesvaber i henhold til instruks.	Storfe: 2665 Svin: 2973 Sau: 2804 Fjørfe: 7200	1 positivt funn sau
Listeria i ost av upasturisert mjølk	1999	Kvart 5. parti importerte varer	121	3
EHEC i storfe-kjøtt	1999	Kvart 5. part importert storfe-kjøtt sjekkes		Ingen

Analytter	Start	Omfang	Tal, prøver	Positive funn i 1999
Salmonella i skaldyr, mjølk-eggprodukter og viltkjøtt	1999	Kvart 5. parti importerte varer	407 (skaldyr), 187 (mjølkeprod.), 1 (eggprodukt), 339 (vilt)	3 (skaldyr), ingen (mjølkeprod), ingen (eggprodukt), ingen (viltkjøtt)
Salmonella i ferskt kjøtt og ferskt fjørefkjøtt m/salmonellagaranti	1999	Kvart parti importerte ferskt kjøtt m/salmonellagaranti	2535	5 positive
Campylobacter i fjørefprodukt	1999	Kvart 5. parti importert ferskt fjørefkjøtt	137	17 positive
Vibrio i skaldyr	1999	Kvart 5. parti importerte skaldyr	412	49 positive
Førekost av antibiotikaresistente bakterier i utvalgte næringsmiddel på den norske marknaden	1998	Grønsaker, frukt, fjørefslakt, mjølkeprodukt, storfekjøtt, laks	530	Truleg sammenheng mellom bruk av antibiotika til matproduserende dyr og førekost i mat.
Førekost av antibiotikaresistens hos listeria monocytogenes	1998	Listeriaisolat fra norske næringsmiddel og prod.miljø i forhold til 16 antibiotika	201	Antibiotikaresistens truleg ikke problem
Førekost av antibiotikaresistente bakterier i starterkultur	1998	Starterkultur i forhold til 14 antibiotika	189	Antibiotikaresistens truleg ikke problem
Mikrobiologisk status på upasturiserte mjølkeprodukt	1998	Ost, rømme o.a	283	18% utilfredsstillende kvalitet
Mikrobiologisk status av frukt og grønt	1999	Norske og importerte grønnsaker, bær, tørket frukt	572	Generell god kvalitet
Paratuberkulose i rå mjølk	1999	Rå ku- og geitemjøl	100	Avventer rapportering
Mikrobiologisk status i rå mjølk	1999	Ku- og geitemelk, tankmjølkprøver		Hyppig førekost
Parasitter i drikkevann	1998	Drikkevatskjelder	147	Parasitter i 32 %
Clostridium botulinum i honning	1999	Honning		Metode-utvikling

Fremmedstoff

Analytter	Start	Omfang	Tal, prøver	Positive funn i 1999
Muggift: Zearalenon	1999	Prøvene ble tatt av forskjellige produkter av barnegrøtpulver av mais, havre, kveite, ris og kornblandinger	125	Det ble påvist toksin i 62% av prøvene, berre 10 økologisk dyrka maisprøver inneholdt for høgt innhald av toksinet. Det ble nedlagt omsetningsforbod for den aktuelle produsent.
Muggift: Ochratoksin A	1999	Prøvene ble tatt av forskjellige produkter av barnegrøtpulver av mais, havre, kveite, ris og kornblandinger	125	Det ble påvist toksin i 77% av prøvene, men de aller fleste prøvene hadde lavt innhald. Bare to prøver inneholdt toksin opp mot foreslått grenseverdi.
Muggift: Ochratoksin A	1994	Prøvene ble tatt frå både importert og norsk produsert matkorn kvart år i 5 år for å kunne oppnå informasjon om toksininnhald påverking av variasjonar i klima og veksestad.	547 prøver for hele perioden og 81 prøver i 1999	Av 35 prøver norsk kveite var 17% positive, men en prøve over foreslått grenseverdi. Av 22 prøver norsk havre var 5% positive, men ingen prøver over grenseverdi. Av 24 prøver importert kveite var 8% positive, men ingen prøver over grenseverdi
Muggift: Patulin i eple-drikker	1999	Formålet å kartleggje innhald av patulin i epleprodukt på den norske marknaden. 227 drikkeklare epleprodukt og 54 norske og utanlandske konsentrat ble analysert.	227 drikkeklare eple-drikker og 54 eplekonsentrat	Påvist patulin over foreslått grenseverdi i ein av prøvene og i 8 av dei analyserte konsentrata.
Muggift: Deoksynivalenol (DON)	1994	- " - - " -	1025 prøver for hele perioden og 81 prøver for 1999	Av 35 prøver norsk kveite var 6% positive, men ingen over foreslått grenseverdi. Av 22 prøver norsk havre var 60% positive, men 1 prøve var over foreslått grenseverdi. Av 24 prøver importert kveite var 67% positive, ingen over grenseverdi
Muggift: HT-2 og T-2	1994	- " - - " -	190 prøver for hele perioden og 81 prøver for 1999	Av 35 prøver norsk kveite var ingen prøver positive. Av 22 prøver norsk havre var 59% positive m.o.t. HT-2 og 18% positive m.o.t. T-2. Av 24% importert kveite var ingen prøver positive.
Muggift: Zearalenon	1994	- " - - " -	474 prøver for hele perioden og 81 prøver for 1999	Av 35 prøver norsk kveite 3% positive. Av 22 prøver norsk havre ingen prøver positive. Av 24 prøver importert kveite var 4% positive

Analytter	Start	Omfang	Tal, prøver	Positive funn i 1999
Muggift: Ochratoksin A innhold i svinekjøtt og svinenyre	1999	I alt 141 prøver av svinenyre ble samlet inn frå slakterier over hele Noreg og undersøkt for dette toksinet. Basert på innhold i nyrene ble innhold i svinekjøtt estimert.	141	Ochratoksin A påvist i 139 av nyrene. Gjennomsnittsverdien 0,26 mikrogram /kilo og høgaste verdi 3,86 mikrogram/ kilo. Tilsvarende verdier for svinekjøtt regna til 0,014 mikrogram/ kilo (gjennomsnitt) og 0,21 mikrogram /kilo (høgaste verdi). Det er ikkje sett internasjonale grenseverdier for ochratoksin A i svinekjøtt.
Forureina stoffer (ca. 80) og legemiddel (ca. 60)	1988	Den nasjonale overvakinga av forureiningar og legemiddel i kjøtt har pågått i SNTs regi sidan 1988. I 1999 ble programmet utvide til å omfatte også mjølk, egg og honning. Prøveomfanget er i hht EU-krav (96/23), basert på produksjonsstatistikk frå 1998.	Storfe: 2965 Gris: 1801 Sau: 1505 Hest: 25 Kylling: 200 Høns: 14 Rein: 100 Mjølkk: 300 Egg: 200 Honning: 30	Funn av bly og kadmium i innmat frå sau rein og hest, til sammen 56 prøver..
Forureina stoffer (ca. 16 forskjellige) og legemiddel (ca. 20 forskjellige)	1997	Overvakinga av forureiningar og legemiddel i importerte varer starta i 1997. Omfanget har økt gradvis. I år 2000 skal det takas fem prøver av kvart femte parti med kjøtt frå kylling og storfe, samt kjøtt og feitt frå svin.	(Tall frå 1999) Storfe: 101 Gris: 46 Kylling: 15 Reker: 35	Funn av lave konsentrasjonar av PCB, DDT og HCB i 7 prøver av svinekjøtt. Eller negativt.
Miljøgifter: PCB, DDT, HCH, HCB, klordaner, Cd, Pb, Hg, toksafen, dioksiner, PCN	1995	Kommersiell fiskefangst frå Stadt og sørover	36 samleprøver (ca. 25 individ) av 10 ulike fiskeslag	Påvisbare nivåer
Miljøgifter: Kvikksølv (Hg)	1999	Aure frå Randsfjorden	13	9 Kosthaldsråd gitt
Miljøgifter: PCB, dioksiner, PAH, TBT og tungmetall	1997	Harstad-, Tromsø-, Hammerfest- og Honningsvåg hamn	36 samleprøver av torsk og blåskjel	Påvisbare nivåer Kosthaldsråd gitt
Miljøgifter: PCB, dioksiner, PAH, TBT og tungmetall	1997	Hamner i Agder	64 samleprøver av blåskjel, torsk, krabbe, ål sjøaure	Påvisbare nivåer Kosthaldsråd gitt
Tilsetningsstoff, 5 ulike stoff i 12 forskjellige grupper næringsmiddel	1999		106 prøver	30

Analytter	Start	Omfang	Tal, prøver	Positive funn i 1999
Radioaktivt Cesium (137Cs)	1986-1987	Målinger av småfe, storfe, tamrein (0,1% av dyr frå frisione/dyr som kan verte send rett til slakteriet og 1% av dyr frå tiltakssone/dyr som ved levende dyr målinger har ligge over tiltaksgrensa og blitt fôret ned), mjølk, geitemjølk, sopp, fôr og gras.	Totalt ca 5000 målinger i 1999	Småfe: 0,4% over tiltaksgrensa (600 Bq/kg). Tamrein: Et dyr over tiltaksgrensa (3000 Bq/kg) men ca 50 dyr ble slakta av helsemessige årsaker og kassert. Det var gamle dyr som ikkje lot seg fôre ned
Radioaktivt Cesium (137Cs)	1987	"Matkurv"; sju bestemte matvarer (kjøtt av småfe, storfe, tamrein og vilt samt saltvassfisk, honning og geitost) plukkes ut i daglegvareforretningar over hele landet og måles	ca. 490 årlege målinger (ca. 70 for kvart næringsmiddel)	Ingen målinger over tiltaksgrensa
Radioaktivt Cesium (137Cs)	1993	Overvaking/målinger av radioaktivitet i saltvassfisk i nordområda	Ca 25 prøver årleg (samleprøver av fisk/25 stk.), reker, blåskjel, oppdrettslaks	Lave verdier
Plantevern-middelrester, ca 150 ulike stoff i frukt, bær og grønsaker	1999		Omlag 325 000 analysar i 2792 prøver	1578

